**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Kommunestyret** |
| **Møtestad:** | **1. etg., Samfunnshuset i Volda** |
| **Dato:** | **16.06.2016** |
| **Tid:** | **14:00** |

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak@volda.kommune.no.

Varamedlemar får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
| --- | --- |
| PS 72/16 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 73/16 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 74/16 | **1. Tertialrapport 2016** |
| PS 75/16 | **Korrigering av budsjett 1.halvår 2016** |
| PS 76/16 | **Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ** |
| PS 77/16 | **Kulturminneplan - Oppstart av planarbeid** |
| PS 78/16 | **Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020** |
| PS 79/16 | **Kommunen sin kriseberedskap -Planverk mm** |
| PS 80/16 | **Bustadfelt K10- Engeset/ KleppFastsetjing av tomtepris** |
| PS 81/16 | **Planid 200700-01 - Volda Fergekai- rv. 651. Dispensasjon frå reguleringsplan. Forvaltningsstyret sak PS86/15 - 8.12.2015** |
| PS 82/16 | **Søknad om midlar til kartlegging av prosjekt "Destinasjon Volda"** |
| PS 83/16 | **Opprette fleire lærlingstillingar i Volda kommune** |
| PS 84/16 | **Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016** |
| PS 85/16 | **Framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget** |
| PS 86/16 | **Val av forliksråd for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020** |
| PS 87/16 | **ORIENTERINGSSAKER** |
| OS 26/16 | **Søknad om Regionale utviklingsmidlar for delfinansiering av forprosjekt - Volda kunnskapspark** |

# VOLDA KOMMUNE

| | |
|---|---|
| OS 27/16 | **Mellom Bygningane i Volda - referat styringsgruppemøte 25.05.2016** |
| OS 28/16 | **Søknad om utsett frist til å ta stilling til kommunesamanslåing som kryssar fylkesgrensa** |
| OS 29/16 | **Samferdselpakke Volda Ørsta - 24.05.2016 - arbeidsmøte Ørsta** |
| OS 30/16 | **Forvatningsrevisjon barnevernet - orientering om nytt prosjekt** |
| OS 31/16 | **Fråsegner frå Noregs Mållag** |
| PS 88/16 | **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE** |
| DS 97/16 | **Løyve til tiltak, garasje Gbr 6/35** |
| DS 98/16 | **Løyve til tiltak, bustad med integrert garasje Gbr 20/375** |
| DS 99/16 | **Ferdigattest Gbr 20/594** |
| DS 100/16 | **Ferdigattest, hytte Gbr 135/4** |
| DS 101/16 | **Løyve til tiltak, garasje Gbr 30/202** |
| DS 102/16 | **Ferdigattest, altan/påbygg Gbr 17/61** |
| DS 103/16 | **Løyve til tiltak, tilbygg og fasadeendring Gbr 34/2** |
| DS 104/16 | **Løyve til tiltak, gjerde Gbr 20/380** |
| DS 105/16 | **Løyve til tiltak, ombygging Gbr 144/2** |
| DS 106/16 | **Ferdigattest, endring av skilt/reklame Gbr 30/231** |
| DS 107/16 | **Ferdigattest, bustad Gbr 21/154** |
| DS 108/16 | **mellombels bruksløyve, nyebygget Gbr 30/194** |
| DS 109/16 | **Løyve til tiltak, redskapshus Gbr 25/2** |
| DS 110/16 | **Dispensasjon frå krav i TEK10** |

**GRUPPEMØTE**
**Måndag 13.06.16**

| | | |
|---|---|---|
| AP | kl. 18:00-20:00 | Møterom Dalsfjorden |
| V | kl. 20:00-22:00 | Møterom Dalsfjorden |
| KRF | kl. 19:30-21:30 | Møterom Voldsfjorden |
| SP | kl. 19:30-21:30 | Møterom Austefjorden - evt. anna møterom |
| SV | kl. 18:00-20:00 | Møterom Austefjorden |
| MDG | kl. 20:00-22:00 | Møterom Austefjorden |

# VOLDA KOMMUNE

**Tysdag 14.06.16**

| | | |
|---|---|---|
| H | kl. 17:30-19:30 | Møterom Austefjorden |
| FRP | kl. 18:15 | Møterom Voldsfjorden |

PS 72/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 73/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Andreea Beleuta | Arkivsak nr.: | 2016/829 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 151 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 104/16 | Formannskapet | 07.06.2016 |
| 74/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## 1. TERTIALRAPPORT 2016

**Handsaming:**
Økonomisjef Henrik Skovly møtte under handsaminga av saka.

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:**

1. ***1. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.***
2. ***Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)***
3. ***Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)***

**Administrasjonen si tilråding:**

4. **1. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.**
5. **Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)**
6. **Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)**

# 1 INNLEIING

Nivået på frie inntekter (skatt og rammetilskot), generelle statstilskot, eigedomsskatt og netto finanskostnader avgjer kor mykje kommunen kan bruke på tenesteproduksjon. Dette vert kalla budsjettskjema 1A ( kapittel 2 i tertialrapporten).

Netto løyvingar til sektorane (inkludert felles utgifter og inntekter) er omtalt i kapittel 3 (budsjettskjema 1B).

Investeringar er kort omtalt i kapittel 4. Neste kapittel omtalar sjukefråvær. Kapittel 6 tek for seg rapportering på måloppnåing.

Finansrapport for 1.tertial 2016 vert ikkje fremja som eiga sak, og er ein del av denne tertialrapporten. Det vert vist til punkt 2 og 3 i tilrådinga.

# 2 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

***Frie inntekter***

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue utgjer det som vert kalla kommunen sine frie inntekter:

| Budsjett | 2016 | Prognose 2016 |
|---|---|---|
| Rammetilskott | 244 498 000 | 249 693 000 |
| Skatteinntekter | 212 524 000 | 208 643 000 |
| Sum frie inntekter | 457 022 000 | 458 336 000 |

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune har skatteinntekter på 64,1 mill kr ved utgangen av april, og er ca 2 mill kr mindre enn det budsjetterte beløpet for same periode. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 457 mill kr. i 2016. Regjeringa kom med ny prognose for skatteinntektene på landsbasis ved framlegging av kommuneproposisjonen/revidert nasjonalbudsjett den 11.mai. Prognosemodellen frå KS

viser ei prognose på 458,3 mill kr ved årets slutt for Volda kommune (ca 1,3 mill meir enn budsjettert).

### Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomskattekontoret har utarbeidd prognose som indikerer at inntektene frå eigedomskatt vert ca 17 mill kr i 2016.

### Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2016:

| **Generelle statstilskot** | **2016** |
|---|---|
| | |
| Integreringstilskott | 25 825 000 |
| Gr.97/investering i skulebygg | 1 311 082 |
| Omsorg | 3 144 829 |
| Kyrkjebygg | 65 309 |
| **Sum** | **30 346 220** |

Innvandrarkontoret har laga denne prognosen for 2016:

| Busetjingsår | Sats | Tal flyktningar | Budsjett 2016 | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| År 1 (2016) | 234 000,00 | 24 | | 5 616 000,00 |
| År 1 (2016) | 184 000,00 | 16 | | 2 944 000,00 |
| År 2 (2015) | 220 000,00 | 49 | | 10 780 000,00 |
| År 3 (2014) | 160 000,00 | 35 | | 5 600 000,00 |
| År 4 (2013) | 83 400,00 | 24 | | 2 001 600,00 |
| År 5 (2012) | 70 000,00 | 24 | | 1 680 000,00 |
| Familiesameinte 2016 | 184 000,00 | 1 | | 184 000,00 |
| Alternativ mottaksplassert | | 1 | | 162 900,00 |
| Ekstratilskot IT 2016 | 50 000,00 | | | - |
| **SUM** | | **172** | **25 825 000** | **28 968 500** |

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 143.500,- større enn budsjettert. Husbanken har truleg dei andre tilskota klare i sommar.

### Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2016:

| | Budsjett 2016 |
|---|---:|
| Renteutgifter (inkl startlån) | 18 073 000 |
| Avdrag | 25 000 000 |
| **Sum finansutgifter** | **43 073 000** |

*Renteutgifter*

Det er budsjettert med kr 17.273.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg). Prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 300.000 mindre enn budsjettert.

*Minimumsavdrag*

I 2015 vart det endelege minimumsavdraget ca 20,6 mill.kr. Det vart opphavleg budsjettert med 25 mill i minimumsavdrag for 2016. Førebelse utrekningar indikerer at minimumsavdraget vert ca 21,5 mill kr.

Finansinntekter

| | **2016** |
|---|---:|
| Renteinntekter formidlingslån | 600 000 |
| Ordinære renteinntekter | 1 500 000 |
| Utbytte Tussa | 3 000 000 |
| Verdiauke obligasjonsfond m.m. | 1 500 000 |
| **Sum** | **6 600 000** |

*Renteinntekter*

Ved utgangen av april, så har vi bokført 402.836 i renteinntekter, og kjem truleg til å nå det budsjetterte beløpet.

*Plasseringar i obligasjonsfond m.m.*

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av april hadde plasseringane ein samla marknadsverdi på ca 57.175.000 mill kr, og er ei auke på kr. 561.000 hittil i år.

*Utbytte Tussa*

Volda kommune får utbytte på kr. 6.460 per aksje. Dette utgjer kr. 3.126.640 og er kr. 126.640 meir enn budsjettert.

# 3 BUDSJETTSKJEMA 1B

## Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av april. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

| Tekst | Rekneskap 2016 | Periodisert revidert budsjett 2016 | Opprinneleg budsjett 2016 | Rekneskap 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Rådmann** | **799 114** | **605 116** | **1 660 059** | **568 803** |
| **Samfunn og rådgjeving** | **544 981** | **545 488** | **1 480 272** | **724 079** |
| Personal og løn | 2 198 950 | 2 375 417 | 6 535 879 | 2 750 611 |
| IKT | 861 784 | 1 778 133 | 5 121 646 | 941 946 |
| Innvandring | -970 810 | 382 814 | 1 105 927 | -81 703 |
| **Personal og organisasjon** | **2 089 924** | **4 536 364** | **12 763 452** | **3 610 854** |
| **Økonomi** | **2 560 110** | **2 454 148** | **6 753 769** | **2 475 639** |
| **NAV Kommune** | **2 534 874** | **2 719 399** | **8 158 196** | **3 008 230** |
| Stab opplæring og oppvekst | 8 037 398 | 11 792 653 | 18 745 285 | 17 446 341 |
| Helsestasjon | 2 231 021 | 2 218 637 | 5 997 443 | 1 759 084 |
| Barnehage | 11 529 684 | 13 324 191 | 36 452 709 | 10 147 903 |
| Grunnskule med SFO | 38 538 702 | 40 142 364 | 110 012 753 | 37 379 065 |
| Kulturskule | 1 023 316 | 1 075 073 | 3 256 121 | 940 335 |
| Volda læringssenter | 8 060 494 | 7 944 450 | 22 561 715 | 5 809 527 |
| **Opplæring og oppvekst** | **69 420 615** | **76 497 369** | **197 026 026** | **73 482 255** |
| Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester) | 4 820 412 | 6 697 568 | 7 424 309 | 2 223 042 |
| Sjukeheim 2. etasje | 9 370 750 | 9 875 031 | 27 157 396 | 9 099 142 |
| Sjukeheim 3. etasje | 8 125 931 | 8 779 741 | 24 175 825 | 7 868 730 |
| Heimetenester | 5 602 813 | 6 476 356 | 17 751 537 | 5 334 100 |
| Heimetenester omsorgsbustader | 11 315 153 | 11 986 729 | 32 964 008 | 11 548 698 |
| Rus og psykisk helseteneste | 6 425 190 | 5 601 702 | 15 266 006 | 5 636 699 |
| Tenesta for funksjonshemma | 4 794 493 | 4 089 684 | 11 001 316 | 4 025 560 |
| Butenesta for funksjonshemma | 9 991 627 | 11 398 115 | 31 345 201 | 10 154 050 |
| Førebygging, rehabilitering og legeteneste | 6 764 323 | 5 424 565 | 15 131 513 | 4 584 095 |
| **Helse og omsorg** | **67 210 692** | **70 329 491** | **182 217 111** | **60 474 116** |
| Kultur | 1 278 955 | 1 849 672 | 5 162 953 | 1 645 946 |
| Servicekontor | 2 147 279 | 1 949 385 | 5 441 764 | 1 936 081 |
| **Service og kultur** | **3 426 234** | **3 799 057** | **10 604 717** | **3 582 027** |
| **Politisk verksemd** | **851 746** | **910 538** | **2 695 392** | **751 971** |
| Drift og anlegg | 5 708 357 | 3 548 768 | 9 943 106 | 4 167 561 |
| Brann | 2 718 854 | 2 553 587 | 7 306 154 | 1 960 804 |
| Eigedom | 4 324 001 | 4 916 177 | 13 914 169 | 4 473 608 |
| **Teknisk** | **12 751 213** | **11 018 531** | **31 163 429** | **10 601 973** |
| **Sjølvkosttenester** | **3 296 405** | **-843 550** | **0** | **3 758 645** |
| Plan | 975 334 | 1 193 811 | 3 324 205 | 722 425 |
| Landbruk | 312 367 | 437 717 | 1 313 151 | 593 717 |
| Kart, oppmåling og byggesak | 968 794 | 584 533 | 1 371 774 | 1 693 868 |
| **Utvikling** | **2 256 495** | **2 216 060** | **6 009 130** | **3 010 009** |
| **Barnevern** | **15 732 674** | **7 684 993** | **18 539 580** | **15 831 463** |
| **SUM SEKTORANE** | **183 475 076** | **182 473 005** | **479 071 133** | **181 880 063** |
| **Felles utgifter og inntekter** | 1 561 434 | -896 077 | -2 688 230 | 1 245 002 |
| **Sum inkludert felles utgifter og inntekter** | **185 036 510** | **181 576 928** | **476 382 903** | **183 125 066** |
| **Finansområdet, statsilskott og frie inntekter** | -166 912 984 | -169 461 365 | -476 382 903 | -149 480 272 |
| **SUM HEILE KOMMUNEN** | **18 123 526** | **12 115 564** | **0** | **33 644 794** |

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av april.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av april.
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2016).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2015.

Sektorane har ved utgangen av april eit forbruk på kr. **183.475.076** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **182.473.005** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 1 mill. kroner over budsjettert forbruk ved utgangen av april. Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag 3,4 mill. kroner meir enn budsjettert ved utgangen av april.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av april har ei netto utgift på kr. **18.123.526**. Dette er omlag 6 mill kr meir enn budsjettert for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

***Personal og organisasjon***

Personal og organisasjon vil vere i balanse ved slutten av året.

***Økonomistaben***

Staben ventar å gå i balanse ved slutten av året.

***Opplæring og oppvekst***

Opplæring og oppvekst reknar med å gå i balanse ved utgangen av året.

Nokre opplysande merknader:

1. Etter 1. terial har opplæring og oppvekst eit mindreforbruk i høve til periodisert budsjett. Hovudgrunnen til dette er at hovudtyngda av dei statlege tilskota til norskopplæring kjem tidleg i kalendaråret.

2. Noko uventa har det også kome tilskot til å auke pedagogtettleiken i 1. – 4. klasse, ei inntekt som er rekneskapsført, men det er ikkje gjort budsjettkorrigering slik at utgiftssida har kome med.

***Helse og omsorg***

Forbruket ved utgangen av april er ca 3,1 mill kr mindre enn periodisert budsjett. Dette er forventa ettersom det er vedtekne tiltak på driftsbudsjettet for 2016 som enno ikkje er sett i verk. Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

*"Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.30.april.*

| ***Tenesteområde*** | ***Meirforbruk*** | ***Mindreforbruk*** |
|---|---|---|
| *Stab og service* | | *2.073.000,-* |
| *Institusjonsteneste 2.etg* | | *504.000,-* |
| *Institusjonsteneste 3.etg* | | *654.000,-* |
| *Sentralkjøkken* | *195.000,-* | |
| *Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd* | | *872.000,-* |
| *Heimetenester, omsorgsbustader* | | *672.000,-* |
| *Rus- og psykisk helseteneste* | *823.000,-* | |
| *Hamna Dagsenter* | *330.000,-* | |
| *Avlastingsteneste barn og unge* | *375.000,-* | |
| *Buteneste for funksjonshemma* | | *1.406.000,-* |
| *Førebygging, rehabilitering og legeteneste* | *1.340.000,-* | |
| *Samla* | *3.063.000* | *6.180.000,-* |
| *Differanse* | | *3.118.000,-* |

*Mange av tenestene har forventa inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav pr 2 mnd er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett. Desse inntektene er altså ikkje bokførte.*

| ***Tenesteområde*** | ***SUM*** |
|---|---|
| *Felles kommuneoverlege:* | *250.000,-* |
| *Førebygging, rehab, legeten.* | *1.770.000,-* |
| *Hamna Dagsenter* | *410.000,-* |
| *Samla* | *2.430.000,-* |

*Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:*

- *Stab og service: Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Grunnen til mindreforbruket er av rekneskapsmessig art. Variabel løn for desember 2015 vert belasta jan.2016. For at dette skal verte korrekt, er tilsvarande beløp ført som inntekt. Tidleg på året vil effekten av dette vere stor, men jamnar seg til fleire månader som går.*
- *Institusjonsteneste: Både 2. og 3 etg har mindreforbruk så langt. For andre etg har dette ei hovudårsak. Til tross for at fleire bebuarar treng utvida tilsyn, har budsjettstyrkinga til 2016 så langt dekt meirkostnadene. Sengekapasiteten i 3 etg., og spesielt Klokkarstova(korttidsavdelinga) har hatt jamt svært høgt belegg siste månadane. Ein har så vidt unngått betalingsdøgn på sjukehuset.*
- *Sentralkjøkkenet: Utgiftssida ved drifta av sentralkjøkkenet balanserer i høve budsjettet. Meirforbruket kjem i all hovudsak av at inntekter ikkje er ajourførte.*

- *Heimetenestene inkl. Dagsenter: ca. 400.000,- vart gitt i tilskot frå helsedir. for tilrettelegging av fleire dagaktivitetsplassar for heimebuande demente. Ein del av desse midlane har vorte brukte. Driftsmessig har heimetenestene hatt eit godt og stabilt år så langt. God planlegging og kompetanse gir resultat.*
- *Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Totalt ser det greitt ut, internt ser ein forskjellar i forbruk mellom dei tre store døgnbemanna omsorgsbustadbygga våre, Barstadtun, Fjordsyn og Mork Bustader.*
- *Rus- og psykisk helseteneste: Meirforbruk, ein del av dette er knytt til tiltak der ein ikkje lenger vil få refusjonsinntekt frå anna kommune, men har tenesteansvar for personar. Konsekvensen av dette vil kunne vere aukande utover året. Tre utflyttingar og tre nye bebuarar i døgnbemanna tilbod, gjer det vanskeleg å ta bemanninga ned, til tross for at ein har tapt refusjonsinntekter.*
- *Hamna Dagsenter: Er nesten i balanse. Korrigert refusjon frå Ørsta ville gitt pluss på periodisert forbruk.*
- *Avlastingsteneste for barn og unge: Tiltaket vart styrka til 2016 med 750.000,-. Ein finn meirforbruket derfor urimeleg (høgt). Eit djupdykk har vist at budsjettet for fastløn er redusert samanlikna med 2015, noko som stemmer dårleg med vedteken auke. Ein har ikkje fått sett nok på årsaka til dette endå.*
- *Buteneste for funksjonshemma: Vart styrka til 2016 og har no mindreforbruk. Det er likevel sett fokus på noko variabel løn som eininga må jobbe med for å unngå.*
- *Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. I tabell to viser ein manglande refusjonar på to av områda i denne eininga. Dette gir samla eit anna bilete av stoda så langt*

*Rekneskapsmessig har trenden så langt i år i nesten heile sektoren har vore god. Den største utfordringa ser ut til å ligge i rus- og psykisk helseteneste. Utanforliggande årsaker forklarer langt på veg utfordringa her. I tillegg må ein sjekke grundigare ut styrkinga av avlastinga for barn og unge, den synest vere utsett for noko mistyding. Ferievikarposten har lite forbruk så langt i år, men i periodisert budsjett vil denne likevel ha ein viss storleik. På andre områder kan store kvartalsvise innbetalingar gi høgt forbruk som vil jamne seg når fleire månader har passert. Etter fire månader har sektoren eit mindreforbruk, ein god tendens for rekneskapsåret.*

***Service og kultur***

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

***Teknisk***

*Brann og redning* estimerer eit underskot på ca en halv mill kr ved slutten av året.

*Eigedom* forventar ei overskriding på kr 600.000 av budsjettramma i 2016.

*Kommunalteknisk* har eit meirforbruk på over 2 mill. kr. Dette har som grunn snøbrøyting, som har kosta ca 1,5 mill meir enn i 2015.

*Utvikling*

Sektoren ventar å gå i balanse.

Sjukefråværet for første kvartal ligg på 2,74%. Dette er lågt og sektoren håpar å helde seg på dette nivået.

***Barnevernstenesta***

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjettramma.

*NAV*

Basert på tala per utgang av april, forventar NAV å vere i balanse ved slutten av året.

**Oppsummering**

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av april :

*Frie inntekter*

Prognose for frie inntekter er ca 1,3 mill. kr. meir enn det som er budsjettert.

*Generelle statstilskot*

Prognosen for integreingstilskot viser ca kr. 140.000 meir enn det budsjetterte beløpet. Husbanken har dei andre tilskota klare i sommar.

*Eigedomsskatt*

Det er budsjettert med 16 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomskattekontoret har utarbeidd prognose som indikerer at inntektene frå eigedomskatt vert ca 17 mill kr i 2016.

*Finans*

Prognosen for renteutgifter viser ca kr 300.000 mindre enn budsjettert. Minimumsavdraget for 2016 er ca. kr. 3,5 mill. mindre enn budsjettert.

*Sektorane*

Det er knytt usikkerheit til situasjonen på Teknisk. Det ser ut til at denne sektoren kan gå på eit meirforbruk på 2,5 mill kr ved slutten av året. Ingen av dei andre sektorane melder forventa avvik ved slutten av året. Her er det ein føresetnad at Oppvekst og opplæringssektoren får ei tilleggsløyving på kr. 600.000 for å halde fram drifta av Austefjord ungdomskule.

# 4 INVESTERINGAR

Verd utgangen av 1.tertial er det utgiftført for ca 61,5 mill kr på investeringsrekneskapen. Det er budsjettert med ca 248 mill kr ( ikkje inkludert ubrukte løyvingar frå tidlegare år).

46,7 mill kr av forbruket ved utgangen av 1.tertial gjeld bygging av ny Øyra skule. 4 mill kr er knytt til investeringar på sjølvkostområda.

Tabellen under inneheld kommentarar frå Teknisk sektor på nokre av investeringsprosjekta:

| Prosjektnr | Prosjektnamn | Kommentar |
|---|---|---|
| 131500 | Volda rådhus - Inventar | Forsikringsoppgjer frå KLP med ekstrautbetaling på inventar skal førast her. Det står att enkelte arbeid/innkjøp for å komplettere rådhuset. All kostnad blir ført her. Dette gjeld blant anna møteromfasilitetar, inventar kantine osv. Dette er forventa ferdigstilt 2016. |
| 501301 | Branndepot Dravlaus | Prosjekt er ferdig og ei lita tilleggløyving vert fremja. |
| 501303 | ENØK tiltak (klimaplan) | Dette er eit levande prosjekt som ber delar av kostnadar i mellom anna EPC prosjektet og vil være aktivt vidare. |
| 501602 | Etablering FDV base | Prosjektet er i rute og er planlagt ferdig i 2016 |
| 501401 | Energimerking bygg | Dette er eit prosjekt som blir ein del av finansiering av tiltak i EPC og energimerking vil bli gjennomført i dette prosjektet. |
| 501500 | Oppgradering Mork/Nilletun | Prosjekt er satt i verk, det er gjennomført fleire naudsynte tiltak på bygget, dette prosjektet vil samarbeide med EPC med gjennomføring av tiltak i begge prosjekt tilknytt dette bygg. |
| 501510 | Bustad Smalebakken | Prosjektet ligg litt bak i forventa ferdigstilling, dette grunna tilsetting av tømrarar i eigedom som skal arbeide med investeringsprosjekt. Vi har tilsett begge tømrarane, oppstart mai 2016 på den eine og august 2016 på den andre. Dette vil føre prosjektet vidare. |
| 501512 | Legesenteret (turnuslege) | Prosjektet er ferdig. |
| 501605 | EPC gjennomføringstiltak | Blir behandla i KS den 26.05.2016 |
| 501608 | Oppgradering kommunale bygg. | Vi har tilsett begge tømrarane, oppstart mai 2016 på den eine og august 2016 på den andre. Dette vil føre prosjektet vidare. Her vil ein til årets start ha klar arbeidsplan for kommande år med tidsplan og budsjett avsetting. Det blir oppretta underprosjekt for kvart oppgraderingstiltak som blir gjennomført. |
| 500908 | Volda u-skule opprusting | Plan for lærarfasilitetar er planlagde. Det er gjennomført brannteknisk analyse på bygget. Det er krav om total oppgradering og tilrettelegging for meir læringsareal og det må utarbeidast ein plan for gjennomføring av alt arbeid. |
| 501312 | Brannskade Røyslidvegen 11A | Arbeid står att i kjellar der vi har satt tilsett tømrar i gang med ferdigstilling av 2 hyblar. Dette prosjektet vil være ferdig i 2016. |
| 701400 | Vikeneset og Mork Silanlegg | Nytt hovudreinseanlegg - Volda Sentrum<br>Vatn og Avløpsetaten har utlyst ei konkurranse for å få eit betre kostnadsbilete over investeringane og dei tekniske utfordringane og løysingane som må til for å kunne bygge eit nytt reinseanlegg for Volda sentrum. Konkurransefristen var satt til fredag 29. april med |

| | | |
|---|---|---|
| | | kontraktsforhandlingar i veke 21. Målet til VA etaten vil være å få på plass rapporten i løpet av sommaren 2016. Det må takast eit lite atterhald om leveringstida på rapporten. Om rapporten er ferdig i løpet av Juli vil saka kunne sendast til kommunestyret i det første kommunestyret etter sommaren, om rapporten sklir ut i august vil ikkje saka komme opp i kommunestyret før i september.<br>Forprosjekt Mork:<br>Fire alternativ er utgreia.<br>- Overføring til klippa<br>- 2 ulike løysingar slamavskillar<br>- Lokalt reinseanlegg |
| 701508 og 701600 | Flomsikring Volda sentrum Melshornsida og Flomførebygging Heltneelva | Dette er to svært viktige prosjekt som vi ikkje har kome skikkeleg igong med, då vår prosjektingeniør har vore fullt oppteken med prosjekta Botnavegen, Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket og skulebakken Lauvstad. Administrasjonen meiner at desse to flaumførebyggingsprosjekta er så viktige at dei bør prioriterast. Dette kan gå utover framdrifta på andre prosjekt. |
| 701504 | Skulebakken Haugen Lauvstad | Skulebakken er no til prosjektering og er planlagt ferdig prosjektert ca 1. Juli 2016. Dersom prosjektet overstig det som er avsett i budsjettet, må det til politisk handsaming før gjennomføring. |
| 701102 | Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn | Prosjektet er no under prosjektering hos konsulent. Anbodsdokument skal vera ferdig til sommaren 2016, slik at valgt entreprenør kan starte arbeidet hausten 2016. |
| 701200 | Næringsområde Øvre Rotset | Dette prosjektet har der ikkje vore kapasitet til å arbeide direkte med til no i 2016. Vi har ei byggeklar tomt som er klar til sal, då Haugen bok likevel ikkje ville nytte denne tomta. Utvidinga av Myrtun på Rotset er likevel eit steg på vegen i dette prosjektet, då kommunalteknisk treng ny løysing for lagring av strøsand før undergongen til vestre del av feltet kan åpnast. Der pågår eigedomsforhandlingar med sjøn som må på plass før heile feltet kan utviklast. Vi planleggjer prosjektering og kanskje byggestart på vestre del av feltet til hausten. |
| 700903 | Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket | Asplan Viak prosjekterar per dags dato det nye tilbygget. Planlagt byggjestart hausten 2016 |
| 701511 | Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing | Etter utlysning via Regionrådet har Volda kommune inngått avtale med Mørenett om utskifting av 1200 lysarmatur til LED over 3 år. 400 armaturer skal skiftast hausten 2016. |

Teknisk sektor har redusert kapasitet, og greier ikkje å gjennomføre alle prosjekt som er budsjettert i 2016. Prosjekt som etter prosjektering og anbod kan verte dyrare enn budsjettert vil det verte lagt fram eigne saker om prioritering og finansiering. Prioritering må også

vurderast ut frå realistisk gjennomføring og prosjektet sitt omfang og konsekvensar for andre rekkjefølgjetiltak. Dette kan resultere behov for aksept for å utsetje mindre prosjekt, og at Skulebakken på Lauvstad vert utsett til 2017.

Helse og omsorg har desse kommentarane til sine investeringsprosjekt:

| *Prosjektnummer* | *Namn* | *Status* |
|---|---|---|
| *461400* | *Utskifting av fatvaskarar* | *Har starta gradvis utskifting, 2 er skifta. Ein ny vert bestilt med det første.* |
| *461401* | *Buss* | *Utskifting av raudebussen. Administrasjonen har hatt begrensa kapasitet til å jobbe vidare med denne anskaffinga. Kravspesifikasjon er klar. Innkjøpsavdelinga i Ålesund har vore førespurt om hjelp til anskaffinga, men dei kan ikkje hjelpe og kjenner heller ikkje til andre som har gjort slik anskaffing. Ein vil be om ekstern innkjøpskompetanse for anskaffinga.* |
| *501404* | *Utskifting av alarmanlegg* | *Nytt pasientvarslingsanlegg er montert på omsorgssenteret, Fjordsyn, Barstadtun, Folketadtun og Mork bustader. Om ca. to veker vil varsling på anlegget vere kopla opp mot Smart- telefonar, og dermed verte sett i full drift.* |
| *461200* | *Kombidamparar på avdelingskjøkkena* | *Det er skifta 4 damparar. Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å køyre ei innkjøpskonkurranse på dette.* |
| *461300* | *Handstyrte terminalar* | *Heimetenestene har tatt dette i bruk, no står rus- og psykisk helseteneste for tur. Behov for innkjøp av fleire terminalar.* |
| | *Elektromedisinsk utstyr* | *Har kjøpt inn noko utstyr, har ikkje fått oppretta prosjektnummer på dette endå.* |
| | *Bilar Styrk arbeid* | *Hadde eiga sak tidlegare i år, vart bevilga 350.000,-. Har kjøpt inn to bilar, ein Nissan Pathfinder og ein VW Toruran."* |

Forbruket på investeringsrekneskapen (sortert på prosjekt) ved utgangen av 1.tertial er med som trykt vedlegg til saka (budsjettskjema 2B). Kommunestyret vedtok 26 mai at ubrukte løyvingar i 2015 skal overførast til 2016. I budsjettkolonnen i vedlegget er desse tala ikkje med.

# 5 SJUKEFRÅVER

Sjukefråveret viser ein nedgang 1. tertial i år samanlikna med 1. tertial ifjor. Sjukefråveret og det å auke nærveret blir det jobba med på mange områder. I budsjettsaka så vart det sett eit mål om nærver på 92% for 2016. Det er eit stykke igjen før dei store sektorane nærmar seg målet.

Det vi ser når vi går inn i detaljane på fråveret er at størstedelen av fråveret gjeld fråver mellom 17 dagar og opptil 3 månader. Korttidsfråveret er ikkje urovekkjande stort. Viktig å merke seg at fråveret på arbeidsplassar med få tilette gjev store utslag i prosentutrekning.

Nokre sektorar er meir utsette enn andre med omsyn til kva arbeid som blir utført og tilbakemeldingar frå m.a. teknisk sektor er at i høve til hardt fysisk arbeid samt fleire arbeidstakarar er over 60 år så er ikkje sjukefråveret urovekkjande høgt. Dei har i tillegg nokre langtidssjukemeldingar som dreg prosenten opp.

I andre avdelinga med mange unge kvinner og fleire av dei gravide så blir det jobba med å leggje til rette for at dei skal kunne vere i jobb fram til fødsel. Men i somme høve så må det sjukmelding til eller svangerskapspengar heilt eller delvis. Desse er også med i sjukefråversstatistikken.

Opplæring og oppvekst melder at dei er ikkje nøgde med fråversprosent på 8,89. Dei har fokus på nærvær og oppfylgjing av sjukmelde, samt trykk på å få til avklaringar der det har vore ei lengre sjukehistorie.

Mange av avdelingane jobbar tett opp mot Arbeidslivssenteret for å finne løysingar for å få sjukmelde tilbake på jobb. I mange avdelingar har dei lukkast med arbeidet og greidd å få ned sjukefråversprosenten.

Ein omfattande arbeidsmiljøprosess pågår i helse- og omsorgssektoren. Den starta i november 2015 og vil pågå ut juni 2016. Bedriftshelsetenesta Stamina leier prosessen. Det blir planlagt oppfølgjing i etterkant av arbeidsmiljøkartleggjinga.

Drøfting av situasjonen og tiltak vert kontiunerleg teke opp med arbeidstakarorganisasjonane og hovedverneombodet. Det nyoppretta forumet for trepartssamarbeid mellom politikarane, administrasjonen og arbeidstakarorganisasjonane vil ha fokus på dette området.

| **Sektor** | **Fråver i %<br>1. tertial 2016** | **Fråver i %<br>Pr. 1.12.2015** | **Fråvær i %<br>1. tertial 2015** |
|---|---|---|---|
| Rådmann & stab (11 og 12) | 21,05 | 2,34 | 1,66 |
| Pers, IKT,innvandr. (13) | 2,45 | 8,21 | 6,49 |
| Økonomistaben (14) | 6,23 | 5,14 | 10,13 |
| Service og kultur (40) | 3,38 | 3,87 | 9,16 |
| Oppl. og oppvekst (20) | 8,89 | 6,73 | 8,25 |
| Barnevernstenesta (70) | 9,62 | 9,87 | 14,03 |
| Helse og omsorg (30) | 10,69 | 11,05 | 13,72 |
| Teknisk (50 og 51) | 10,54 | 8,72 | 10,76 |
| Utvikling (60) | 2,68 | 8,91 | 12,72 |
| **Heile kommunen** | **9,43** | **8,62** | **10,90** |

# 6 RAPPORTERING PÅ MÅL

**Personal og organisasjon**

| MÅL 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| **IKT**<br><br>Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter. |  | IKT opplever stort arbeidspress p.g.a. lita bemanning |
| IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte |  | |
| **Innvandring**<br><br>Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDI |  | Vedtak i k-sak 4/16 om å busetje 28 flyktningar i 2016. Einslege mindreårige (EM) kjem i tillegg. K-sak om busetjing av EM skal handsamast medio 2016. Pr. 23.05.16 er det søkt ut/busett 15 flyktningar i Volda, derav 1 EM med slekt i kommunen. |
| 50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing |  | 22 av 32 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden, og det vart nytta 6 kommunale bustader til busetjing i 2015. Arbeidet med gjennomstrøyming i kommunale bustader er godt i gang, og fleire har overgang frå kommunal til privat bustad. |
| 30 % av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing |  | Grunna høge bustadprisar er terskelen høg for å kome i posisjon til å kjøpe eigen bustad. Arbeidet med sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar og gjennomstrøyming i kommunale bustader har resultert i at nokre har kjøpt eigen bustad. |
| **Løn og personal**<br><br>Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking |  | Medarbeidarundersøking er planlagt på nyåret 2017 |
| Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar |  | Prosedyrar for tilsetting er revidert, og rutinar for intern utlysning er under revisjon. Volda kommune får mange søkjarar til dei fleste stillingar og framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar. |

| | | |
|---|---|---|
| Sjukefråværsoppfølging som fremjar nærvær |  | Rutinane er under revisjon. Det skal igangsettast internopplæring på tema, samt eit særskilt opplegg for leiarar i Helse- og omsorg. |
| Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål |  | Personalavdelinga har høg kompetanse på dei fleste område. |
| Korrekte tenester til rett tid |  | Personalavdelinga har vore underbemanna i periodar, men opplever å levere tenester innan rimeleg tid. |
| Initiere og gjennomføre utviklings- og omstillingsprosjekt for å effektivisere tenesteproduksjonen og auke kvaliteten |  | Vi er godt i gang med fleire prosessar, t.d verdiprosess, arbeidsgjevarstrategi, internoppplæring. Personalreglementet er under revisjon, og rutinar på nye områder er under utarbeiding. |
| Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutinar og organisering av opplæring) |  | Implementering av systemet er ikkje fullført, og tema må stå kontinuerleg på dagsorden for å halde systemet vedlike. |

**Økonomistaben**

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk | | |
| Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav | | |
| Betale fakturaer til rett tid | | Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen |
| Økonomireglement som gir god internkontroll | | |
| Sektorane oppleve god støtte og opplæring | | Evaluering frå sektorane |
| Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status | | |
| Nærver min 93,1 % | | |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette | | |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak | | |

## Opplæring og oppvekst

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Barnehageplassar til alle, også til dei som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass. |  | |
| Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert. |  | Heimesidene har framleis utviklingspotensiale |
| Gjennomføre fire tilsyn etter barnehagelova. |  | Er i gong med dette |
| Oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte tidleg ved hjelp av kompetanseheving. |  | Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som, Tidleg inn, Volda prosjektet og Zippys venner. Registrere antal barn som får særskilt oppfølging/tiltak gjennom året. |
| 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane |  | Frå hausten vil målet vere nådd |
| Gjennom formaliserte prosedyrar sikre ein god overgang mellom barnehage og skule. |  | Gode prosedyrar er utarbeidd |
| Redusere sjukefråværet med 10 % |  | Trass iherdig innsats har fråværet i barnehagane bite seg fast på eit for høgt nivå. Blir arbeidd målretta med dette. |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter oppsett plan. |  | |
| Grunnskulepoeng og resultata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet. | | **Kan ikkje rapportere før til hausten** |
| Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med sist skuleår. | | **Kan ikkje rapportere før til hausten** |
| Voldaskulen skal syne framgang i rekning på dei nasjonale prøvene samanlikna med 2015. | | **Kan ikkje rapportere før til hausten** |
| Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervising. |  | |
| Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar opp under den språklege og sosiale utviklinga til elevane. |  | Kanskje særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena med omsyn til språkleg utvikling. |
| 60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program. | | **Kan ikkje rapporter før til hausten** |
| Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med grunnskuleeksamen som kvalifiserer til vidaregåande skulegang og utdanning. | | **Kan ikkje rapporter før til hausten** |
| Etablere/vidareføre gruppetilbod<br>✓ Etablere barselgrupper til ei permanent ordning<br>✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år<br>✓ Etablere grupper for barn som opplever skilsmisse – ei gruppe i 2016 |  | |
| Styrke innbyggarane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar. |  | |
| Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje. |  | |

| | | |
|---|---|---|
| Rekruttere kommunepsykolog | | Psykologen starta etter påske |
| Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta | | **Dette arbeidet er i startfasen** |
| Utarbeide oppvekstplan for sektoren | | **Arbeidet er sett i gong** |

**Utvikling**

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| | | |
| Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging | | Høyt fokus |
| Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak | | |
| Følgje opp plan for idretts- og friluftsliv gjennom spelemiddelsøknadar | | Skal gjerast no i vår og ny runde til hausten |
| Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen | | |
| Halde den økonomiske ramma | | |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette | | Skal vere ferdig før sommarferien |
| Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova | | |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak | | |
| Nærver 95 % | | Ligg no på 97 % |
| Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome | | |
| Rett kompetanse i alle stillingar | | |
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | | Antal avvik og oppfølgingstiltak for å følgje opp målsettinga |
| Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova | | |
| Forbetre innhald og struktur på heimesida | | Det er forbetra noko, men framleis under arbeid. |
| Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor | | Ikkje kome skikkeleg i gong enno, men har eit mål om å få dette betre i løpet av året. |
| Revidere den kommunale planstrategien | | |
| Ferdigstille kommuneplanen sin samfunnsdel | | Skal etter planen verte vedteken 26.mai i kommunestyret. |
| Starte opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel | | Prosessen er i gang. |
| Landbrukskontoret delta på planmøta i Volda kommune | | |

**Helse og omsorg**

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette |  | Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange små stillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på.<br>*Vil vere ein kontinuerleg prosess som aldri vert ferdig.* |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak<br>1. Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste 2015.<br>2. Omorganisering i heimetenestene med endra driftseiningar og implementering av handhålte terminalar og aktiv bruk av Gerica gir auka ATA(ansikt til ansikt tid). | <br> | 1. Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverkty.<br>*Den er implementert, måldelen er ikkje tilstrekkeleg utarbeidd endå.*<br><br>2.Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA, både i heimetenestene og i døgnbemanna omsorgsbuster for eldre.<br>*Teknologien er ikkje heilt på plass endå, i omsorgsbustad vil nye pasientvarslingsanlegget logge når ein er inne hjå brukar, men ikkje brukarkontakt i fellesrom.* |
| Nærvær på 90 % |  | Nærværprosent pr. august 2015 er 91,375 %<br>*Samla sjukefråvær i Helse og Omsorg jan – april var på 10,69. Fråvær i april 8,6%.* |
| Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren. |  | Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå leiing ved evt. ekstrabehov utover tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiarmøte kontinuerleg.<br>*Gode rutiner etablert. Meldingar om situasjon som krev innleige vert meldt.* |
| Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå. |  | Rett teneste på rett nivå<br>Standardardar vert forankra i kommunestyre.<br>*Lik sakshandsaming innført, standardar ikkje forankra i Kstyret.* |
| Aktiv omsorg og frivilleg koordinering<br>Deltaking i kulturelle aktivitetar. |  | Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane.<br>Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk.<br>Kartlegging tre gongar i 2016, januar, |

| | | |
|---|---|---|
| | | august og november.<br>*Har jobba for å frigjere ressursar til "fritidskontakter", blir truleg 2 x 30%. Desse vil få viktig og koordinerande funksjon for frivilleg arbeid inn mot tenesteområda.* |
| Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus |  | *Til tross for marginal situasjon har vi fortsatt klart å unngå betalingsdøgn på sjukehuset.* |
| Styrka kompetanseutvikling |  | Tal på antal tilsette som har gjennomført ulike kurs og kompetanseutviklingstiltak.<br>*Dette er kontinuerleg prosess. Ulike tiltak i gang heile tida, men det store "lyftet" har vi ikkje på plass endå.* |
| Førebyggjande helsearbeid |  | Konkretisering av pågåande tiltak/arbeid med førebygging som målsetting.<br>*Noko av arbeidet og vegleiinga vi gjer har førebyggande funksjon, men system for registrering er ikkje utarbeidd. Sektoren har planar ulike som endå ikkje er sette ut i livet.* |
| Integrering og deltaking for brukarar med rusproblem |  | Tal på brukarar med rusproblem som deltek i arbeidsretta tiltak etter behandling. *Tal vil kome, men det er fleire nye deltakarar i Styrk arbeid i 2016.* |
| Gjennomgang av kvalitetsrutinene i sektoren med dokumentasjon og opplæring (jfr avvik og oppfølging i Kvalitetslosen) |  | *Tema både i kvalitetsrådet og intern opplæring i ulike fora, men vanskeleg å seie ein er i mål.* |
| Sikre opplæring av tilsette for å ivareta personopplysningskrava i fagsystemet |  | Kjennskap til personvernhandboka for Volda kommune.<br>Rutinemessig opplæring i "Normen" – antal som har fått opplæring (Norm for informasjonssikkerheit for helse- og omsorgstenestene). *Stadig tema og infomøter, men utfordring å nå alle.* |
| Gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking med oppfølgingstiltak |  | Resultatet av undersøkinga vil avklare nærare behov for tiltak. Leiarutvikling vil i alle høve verte sett på dagsorden.<br>*Fortsatt pågåande, handlingsplanar blir utarbeidde og det vert jobba med tiltak utover.* |

**Service og kultur**

| SATSINGAR 2016 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda |  | Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og websida. Antal profileringsartiklar og anskaffing av profileringsmateriell |
| Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen. |  | Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid |
| Ingen negativ omtale av avdelinga i media |  | |
| Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe |  | Crew er ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben |
| Ungdomsklubben skal arrangere minst 8 temakvelder/kurs for ungdom |  | |
| Arrangere to debattmøter i biblioteket |  | Den nye biblioteklova seier mellom anna at *"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt"* . |
| Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000. |  | |
| Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor |  | |
| Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken. |  | |
| Ajuorføring av personsikkerheitshandboka og ivareta overordna funksjon for at denne er kjent ute i organisasjonen |  | Organisere opplæring av leiarane i personvernhandboka og sikre oppfølging av overordna rutiner |

**Teknisk**

| MÅL | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 3 veker |  | Grunna sjukemelding i administrasjon er det noko lengre svartid på henvendingar |
| Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma |  | Brøyting er eit stort område som har drege med ekstrakostnadar i 2016. Der er forhold kring budsjett på kommunalteknisk som ikkje er avklart og må reviderast. Det er blant anna avvik i forutsetningar på nedtrekk i drift grunna veginvesteringar på fast dekke. Der effekt på nedtrekk i drift ikkje er effektuert grunna flytting av investeringsmidlar i KS. |
| Behalde og rekruttere personell |  | Har fått inn det personell vi har søkt etter. God tilgang på kvalifiserte søkjarar i dag. |
| Nærver på min 95 % |  | Det er sagt for høgt mål på dette med tanke på arbeidsart og samansetnad i alder blant tilsette. |
| Brannberedskapen skal opplevast som god |  | God beredskap. |
| Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen |  | Brannmeister er tilsett og er i full drift. |
| Redusere tal unødige brannalarmar |  | Har ei positiv utvikling, men for tidleg på året for å konkludere. |
| Tilsyn i minst 90 % av §13 objekta |  | Branningeniør er langtidssjukemeldt, dette medfører avvik i tilsyn. |
| Feiing kvart 2 år og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar |  | Feiar er tilsett og har gjennomført kursing. Er i god gang med planmessig arbeid. |
| Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte |  | Har gjennomført øvingar etter oppsett plan. Det må likevel påpeikast at manglande resursar gjer at øvingane ikkje alltid vert godt nok opplagt. |
| Førebyggande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen |  | Gjennomførast på hausten i samband med brannvernveka. |
| Vedlikehald og rehabiliteringsplan for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse |  | Har god plan med første fase i oppgradering av kommunale bygg gjennom EPC prosjektet. I etterkant av dette er det viktig med vidare oppfølging og vidareutvikling av vedlikehald/planar. Her vil det krevjast fokus på å setje av |

| | | |
|---|---|---|
| | | tilstrekklige ressursar for å følgje dette opp. |
| God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp. |  | Det er ei opphoping av investeringsprosjekt der ein vil bruke ei tid å komme à jour etter at prosjektleiarar no er tilsett. |
| Etablere gode rutinebeskrivinga, organisere dette i kvalitetslosen. |  | Byggavvik/rutinar blir teke gjennom FamacWeb. Avvik på personell eller brukarar (HMS) blir gjennomført i kvalitetslosen. |
| Få etablere base for driftsteknikarane og reinhaldarane på Gjersdalbygget |  | Arbeidet er godt i gang, er forventa avslutta i løpet av 2016. |
| Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall. |  | Manglar gjennomføring av medarbeidarsamtale på enkelte områder grunna sjukemelding hjå leiar. |
7. PS-sak 46/16 Melding om politisk vedtak - Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar. 21.04.16
8. PS-sak 47/16 Melding om politisk vedtak - Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar. 21.04.16

**Samandrag:**
Stortinget fatta våren 2014 vedtak om å gjennomføre ei kommunereform. Hovudmåla for reforma er:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

I tråd med framdriftsplanen for reformarbeidet skal kommunen fatte endeleg vedtak om samanslåing **innan 1. juli 2016, som er Fylkesmannen sin frist**.

**Saksopplysningar:**

## INNLEIING

I samband med at kommunane skal fatte endeleg vedtak har Fylkesmannen bedt kommunane om å greie ut om lokal prosess og resultat av prosessen, og å synleggjere fordelar og ulemper ved å halde fram som eiga kommune kontra samanslåingsalternativ. Saka fyl oppgitt mal frå Fylkesmannen. **Vedlegg til saka er dokumentasjon av lokal prosess.**

Grunnlaget for saka er i hovudsak eigne kartleggingar og drøftingar (SWOT-analysar), innbyggjarhøyringar, framforhandla intensjonsavtale med Ørsta, og rådgjevande folkerøysting. I saka er gitt att hovudtendensar frå undersøkingane. Rapportar og analyser i sin heilskap ligg som vedlegg.

Vidare vert det synt til framforhandla intensjonsavtale med Hornindal og Stryn som er eit alternativ til konstellasjonen Volda og Ørsta.

Fylkesmannen si tilråding til ny kommunestruktur i Møre og Romsdal vil ligge føre 1. oktober 2016. Deretter skal kommunaldepartementet utgreie lovproposjonar for ny kommunestruktur og oppgåver til kommunane som vert lagt fram for Stortinget våren 2017. Nye kommunar vil gjelde frå 1. januar 2020.

Stortinget skal også handsame regionstrukturen våren 2017.

## PROSESS I VOLDA.

### *Milepælsplan*

**Fase 1, haust 2014**.Volda kommune - vedtak om løp II oppstart analysearbeid.
- Innbyggarundersøking haust 2014

**Fase 2, vår og haust 2015**: Internt analysearbeid og møtedeltaking på ulike areaner.
- Døftingsnotat 1-6 til formannskapet (vinter-vår)
- Innbyggjarundersøking (mai 2015)
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyret om å inngå forhandlingar med Ørsta kommune og evt andre interesserte kommunar.
- 05.11.15, 18.12.15, 11.01.16, 21.01.16: Sonderingsmøter Volda/Ørsta
- 19.12.15: Uformelt møte med Hornindal og Stryn

**Fase 3, vinter-vår 2016:**
- 20-21.01.16: Felles ope kommunestyremøte med Ørsta.
- 21.01.16: Førebuande samtalar sluttført
- 29.01, 04.02, 11.02, 18.02, 23.02, 15.03.16: Forhandlingsmøter om intensjonsavtale
- 15.03.16: Intensjonsavtale Volda-Ørsta kommune signert
- 31.03.16: Felles kommunestyremøte Volda-Ørsta. Gjennomgang av intensjonsavtalen
- Sonderings- og forhandlingsmøte med Hornindal og Stryn i perioden mars og april
- 14.04.16: Intensjonsavtale Volda-Hornindal-Stryn signert
- 21.04.16: Politisk vedtak i kommunestyret om at framforhandla intensjonsavtale blir lagt til grunn for folkerøysting 19. mai.
- 21.04.16: Politisk sak i kommunestyret om Volda kommune sitt forhold til Hornindal og Stryn kommunar

- 19.05.16: Folkerøysting.
- 26.05.16: Politisk sak i kommunestyret der intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn vart vedteken, og der det vart gjort vedtak om innbyggjarundersøking i høve ulike alternativ i høve til Hornindal og Stryn.
- 16.06.16: Endeleg vedtak i kommunestyret

Denne saka vil også gå til ungdomsrådet til uttale. Denne vil liggje føre til kommunestyret 16. juni.

## *Utgreiingar*

*Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og mulegheiter for regional utvikling og attraktivitet.* Møreforsking/ Telemarksforsking, januar 2015. Oppdragsgivar Volda kommune og Ørsta kommune.

*Utfordringsnotat i forbindelse med gjennomføring av kommunereformen.*
Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar. BDO, februar 2015. Oppdragsgivar Sunnmøre regionråd.

*Kommuneanalyser:* 5 rapportar frå formannskap med bakgrunnsnotat frå rådmannen om dei mest sentrale område i kommunereforma. Haust 2014/vår 2015.

*Kommunebilde - Volda kommune* - eit grunnlagsdokument for dialog mellom Volda kommune og Fylkesmannen 19.05.2015

*Saman mot nye høgder…. Muligheiter og utfordringar i ei ny kommune.*
Rapport frå felles kommunestyremøte for Ørsta og Volda kommunar, Loen 20.-21.januar 2016, med tema kommunereform. Open Space metodikk. Ordførarar frå Stryn og Hornindal, ungdomsråda i Ørsta og Volda og leiarar i Ørsta og Volda til stades. Prosessleiing og rapport ved Hege Steinsland.

*Planprogrammet for revisjon av kommuneplanen*, sjå http://www.volda.kommune.no/sjolvbetening/rullering-av-kommuneplanen-sin-samfunnsdel.28455.aspx.

SWOT-analyse leiargruppene Ørsta og Volda kommunar, 3. februar 2016.

Andre sentrale dokument som er lagt til grunn for saksutgreiinga:
- Regjeringa sette ned eit ekspertutval som kom med ei delutgreiing i mars 2014. http://www.regjeringen.no/upload/KMD/KOMM/rapporter/Kriterier_for_god_kommunestruktur_rettet.pdf
- Meldingsdel til kommuneproposisjonen 2015 som inneheld viktige utviklingstrekk, mål for reforma, reformprosessen og virkemiddel i reforma. http://www.regjeringen.no/pages/38624199/Meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf
- Kommunal- og forvaltningskomiteen la fram si innstilling 12. juni (Innst. 300 S (2013-2014)) om kommuneproposisjonen 2015. Saka vart handsama i Stortinget 18. juni. https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2013-2014/140618/1/

## *Val av alternativ*
Volda kommune vurderte tidleg sonderingar med kommunar i ytre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid) og etter kvart også over fylkesgrensa (Hornindal, Stryn). Det var også kontakter mot regionkommune Sunnmøre, Stranda og Eid. Politisk valde ein tidleg å prioritere førstevalet med Ørsta, og har målretta arbeidd for ein intensjonsavtale med Ørsta. Volda har også hatt samtalar med Hornindal og Stryn, og forhandla intensjonsavtale med Stryn og Hornindal.

## *Intensjonsavtalar*
Volda kommune har utarbeidd intensjonsavtale med

- Ørsta kommune (signert 15.mars 2016)

• Hornindal og Stryn kommunar (signert 14. april 2016)

## *Involvering av tillitsvalde og ungdomsrådet*

Volda har aktivt søkt å involvere ulike grupper i arbeidet med kommunereform. Dei har aktivt hatt dialog med og følgt opp ungdomsrådet, og tillitsvalde har vore informert og inviterte til møter, også i forhandlingsmøta.

## *Involvering av innbyggarar*

Kommunen har aktivt søkt å involvere ulike grupper i arbeidet med kommunereform. Tidleg i prosessen vart det etablert ein 'tenketank' med brei samansetjing, tillitsvalde og leiargruppa er jamleg informert og har levert innspel til prosessen. Tillitsvalde er representert i intern arbeidsgruppe for reformarbeidet og var inviterte til forhandlingsmøta (observatør). Ungdomsrådet, formannskapet og kommunestyret i Ørsta er jamleg informert om framdrift og resultat i prosessen.

Det har vore gjennomført to innbyggjarhøyringar og ei folkerøysting:

- *September 2014, ved Sentio Research på oppdrag av Sunnmøre regionråd*
- *Mai 2015, ved Sentio Reaserch på oppdrag av Ørsta kommunestyre og Volda kommunestyre*
- *19. mai 2016, rådgjevande folkerøysting*

Som førebuing til folkerøysting 19. mai la Ørsta og Volda i fellesskap ein informasjonsstrategi. Det vart m.a. utarbeidd felles brosjyre og felles informasjon på nettet. Brosjyren er distribuert til alle husstandar og bedrifter i Ørsta og Volda.




Særlege aktivitetar i Volda i forkant av rådgjevande folkerøysting:

- *Møte om kommunereforma og forelesning ved Geir Vinsand NIVI-analyse på Volda vidaregåande skule.*
- *Folkemøte i 2. mai i Austefjorden og i Volda sentrum 3. mai.*
- *I veke 15 arrangerer ungdomsrådet i Volda konkurranse mellom skuleklassene på ungdomsskulane og Volda vidaregåande skule om kommunereform. Vinnarane vert kunngjort 11. mai*
- *Ope møte med ordføraren, Volda folkebibliotek, 4.mai*
- *Kafebesøk, Ørsta og Volda, 7. mai. Begge ordførarane på ulike kafear for å svare på spørsmål*
- *Volda ungdomsråd arrangerer informasjonsmøte på Volda ungdomsskule med tema kommunereform. Ørstaungdomen vart invitert.*

## RESULTAT VOLDA

### *Innbyggarundersøking september 2014*

På oppdrag av Sunnmøre regionråd vart det hausten 2014 gjennomført ei innbyggarundersøking blant alle sunnmørskommunane om kommunereforma. Undersøkinga viser at det både i Ørsta og Volda er der stor del av innbyggjarane som ønskjer kommunesamanslåing generelt. Ved spørsmål om kven dei kan tenkje seg å slå seg saman med svarar heile 86 % av dei spurte frå Volda at dei føretrekk Ørsta kommune. Neste prioriterte kommune er Ulstein med 13 %. Tilsvarande har 94 % av dei spurte i Ørsta prioritert Volda som den kommunen dei helst vil slå seg saman med. I kommunane Ørsta og Volda er det elles låge andelar som ynskjer samanslåing med andre kommunar i regionen.

| VOLDA VIL HA | VIL DEI HA VOLDA? |
|---|---|
| Ørsta (86 %) | Ørsta (94 %) |
| Vanylven (12 %) | Vanylven (32 %) |
| Hareid (11 %) | Hareid (11 %) |
| Ulstein (13 %) | Ulstein (12 %) |
| Herøy (12 %) | Herøy ( 9 %) |
| Sande (8 %) | Sande (14 %) |

### *Innbyggarundersøking mai 2015*

Våren 2015 vart det gjennomført ny innbyggarundersøking i Ørsta og Volda, denne gongen på oppdrag av dei to kommunestyra. Føremålet var å kartlegge innbyggjarane sitt syn på kva alternativ kommunen skal arbeide vidare med fram mot folkeavrøysting våren 2016. Sentio gjennomførte undersøkinga og skriv dette i si oppsummering:

> *I Volda mener 11 prosent at spørsmålet om kommunesammenslåing er svært viktig, og 15 prosent mener det ikke er viktig. Hovedvekten ligger også her på midten av skalaen. 56 prosent av de spurte mener Volda bør slå seg sammen med en eller flere av nabokommunene, og gir indikasjon på et relativt sikkert flertall. 34 prosent ønsker kommunestruktur som i dag. Motstanden mot kommunesammenslåing er betydelig større blant de under 30 enn blant de eldre. Dersom det blir bestemt at kommunesammenslåing skal gjennomføres nevnes Ørsta av 88 prosent av de spurte, og er dermed kommunen som er klart oftest nevnt som kandidat for sammenslåing.*
>
> *I Ørsta mener 15 prosent at spørsmålet om kommunesammenslåing er svært viktig, og like mange mener det ikke er viktig. Hovedvekten ligger på midten av skalaen. Videre mener nær halvparten av de spurte at Ørsta i fremtiden bør slås sammen med en eller flere kommuner, mens fire av ti mener kommunestrukturen bør være som i dag. Tendensen er likevel ikke entydig nok til å konkludere med et sikkert flertall for kommunesammenslåing.*
> *Dersom det blir bestemt at kommunesammenslåing skal gjennomføres, skiller Volda seg soleklart ut som det foretrukne alternativet, nevnt av 87 prosent av de spurte.*

### *SWOT-analyse av reformalternativ, ved leiargruppene i Ørsta og Volda*

I februar 2016 gjennomførte leiargruppene i Ørsta og Volda ei SWOT-analyse. Seksjonane vurderte hovudmåla i reformarbeidet med utgangspunkt i eigen fagståstad, og i høve ulike reformalternativ. Jamt over er dei tilsette i båe kommunane positive til ei samanslåing, og trekte særleg fram føremoner ved større og styrka fagmiljø, felles utviklingsarbeid og arealplanlegging og økonomistyring. Resultat frå kartlegginga ligg som vedlegg i saka.

### *Folkerøysting 19. mai 2016*

19. mai vart det gjennomført folkerøysting i Ørsta og Volda over framforhandla intensjonsavtale. Innbyggarane i Ørsta skulle svare ja eller nei til om Ørsta kommune skulle slå seg samen med Volda kommune. Både i Ørsta og Volda var det røysterett for 16-åringar.

Resultat av folkerøystinga i Volda:

Valdeltaking: 48,9 %
Ja til Volda-Ørsta: 30,5 %
Nei til Volda-Ørsta: 68,9 %
Blank: 0,8 %

Resultat av folkerøystinga i Ørsta:

Valdeltaking: 50,4 %
Ja til Volda-Ørsta: 37,3 %
Nei til Volda-Ørsta: 61,8 %
Blank: 0,9 %

## VURDERING AV ALTERNATIV I EIT FRAMTIDSPERSPEKTIV

Volda vurderte tidleg sonderingar med kommunar på Ytre søre Sunnmøre, og over fylkesgrensa. I løpet av fase 2 valde ein politisk å prioritere Ørsta kommune som det klare førstevalet, og har deretter arbeidd målretta for ein intensjonsavtale med Ørsta. Intensjonsavtalen opnar for Hornindal og Stryn i neste fase.

Under fyl kommunen si vurdering av på kva måtar hovudmåla for kommunereforma vert oppfylt innanfor alternativa Volda åleine og ei samanslåing av Volda og Ørsta kommunar. Vurderinga bygger i hovudsak på Planprogrammet for revisjon av kommuneplanen, eigne kartleggingar (SWOT), innbyggjarhøyringar og framforhandla intensjonsavtale med Ørsta.

### *Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar i lys av framtida sine utfordringar*

Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet fagleg/administrativt for å kunne gje innbyggjarane dei tilboda dei etter lov, føresegner og statlege føringar elles har krav på.

Det er sterke sentraliserande prosessar på gang. Kor vidt desse kan få konsekvensar for strukturen for dei ulike tenestene kommunen leverer i dag er vanskeleg å spå.
Rekruttering av fagpersonar innan dei ulike tenesteområda vil bli ei utfordring i åra som kjem

Om Volda held fram åleine vil dette få konsekvensar for tenesteproduksjonen. Ein hovudårsak er store demografiske endringar.

Volda har hatt ein positiv folketalsvekst siste åra. I 2010 var tal på innbyggjarar 8 573. Ved inngangen til 2016 budde det 9 037 personar i Volda. Tala viser at Volda i åra framover får fleire eldre og færre yngre innbyggjarar. At andelen av eldre aukar skuldast både at folk lever lengre og at det vert fødde færre born enn tidligare. I fylkeskommunen sin Kommune-statistikk har Volda demografisk sårbarheit på 7 av 10.




| Demografisk sårbarheit | | |
|---|---|---|
| Indikator | Møre og Romsdal | Volda kommune |
| Dødelegheitsrate | 1 | 0 |
| Fødselsrate | 1 | 1 |
| Netto tilflytting | 0 | 0 |
| Del befolkning 0-14 år | 0 | 1 |
| Del befolkning 15-24 år | 0 | 0 |
| Del befolkning 25-54 år | 1 | 1 |
| Del befolkning 55-64 år | 1 | 1 |
| Del befolkning 65 år og eldre | 1 | 1 |
| Kvinneoverskot | 1 | 1 |
| Over 95 kvinner per 100 menn, 15-64 år | 1 | 1 |
| **Tal sårbarheiter** | **7** | **7** |

Ei aldrande befolkning får konsekvensar for tenestetilbodet. I dag har Volda  i overkant av 3 arbeidstakarar per pensjonist, som er under fylkesgjennomsnittet. I takt med endringane i folkesamansettinga (fleire eldre- færre yngre) vil dette talet synke i åra framover og forsørgarbyrden per arbeidstakar vert større.




Regjeringa sitt opplegg til nytt inntektssystem favoriserer kommunar som slår seg saman, og det vil gje ein strammare kommuneøkonomi for kommunar som vel å stå åleine utan at dei kjem under kategorien ufrivillig åleine (sjå punkt om økonomi under). Ein strammare kommuneøkonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar. Dette kan medføre mindre fleksibilitet og tilbod i kommunale tenester. Prinsipp om likeverd i tenestetilbod kan verte utfordra. Ein føremon ved å halde fram som eigen kommune er større nærleik til tenester, og større grad av politisk myndigheitsutøving.

Om Volda og Ørsta vert ein kommune vil ein få større og sterkare fagmiljø og meir spesialisering og spisskompetanse til å levere kommunale tenester. Med dette vil ein vere i stand til å tilby meir spesialiserte tenester, og tenester for marginale grupper. Sjølv om det på grunn av store avstandar og vanskelege kommunikasjonar sikkert vil verte verande mindre kommunar enn Volda etter reforma, så opplever rådmannen at Volda til tross for ein storleik på vel 9 000 innbyggjarar har for små og sårbare miljø innanfor enkelte felt. Dette kan på dei fleste område kompenserast med interkommunalt samarbeid, men dette er ikkje like effektivt som når det ligg direkte i stryringslina under kommunestyret og rådmann. Beredsskap er eit døme på eit slikt spesialisert felt der kommunar som Volda og Ørsta i lag kunne samla seg om ein større ressurs som kunne spesialisere seg og drive førebyggjane arbeid som ein i heile organisasjonen kunne dra veksel på i høve til risikovurdering og planlegging. Topografiske og klimamessige faktorar tilseier at Volda og Ørsta burde hatt større ressurs til å prioritere beredsskapsarbeid.

Habilitetsutfordringar vil også minske og det vil truleg verte lettare å rekruttere.

Staten har sterkt fokus på kommunen som tenesteytar, og tilsyns-/kontrollregimet gjenspeglar at staten er meir oppteken av kommunane som reiskap for rettigheitssamfunnet enn som samfunnsutviklar. Leiarane i kommunar på storleik med Volda og mindre vert sterkt involvert i det operative, og strategisk utviklingsarbeid vert det ofte for lite tid til. Større kommune vil gi rom for større kapasitet til utviklingsarbeid og innovasjon som vil ha positiv verknad for både tenesteutviklinga og samfunnet.

På minussida kjem lengre avstandar mellom tenesteytar og (ein del av) innbyggarane. Mange einingar, t.d. innanfor barnehage, kan verte utfordrande.

Ei anna minusside kan vere at folket etter ei kommunesamanslåing vil ha store forventingar til målsettingar og opplevde lovnader i intensjonsavtalen som vil liggje til grunn for ev samanslåing. Dersom kommunestyret i den nye kommunen på grunn av nødvendige økonomiske prioriteringar eller ynske om annan politisk retning, må gå vekk frå til dømes lovnad om å halde på dagens tenestestruktur, fordeling av kommunale areidsplassar mv, så kan det gi negativ oppleving og reaksjonar hos ein del av innbyggjarane. Ein intensjonsavtale er ikkje bindande.

## Framtidig behov for interkommunalt samarbeid

Mange av dei kommunale tenestene Volda leverer i dag er organisert gjennom interkommunalt samarbeid. Døme på dette er barnevern (Ørsta, Volda, Hareid, Ulsteinvik), renovasjon, dagtilbod funksjonshemma, landbruk, NAV og PPT (Ørsta, Volda) og IKT (Vanylven, Sande, Hareid, Herøy, Ulstein, Ørsta og Volda). Samarbeid om desse og andre tenester vil ein framleis vere avhengig av i framtida, og truleg i større grad enn i dag om Volda held fram som eiga kommune. Motsett vil ein truleg kunne redusere talet på slike samarbeid ved ei samanslåing mellom Volda og Ørsta.

### *Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggarane*

Ut frå klagestatistikken frå fylkesmannen ser det ut til at Volda kommune ligg rimeleg godt an. Kommunen sin storleik må vere slik at kompetansen og kapasiteten kan vere god nok, med t.d. spesialkompetanse på ulike felt. Ikkje alle får svar innan rimeleg tid etter forvaltningslova. Dette går ikkje på kompetanse, men på ressursprioritering.
Tillit er sentralt ved myndigheitsutøving, slik at vurderingar og avgjerder vert gjort rett, og oppfatta som rette. Dei som skal handsame sakene (administrativt og politisk) er objektive og ikkje let seg påvirke. Av og til er det ein fordel med nærleik og lokal kunnskap, medan i andre samanhengar kan det vere det ein fordel å vere større og ha større avstand.
Om Volda held fram som eiga kommune vil kapasitet, relevant kompetanse og habilitetsproblematikk ha same utfordringsnivå som i dag. Problemstillingar knytt til habilitet og rettstryggleik vil truleg verte betre ivaretekne i ein større kommune.

Det kan i dag i enkelte høve vere vanskar med rekruttering til enkelte fagområde og dette er ein svakheit som kan påverke rettstryggleiken til innbyggarane. Ein dobbelt så stor kommune som Volda er i dag vil ha eit større fagmiljø på alle fagfelt. Dette vil medføre mindre sårbarheit og eit miljø som samla sett er tyngre fagleg. Føresetnaden er at ein har tydeleg og god toppleiing som set standard for god kultur med høg grad av brukarperspektiv. Her kan det vere ulik kultur mellom kommunane i dag, og ved ev samanslåing vil det vere ein stor prosess å utvikle ein felles kultur der ein får brukt ressursane best mogleg i høve til oppdraget.

### *Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar*

Samfunnsansvaret til kommunen handlar i hovudsak om tilrettelegging overfor næringsliv/arbeidsliv og frivillig arbeid. Vidare handlar det om arealpolitikk (planlegg/utvikling) og ha tilstrekkeleg kapasitet.

Heilskapleg utvikling er sentralt. Volda kommune har i dag etter måten god ressurstilgong, godt med areal og tilgjengelege tomter. Kommunikasjonane i kommunen er relativt gode, men mellom sentrum og vestsida i Volda er det ei utfordring

Dei offentlege arbeidsplassane i Volda er kanskje ikkje trygge. Må ha fokus på dette, samtidig må ein ha fokus på utvikling av private arbeidsplassar.

For at lokalsamfunnet skal fungerer optimalt, må det leggast slik til rette at innbyggjarane både skal kunne <u>trivast</u> og <u>meistre</u> kvardagen. Først då er grunnlaget for vekst og utvikling til stade.

Lokalkunnskapen er god. Dette er føremoner med tanke på samfunnsutvikling på lokalt nivå. Fagmiljø for utvikling i kommunen er små og sårbare, og kommunen har i dag åleine relativt lite utviklingskraft. For å ivareta ei heilskapleg utvikling av areal- og transportinteresser, miljøomsyn mm i framtida må Volda kommune søke meir samarbeid, lokalt og regionalt.

Alternativet Volda-Ørsta vil få vesentleg større strategisk kapasitet og har potensial til å verte eit regionalt tyngdepunkt. Ørsta og Volda er i dag senter for Søre Sunnmøre og Nordfjord. Om lag 50 000 personar kan nå Volda-Ørsta i løpet av ein time, og på 1,5 timar heile 120 000.

Alternativet vil gje betre og meir samordna arealutnytting til bustad- og næringsføremål, samordna og spissa satsing på næringsarbeid og etablerarar. Volda-Ørsta vil få meir påverknadskraft overfor sentrale og regionale styresmakter, og bli ein større og meir ressurssterk kommune betre rusta til å handtere nye og større oppgåver. Gjennom å utvikle Volda-Ørsta til den fjerde byen i fylket vil ein vere i ein posisjon for betre å behalde og styrke statleg arbeidsstyrke og realisere viktige samferdsel-, tryggleik- og miljøprosjekt i kommunen og regionen.

Utfordringane knytt til demografi, urbanisering, sentralisering og teknologisk utvikling stiller vesentleg større krav til at kommunane har eigenkraft til å initiere samfunnsutvikling og trekkje veksel på aktørane rundt i partnarskap for å skape attraktive samfunn. Dette er særleg viktig for distriktskommunar som står i sterk konkurranse med byregionssamfunn etter regjeringa sin definisjon. Ein ser at det er til større byar at statlege arbeidsplassar vert sentraliserte når statlege institusjonar vert flytta frå regiontettstadane som følgje av statleg reformpolitikk (t.d prosessane rundt tingrettane, jordskifte, politi, skattekontora, sjukehusa mv) . Det er ikkje unaturleg at folk i distrikta vert urolege for dei mange reformene som går parallelt, og effekten av statleg sentralisering som kjem i tillegg til dei ytre faktorane som verkar sentraliserande. Dette kan truleg også vere medverkande til negative resultat for samanslåing ved folkerøysting.

For Volda er særleg viktig å ha eigenkraft til å skape attraktivitet til å rekruttere kompetanse/nye innbyggjarar som skal arbeide på sjukehuset, høgskulen mv. Framtida for desse institusjonane handlar om at dei greier å konkurrere om den beste kompetansen. Dette føreset at vi er attraktiv som bukommune. Gode tenester er det grunnleggjande, men vertsstaden Volda må også ha opplevingstilbod som dekkjer urbane behov. Rådmannen meiner at for samfunnsutviklinga ville vi ha tent på at Volda og Ørsta var ein kommune som samordna ressursane og planla heilskapleg. Ein skal ikkje leggje skjul på at det kan ta tid før ein får ut ein slik effekt, da ein ev ny kommune vil kunne få prioriteringsutfordringar og geografiske interessekonflikter.

### *Vurdering av kommunen som demokratisk arena*

Deltaking og engasjement i lokalpolitisk arbeid er ei utfordring i dagens samfunn
Nærleik til dei styrande og dei styrte har lange tradisjonar i det norske demokratiet, noverande struktur er kjent og lett å forholde seg til: Ordføraren si dør er open for alle….

Større kommune kan gje auka avstand til dei styrande generelt, vanskelegare å nå tak i ordføraren for den enkelte. Men: Kan vere positivt med fleire veljarar bak kvar representant.
Volda kommune har m.a. gjennom prosessen med revisjonen av Samfunnsplanen gjort eit vesentleg arbeid med tanke på involvering av innbyggarane og ulike grupper i kommunen. Medverknad og involvering er også ein del av lokaldemokratiet.

Volda kommune i dag har stort politisk engasjement. Alle parti er representerte i kommunepolitikken og den geografiske representasjonen er god. Politikarane har god lokalkunnskap. Dette gir reell innflytelse lokalt. Samarbeid med politisk nivå og administrasjonen er godt. Om Volda held fram som eiga kommune vil ein halde fram med lokal politisk styring og eit levande folkestyre lokalt. Habilitetsproblem og fokus på småsaker er trekt fram som svakheiter ved dagens styringsform.

Alternativet Volda-Ørsta vil ha formannskapsmodellen etter kommunelova § 8 som styringsform. Talet på kommunestyrerepresentantar i første valperiode er 43 medlemmar, som samla sett er ein reduksjon i høve til dagens nivå (Ørsta har i dag 33 medlemmer, Volda 27 medlemmer). Intensjonsavtalen har som mål å engasjere fleire innbyggarar i politiske prosessar og legg opp til at grende- og bygdeutval med politisk mynde kan vere alternativ til nye medverknadsformer. På denne måten vil ein legge til rette for framleis levande folkestyre og ein aktiv lokalpolitikk. Ei identifisert utfordring i alternativet Volda-Ørsta kommune kan vere 'fogderikamp' og nominasjonsutfordringar.

### *Vurdering av økonomisk status og utvikling*

Vurderinga under er frå Økonominotat, vedlegg til intensjonsavtalen. Dei siste prognosane om nytt inntektssystem er lagt inn:

- **Eingongsstønad og reformstønad**
  Volda-Ørsta kommune vil få ein **eingongsstønad** på **20 mill kr** og **reformstønad** på ytterlegare **20 mill kr**. Eingongsstønaden vert utbetalt når Stortinget har godkjent samanslåinga, medan reformstønaden vert utbetalt når samanslåinga er gjennomført (dvs. 01.01.2020).

- **Inndelingstilskot**
  Dagens ordning med inndelingstilskot vert vidareført for dei kommunane som slår seg saman. Volda-Ørsta kommune får difor behalde sine **to** basistilskot i 17,5 år (15+5nedtrapping). Etter 15+5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje-samanslåtte kommunar. Det gir kommunen god tid til å tilpasse seg nye rammevilkår. Eit basistilskot utgjer ei årleg overføring på **13,2 mill kr**. Periodeeffekt 13,2 mill kr * 17,5 = **231 mill kr.**

  Volda-Ørsta kommune har eit effektiviseringspotensiale når dei får behalde **to** basistilskot i 17,5 år. I kva grad og korleis ein vel å ta ut dette vert eit politisk spørsmål som eit nytt kommunestyre må ta stilling til.

- **Nytt inntektssystem**
  Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing innan ramma av kommunereforma, får behalde dagens inntektssystem i 17,5 år (15+5nedtrapping).
  For dei kommunane som ikkje gjer eit slikt vedtak har Regjeringa sendt eit utkast til **nytt inntektssystem** på høyring med høyringsfrist 1.mars 2016, og ev iverksetjing frå 2017.

Forslag om nytt inntekssystem frå 2017 (avtale H, Frp, V).

| **KRD notat 26.04.** | **KS prognosemodell 02.05.16** |
|---|---|
| 2,0 mill kr mindre i året for Ørsta | 3,63 mill kr mindre i året for Ørsta |
| 2,6 mill kr mindre i året for Volda | 4,96 mill kr mindre i året for Volda |
| Samla 80,5 millionar kroner | Samla 150,3 millionar kroner |

(Ørsta+Volda) x 17,5 år + eingongsovergangsstøtte

Samla inntektstap for Volda-Ørsta kommune i inndelingsperioden dersom ein ikkje gjer vedtak om samanslåing: **80,5 mill kroner/ 150,3 mill kroner.**
Om ein ser på inntektstap for Volda isolert ser tala slik ut: 2,6 mill x 17,5 = **45,5 mill kroner** / 4,96 mill x 17,5 = **86,8 mill kroner. Dette er tal ein må ta med visse forbehald da dei ikkje gir sikre indikasjonar på total effekt ettersom ein har med utgiftsutjamninga i desse tala. Ein veit ikkje kva samla effekt på endring i utfgiftsutjamninga for Volda/Ørsta-alternativet endeleg vil utgjere.**

Stortinget si handsaming av nytt inntektssystem vil ikkje vere ferdig før vedtak om samanslåinga er gjennomført. Dei endelege endringane i inntektssystemet kan difor avvike frå prognosane som er vist her.

I kommuneproposisjonen som vart presentert 11. mai er det teke omsyn til fleirtalsopplegget mellom Høgre, Frp og Venstre. Som følgje av dette vert verknaden for Volda at vi vil tape årleg 3 mill. kr på strukturkriteriet dersom vi held fram som sjølvstendig kommune. Volda taper i tillegg på utgiftsutjamninga, og for 2017 er dette kalkulert til ein nedgang frå 11,3 mill kr i 2016 til 6 mill kr i 2017 (- 5,3 mill). Dersom Volda vel å slå seg saman med ein annan kommune kjem tillegg for strukturkriteriet, slik at nedgangen vert frå 11,3 mill kr til 9 mill kr i 2017 (- 2,3 mill). Effekten av sjølve utgiftsutjamninga vil vere rett å halde utanfor dette bildet ettersom ein ikkje har oversikt over korleis dette vert ved samanslåing til ny kommune.

Endringar av inntektssystemet og bortfall av delar av basistilskotet vil medføre at både driftsbudsjett og økonomiplanar vil måtte reduserast. Ein strammare økonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar.

Volda kommune har i dag god økonomistyring med overskot på drifta i 2015 på netto driftsresultat 27 mill. Analyse av KOSTRA-tal viser at kommunen driv effektivt og under forventa kostnadsbehov på mange tenesteområde. Eigedomsskatt er på lågaste nivå, 2 promille. Ut frå investeringsbehov og økonomiplan må Volda kommune pårekne ein auke i eigedomsskatten om tenestetilbodet skal oppretthaldast i framtida.

Etablering av den nye kommunen vil på sikt kunne frigjere økonomiske midlar, hovudsakleg ved samanslåing av felles administrative funksjonar. Ei samanslåing inneber derfor betydelege midlar som dei to kommunane elles vil gå glipp av, og betyr mulegheiter for å realisere gevinstar og felles prosjekt. I tillegg kjem reformstønad og muligheiter til å søke på regionale utviklingsmidlar.

Avslutningsvis til vurdering av økonomi: Gjennom forhandlingane med Ørsta fann ein løysingar for verdifordeling (m.a. Tussa), lånegjeld og felles investeringar, jf. økonominotatet. Dette var på førehand identifisert som 'dei vanskelege spørsmåla'.

## Forholdet til Hornindal og Stryn.

Volda kommunestyre handsama sak om *Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar* som PS-sak 47/16 21.04.16.

Det vart gjort slikt vedtak:

1. ***I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.***
2. ***Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.***
3. ***Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.***
4. ***Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.***

Volda, Hornindal og Stryn kommune har i dag få kommunale samarbeid. Dette er tradisjonelt betinga i høve til kommunikasjonane. Ein ser allereie at Kvivsvegen har medført stor auke i mobilitet mellom kommunane våre og pendlinga mellom kommunane har auka monaleg. Denne trenden vil som fylgje av kommunikasjonane heilt sikkert berre auke anten kommunane slår seg saman eller ei.

Ei samanslåing vil sjølvsagt berre styrke denne trenden. Det vil likevel vere eit omfattande arbeid å endre på dei gjeldande kommunesamarbeida dei tre kommunane har i dag dersom kommunane vel å slå seg saman.

Intensjonsavtalen som vart framforhandla med Stryn og Hornindal var meint å utdjupe eit grunnlag for eit retningsval i kommunereforma. Avtalen peikar på muligheiter for ny Volda-Stryn kommune og kva ein kan oppnå i fellesskap ved å slå seg saman.

Volda kommune har heile tida vore klar på at alternativet med Volda-Ørsta er det primære, men ynskjer å sjå andre alternativ dersom dette alternativet ikkje kan realiserast.
I avtalen mellom Volda og Ørsta kommunar ligg der og føringar i pkt. 14 på at dersom Volda og Ørsta vel og slå seg saman kan Volda og Ørsta **samla** *"gå i forhandlingar med Hornindal og Stryn"*.

Rådmannen er  av den oppfatning at høve til å legge føringar for framtidig kommunalt tenestetilbod og ei heilskapleg samfunnsutvikling er meir føreseieleg ved å fylgje intensjonsavtalen som no ligg føre så langt det er realistisk dersom alternativet er å stå åleine.

Rådmannen meiner at avtalen viser korleis kommunane kan møte framtida og sjå moglegheitene med ny og større kommune. Dette er ei god tilnærming til endring, der ein er aktiv med tanke på kva ein kan skape. Samtidig er spørsmålet om kryssing av dagens fylkesgrense eit interessant tema som ein også bør sjå i samanheng med regionreforma og framtida for organiseringa av sjukehusa (foretaksmodellen).

Som fylgje av resultatet av folkerøystinga 19. mai som gav eit fleirtal både i Volda og Ørsta om samanslåing av dei to kommunane vart sak om forholdet til Hornindal og Stryn handsama i kommuestyyremøtet 26.05.2016

Det vart gjort slikt vedtak:

***1. Volda kommunestyre vedtek Intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn kommune, datert 11. april 2016. Kommunestyret finn at avtalen også kan leggast til grunn dersom vidare prosess medfører at Volda og Hornindal kan verte eit sjølvstendig alternativ.***

***2. Kommunestyret vedtek at det før vedtak i juni om kommunesamanslåing skal gjennomførast ei loka l innbyggjarundersøking der Volda, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som eit supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune.***

***Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.***

***3. Volda kommune ber om at det vert søkt om forlenga frist for endelig vedtak om eventuell kommunesammenslåing.***

## Vurdering og konklusjon:

Volda kommunestyre slutta seg til kommunereformarbeidet hausten 2014. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for lokale prosessar og involvering av innbyggarane, gjennomført nabopratar, kartleggingar av samanslåingsalternativ. Lokale prosess i Volda har fylt nasjonal framdriftsplan, med endeleg vedtak innan sommaren 2016.

Volda vurderte tidleg sonderingar med kommunar på Ytre søre Sunnmøre, og over fylkesgrensa. I løpet av våren 2015 valde ein politisk å prioritere Ørsta kommune som det klare førstevalet, og har deretter arbeidd målretta for ein intensjonsavtale med Ørsta. Intensjonsavtalen opnar for Hornindal og Stryn i neste fase. Intensjonsavtalen med økonominotat vart signert 15. mars 2016, og var grunnlag for rådgjevande folkerøysting i Volda kommune og Ørsta kommune 19. mai 2016.

Prosessen har vist at alternativet Volda-Ørsta kommune m.a. vil gje samdriftsfordelar, auka strategisk kapasitet, styrka fagmiljø og profesjonalisert tenesteyting, meir føreseieleg og styrka økonomi. Volda-Ørsta kommune utgjer i dag eit funskjonelt samfunnsområde med stor grad av dagleg arbeidspendling mellom dei to sentra. Mykje av utviklinga i desse to kommunane må i større grad i framtida skje på aksen mellom Hovdebygda og Furene. Desse to kommunane har potensial til å verte eit tydeleg regionsenter og realisere og få gehør for å vere den fjerde byen i fylket. Føringane i nytt inntektssystem, gjeldande frå 2017,  er også tydelege på at kommunar som slår seg saman får økonomiske fordelar kontra dei som vel å  halde fram åleine.

Rådmannen er av den oppfatning at høve til å legge føringar for framtidig kommunalt tenestetilbod og ei heilskapleg samfunnsutvikling er meir føreseieleg ved å fylgje intensjonsavtalen som no ligg føre om ny Volda-Ørsta kommune, enn ved at Volda held fram som kommune åleine.

Alternativet Volda som eiga kommune inneber å vidareføre dagens struktur. Ein strammare kommuneøkonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale

tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar. Dette kan medføre mindre fleksibilitet og tilbod i kommunale tenester. Interkommunalt samarbeid vert truleg viktigare i framtida. Resultatet av folkerøystinga i båe kommunane var tydeleg nei til samanslåingsalternativet Volda-Ørsta kommune. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei , 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0.9 %.

Spørsmålet om kommunesamanslåing er komplisert. Kommuneekspert Geir Vinsand i Nivi Analyse har sagt at dette er så vanskeleg at ein kan ikkje forvente at innbyggjarane greier å skaffe seg tilstrekkeleg oversikt over dette, og at kommunestyret må ta eit sjølvstendig ansvar for å konkludere. Sjølv om vi veit ein del om dei økonomiske rammevilkåra, iallfall basert på forslaget til endra inntektssystem, så vert det meste basert på ein del tvil og tru. Dette gjeld både nullalternativet og alternativet med samanslåing. Samtidig så ser vi ut frå samfunnstrendane at samanslåing truleg er meir fordelaktig alternativ enn å halde fram åleine. Det er særleg det regionale perspektivet og kva ein gjennom større kommune kan få til for å styrke samfunnsutviklinga som er sentralt. Større fagmiljø vil også gi betre tenester og større kapasitet på utviklingsressursar. Ekspertutvalet (Vabo-utvalet) gjorde ei grundig utgreiing, og etter rådmannen si meining trefte dei godt da dei rådde til at kommunar på 15 - 20 000 er tilfredsstillande storleik.

Prosessen med sonderingar, kartleggingar og forhandlingar tilseier at alternativet Volda-Ørsta kommune har potensial for å kunne verte eit tydeleg regionsenter og ha dei kvaliteter som er lagt som mål for kommunereforma. Alternativet med Volda og Ørsta treffer godt i høve til målsettinga og kriteria for kommunereforma. Desse to kommunane utgjer felles bu- og arbeidsmarknad og eit felles funksjonelt samfunnsområde. Sentruma er integrerte samtidig som dei utfyller kvarandre. Kommunane har utstrakt interkommunalt samarbeid, og desse to samfunna er avhengig av kvarandre. Innbyggjarundersøkinga i begge kommunane er positive til samanslåing. Kommunestyra valte også å innhente råd frå innbyggjarane ved folkerøysting. Dersom rådmannen berre sat med informasjon frå innbyggjarundersøkingane og vurderingane opp mot mål og kriterier for kommunereforma, så ville rådmannen ha rådd til at desse to kommunane skulle slå seg saman. Dette ville da ha virka opplagt, med atterhald om usikkerheita omkring kor lang tid det ville ta for at desse to samfunna ville fungere slik at ein kunne ta ut potensialet. Dette er det ingen som veit på førehand. Resultat av folkerøystinga i båe kommunar er imidlertid tydelege på at innbyggjarane ikkje ønskjer dette alternativet no.

Storting og regjering har lagt opp til at kommunereforma skal vere ein demokratisk prosess bygd på lokal deltaking og engasjement. Kommunalministeren kommuniserte tidleg at denne reforma er tenkt å vere lokasamfunna og dei lokale kommunestyra sin prosess. Dette ga forventingar til at lokalsamfunna også vert lytta til. Det har stilt seg annleis dersom reforma frå starten vart presentert med premissar om sterk statleg styring av framtidig struktur. Med relativt stor valdeltaking og sterk overvekt i retning av resultat, vert det ut frå demokratiomsyn svært vanskeleg å seie at ein ikkje tek omsyn til kva folket meiner. Ordførarane i både Volda og Ørsta var rett etter resultata vart kunngjorde tydelege på at ein vil lytte til folket. Med bakgrunn i resultat av folkerøystinga, rår rådmannen derfor til at kommunestyret i Volda gjer vedtak om at Volda kommune ikkje slår seg saman med Ørsta kommune no.

## Hornindal og Stryn:

Kommunestyret har no gjort vedtak om Intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn kommune. Det er vidare gjort vedtak om at avtalen også kan leggast til grunn dersom vidare prosess medfører at Volda og Hornindal kan verte eit sjølvstendig alternativ og at det vert søkt om forlenga frist for endelig vedtak om eventuell kommunesamanslåing.

Spørsmål om forlenga frist heng også saman med PS-sak 47/16 21.04.16 pkt.4. der det vart gjort vedtak om at før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.

Innbyggjarundersøkinga som kommunestyret vedtok 26.05 der Volda, Hornindal og Stryn er invitert til å delta, er no i ferd med å bli gjennomført. Resultatet av denne vil kunne gje ei avklaring på korleis dei 3 kommunane ser på ei evt. samanslåing. I tillegg skal Stryn kommune ha folkerøysting den 13.

juni. Før resultatet av desse er det vanskeleg for rådmannen å  konkludere kva ein skal tilrå i høve samanslåing med desse kommunane.

Vonaleg ligg resultata føre før den 14.juni då formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret den 16. juni. Rådmannen vil då kunne gje si tilråding i høve til vidare prosess med Hornindal og ev også Stryn. Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak om folkerøysting vil ein ev vidare prosess vere avhengig av at fylkesmannen godkjenner utsett frist til å gjere endeleg vedtak.

Med så mange parallelle prosessar både lokalt, regionalt og nasjonalt er bildet nokså uoversiktleg. Dette gjer at mange kommunar synest det er vanskeleg å ta så prinsipielle viktige val med store konsekvensar for framtida. Dette må staten ta ansvar for. Rådmannen ser ikkje vekk frå at det betyr at staten må opne for ein runde to på kommunereforma, og at dei kommunane som ikkje er klar for å slå seg saman med nokon no, kan få høve til å avklare og kome attende til dette innanfor ein fastsett frist. Dette er det Stortinget som må avgjere, men det kan vere klokt om Fylkesmennene og regjeringa lyttar til slike signal for å ta ansvar for at dette landet får eit kommunesystem som heng saman, er funksjonelt og legg grunnlag for berekraftig utvikling i heile landet. Samtidig må staten syte for ei økonomisk utvikling og økonomisk fordeling mellom kommunane som understøttar dette. Her gjenstår det enda mykje å gjere.

Rådmannen har ikkje funne det naturleg å drøfte andre kommunealternativ enn dei som kommunestyret har gjort vedtak om som aktuelle, og som det er inngått intensjonsavtale for.

Likestillingsmessige sider ved saka: Nei
Konsekvensar for folkehelsa:  Nei
Miljøkonsekvensar: Vurdert i tidlegare saker
Økonomiske konsekvensar: Vurdert i tidlegare saker
Beredskapsmessige konsekvensar:Nei
Konsekvensar for barn og unge: Vurdert i tidlegare saker

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Asbjørn Moltudal<br>Rådgjevar |

Forhandlingsnemnda i Volda
Ørsta kommune
Hornindal kommune
Stryn kommune
Sunnmøre regionråd
KS Møre og Romsdal

Utskrift av endeleg vedtak, saksutgreiing og vedlegg:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# VOLDA-ØRSTA KOMMUNE

## Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta

15. MARS 2016

FORHANDLINGSUTVALA

Ørsta og Volda

# Innhald

1. Bakgrunn

2. Innleiing og verdiar

3. Visjon og mål

4. Samfunnsutvikling

5. Kommunale tenester

6. Lokaldemokrati. Styring og organisering

7. Kommunal organisering. Namn. Kommunevåpen

8. Arbeidsgjervarpolitikk/tilsette

9. Frivillige lag og organisasjonar

10. Økonomi

11. Planverk og areal

12. Fellesnemnd

13. Innbyggarinvolvering

14. Hornindal og Stryn

## 1. Bakgrunn
Stortinget har vedtatt å gjennomføre ei nasjonal kommunereform der alle kommunar skal utgreie alternativ til dagens struktur.

Målsetjinga er ein ny felles kommune frå 1. januar 2020. Det er kommunestyra som avgjer om kommunane skal slå seg saman eller ikkje, etter råd frå innbyggjarane (rådgjevande folkerøysting).

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, økonomisk robuste og berekraftige kommunar, og styrka lokaldemokrati.

## 2. Innleiing - verdiar
Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, respekt, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles mulegheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Ørsta og Volda kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

## 3. Visjon og mål

***Eit sterkt regionsenter med attraktive sentrum og levande bygder.***

Ørsta og Volda er i dag senter for Søre Sunnmøre og Nordfjord. Om lag 50 000 personar kan nå Volda-Ørsta i løpet av ein time, og på 1,5 time heile 120 000.

- Visjonen er å bygge eit tydeleg regionsenter med større samla attraktivitet og avanserte tenester for heile regionen.
- Ivareta og utvikle arbeidsplassar.

  Volda og Ørsta har fleire enn 1300 statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, m.a. høgskule, sjukehus, tingrett, jordskifterett, lånekasse, vegvesen, prosti, politi, flyplass, HELFO og NAV. Arbeidsplassane er viktige fordi dei tiltrekkjer seg og bidreg til utvikling av kompetanse i regionen, og utfyller den private arbeidsmarknaden.

- Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk. Høgskulen i Volda har medie-utdanning på masternivå med unik posisjon og renommé. Eit nytt mediesenter på campus er eit viktig steg for framleis å vere Noregs fremste medieutdanningssenter. Lærarutdanning, sosialarbeidarutdanning og andre er viktig å oppretthalde for å bygge ein sterk region.

- Nynorsk er del av ein felles identitet. Ivar Aasen-tunet er i dag eit nasjonalt opplevings- og dokumentasjonssenter for nynorsk. Forsking på nynorsk skriftspråk, nynorske læremiddel og nynorsk litteratur er viktig for høgskulen og Nynorsk kultursentrum.

- Volda-Ørsta kommune skal vere attraktiv for busetjing av familiar og unge.

## 4. Samfunnsutvikling

Auka attraktivitet og større slagkraft: Ein ny kommune av Volda og Ørsta gir nye mulegheiter; utvikle moderne sentrum med urbane kvalitetar, sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og god kompetanse. Ein ny kommune kan gje betre kvalitet og mangfald i tenestetilbodet, betre og samordna arealutnytting til bustad- og næringsformål, samordna og spissa satsing på næringsarbeid og etablerarar. Volda-Ørsta vil få meir påverknadskraft overfor sentrale og regionale styresmakter, og bli ein større og meir ressurssterk kommune betre rusta til å handtere nye og større oppgåver.

**Strategi og tiltak**

- Etablere Volda-Ørsta som eit moderne regionsenter med attraktive sentrum og levande bygder. Utarbeide ny arealplan som sikrar attraktiv og tenleg lokalisering av næringsverksemder og tenester, attraktive bustadområde, og landbruks- og miljøinteresser.
- Utvikle Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk i samarbeid med Høgskulen, Nynorsk kultursentrum og andre. Utvikle samarbeidet med Høgskulen og næringslivet, og arbeide strategisk for å sikre og utvikle regionale og statlege funksjonar, spesielt sjukehuset.
- Arbeide målretta for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen.
- Volda-Ørsta er den største landbruksregionen på Søre Sunnmøre, og den nye kommunen skal ha fokus på landbruk, skogbruk og arbeidsplassar som bygg på primærnæringane.
- Realisere viktige samferdsel-, tryggleik- og miljøprosjekt i heile Volda-Ørsta kommune og regionen. Arbeide aktivt for å realisere tunnel Volda-Ørsta og Ørstafjord-kryssing som del av ny E-39/stamveg.
- Volda-Ørsta kommune skal legge til rette for ei spissa satsing på innovasjon og grunderverksemd i dialog med næringslivet og kompetansemiljø, og spesielt retta mot kompetansekrevjande tenester. Danne eit felles utviklingsselskap for Ørsta og Volda med offentleg og privat kapital og kompetanse.
- Skape den beste skule- og utdanningskommunen på Vestlandet. Vere ein motor for å utvikle skule- og oppvekstmiljø gjennom samarbeid med Høgskulen.
- Arbeide for dei vidaregåande skulane i Ørsta og Volda slik at dagens struktur vert vidareført, og at det vert lagt til rette for renovering og nybygg av skular og idrettsbygg.
- Planlegge og realisere universell utforming slik at alle menneske skal ha like mulegheiter til arbeid og leve gode og meiningsfulle liv.

## 5. Kommunale tenester

Kommunale basistenester skal framleis vere lokaliserte nær innbyggarane. Dette betyr gode tilgjengelege tenester både i bygdene og i sentrum. Innbyggarane skal ha medverknad på utviklinga av tenestene gjennom ulike brukarutval. Kommunen skal ha ressursar og kompetanse til å møte demografiske endringar med fleire eldre med omsorgsbehov i framtida. Kommunane vil i åra som kjem oppleve vanskelegare økonomiske føresetnader, og ein ny samanslått kommune vil kunne møte desse utfordringane. Større fagmiljø gir mulegheiter til å profesjonalisere og imøtekome behovet for spesialiserte tenester og spisskompetente fagmiljø.

**Strategi og tiltak**

- Vidareutvikling av tenestetilbod skal bygge på eksisterande struktur for skular, sjukeheimar og helse
- Bygge solide fagmiljø i alle delar av den nye kommunen
- Eit aktivt samarbeid mellom kommunen sitt fagmiljø og dei regionale/statlege funksjonane for å sikre vidare vekst og utvikling
- Forsterke det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar som legg ned ein formidabel innsats for lokalsamfunna
- Bruke mulegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon for betre ressursutnytting

## 6. Lokaldemokrati. Prinsipp for styring og organisering

Det skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26 som har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåing vert sett i verk.
Fellesnemnda skal ha 3 medlemmar frå Volda, tre medlemmar frå Stryn og 3 medlemmar frå Hornindal. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansatt utval for den nye kommunen, Jf Inndelingslova § 26, 2.ledd. Fellesnemnda kan gjere bruk av arbeidsutval og –grupper etter behov.

Volda, 14. april 2016

| | | |
|---|---|---|
| Jørgen Amdam | Stig Olav Lødemel | Sven Flo |
| Ordførar Volda | Ordførar Hornindal | Ordførar Stryn |

# NOTAT

**Dok. ref.**
16/429-1/K1-002, K3-&23//HAR

**Dato:**
06.04.2016
Oppdatert 11.04.2016

# Basisinformasjon Volda, Hornindal og Stryn. Kommunereform




## Innhald


Folketal – framskriving Side 2
Arbeidspendling 3
Alderssamansetting 3
Innbyggarar 20-66/eldre 4
Pleie og omsorg. Estimert framtidig tenestebehov 4
Driftsresultat, lånegjeld, inntekter, fond 4
Aksjar 6
Reformstøtte 6
Endringar i inntektssystemet 6
Kommunebarometereer Kommunal rapport 2015 7
NHOs Kommune NM 2015 8
Kostra Nøkkeltal – Økonomisk status 8


Side 106

# Folketal – framskriving (SSB)

| Kommune\| | 1980 | 2015 | 2020 middels | 2040 middels | 2040 høg |
|---|---|---|---|---|---|
| **Samla** | 15 854 | 17 353 | 18 111 | 20 577 | 23 647 |
| Volda | 8 020 | 8 977 | 9 543 | 11 204 | 12 836 |
| Hornindal | 1 247 | 1221 | 1183 | 1146 | 1 325 |
| Stryn | 6 587 | 7155 | 7385 | 8227 | 9 486 |






# Arbeidspendling

Utpendling Første kollonne viser samla arbeidstakarar busett i kommunen. Kolonne to frå venstre viser arbeidstakarar som arbeider i kommunen og er busett i kommunen. Dei fem neste kolonnene viser kva kommune dit dei fleste pendlar til, og den siste kolonnen viser talet på pendløarar til andre kommunar.
Innpendling. Første kolonne viser totalt tal sysselsette i kommunen, kolobbe 2 viser antal personar som er busett og arbeider i kommunen (lik kolonne 2 i utpendlingstabellen). Dei neste fem kolonnene viser kommunane dei fleste pendlar frå og siste kolonne summen av dei som pendlar frå andre kommunar. Summen av kolonne 2 til 8 gir totalt antall sysselsette i kommunen noko som tilsvarar kolonne 1. Data er henta frå SSB sine pendlingstal for 2014.

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SAMLET | 8 852 ARBEIDSTAKERE | 6 530 PENDLER IKKE | 820 ØRSTA | 154 ÅLESUND | 154 EID | 139 ULSTEIN | 132 OSLO | 923 ANDRE |
| VOLDA | 4 397 ARBEIDSTAKERE | 2 714 PENDLER IKKE | 798 ØRSTA | 134 ULSTEIN | 126 ÅLESUND | 70 OSLO | 61 BERGEN | 494 ANDRE |
| HORNINDAL | 613 ARBEIDSTAKERE | 325 PENDLER IKKE | 140 STRYN | 34 EID | 22 STRANDA | 13 OSLO | 12 FØRDE | 67 ANDRE |
| STRYN | 3 842 ARBEIDSTAKERE | 3 262 PENDLER IKKE | 77 EID | 74 GLOPPEN | 49 OSLO | 47 BERGEN | 43 FØRDE | 290 ANDRE |

UTPENDLING INNPENDLING

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SAMLET | 8 555 ARBEIDSTAKERE | 6 530 PENDLER IKKE | 956 ØRSTA | 138 EID | 86 ULSTEIN | 59 VANYLVEN | 57 HERØY (M. OG R.) | 729 ANDRE |
| VOLDA | 4 318 ARBEIDSTAKERE | 2 714 PENDLER IKKE | 945 ØRSTA | 85 ULSTEIN | 57 HERØY (M. OG R.) | 51 ÅLESUND | 43 VANYLVEN | 423 ANDRE |
| HORNINDAL | 399 ARBEIDSTAKERE | 325 PENDLER IKKE | 29 STRYN | 18 EID | 10 VOLDA | 4 ØRSTA | 3 BERGEN | 10 ANDRE |
| STRYN | 3 838 ARBEIDSTAKERE | 3 262 PENDLER IKKE | 140 HORNINDAL | 94 EID | 41 GLOPPEN | 26 SELJE | 25 OSLO | 250 ANDRE |

UTPENDLING INNPENDLING

# Alderssamansetting. Framskrivven utvikling for 6 ulike aldersgrupper

| 2015 Kommune | 0-5 år | 6-15 år | 16-19 år | 20-66 år | 67-79 år | 80 år og eldre |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samla** | **1 173** | **2 247** | **1 005** | **10 165** | **1 847** | **916** |
| Volda | 584 | 1131 | 542 | 5314 | 933 | 473 |
| Hornindal | 76 | 165 | 73 | 689 | 134 | 84 |
| Stryn | 513 | 951 | 390 | 4162 | 780 | 359 |

| 2040<br>Kommune | 0-5 år | 6-15 år | 16-19 år | 20-66 år | 67-79 år | 80 år og eldre |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samla** | **1 367** | **2 523** | **1 043** | **11 338** | **2 645** | **1 661** |
| Volda | 750 | 1374 | 582 | 6274 | 1363 | 861 |
| Hornindal | 68 | 135 | 56 | 598 | 174 | 115 |
| Stryn | 549 | 1014 | 405 | 4466 | 1108 | 685 |

## Innbyggarar 20-66 år – eldre innbyggarar

Tabellen viser tal personar i arbeidsfør alder samanlikna med to ulike grupper av eldre i 2015, 2020 og 2040. Arbeidsfør alder 20-66 år, medan eldre arbeidsgrupper er 67 år og over, og 80 år og over. Ein reduksjon i forholdstalet mellom de to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggarar i yrkesaktiv alder per innbyggar i den eldre aldersgruppa. Framskrivinga er basert på SSB sitt mellomalternativ.

| 67 år og over<br>Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---|---|---|---|
| **Samla** | **3,7** | **3,4** | **2,6** |
| Volda | 3,8 | 3,6 | 2,8 |
| Hornindal | 3,2 | 3,1 | 2,1 |
| Stryn | 3,7 | 3,2 | 2,5 |

| 80 år og over<br>Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---|---|---|---|
| **Samla** | **11,1** | **11,4** | **6,8** |
| Volda | 11,2 | 12,4 | 7,3 |
| Hornindal | 8,2 | 8,4 | 5,2 |
| Stryn | 11,6 | 10,9 | 6,5 |

## Pleie og omsorg

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggarar 20-66 år.

| Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---|---|---|---|
| **Samla** | **46.5** | **47,3** | **64,2** |
| Volda | 44,8 | 43,4 | 57,5 |
| Hornindal | 10,2 | 10,3 | 15,1 |
| Stryn | 54,8 | 58,4 | 80,2 |

Årsverkbehova **i barnehage og grunnskule** per 1000 innbyggarar vil i 2040 vere om lag som i dag.

## Driftsresultat og lånegjeld.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunen. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetningar og investeringar. I følgje *Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi /TBU)* bør netto driftsresultat for kommunesektoren over tid utgjere om lag 3 pst. Av inntektene. Netto lånegjeld er langsiktig

gjeld fråtrekt utlån og ubrukte lånemidlar. i prosent er brutto driftsinntekter for same kommune. Tala er frå KOSTRA 2014.

| Kommune | Netto driftsresultat % (2014) | Netto lånegjeld % (2014) |
|---|---|---|
| Samla | 2,0 | 76,7 |
| Volda | 1,9 | 89,9 |
| Hornindal | -0,5 | 82,6 |
| Stryn | 2,4 | 57,4 |

**Driftsinntekter**
Driftsinntektene er summen av skatteinntekter, rammetilskot, øyremerka tilskot til løpande drift og gebyr/sals og leigeinntekter. Tala er i 1000 kroner.

| Kommune | Per innbyggar | Sum kommunen |
|---|---|---|
| Samla | 80 | 1 389 408 |
| Volda | 84 | 750 149 |
| Hornindal | 87 | 106 024 |
| Stryn | 75 | 533 235 |

**Fond – storleik**
Kommunane si fondsbeholdning fordeler seg på disposisjonsfond og rekneskapsmessig mindreforbruk. Fonda er kommunen sine økonomiske reservar. Tala er i 1000 kroner.

| Kommune | Per innbyggar | Sum kommune |
|---|---|---|
| Samla | 3 | 112 976 |
| Volda | 4 | 35 702 |
| Hornindal | 3 | 30 315 |
| Stryn | 7 | 46 959 |



**Lånegjeld**

| I 1000 kroner | Volda | Hornindal | Stryn |
|---|---|---|---|
| **Lånegjeld per 31.12.2014** | **762 753** | **130 937** | **447 909** |
| Startlån | 65 393 | 17 824 | 21 269 |
| Sjølvfinansierande lån | 58 214 | 29 967 | 97 709 |
| Rentekompensasjon | 84 355 | 13 436 | 38 467 |
| **Lån som belastar kommunen sin økonomi** | **554 791** | **69 710** | **290 463** |

**Ubrukte lånemidlar og fond.** I 1000 kroner

| | Volda | Hornindal | Stryn |
|---|---|---|---|
| Ubrukte lånemidlar | 40 594 | 130 937 | 72 621 |
| Fond: | | | |
| Disposisjonsfond | 17 099 | 17 687 | 12 285 |
| Bundne fond | 30 572 | 7 017 | 15 908 |
| Ubundne investeringsfond | 63 104 | 5 153 | 20 582 |
| Bundne investeringsfond | 12 152 | 358 | 37 533 |
| Sum fond | 122 927 | 30 215 | 86 308 |

| I 1000 kroner | Volda | Hornindal | Stryn |
|---|---|---|---|
| **Akkumulert overskot** | 18 603 | **523** | **0** |

| Aksjar og andelar | Bokført verdi aksjar og andeler | Tilgang konsesjonsavgift | Sal konsesjonskraft |
|---|---|---|---|
| Volda | 36 136 408 | 737 258 | 2 033 040 |
| Hornindal | | 596 832 | 0 |
| Stryn | 29 639 231 | 0 | 0 |

## Reformstøtte

| 1. Eingongsstøtte | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **0-20.000 innb.** | **20-50.000 innb.** | **50-100.000 innb.** | **>100.000 innb.** |
| **2 kommunar** | 20 mill | 25 mill. | 30 mill | 35 mill |
| **3 kommunar** | 30 mill (VHS) | 35 mill | 40 mill | 45 mill |
| **4 kommunar** | 40 mill | 45 mill | 50 mill | 55 mill |
| **5 kommunar el fl** | 50 mill | 55 mill | 60 mill | 65 mill |

| 2. Refomrstøtte | |
|---|---|
| 0-15.000 innbyggjarar | 5 mill |
| 15-30.000 innb. | 20 mill |
| 30-50.000 innb. | 25 mill |
| ➢ 50.000 innb. | 30 mill. |

| 3. Inndelingstilskot | Endra inntektssystem |
|---|---|

Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing i år/innan ramma av kommunereforma, får behalde m.a. basistilskot og småkommunetilskot som i dag i 17,5 år (15+5 nedtrapping) i kvar (tidlegare) kommune. Etter 15+5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje-samaslegne kommunar. Regjeringa ar nettopp sendt utkast til **nytt inntektssystem** på høyring med **høyringsfrist 1. mars 2016,** og evt. iverksetjing frå 2017.

KS (Kommunenes Sentralforbund) har laga ein berekningsmodell (14.01.16) som viser følgjande effekt for Volda, Hornindal og Stryn dersom endringane vert vedtekne:

| Kommune | Utslag ny kostnadsnøkkel | Endra basistilskot Strukturkriterium 25,4 km | Samla utslag per år |
|---|---|---|---|
| **Volda** | -1 738 000 | -6 010 000 | -7 748 000 |
| **Hornindal** | +1 339 000 | -2 483 000 | -1 144 000 |
| **Stryn** | -3 835 000 | -1 880 000 | -5 715 000 |
| **Samla** | -4234 000 | -10 373 000 | -14 607 000 |

Samla inntektstap i inndelingsperioden: 14,6 mill x 17,5 = 255,5 mill

Usikkerheit knytt til det nye inntektssystemet:

1. Det er skissert fleire ulike modellar. 2 alternativ på kostnadsnøkkel på barnehage og grenseverdiar på reiseavstand er døme på det. Kor mykje kommunane taper er avhengig av kva for modell som vert alt.
2. Høyringsnotatet seier ingenting om framtidig skatteandel. Nivået på skatteandel har store fordelingsverknader mellom kommunane.

3. Forslaget gir ikkje gode nok avklaringar på kva som skal gjelde frå 1. januar 2017 dersom ein har vedtak om kommunesamanslåing. Skal nytt basistilskot, eller skal dagens basistilskot, gjelde fram til samanslåingstidspunktet? (Mellom 2017-2020).

Inntektssystemet er eit omfordelingssystem der staten fastheld storleiken på kaka, slik at endringar inneber at ein må redusere frå nokre kommunar for å styrke andre. Det store grepet i dette forslaget er at kommunar rundt 12 000 innbyggarar og oppover vert bidragsytarar for å styrke byane. Det kan sjå ut som om endringane er lagt opp til å stimulere kommunesamanslåing og kompensere for kostnadane med den demografiske utviklinga knytt til hovudsakleg urbanisering rundt dei sentrale områda i landet.

Dersom det vert mange kommunar som slår seg saman og utløyser eingongstilskot og reformtilskot, så skal dette også dekkjast av den same kaka til kommunesektoren. Det vil resultere i at kommunane samla sett får lågare overføring frå staten. Det er viktig at tilskota i samband med kommunereforma kjem oppå nivåret for samla overføring til kommunesektoren.

## Kommunebarometer Kommunal repport 2015 (Kostra juli 2015)

### Samla ulike tenester

| Knr | Kommune | Fylke | Gruppe | Korrigert inntekt | Rangering nøkkeltal åleine | Endeleg plassering-justert for inntektsnivå |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1444 | Hornindal | S og Fj | G04 | 102 | 115 | 89 |
| 1449 | Stryn | S og Fj | G10 | 95 | 52 | 15 |
| 1519 | Volda | M og R | G11 | 92 | 126 | 43 |

### Grunnskule, eldreomsorg, barnevern, barnehage

| Knr | Kommune | Fylke | Gruppe | Grunn -skule | Eldreomsorg | Barnevern | Barnehage |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1444 | Hornindal | S og Fj | G04 | 144 | 399 | 216 | 81 |
| 1449 | Stryn | S og Fj | G10 | 7 | 270 | 234 | 243 |
| 1519 | Volda | M og R | G11 | 72 | 109 | 371 | 264 |

### Helse, sosial, økonomi, kostnadsnivå

| Knr | Kommune | Fylke | Gruppe | Økonomi | Kostnads-nivå | Helse | Sosial |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1444 | Hornindal | S og Fj | G04 | 253 | 253 | 18 | |
| 1449 | Stryn | S og Fj | G10 | 134 | 42 | 142 | 21 |
| 1519 | Volda | M og R | G11 | 225 | 121 | 121 | 202 |

### Kultur, miljø, saksbehandling, VAR

| Knr | Kommune | Fylke | Gruppe | Kultur | Miljø og ressursar | Saks-behandling | Vatn, avløp, renovasjon |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1444 | Hornindal | S og Fj | G04 | 135 | 111 | 235 | |
| 1449 | Stryn | S og Fj | G10 | 250 | 164 | 268 | 73 |
| 1519 | Volda | M og R | G11 | 317 | 136 | 126 | 92 |

## NHOs-kommuneNM 2015

| Firdeling av arbeidsplassar | Volda | Hornindal | Stryn |
|---|---|---|---|
| Jord/skogbruk/fiske | 3,4% | 21,6% | 6,9% |
| Industri og olje | 5,8% | 29,6% | 19,7% |
| Byggevirksomheit | 8,1% | 10,5% | 7,8% |
| Varehandel | 10,5% | 8,3% | 14,3% |
| Overnatting og servering | 2,1% | 3,8% | 7,0% |
| Offenleg administrasjon | 2,4% | 2,0% | 2,9% |
| Undervisning | 17,0% | 4,3% | 6,6% |
| Helse-sosial | 32,3% | 8,0% | 15,2% |
| Tenester | 18,6% | 12,0% | 19,5% |
| Sum | 100,0% | 100% | 100% |
| %endring siste 3 år | 1,27% | -14,38% | -0,93% |
| Kjelde SSB 4. kvartal 2014 | | | |

**NHOs Kommune-NM 2015**

| Kommune | Rangering fylke | Rangering landet |
|---|---|---|
| Volda | 8 | 98 |
| Hornindal | 12 | 172 |
| Stryn | 10 | 158 |

**NHOs Kommune NM 2015**
**Totalresultat kommuar.**

| Kommune | Total | Næringsliv | Arbeids-marked | Demografi | Kompe-tanse | Kommunal økonomi |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 98 | 357 | 71 | 66 | 90 | 179 |
| Hornindal | 172 | 91 | 48 | 156 | 326 | 318 |
| Stryn | 158 | 155 | 121 | 222 | 154 | 189 |

## Økonomisk status

Dei finansielle nøkkeltala og netto driftsutgifter syner ulikskapar.

Finansielle nøkkeltal 2014 (Kjelde KOSTRA SSB)

| 2014 | Volda | Gjennoms M og R | Hornind. | Stryn | Gjennoms. S og Fj | Gjennoms. Landet u/Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 89,6 | 71,9 | 83,0 | 57,3 | 77,7 | 69,8 |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt | 1,6 | 3,3 | 19,4 | 2,3 | 3,8 | 5,2 |
| Overføring frå drifts-rekneskapen, i prosent av brutto investeringsutgift | 0 | 2,2 | 0 | 3,1 | 1,6 | 2,8 |
| Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter | 1,9 | 3,7 | 0 | 2,0 | 5,3 | 3,0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgift i kroner per innbyggar | 51 047 | 53 836 | 63 924 | 53 608 | 60 123 | 52 152 |
| Netto driftsresultat i kroner per innbyggar | 1 596 | -98 | -483 | 1 816 | 936 | 687 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggar | 73 876 | 53 316 | 70 670 | 42 694 | 67 286 | 50 139 |

# VOLDA KOMMUNE
**Rådmann**

# NOTAT

Kommunestyret mottakarar:

**Sak: Kommunereformen**

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2014/137* | *6055/2016* | *020* | *ADM/RUNSJU* | *23.05.2016* |

## KOMMUNEREFORMA - EV OPPFØLGING AV ALTERNATIV TIL VOLDA OG ØRSTA

**Resultatet av folkerøystinga for alternativet Volda og Ørsta**
Folkerøystinga om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta vart saman med fleire andre folkerøystingar på Sunnmøre gjennomført 19. mai.

Folkerøystinga syner at det er eit fleirtal for **nei** på spørsmålet om "*Skal Volda kommune og Ørsta kommune slå seg saman til ein kommune*"

**Volda**
Resultat:

| | |
|---|---|
| Ja | - 1075 røyster (30,5%) |
| Nei | - 2419 røyster (68,7%) |
| Blank røystesetel | - 28 (0,8%) |
| Røysteføre 7191 | - 3522 røyster Valdeltaking 49% |

**Ørsta**
Resultat:

| | |
|---|---|
| Ja | - 1593 røyster (37,3%) |
| Nei | - 2636 røyster (61,8%) |
| Blank røystesetel | - 39 (0,9%) |
| Røysteføre 8468 | - 4268 røyster Valdeltaking 50,4% |

Politisk må ein no ta stilling til korleis dette resultatet i den rådgjevande folkerøystinga skal vektleggast ved kommunen sitt endelege val i juni og vidare om kva resultatet kan ha av betydning for Volda kommune sitt vegval vidare.

**Ev oppfølging av forhandlingsutvalet sitt utvida mandat**
Kommunestyret ga i K-sak 21/16 følgjande vedtak:

> *«Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.*

*Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.»*

Hornindal og Stryn kommune som Volda kommune har framforhandla intensjonsavtale med, vil no gjennomføre innbyggarundersøking for å kartlegge innbyggarane sitt syn på aktuelle alternativ. For Stryn kommune skal den vere eit supplement til rådgjevande folkerøysting 13. juni. Undersøkinga vil starte umiddelbart og endeleg rapport skal vere levert innan 20. juni. Truleg vil ein kunne få ut resultat litt tidlegare enn det.

Dersom Volda kommune vil ta del i den undersøkinga for å sjekke ut innbyggarane sitt syn på ei eventuell samanslåing med Hornindal og evt. Stryn må kommunestyret med bakgrunn i handsaminga i PS-sak 47/16 slutte seg til det.

Ei slik undersøking vil kunne gje ein peikepinn på om det vil vere aktuelt å gå vidare med ein søknad om utviding av fristane for å gjennomføre ny rådgjevande folkerøysting på hausten i samsvar med vedtaket i K-sak 47/ pkt. 4, jfr følgjande vedtak:

1. *I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.*

2. *Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.*

3. *Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*

4. *Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.*

I nemnde kommunestyrevedtak er alternativet med Hornindal og/eller Stryn ikkje utelukka, jfr punkt 4. Spørsmålet er om kommunestyret vil sjekke dette nærare ut ved å spørje innbyggjarane før ei ev folkerøysting. Prosessane i Hornindal og Stryn vil for sin del avklare om dei to kommunane etter innbyggjarundersøking og folkerøystinga i Stryn da vil gå i vidare prosess med Volda kommune. Dei to kommunane vil naturleg nok også i ei slik vurdering vere interessert i å vite kva innbyggjarane i Volda meiner.

Det er mogleg å gjennomføre ei innbyggjarundersøking innan 13. juni med førebelse resultat til kommunestyret 16. juni. Dersom kommunestyret vel å gjennomføre innbyggjarundersøking, så bør ein samtidig vurdere om intensjonsavtalen med Hornindal og Stryn bør vedtakast som grunnlag for undersøkinga. Kommunestyret må ta stilling til om det ev også er aktuelt å spørje ut om andre alternativ enn Hornindal og Stryn. Dersom kommunestyret ikkje vil gå vidare med alternativet med Hornindal og ev også Stryn, så må Volda kommune kvittere ut dette alternativet.

For at ein skal ha eit best mogleg grunnlag når kommunestyret skal gjere vedtak den 16. juni, bør kommunestyret drøfte situasjonen etter det klare **nei-fleirtalet** i folkerøystinga både i Volda og Ørsta ta stilling til om ein også skal gjennomføre innbyggjarundersøking for alternativet Hornindal og ev også Stryn. Administrasjonen har tidlegare uttrykt at ut frå målsettinga i kommunereforma

og framtidig inntektssystem vil det vere lite tenleg med nullalternativet der Volda held fram som eiga kommune.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Vedlegg:
Utskrift av K-sak 47/16 med alle vedlegg i saka (Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar)

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Heidi Istad/Martine Øverberg Kragseth | Arkivsak nr.: | 2016/102 |
| | | Arkivkode: | 144 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 101/16 | Formannskapet | 07.06.2016 |
| 77/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## KULTURMINNEPLAN - OPPSTART AV PLANARBEID

**Handsaming:**
Sakshandsamar Heidi Istad, møtte under handsaminga av saka.

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 kommunestyret:**

1. ***Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe.***

2. ***Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:***
   ***Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad: kr 100 000,-***
   ***Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond) kr 40 000,-***
   ***Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service kr 60 000,-***

***Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreiinga***

**Administrasjonen si tilråding:**

3. Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe.

4. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:
   Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad: kr 100 000,-
   Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond) kr 40 000,-
   Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service kr 60 000,-

5. Administrasjonen får  i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreiinga.

**Vedleggsliste:**
Søknad om tilskot til utarbeiding av kulturminneplan for Volda kommune
Tilsegnsbrev  – Kulturminne i kommunane 2016

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Volda kommune ønskjer å kartleggje og synleggjere kulturminne og kulturmiljø i kommunen.  Ein slik plan vert eit viktig bidrag i plan- og byggjesakshandsaminga. I februar 2016 søkte Volda kommune om tilskot til utarbeiding av kulturminneplan, og denne søknaden vart imøtekomen. Ein rår til å starte opp arbeidet med kulturminneplan.

**Saksopplysningar:**
<u>Om Kulturminneplan:</u>
Riksantikvaren og Klima- og Miljødepartementet har sett mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga for  å styrke kompetansen om kulturminne i kommunane. I samband med dette er det oppretta eit prosjekt, KIK-prosjektet (Kulturminne i Kommunen) som er Riksantikvaren si satsing for ei kunnskapsbasert, effektiv og målretta kulturminneforvaltning. Difor vil Riksantikvaren gjennom kunnskapsløftet gi eit tilskot på inntil kr. 100.000 til kommunar som ønskjer å utarbeide ein kulturminneplan.

Formålet med Riksantikvaren sitt prosjekt er å redusere tapet av verneverdige kulturminne. Det er sett nokre nasjonale miljømål for kulturminne og kulturmiljø, der eitt av dei er at det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø ikkje skal overstige 0,5 prosent innan år 2020. For at ein skal nå dette målet, er ein dermed avhengig av å ha oversikt over dei ulike kulturminna og kulturmiljøa i kommunen. Det er gitt signal frå Riksantikvaren om at dei kommunane som har utarbeidd kulturminneplan vert prioritert ved tildeling av ulike tilskot.

Volda kommune søkte i februar 2016 Møre og Romsdal fylkeskommune v/Kulturvernseksjonen om tilskot til utarbeiding av kulturminneplan for Volda kommune. Kommunen mottok svar på denne søknaden i  mars 2016, og fekk tilsegn om tilskot på kr. 100 000. Før desse midlane vert utbetalt, er det stilt følgjande vilkår  til kommunen:
- Kommunen har ein prosjektplan fram til vedtatt plan.
- Det er politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne - /kommunedelplan
- Verneverdige kulturminne som er prioriterte i den vedtekne planen skal leggast inn i Askeladden.
- Kommunen rapporter til fylkeskommunen.

Første steg i denne prosessen er då å få til ei politisk forankring av arbeidet med kulturminneplan.

Rammer og føringar:
Plan- og bygningslova

- PBL legg føringar om utarbeiding av planar for kommunen.

Lov om kulturminner (kulturminnelova)

- Kulturminnelova seier at kulturminne og kulturmiljø skal vernast som ein del av vår identitet og kulturarv, som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Når vedtak som blir treft påverkar kulturminna, skal kulturminnelova ein legge vekt på kulturminnelova sitt formål. Kulturminne frå oldtid og middelalder inntil år 1537 er automatisk freda.

*Nasjonale føringar:*
St.meld. Nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
St.meld. Nr. 26 (2004-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
St. meld. Nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste – kulturminnepolitikken
NOU 2002: 1 Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

*Regionale føringar:*
Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi (2015)
Fylkesplan for Møre og Romsdal (2013-2016)
Regional planstrategi (2012-2016)

*Lokale føringar:*
Volda kommune sin kommuneplan (samfunnsdelen) 2016-2028 (vedteken 26.05. 2016)

**Vurdering og konklusjon:**
Volda kommune har per i dag ikkje nokon samla lokal oversikt over kulturminna i kommunen. Informasjonen om kulturminna er lagra i forskjellige databasar slik som til dømes SEFRAK-registeret og Askeladden, og ein ser at det er behov for ein meir samla lokal oversikt over kulturminna. Difor bør ein no ta tak i arbeidet med kartlegging av desse. Ved å ta for seg dette arbeidet, vil kommunen få auka kunnskap og kompetanse om kulturarven i kommunen, samtidig som ein får kartlagt dei ulike kulturminna. På denne måten vil ein avklare kva kulturminne som må takast vare på, og korleis ein skal gjere dette.

Volda kommune har kulturminne og kulturmiljø av både nasjonal, regional og lokal verdi. Å ta vare på desse minna om fortida er svært viktig, fordi det bidreg til identitetsskaping og kjensle av tilhøyre hos innbyggarane, lokalhistorie vert gjort kjent og det gir eit grunnlag for turisme. Ein kulturminneplan vil vere ei kjelde til informasjon og kunnskap, og på denne måten vidarefører ein kulturarven vår. Dette er også viktig for at kommunen skal framstå som attraktiv for folk utanfrå. Det å framheve kommunen si kulturarv og identitet vil også vere eit fortrinn i arbeidet med å bygge regionsenteret.

Kartlegging av kulturminna vil gi ny kunnskap og informasjon om kulturminne i dei ulike bygdelaga, og grunnlag for betre skilting av kulturminna slik at ein kan bruke dei i til dømes natursti. Dette kan dermed brukast i skule og undervisning i kommunen, for å styrke kunnskapen til innbyggjarane.

Kulturminneplan vil vere ein viktig reiskap i plan- og byggjesakshandsaminga. Ved å ha ein politisk vedteken kulturminneplan legg ein føringar for korleis det skal takast omsyn til kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Døme på dette er bruk av arealformål, bestemmelsar og omsynssoner.

Organisering og medverknad:

Arbeidet med kulturminneplan bør organiserast som eit eige prosjekt. Ein tek sikte på at temaplanen for kulturminne skal gjelde for ei periode på 4 år, med jamleg revisjon. Prosjektet bør bli leia av Sektor for Kultur og Service med bistand frå Sektor for Utvikling. For å gjennomføre arbeidet vil det bli oppretta ei prosjektgruppe. Formannskapet bør vere styringsgruppe og med ansvar for oppfølging, framdrift og økonomistyring i planprosessen. Prosjektgruppa vil ha ansvaret for den praktiske gjennomføringa av arbeidet, og vil bestå av representantar frå:

- Sektor for kultur og service
- Sektor for utvikling
- Lokale lag og organisasjonar
- Andre ressurspersonar

Aktuelle organisasjonar og lag/ressurspersonar:

- Representant for Austefjord museumslag
- Representant for Dalsfjord Sogelag / fyrmuseum
- Representant for Bjørkedal kystlag / båtsamlingane
- Representant frå Volda sogelag / Volda bygdetun
- Høgskulen i Volda
- Andre enkeltpersonar

Prosjektgruppa bør ikkje ha fleire enn 6-7 medlemmar. Ved behov kan prosjektgruppa heller utvidast slik ein finn det tenleg.
Ein legg opp til ein brei planprosess med medverknad frå sogelag, lag og organisasjonar og ressurspersonar frå ulike område i kommunen. Det kan også vere aktuelt å søke kontakt med kompetansemiljøet ved Høgskulen i Volda. Det vert opp til prosjektgruppa å avgjere korleis arbeidet skal gjennomførast, og innanfor prosjektet sine økonomiske rammer kan det vere aktuelt med kjøp av tenester.

Mykje registreringsarbeid er allereie gjort av dei ulike sogelaga og organisasjonane i kommunen. Utfordringa vidare er å samle saman informasjonen som finnast, kartlegge kven som har kunnskapen ein treng og eventuelt registrere nye kulturminne. I registreringsarbeidet legg ein difor opp til møteverksemd og informasjon i dei ulike bygdene for å engasjere innbyggjarane i kommunen til å ta del i prosjektet.

<u>Framdriftsplan:</u>

| | |
|---|---|
| Varsling av planoppstart med ope møte: | August - september 2016 |
| Utarbeiding av planforslag, med registrering, verdsetjing og prioritering av kulturminne: | September 2016 – april 2017 |
| Medverknad gjennom møte- og informasjonsverksemd: | September 2016 – april 2017 |
| Kulturminneplan vert lagt ut til høyring (minimum 6 veker): | Mai 2017 |
| Merknadshandsaming: | Mai - juni 2017 |
| Handsaming av kulturminneplan, godkjenning (kommunestyret): | Juni 2017 |

<u>Finansiering:</u>
Kommunen har motteke tilsegn om tilskot frå Riksantikvaren på kr. 100 000 for å styrke kommunen sitt arbeid med kulturminne. Som del av finansieringa vert kr. 40 000 av budsjettpost i investeringsbudsjettet/fond omdisponert. Restfinansieringa på kr. 60 000 er administrasjonen sin eigeninnsats.
I hovudsak vil desse midlane gå til innleige av eksterne fagkonsulentar og møteverksemd, eventuelt vil noko gå til formgjeving, trykking av plan for å gjere den tilgjengeleg for

innbyggjarane i kommunen. I tillegg kan det vere aktuelt å nytte noko midlar til profilering av einskilde kulturminne og sjølve arbeidet med kulturminneplan.

*Budsjett:*

| **Utgifter - kva** | **Kroner** |
|---|---|
| Lønnsutgifter eigen arbeidsinnsats | 60 000 |
| Møteverksemd/reisekostnader | 10 000 |
| Innleige av eksterne fagkonsulentar | 100 000 |
| Formgjeving, trykking av plan og profilering | 30 000 |
| **Sum** | **200 000** |

*Finansieringsplan:*

| **Kven** | **Kroner** |
|---|---|
| Riksantikvaren | 100 000 |
| Eigeninnsats - Volda kommune | 60 000 |
| Løyving (omdisponering) - Volda kommune | 40 000 |
| **Sum** | **200 000** |

**Kommuneplanen sin samfunnsdel:**
Utarbeiding av kulturminneplan er eit tiltak som vil vere heilt i samsvar med den strategi som er valt for å nå mål innanfor temaområde Volda i regionen:

| *Temaområde:* | *Mål:* | *Strategi:* |
|---|---|---|
| Volda i regionen | Bruke Volda – Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret. | Kartlegge, formidle og marknadsføre kulturminne og kulturmiljø. |

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Kulturminneplanen vil ikkje medføre negative konsekvensar for helse og miljø. Auka kjennskap til kulturminne i nærmiljø kan derimot vere positivt når det kjem til lokal identitet og stadkjensle.

**Økonomiske konsekvensar:**
I finansieringsplanen er det lagt opp til omdisponering av midlar/fond.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Gjennom planarbeidet vil ein få betre kjennskap til kulturminna i kommunen og verdien av dei, noko som gjer dei betre sikra mot tiltak som kan redusere kvaliteten og verdien av einskilde kulturminne og kulturmiljø.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Inger-Johanne Johnsen

Jørgen Vestgarden
Marija Ostojic
Andreea Beleuta

**Klageinstans:**

Riksantikvaren
Dronningensgate 13
Pb. 8196 Dep
0034 Oslo

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

**Vår referanse er saknr. 16-00102 dokumentnr. 16-00102-42**

Dette er en forside for dokument som er sendt digitalt fra Riksantikvaren.
Har du spørsmål om forsendelsen, kontakt oss via e-post postmottak@ra.no eller telefon 22 94 04 00

Med vennlig hilsen
Riksantikvaren
www.riksantikvaren.no

SAKSHANDSAMAR
Sissel Carlstrøm

VÅR REF.
16/00102-42

DYKKAR REF.

ARK. Forvaltningsarkivet

318.5

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO
9.2.2016

VÅR DATO
31.03.2016

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset Postboks 2500
6404 MOLDE

## Tinging av arbeid i Møre og Romsdal - Kulturminne i kommunane 2016

Riksantikvaren viser til invitasjon av 18.12.15 til å søke midlar for å styrke kommunane sitt arbeid med kulturminne. Vi viser også til kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune om dette. Vi har mottatt søknad datert 15.2.16 frå fylkeskommunen om midlar til følgjande kommunar; Stordal, Volda, Midsund, Vestnes, Stranda, Smøla og Halsa.

Vi ser med glede at det er stor interesse, og vi har mottatt mange søknader frå kommunar og fylkeskommunar. Dessverre er budsjettposten også i år for liten til å kome alle i møte. I valet av kommunar har vi lagt vekt på om det er ein bykommune, da dette er prioritert i inneverande år. Riksantikvaren har prioritert kulturminneplanarbeidet i kommunane og tingar, etter avtale med fylkeskommunen, arbeid i sju kommunar i Møre og Romsdal; Stordal, Volda, Midsund, Vestnes, Stranda, Smøla og Halsa.

Søknaden vert imøtekomen med kr. 700 000 til fordeling på kommunane Stordal , Midsund, Vestnes, Stranda, Volda, Smøla og Halsa. Når det gjeld dei tre sistnemnde ber vi om at fylkeskommunen ikkje betalar ut midlane før komplette søknader ligg føre. Særleg er det viktig at framdrift og politisk forankring av planarbeidet er på plass.

**Mål**
Arbeidet med kommunale kulturminneplanar skal vere eit verkemiddel for å setje kulturminne på den lokalpolitiske dagsorden og etablere ein større grad av lokal forankring og medverknad i valet av viktige kulturminne som skal takast vare på. Kommunale kulturminneplanar skal styrkje kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative vedtak i kommunen, gjere det føreseieleg for forvaltning, eigarar og utbyggjarar og vere eit reiskap for å synliggjere kulturarven som ressurs.

**Det vert stilt følgjande vilkår til fylkeskommunane**
Fylkeskommunen bestiller arbeid frå kommunane for inntil kr. 100.000 til kvar kommune til utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan for kulturminne. I bestillingsbrevet frå dykk

skal det visast til Riksantikvaren si vegleiing for utarbeiding av kulturminne-/kommunedel-plan for kulturminne: www.ra.no/kik

Før midlane til kommunane vert betalt ut er det viktig at søknaden/kulturminneplanarbeidet er politisk forankra. Anten som del av planstrategien som blir vedtatt i løpet av året eller anna vedtak.

Riksantikvaren ber fylkeskommunen om å etablere tett samarbeid med alle kommunane som ønskjer å utarbeide kulturminneplan. Samarbeidet skal vere i tråd med målet, vere langsiktig, og vere mellom fylkeskommunen og kommunane og andre lokale aktørar der opplæring, kurs, nettverksarbeid og ulike typar bistand til kommunane inngår. Kunnskapsoppbygging og kompetanseheving er stikkord for arbeidet. Vi ønskjer å bli orientert om regionale samlingar og deltar gjerne på desse dersom det er ønskjeleg.

Fylkeskommunen skal sende rapport om framdrift til Riksantikvaren ein gang pr. år. Fristen for dette er 15.9. Riksantikvaren har utarbeidd eit rapporteringsskjema både for kommunane og fylkeskommunen som skal nyttast. Riksantikvaren skal også ha sluttrapport frå kommunen med rekneskap og vedtatt plan når arbeidet er sluttført. Rekneskapen skal vere underteikna. Fylkeskommunen må også innhente rapportar frå kommunar som har mottatt midlar i tidlegare år, og som ikkje er ferdige med arbeidet. Det er viktig at kommunane blir ferdige med arbeidet og får vedtatt planen. Erfaringsmessig tar arbeidet to til fire år. Vi minner om at mykje av registreringsarbeidet gjerne kan takast inn i planen sin handlingsdel, og gjennomførast som del av oppfølginga av denne. I første omgang er det viktig å få utarbeidd ein kommunal kulturminneplan basert på den kunnskap og dei data ein i stor grad allereie har i kommunen og fylkeskommunen.

**Det vert stilt følgjande vilkår til kommunane**
I tingingsbrevet til kommunen skal det vere krav om at:

- ✓ kommunen har ein prosjektplan fram til vedtatt plan
- ✓ det er politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan
- ✓ verneverdige kulturminne som er prioriterte i den vedtatte planen skal leggast inn i Askeladden
- ✓ kommunen rapporter til fylkeskommunen

Kommunane skal ha oppdaterte oversikter/lister over prioriterte, verneverdige kulturminne i kommunen. Verneverdige kulturminne og kulturmiljø som kommunen vil prioritere, skal sikrast i kommune(del)plan eller kulturminneplan som vert vedtatt av kommunen. Lista over prioriterte, verneverdige kulturminne i kommunen skal vere oppdatert og leggast inn i Askeladden etter at planen er vedtatt.

Vi viser til brukarvegleiing for den kommunale brukarfunksjonen i Askeladden her: http://www.ra.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden/Veiledninger

Nye kommunar vert oppmoda å setje seg inn i krava til innlegging i Askeladden før planarbeidet startar. Krava går fram av dokumentasjonsmal (excel)

Det er også mogleg å registrere kulturminne i Kulturminnesøk, som alle kan bruke. Kulturminnesøk er ei publikumsløysing med hovudvekt på dokumentasjon og formidling av kulturminne, men har begrensa funksjonalitet for forvaltninga.

**Avtale**
Vi ser denne bestillinga som eit avtaledokument. Ved avvik frå bestillinga vil Riksantikvaren kunne gjere kjøpsrettslege sanksjonar gjeldande. Dersom det oppstår noko som gjer at framdriftsplanen ikkje kan oppfyllast skal Riksantikvaren straks underrettast skriftleg om dette. I følgje § 17 i Bevilgningsreglementet har Riksantikvaren og Riksrevisjonen høve til å kontrollere bruken av midlane.

Ved publisering, presentasjonar, føredrag og annen offisiell omtale skal det gå fram at prosjektet har fått midlar frå Riksantikvaren. Kulturminneforvaltninga har høve til å nytte alt publisert materiale vederlagsfritt ved behov.

Vi ber om rask, signert tilbakemelding med aksept på denne bestillinga. Pengane blir overførte fylkeskommunen når aksept av vilkår og oppmoding om utbetaling ligg føre. Gjev også opp bankgironummer på kontoen pengane skal overførast til, ev. også merknad.

Beste helsing

Leidulf Mydland (e.f.)

Sissel Carlstrøm
seniorrådgiver

**Brevet er elektronisk godkjent**

Kopi til: Stordal kommune, Kommunehuset, 6250 STORDAL/ Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA/ Midsund kommune, -, 6475 MIDSUND/ Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 VESTNES/ Stranda kommune, Øyna 13, 6200 STRANDA/ Smøla kommune, Postboks 34 Hopen, 6571 SMØLA/ Halsa kommune, Rådhuset - Liabøen, 6683 VÅGLAND

# VOLDA KOMMUNE
## Utvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturvernseksjonen
Fylkeshuset

6404 MOLDE

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2016/102 | 1483/2016 | 144 | UTV/ TORGSTE | 08.02.2016 |

**SØKNAD OM TILSKOT TIL UTARBEIDING AV KULTURMINNEPLAN FOR VOLDA KOMMUNE**

Eg viser til brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 18.01.2016 og e-post frå Toril Moltubakk den 02.02.2016 vedrørande tilskotsordning for utarbeiding av kulturminneplanar i kommunane.

Volda kommune har som kjend ikkje utarbeidd slik plan, men det er ønskjeleg at ein no kjem i gong med dette og ein ser føre seg at planen kan utgjere eit grunnlagsdokument i kommuneplanprosessen, der arbeidet med arealdelen tek til i mars 2016.

I det vedtekne planprogrammet knytt til rullering av kommuneplanen for Volda (vedteke 07.07.2015) er kulturminneplan sett opp som ein av dei planar, rapportar og utredningar som kan vere aktuelle å lage, men det er ikkje fatta eige politisk vedtak om oppstart av dette arbeidet. Det er heller ikkje oppnemnd plangruppe eller laga prosjektplan.

Premissane for søknaden vil derfor vere at politisk forankring der finansiering, prosjektplan, oppnemning av plangruppe m.m. vert etablert når eventuelt tilsegn om tilskot ligg føre.

Vi ønskjer no å prioritere dette arbeidet og tillèt oss derfor å søkje om tilskot på kr. 100.000,- for å kunne gjere nødvendig kartlegging og registrering av kulturminne i Volda kommune.

Med helsing

Torgeir Stensø
planleggar

Kopi til:
Inger-Johanne Johnsen
Regine Solberg Aklestad
Per Heltne

Postadresse: postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058755
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Bente Engeseth | Arkivsak nr.: | 2016/346 |
| | | Arkivkode: | 144 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 32/16 | Driftsstyret | 01.06.2016 |
| 102/16 | Formannskapet | 07.06.2016 |
| 78/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR VOLDA KOMMUNE 2016-2020

**Handsaming:**
Rådmannen og sakshandsamar Bente Engeseth orienterte om saka.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg til endringar i rådmannen sitt framlegg til plan:

*Under Pkt 4.1*
*Stryk to siste setningar. (Alkohol er ikkje nødvendig i kultur samanheng. Campus er neppe oppe og går før det er ny revisjon av planen i 2020)*

*Pkt 4.2 Skjenketider*
*Stryk  Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad*

*Pkt  For skjenkesteder som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stader der naboar ikkje vert sjenert. ..osv  stryk den,  ser at det kan vere vanskelig å avgjere kvar ein evt ikkje er til sjenanse. Lyd kan høyrast veldig langt frå der kilda er.*

*Pkt 4.2*
*Kulepunkt 7 Stryke: Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.*

Anders Egil Straume kom med slikt framlegg til endringar i rådmannen sitt framlegg til plan:

*Stryke setning 2 i kulepunkt 5. Alminnelig løyve ved einskildhøve.*

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

<u>Tilråding til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan.</u>

*4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve*

*Normal skjenketid:*

- *varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.*

- *varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.*

- *Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.*

- *Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).*

*For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.*

*5. Allminneleg skjenkeløyve ved einskildhøve*

*Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.*

*Konsept det ikkje vert gitt løyve til:*

- *Arrangement som er retta imot barn og unge*

- *Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.*

- *Campingplassar*

- *Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.*

- *Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept*

**Røysting**:

Det vart røysta punktvis over innhaldet i planen.

Pkt. 1 Formål løyvepolitikken, vart samrøystes vedteke.
Pkt. 2 Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve, vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk, vart samrøystes vedteke.
Pkt. 4.1 Konsept, vart samrøystes vedteken.
Pkt. 4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve:

- Pkt. 1-5 vart samrøystes vedteke
- Pkt. 6: Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Margrete Bjerkvik om å stryke punktet. Tilrådinga frå

administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteke. Framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk to røyster (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume) og fall.

- Pkt 5-7: Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Odd Harald Sundal. Framlegget frå Odd Harald Sundal fekk åtte røyster og vart vedteke. Anders Egil Straume røysta imot.

Pkt. 4.3 Vilkår for å få skjenkeløyve vart samrøystes vedteke.
Pkt. 5 Alminneleg løyve ved einskildhøve:
Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt. Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Anders Egil Straume om å stryke siste periode i kulepunkt 5. Tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteken. Tre røysta imot (Øyvind Festø, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Det vart røysta samla over resterande tilrådd plan (pkt 5-9, med vedlegg), som vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta samla over planen, med endringar frå formannskapet. Planen med endringar, vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:**
***Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.***

***Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:***

1. ***Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016***
2. ***Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.***
3. ***Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.***

***<u>Tilråding til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan.</u>***

***4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve***

***Normal skjenketid:***

***• varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.***

***• varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.***

***• Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.***

***• Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).***

***For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.***

**Handsaming:**
Skriv av 27.05.16 frå Erling Ulvestad til driftsstyret v/Rebecca Bjerknes vart delt ut.
Det er eit innspel til alkoholpolitisk handlingsplan for Volda.

Driftsstyret samla seg om fylgjande innspel til planen:
**Fellesframlegg frå driftstyret til sak 32/16 Alkoholpolitisk handlingsplan**

**4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve**

Normal skjenketid:

• varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.

• varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.

• Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.

• Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).

*• Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.*

*• For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.*

*• Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.*

***Stryk kulepunkt 5***

• Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.

***Stryk kulepunkt** 7*

• Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.

***Endringsframlegg til kulepunkt 5***

***For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.***

**5. Allminneleg skjenkeløyve ved einskildhøve**

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar. Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge

- Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.

- Campingsplassar

- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.

- *Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.*

- Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept

**Stryk nest siste kulepunkt:**

- ***Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.***

**Røysting**:
Driftsstyret vedtok samrøystes endringane til alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016 - 2020

**Tilråding i Driftsstyret - 01.06.2016 til kommunestyret**

***Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.***

***Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:***

4. ***Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016***
5. ***Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.***
6. ***Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.***

**Tilråding til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan.**

**4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve**

Normal skjenketid:

- ***varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.***

- ***varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.***

***• Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.***

***• Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).***

***For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.***

**5. Allminneleg skjenkeløyve ved einskildhøve**

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.

***Konsept det ikkje vert gitt løyve til:***

***• Arrangement som er retta imot barn og unge***

***• Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.***

***• Campingplassar***

***• Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.***

***• Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept***

**Administrasjonen si tilråding:**
*Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.*

*Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:*

7. *Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016*
8. *Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.*
9. *Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.*

**Vedleggsliste:**

1. Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020, Løyvepolitikken
2. Innspel til plan frå Det Grøne Treet AS
3. Innspel til plan frå Volda Næringsforum
4. Innspel til plan frå Ivar Otto Kristiansen
5. Innspel til plan frå Lensmannen i Volda og Ørsta
6. Innspel til plan frå Margrete Bjerkvik
7. Innspel frå plan frå Mattilsynet

8. Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020, Løyvepolitikken. Høyringsutkast.
9. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for 2012-2016

**Uprenta saksvedlegg:**
1. Alkohollova (sjå www.lovdata.no)
2. Alkoholforskrifta (sjå www.lovdata.no)
3. Rettleiar for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan (https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-for-kommunal-rusmiddelpolitisk-handlingsplan)

**Samandrag**
Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt fram for handsaming og vedtak. Planen har vore til høyring i perioden 22.04.16-13.05.16. Det har kome seks innspel til planen.

Det er lagt opp til at alkoholpolitikken vert handsama som eigen plan, og at den heilskaplege tilnærminga til ruspolitikk vert ivareteke gjennom kommuneplanrevisjonen og oppfølging av kommuneplanen ved eigne temaplanar, handlingsprogram mv.

**Saksopplysningar**
I framlegget til revisjon av samfunnsdelen i kommuneplanen er det formulert som eige mål at: *"Ingen skal ta skade av eigne eller andre sine rusmiddelvanar",* og som strategi er det m.a formulert slik: "*Føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk.*"

Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020 har vore til høyring i perioden 22.04.16-13.05.16. Dette vart kunngjort på heimesida til kommunen og på kommunen sine kanalar i sosiale media. Det vart også sendt ut informasjonsbrev til alle sals- og skjenkestadane i Volda. I tillegg vart det sendt ut brev til NAV Ørsta/Volda, Vinmonopolet, Mattilsynet, Volda Næringsforum, Volda og Ørsta Lensmannskontor, Helsestasjonen i Volda, Kommunelege, Folkehelsekoordinator, Barnevern, Rus og psykiatritenesta og Skulesjefen. Planen har også vore oppe som orienteringssak i nokre utval. Innan høyringsfristen var ute hadde det kome inn seks innspel til planen. Desse er vurdert opp mot høyringsutkastet og nytt framlegg til plan. Planen skal til endeleg handsaming og vedtak i kommunestyret.

Planen er ei rullering av gjeldande "Rusmiddelpolitiske handlingsplan for Volda kommune 2012-2016". Etter alkohollova § 1-7d skal alle kommunar utarbeide alkoholpolitiske handlingsplanar. Planen har endra namn frå Rusmiddelpolitisk handlingsplan til Alkoholpolitisk handlingsplan då denne planen berre handlar om alkoholpolitikken og løyvepolitikken.

Med planen ynskjer ein å utforme ein løyvepolitikk som balanserer næringslivet sine interesser med sosiale og helsepolitiske omsyn. Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid er gjeldande. Alkohollova gjer det mogleg for kommunane å utforme lokal alkoholpolitikk innan lovverket. Planen skal reviderast kvar kommunestyreperiode for å vere oppdatert og aktuell og legge føringar for eit målretta arbeid innan rusfeltet.

Denne planen er utarbeidd av ei interkommunal arbeidsgruppe med mål om å utarbeide ein mest mogleg lik alkoholpolitikk på Søre Sunnmøre. Den interkommunale arbeidsgruppa består av representantar frå kommunane som til dagleg arbeidar med alkohollova og rusrelatert arbeid.

Å ha ein felles plan er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals - og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Planforslaga til kommunane på Søre Sunnmøre er noko ulike i verbaldelane, men er likelydande i formuleringar om sals- og skjenketider og gebyr. Dei inneheld ganske like reglar om konsept og kva løyve desse kan få. Dei andre kommunane sine planar er å finne på kommunane sine heimesider.
Det har kome ein del lovendringar i alkohollova og alkoholforskrifta sidan den førre planen vart vedteken. Dei viktigaste er:

- Salstider, kap 3 alkohollova (lov med sal av alkohol på valdagar)
- Løyveperioden, §1-6 alkohollova (kommunen kan bestemme at perioden ikkje skal opphøyre men gjelde vidare for ei ny periode på ***inntil*** 4 år med opphør seinast ***30. september***)
- Alkoholreklameforbodet, kap 14 forskrifta
- Nytt prikktildelingssystem, kap 10 forskrifta
- Nye krav til kontrollørar og kontroll av skjenkestad, kap 5 og 9 i forskrifta
- Auka gebyr for sals- og skjenking, kap 6 i forskrifta

## Innspel til planen

Det har kome innspel til planen frå Lensmannen i Volda og Ørsta, Mattilsynet, Det Grøne Treet AS, Volda Næringsforum, Ivar Otto Kristiansen og Margrete Bjerkvik.

**Frå lensmann** har det kome innspel om at skjenkestadar som vert tildelt alminneleg skjenkeløyve bør vere trivelege, godt vedlikehaldne og ha god standard. Framtidige nye skjenkestadar bør har universell utforming, dvs bygningar som ikkje ligg på gateplan må ha heis. God standard og gode utelys verkar dempande i høve lovbrot og uro. Det bør normalt ikkje gjevast løyve til uteservering etter midnatt der det bur folk tett ved. Skjenkestader med høg musikk som ein del av konseptet bør vere lokalisert i bygg utan bueiningar. Om skjenking i idrettsarena, idrettsbygg og skisenter vil lensmann tilrå at løyve vert gjeve dersom det er i tidsrom der det ikkje er idrettsaktivitet. Lensmannen i Volda og Ørsta meinar at skjenkeareal ute bør vere fysisk avgrensa. Skjenkeareal bør ha 18-års aldersgrense, også arrangement i grendehus. Vaksne treng treffstader der barn og unge ikkje er til stades, og kontrollert skjenking vert vanskeleg utan aldersgrense.

**Kommentar til innspel:**
Det er lagt inn endring i punktet som vedkjem 18-års aldersgrense ved einskildløyve. Dette for å ha ein litt meir fleksibel regel, slik at ein kan gje løyve dersom det skal vere arrangement der dette vil vere forsvarleg og kontrollert skjenking vil vere mogleg å få til.

**Mattilsynet** har i sitt innspel kome med positiv uttale om at rusmiddelpolitikken har like vilkår i eit større område, og dermed einsarta tilsyn og kontroll. Dei har kome med gode innspel som kommunen kjem til å innarbeide i sakshandsamingsrutinane. Mattilsynet ynskjer meir samarbeid, både med kommunane, Skatteetaten og Politiet. Dette vil vi også innarbeide i sakshandsamingsrutinane. Det har også kome tips til nye reglar hjå Mattilsynet. Tidlegare

skulle dei ha melding om oppstart, no skal sals- og serveringsstadar vere registrert i tilsynssystemet. Kommunane kan difor hente ut kvittering for at dette er gjort før sals- eller skjenekløyve vert gitt.

**Det Grøne Treet** har i sitt innspel gjort greie for at det er viktig for konseptet deira å få behalde uteområdet som skjenkeareal. Dette er med på å gje Volda eit levande sentrumsbilde. Sjølv om uteplassen ligg i sentrum, ligg den slik til at den ikkje er til sjenanse og støy for naboar. Uteområdet er med på å gje dei større skjenkeareal totalt, slik at dei får spreidd gjestane utover eit større område, noko som gir betre oversikt for dei tilsette.

Det Grøne Treet AS ber Volda kommunestyre vurdere å stryke følgende punkt i rusmiddelpolitisk handlingsplan - løyvedelen 2016 -2020. Sitat frå innspel:
*" Pkt 4.2. vedrørende skjenketider "Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar " Subsidiært at man endrer det til " For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde* ***og*** *på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandors."*

***Forslag til endring:*** *"For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde* ***eller*** *på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs."*

*Slik forslaget til hoveddokument" rusmiddelpolitisk handlingsplan —loyvedelen 2016 — 2020" foreligger vil dette være med på å begrense arealet Det Grøne Treet har til disposisjon for sine gjester etter klokken 24:00. Denne begrensningen slik vi ser det vil ikke ha alkoholpolitisk effekt, da antallet gjester vil være det samme, men vil kun være en forringelse av et levende sentrum og konseptet til Det Grøne Treet AS. Uteplassen til Det Grøne Treet er både et viktig konsept for foretaket og et vesentlig bidrag til trivsel i Volda sentrum.*

*Det er etter vårt syn viktig at man ser sammenhengen mellom å ha en ansvarlig rusmiddelpolitikk og det å kunne opprettholde næringsgrunnlaget for virksomhetene, samtidig med man har et godt tilbud til innbyggerne med et levende sentrum.*
*Det Grøne Treet AS er et helhetlig konsept der ute området utgjør en vesentlig del av det totale konseptet, noe som gjenspeiler seg i arealdisponeringen. Det opparbeidede utearealet er av vesentlig størrelse og har stor betydning for driften.*
*Det er dette utearealet som har vært med og gitt Det Grøne Treet sitt særpreg, og gjort dette til det unike serveringsstedet det er. Det fins ikke tilsvarende konsept i nærheten.*
*Vi er redd for at generelle regler kan ødelegge dette unike særpreget og driften, uten at det oppnår sin opprinnelige hensikt , derfor ber vi om at dere tar dette med i vurderingen."*

**Kommentar til innspel:**
Det er lagt inn forslag til endra punkt i saksutgreiinga, slik at ein kan vurdere skjenketida ute ved kvar einskild søknad. Det er argument som talar både for og imot skjenketid på uteareal og kor lang den bør vere.

**Volda næringsforum har dette innspelet til planen. Sitat:**
*"Vi syner til høyringsutkastet og vil på generelt grunnlag gi Volda kommune ei positivt tilbakemelding på utkast til plan. Volda kommune ynskjer å gjere det enklare for dei som ynskjer innsyn i kva for rammer og reglar som gjeld på det alkoholpolitiske området. Gjennom å forenkle planen reduserer ein derfor risikoen for feiltolkingar og misforståing ved bruk av planen. Dette gjeld både frå sakshandsamarane og politikarane i Volda kommune si side, og frå dei som til dømes ynskjer å søkje løyve til alkoholservering, mv. i Volda.*
*Ein plan som er enkel å nytte er òg viktig i samband med å bygge Volda som ein attraktivt handels- og opplevingsdestinasjon. Til dømes for dei mange festivalane som*

*finn plass i Volda kvart år.*

***Merknad til planens punkt 4. "Tildeling av alminneleg skjenkeløyve"***
*Vi syner til planens punkt 4., der det i innleiinga til punktet står "Kommunen ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Kommunen tildeler løyve etter lov og planverk."*
*Under punkt 4.1 "Konsept", står det "Det skal førast ein restriktiv line til nye konsept". Volda Næringsforum vil be om at lina "Det skal førast ein restriktiv line til nye konsept" blir fjerna frå planen. Slik vi ser dette, vil lov- og planverk være tilstrekkeleg gode verkty for å vurdere einskilde nye konsept. Vidare er punktet lite nyansert, og gir lite rom for å forstå kva ei restriktiv line inneber. Alternativt kan ein nyansere dette slik at det tydeleg framgår av punktet kvifor ein ynskjer å føre ein slik restriktiv line til nye konsept, og på den måten kan klargjere for dei som ynskjer å etablere nye konsept kva omsyn dei må ta i ei etablerings- og søknadsprosess."*
***Merknad til planens punkt 8. "Kontroll med sals- og skjenkestader"***
*Volda Næringsforum er opptekne av at næringsdrift og –etablering skjer innafor de gjeldande rammer og lover/reglar.*
*Vi syner til saksdokumentet som ligg ved høyringsutkastet, og til kommentar om at reaksjonane på brot på skjenkeløyve no er blitt mjuka opp i ei viss grad.*
*Volda Næringsforum vil då berre oppmode Volda kommune om å nytte dei verktya som punkt 8 legg opp til, og at ein fylgjer dei kontrollregima som er beskrive. På denne måten kan ein sikre at ein har ein forsvarleg kontroll med skjenkeløyva som er gitt, og at dei overordna måla om å "føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk" blir teke i vare.*

**Kommentar til innspel:**
Innspelet frå Volda Næringsforum understrekar kor viktig det er med føreseielege planar, som vil gjere det enklare for dei som er aktørar i bransjen. Punktet om å føre ei restriktiv line til nye typar konsept er likevel ikkje fjerna i det nye framlegget til plan. Det er vanskeleg å spesifisere nærare kva typar dette er, då ein ikkje klarar å ta høgd for å få med alle variantar. Det viktige med dette punktet er å fange opp nye typar konsept der det ikkje tradisjonelt har vore vanleg å involvere alkoholhaldig drikk. Dette må ein vurdere dersom det kjem slike søknader.

**Ivar Otto Kristiansen har dette innspelet til høyringsutkastet. Sitat:**

***"Innspill til alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 for Volda Kommune***
*Gjeldene Rusmiddelpolitiske handlingsplan for Volda Kommune 2012-2016 har hatt et godt reglement, men med vedlegg og intensjoner som til tider har kunnet virket utfordrende. I utkastet til ny alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 er det ryddet og gjort et godt stykke arbeid for å gi bedre oversikt og en mer brukervennlig handlingsplan. Grunnarbeidet som er gjort før den blir lagt ut på høring, er oversiktlig og beundringsverdig.*
*Før det blir fattet endelig vedtak har jeg noen innspill som jeg mener generelt forenkle saksgangen og sikre at vedtak blir fattet etter gjeldende lover og regler.*
*Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 vil bli et vedtak av kommunestyret som skal etterleves i 4 år. Legger man for mange føringer vil man oppleve at saker med gode intensjoner vil få en uforholdsmessig tidkrevende saksbehandling, da de etter loven skal behandles av vedtaksorganet (Kommunestyret) ved dispensasjoner fra gjeldende vedtak med retningslinjer. Det er rådmannens oppgave å jfr. Kommunelovens § 23 andre ledd at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Bakgrunnen for at jeg ta opp dette er at det i foregående periode ble laget en plan med tilhørende tillegg, som det i ettertid ikke var politisk støtte for. Nevner kjøpesenter, nye konsept, tildeling til lag og foreninger ved arrangement. Så sent om i driftsstyret den*

*11.05.2016 ble det fattet vedtak om to løyve som ikke er etter den gjeldende Russmiddelpolitiske handlingsplanen, og skal man følge den som er ute til høring nå ville man minst ha måttet sagt nei til 1 av søknadene eller sendt den til kommunestyret for behandling. Prinsippet må være at det blir vedtatt en handlingsplan som kan etterleves. Det er et krav jfr alkoholloven at det skal utarbeides en alkoholpolitisk handlingsplan og det føler av lov at den skal følges, brudd fra bevilgningshaver vil bli sanksjonert. Vi må kunne lage en plan som også administrasjon og folkevalgte organ kan etterleve."*

**Kommentar til innspel:**
Det vert i dette innspelet understreka kor viktig det er å ha ein klar og tydeleg plan, der reglane er enkle å tolke. Dette er årsaka til at mykje av tekstdelane er fjerna. Det som er bestemt i andre planar, lover og forskrifter, og som det ikkje er intensjon om å lage nye reglar for, er unødvendig å repetere i denne lokale planen. Omformuleringar av lovtekster kan skape vanskelege situasjonar med usemje om korleis ein skal tolke det som står.

Ein lokal alkoholpolitisk plan må finne ein god balanse mellom det rusførebyggjande arbeidet og samtidig stette behov som er i lokalsamfunnet. Det er forsøkt å nyansere reglar som var i den førre planen, slik at reglane ikkje går utover det som har vore intensjonen. Det er likevel viktig å behalde nokon av punkta som avgrensar tilgangen til alkohol, mellom anna å behalde soner som vert rekna som rusfrie. Punktet om rusfrie soner er endra, slik at det lyder slik:
*"Punkt 5 Alminnelege løyve ved einskildhøve.*
*Konsept det ikkje vert gitt løyve til:*

- *Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar* ***i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet****"*

**Margrete Bjerkvik har dette innspelet til høyringsutkastet. Sitat:**
*"Under Pkt 4.1*
*Stryk to siste setningar. ( Alkohol er ikkje nødvendig i kultur samanheng. Campus er neppe oppe og går før det er ny revisjon av planen i 2020)*

*Pkt 4.2 Skjenketider*
*Stryk   Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad*
*Pkt  For skjenkesteder som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stader der naboar ikkje vert sjenert. ..osv   stryk den,  ser at det kan vere vanskelig å avgjere kvar ein evt ikkje er til sjenanse. Lyd kan høyrast veldig langt frå der kilda er.*
*Pkt 4.2*
*Kulepunkt 7 Stryke : Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal."*

**Kommentar til innspel:**
Punktet om Campus er ikkje fjerna, då dette skal vere ei opning for revurdering av planen når dette prosjektet kjem på plass.
Det er viktig å ha ein fleksibel plan, der ein kan gjere unntak frå faste reglar ved behov, difor er heller ikkje punktet som gir høve til å utvide skjenketida ved einskildhøve fjerna. Det med skjenketid på uteareal er noko av det vanskelegaste å handsame. Ulempene kan vere store både for bebuarar i nærleik til skjenkestad og for skjenkestaden som vert råka av redusert skjenketid. Det er lagt inn forslag til nytt punkt i saksutgreiinga. Der er også andre løysingar å hente får større byar.
Kulepunkt 7 gir opning for at det er tillatt å gje løyve for alle alkoholgrupper på uteområde. Denne regelen er lik dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, og det vert difor ikkje fjerna i framlegget til plan for Volda kommune.

**Kommentarar til føreslegne endringar i forhold til førre plan for Volda kommune**

I det nye planutkastet er dette nokre av dei viktigaste endringane i alkoholpolitikken for Volda kommune:

**Tekstdelen er mindre:**
For å få ein oversiktleg plan som det er lett å slå opp i og bruke, er det fjerna mykje tekst i det nye planutkastet. Grunngjevinga for dette er at det som er bestemt i andre planar, lover og forskrifter, og som det ikkje er intensjon om å lage nye reglar for, er unødvendig å repetere i denne lokale planen. Omformuleringar av lovtekster kan skape vanskelege situasjonar med usemje om korleis ein skal tolke det som står.

**Nye reglar om løyveperioden:**
Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve pkt 2 i planutkastet.
"*Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:*

1. *Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016*
2. *Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.*
3. *Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan er vedtatt.*

*Utover reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, og delegeringsreglementet i kommunen.*"

For å kome inn i rett loop vert det føreslått at ein utvidar noverande gjeldande løyve fram til 30. september. Seinare kan ein ikkje gje løyve for lengre enn **inntil** 4 år med opphør seinast 30. september jf alkohollova § 1-6.

Sjølv om kommunen ikkje nødvendigvis endar opp med å endre alkoholpolitikken vesentleg etter nytt kommuneval, er det viktig at kommunestyret har eit bevisst forhold til løyvepolitikken i kommunen, og at det blir gjort ei faktisk vurdering av korleis løyvepolitikken bør vere utforma.

Ei løysing der alle løyve går ut etter fire år, men med høve for kommunane til å gjere unnatak, tydeleggjer best kommunen si plikt og rett til å føre ein bevisst løyvepolitikk. Dette vil venteleg også gi ei betre oppfølging av intensjonen bak regelverket.

**Vedlegg er fjerna og innarbeidd i planen**
Vedlegget "*1.1. Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve*" og "*Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve*" er fjerna frå planen. Det er i staden lagt inn liste over konsept som ikkje kan få alminnelege løyve og løyve ved einskildhøve (er å finne i planutkastet pkt 4.1 og 5, sitert under):

***"Pkt 4.1 - Det vert ikkje gitt <u>alminneleg løyve</u>:***

- *Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknande konsept*
- *Arrangement som er retta imot barn og unge*
- *Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.*
- *Mosjon- og idrettsarenaer*
- *Konditori*
- *Galleri og utstillingar*

- *Grendehus*
- *Campingsplassar*
- *Soner som elles vert rekna som rusfrie*
- *Bensinstasjonar*
- *Kioskar*

*Berre restaurantar med eige kjøkken som er ope fram til ein time før serveringsstaden stenger, kan få alminneleg løyve for alkoholgruppe 3 (alkohol inntil 60 vol. %).*

*Det skal førast ei restriktiv line til nye konsept."*

Volda har potensiale for å vere ein sentral kulturstad i regionen, både som senter, som vertskommune og med sin geografiske plassering. Ein bør ta høgde for å revidere planen dersom det vert utvikla eit kultursenter i tilknyting til utbygging på Campus som kan inneha eit konsept basert på behov for skjenkeløyve.

***"Pkt 5 – Alminneleg løyve ved einskildhøve***
*Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.*

*Konsept det ikkje vert gitt løyve til:*
- *Arrangement som er retta imot barn og unge*
- *Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.*
- *Campingplasser*
- *Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.*
- *Arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.*
- *Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept"*

Det er sett ny grense på 5 dagar for løyve ved einskildhøve.

Det kjem av og til ynskje om å få skjenkeløyve på arrangement utan 18-års aldersgrense. Dette gjeld særskilt i dei mindre bygdene. Tilråding frå politiet er at det vert stilt krav om 18-års aldersgrense ved slike arrangement. Vaksne treng treffstader der barn og unge ikkje er til stades, og kontrollert skjenking vert vanskeleg utan aldersgrense, skriv politiet i sin uttale.

Dei med alminneleg skjenkeløyve har ikkje krav om 18-års aldersgrense. Dette bestemmer dei sjølv. Det er vanleg at unge under 18 år kjem inn på dag og tideleg kveld. Ved arrangement på kveldstid har dei fleste 18-års aldersgrense. På restaurantar er det enklare å ha oversikt og kontroll med skjenkinga, fordi der sit gjestane til bords. Dessutan har dei med fast skjenkeløyve krav om opplæring og innarbeidde rutinar for å sikre ansvarleg alkoholhandtering.

Det vil uansett vere opp til dei som får skjenkeløyve å ha kontroll slik at det ikkje skjer ulovleg skjenking.

Av dei andre kommunane på Søre Sunnmøre ser det ut til at det berre er Ørsta som har tilsvarande punkt om at det ikkje vert gitt løyve når det er arrangement for unge under 18 år.

Ørsta praktiserar at det ikkje vert gitt løyve til arrangement retta spesifikt mot barn under 18 år. Dei har ikkje fast krav om 18- års grense ved tildeling av skjenkeløyve ved einskildhøve.

Det har kome innspel til planen om å fjerne kulepunkt 4: ”

- *”Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet”*

Det stemmer at det har vore fleire søknader om skjenkeløyve på areal som er definert som idrettsarena. Desse sakene har blitt sendt til politisk handsaming, då det var i strid med den førre planen. Der står det **”** *Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje ha skjenkeløyve.*”. Intensjonen var at ein ikkje skal blande idrett og alkohol, fordi det vil vere med på å føre alkohol inn i situasjonar der det ikkje har vore tradisjon for å kunne nyte alkohol.
Når ein no har fått lagt til *”…i samband med idrettsarrangement”,* så har ein fått nyansert dette punktet til å berre omfatte det som var intensjonen med dette punktet.
Å fjerne heile punktet vil gi signal om at den lokale alkoholpolitikken opnar for å fjerne rusfrie soner. Ein kan likevel kunne gje skjenkeløyve for slike type areal og bygg, no som ein har fått med at det berre er i kombinasjon med idrettsarrangement ein ikkje kan gje skjenkeløyve til desse sonene. Det er viktig å oppretthalde rusfrie soner, det er også definert i målet med denne planen, pkt 1. ”*Formål løyvepolitikken”*, siste avsnitt. Rådmannen ser ikkje at dette punktet vil skape konfliktsituasjonar med behovet for å kunne bruke denne type lokale til arrangement som omfattar alkohol.

Ungdomsklubben i Volda har tidlegare vore nytte i samband med Dokumentarfilmfestivalen. Dei har ikkje fått nytta dette lokalet som skjenkeareal siste åra. Det vil vere feil å bruke lokalet dette viktige rusfrie ungdomstilbodet som skjenkeareal.

**Endring av skjenketid:**
Endring i skjenketider, pkt 4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

*”Normal skjenketid:*

- *varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.* **Ingen endring**
- *varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.* **Ingen endring**
- *Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.* **Ingen endring**
- *Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).* **Ingen endring**
- *Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.* **Endring. Tidlegare same som skjenketida inne.**
- *For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.* **Nytt punkt.**
- *Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.* **Ingen endring**
- *Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.”* **Endring på det som gjeld uteareal.**

Det er foreslått å endre skjenketid på uteareal til kl 24.00. Dette er gjort for å ha lik skjenketid med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Det er ikkje det offentlege si oppgåve å legge tilrette for støy i sentrum. Det har kome fleire bueiningar i sentrum og å leggje tilrette for støy på uteområdet er ein dårleg kombinasjon med bustader.

På den andre sida så er det ikkje mange dagane i året at vêret tillèt at ein kan sitje ute på sein nattid. Det kan også vere utfordrande for skjenkestaden å kontrollere at gjestar ikkje tek med seg alkoholhaldig drikk ut på utearealet etter kl 24.00. Dette kan skape både konfliktsituasjonar og føre til at gjestar drikk meir. Det viser seg at gjestar som skal ut for å lufte seg eller røyke, vel å drikke opp i staden for å setje igjen drikken innandørs. For så å kjøpe ny når han/ho kjem inn igjen.

Eit alternativ kan vere at uteområdet vert vurdert ved kvar einskild søknad. Dette alternativet er vanleg i byar. Ulempa med det er at det vil vere vanskeleg å administrere og det vil skape ulikt konkurransegrunnlag.
Pr dags dato er der ikkje bueiningar som vert veldig sjenert av støy frå utestadar, som kommunen kjenner til, men dette kan fort endre seg. Det er stadig aktørar som vurderer ulike lokale i Volda med ynskje om å starte opp skjenkestad.

Ein bør ha ei retningsline i planen slik at ein kan sikre miljøet og bukvaliteten til dei som bur i sentrum. Kommunen bør ikkje gjere seg forplikta til å gje løyve på uteareal der dette vil skape konflikt med ro og orden for dei som bur tett på.

Dersom kommunestyret ynskjer å gjere om punktet om skjenketid på uteareal, til at tida er lik skjenketida inne, kan det vere eit alternativ å gjere punktet om til:

- Skjenketid for uteareal vert avgjort etter uttale frå lensmann og kommuneadministrasjonen som vil vurdere arealet i forhold til bueiningar i området.

Ved å gjere om på dette punktet kan ein også ta særskilt omsyn til stadar der det er bueiningar tett på, slik at ein kan setje eit tidlegare tidspunkt, der det vil vere føremålstenleg.

**Endring av skjenketid for ambulerande skjenkeløyve, pkt 6:**
*"Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, jf 4.2."*
**Dette er endring i forhold til førre plan.** Det er ikkje uvanleg at det vert søkt om skjenketid fram til kl 03.00 for ambulerande skjenkeløyve.

**Reaksjonar ved brot på alkohollova:**
Vedlegget "*1.2. Retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve*" er bytta ut med eit nytt vedlegg, "*Reaksjonar ved brot på alkohollova*". Etter endring i alkoholforskrifta er det kome eit eige kapittel om inndraging av sals- og skjenkeløyve etter prikktildeling, kapittel 10. Utover reglane i kapittel 10 i forskrifta gjeld alkohollova § 1-8, "*Inndraging av salgs- og skjenkebevillinger*".

Det nye regelverket i alkoholforskrifta er langt mildare når det gjeld reaksjonar på brot, enn det som var bestemt lokalt i førre plan for Volda kommune. Det er difor enda viktigare at løyvemynde vurderar kvar einskild søknad kritisk.

**Vilkår for løyve pkt 7.2**
Det er sett inn krav om at alle vedlegg til søknad skal vere levert inn før søknader vert ferdighandsama. Det har vist seg å vere vanskeleg å drive inn slike dokument etter at løyve er

gitt. Dei nye reglane ved brot på alkohollova, set krav om at det blir utført ei grundig sakshandsaming. Det er sett inn nytt krav om at også internkontrollrutinane skal ligge ved søknad. I dette dokumentet skal det vere innarbeidd rutinar som sikrar forsvarleg og lovleg drift. Dette dokumentet skal mellom anna innehalde plan og system for opplæring av tilsette og sjekklister for dagleg drift. Ved å krevje at sals- og skjenkestadane utarbeider desse rutinane, kan ein sikre at gode rutinar vert utarbeidd før oppstart.

**Endring av skjenkegebyr, pkt 9**
For handsaming av søknad om løyve som gjeld slutta lag gjeld gebyrsatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr. 2016 kr 340.
I samband med einskilde arrangement kan gebyret setjast til kr 1000.- pr. gong.
Gebyr for skjenkeløyve ved einskildhøve er i samsvar med vedtak gjort i KST PS 180/13, men endring i forhold til førre plan der det var sett til kr 500 jf pkt 1.8.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen rår til at Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 vert vedtatt f.o.m. 01.10.2016.

Denne er i hovudsak i samsvar med tilrådinga frå den interkommunale arbeidsgruppa, men med litt justering.

Når det gjeld kva politisk utval som skal handsame prinsipielle saker etter alkohollova, så vert dette å regulere i samband med revisjon av delegeringsreglementet. Inntil vidare er det driftsstyret som handsamar alkoholpolitiske saker som ikkje er delegert til rådmann.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Tilgang på alkohol kan føre til uønska forbruk, med dei ulemper dette kan skape for den einskilde og samfunnet. Kontrollert sal og skjenking gjennom løyve til aktørar, som kan dokumentere kunnskap og haldningar til rusmiddel generelt og alkohol spesielt, er viktig med tanke på førebygging. Dette gjeld og ikkje minst dei tiltak kommunen gjennom framlagd plan vil søkje å følgje opp. Viktig er også kvar einskild av oss si haldning til rusmiddel, gjennom å vere gode føredøme.

Med bakgrunn i kommunen sitt ansvar i Folkehelselova er det naturleg at ruspolitisk handlingsplan vert vurdert i høve kommunen sin overordna helsepolitikk.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ikkje relevant
**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ikkje relevant

**Naturmangfaldlova:**
Ikkje relevant

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Sals- og skjenkestadane i Volda
Politiet
Securitas AS
Mattilsynet

**Klageinstans:**

# ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

# FOR

# VOLDA KOMMUNE

# 2016 – 2020

## Løyvepolitikken

Vedtatt i kommunestyret 16.06.16

Gjeldande frå: 01.10.16

# Innhald

1. Formål løyvepolitikken ... 3
2. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve ... 3
3. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk ... 4
4. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve ... 4
5. Alminneleg løyve ved einskildhøve ... 5
6. Ambulerande skjenkeløyve ... 6
7. Tildeling av salsløyve ... 6
8. Kontroll med sals- og skjenkestader ... 7
9. Sals- og skjenkegebyr ... 7
Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova ... 8
Oversikt over prikktildeling etter kapittel 10: ... 9

# 1. Formål løyvepolitikken

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Det er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals - og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider og tilgjenge til alkohol. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

# 2. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:

1. Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016
2. Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.

Utover reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, og delegeringsreglementet i kommunen.

## 2.1 Delegering

Reglement for politiske organ skal reviderast 1. valår. Inntil gjennomgang av reglementet foreslår ein at driftssytet handsamar saker etter alkohollova.

Etter "*Delegeringsreglementet om delegering frå kommunestyret til rådmannen*" (vedteke i kommunestyret den 28.08.2014 sak PS 108/14), punkt 5.14 Alkohollova har rådmannen delegert slikt mynde:

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)

– Tiltak etter ruspolitisk handlingsplan og vedtak om sanksjonar ved brot på alkohollova. 5.15

Sakshandsamarane i samarbeidskommunane skal ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte og samordne ulike problemstillingar i høve sakshandsaming av saker etter alkohollova m/forskrift.

# 3. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk

| | |
|---|---|
| Alkoholfri drikk | Under 0,7 % |
| Alkoholsvak drikk | 0,7%- 2,5 % |
| Gruppe 1 | Over 2,5 % - høgast 4,7% |
| Gruppe 2 | Over 4,7 % - høgast 22 % |
| Gruppe 3 | Over 22 % - høgast 60 % |

# 4. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Kommunen ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Kommunen tildeler løyve etter lov- og planverk.

## 4.1 Konsept

Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- Mosjon- og idrettsarenaer
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Grendehus
- Campingsplassar
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar

Berre restaurantar med eige kjøkken som er ope fram til ein time før serveringsstaden stenger, kan få alminneleg løyve for alkoholgruppe 3 (alkohol inntil 60 vol. %)

Det skal førast ei restriktiv line til nye konsept.

### 4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

Normal skjenketid:

- **varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- **varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).
- Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.
  Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.

### 4.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve. Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om skjenkeløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen.

Desse er:

- Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.

## 5. Alminneleg løyve ved einskildhøve

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- Campingsplassar
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.

- Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.
- Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept

### 5.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf 4.2), men løyve for varegruppe 3 vert kun gitt til arrangement retta imot matservering.

### 5.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement, løyve til bruk av bygg/areal og tryggleik.

## 6. Ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit slutta/privat krins av personar som samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Arrangementet er ikkje ope for andre. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, der det vert omsett alkohol.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup, åremål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar kun leiger ut lokala til arrangementet.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, jf. 4.2.

## 7. Tildeling av salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare- butikkar og gjeld varegruppe 1.

### 7.1. Salstider

| | |
|---|---|
| Kvardagar | kl 09.00 og kl 20.00 |
| Laurdag og dagar før heilagdagar | kl 09.00 og kl 18.00 |

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

### 7.2 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve. Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om salsløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen.

Desse er:

- Salstadane skal delta på første mulige kurs i ansvarleg sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.

# 8. Kontroll med sals- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.
Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7.

Kontrollplan skjenkestadane:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid.
- Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.
- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

Kontrollplan salsstadane:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

### 8.1 Reaksjonar på brot på alkohollova

Det er kome nasjonale retningsliner for brot på alkohollova som vert nytta ved brot. jf vedlegg "Reaksjonar ved brot på alkohollova".

# 9. Sals- og skjenkegebyr

Sal- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildarrangement vert sett til kr. 1000,-.

Gebyr for ambulerande løyve vert sett etter gjeldande sats i alkoholforskrifta.

## Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Reglane om prikktildeling og inndraging er nasjonale føringar nedfelt i alkohollova § 1-8 og forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. jamfør §§ 10-2 til 10-6. Desse gjeld der det er gjennomført kontroll i samsvar med kapittel 9 i forskrifta, eller det er motteke rapport frå andre mynde og avdekt at løyvehavar ikkje har oppfylt reglane i alkohollova, reglar i medhald av alkohollova, alkohollova sitt føremål, eller vilkår for løyvet.

Dersom løyvehavar vert tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal løyvet dragast inn i eit tidsrom på 1 veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande jamfør alkoholforskrifta § 10-2. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging begynner ny periode på overdragingstidspunktet. Likearta brot avdekt ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot. Tidspunktet for regelbrotet skal leggast til grunn for utrekning av toårsperioden.

Det er opning for å bruke skjønn jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 10-4.

Tildeling av prikkar skal førehandsvarslast etter forvaltningslova § 16. Inndraging av løyve skal også førehandsvarslast etter forvaltningslova § 16. Det er klagerett på vedtak om tildeling av prikkar jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 10-5 og 10-6.

Kommunen bør setje i verk vedtak om inndraging innan fire veker etter vedtaksdato jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 10-6.

## Oversikt over prikktildeling etter kapittel 10:

| Prikkar | Regelbrot |
|---|---|
| 8 | Sal og skjenking til mindreårige |
| | Brot på bistandsplikta |
| | Brot på kravet om forsvarleg drift |
| | Hindring av kontroll |
| 4 | Sal og skjenking til openbart påvirka person, eller skjenking på ein måte som ein må anta at personen vert openbart påvirka |
| | Brot på på reglane om sals- og skjenketid |
| | Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til person på 18 og 19 år |
| | Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk |
| 2 | Openbart påvirka person i lokalet |
| | Manglar ved løyvehavar sin internkontroll |
| | Manglande levering av omsetningsoppgåve innan frist sett av kommunen |
| | Manglande betaling av gebyr innan fris sett av kommunen |
| | Brot på krav om styrar og stadfortredar |
| | Gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestad |
| | Gjentatt diskriminering |
| 1 | Brot på reglane om alkoholfrie alternativ |
| | Brot på reglane om skjenkemengd |
| | Konsum av medbrakt alkohol |
| | Gjestar tek med alkohol ut av skjenkearealet |
| | Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad |
| | Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m. |
| | Brot på reklameforbodet |
| | Andre brot som er omfatta av alkohollova jf. § 10-3 i forskrifta |

Det Grøne Treet
Café — Restaurant

VOLDA KOMMUNE
Sak: 2016/346 Avd: Svk
Løpenr. Sbh: Beneng
13 MAI 2016
Arkivdel: Emne 2
Klassering P: 144
Klassering S:

**Det Grøne Treet AS**
Cafe – Restaurant
Halkjelsgt 8 B, 6100 Volda
Postboks 154
6100 Volda Norway
Tlf 70 07 88 16
Org nr. 940 334 217

Kommunestyret Volda Kommune
Volda Kommune
6100 Volda

**Kommentarer til rusmiddelpolitisk handlingsplan – løyvedelen 2016-2020**

Referanse: Høringsutkast til rusmiddel politisk handlingsplan 2016-2020 – pkt. 4.2

Det Grøne Treet AS har vært en del av sentrumsbildet i Volda siden skipningsmøte 1. august 1986, og opparbeidet seg status som en institusjon i sentrumsbildet i Volda. Uteplassen som er etablert på utsiden av lokalet er og har vært en del av det totale konseptet for driften av Det Grøne Treet. Lokalet til Det Grøne Treet AS er lite og intimt med plass til ca 100 gjester. Uteplassen bidrar ikke til at man kan ta inn flere gjester, men åpner for en mer oversiktlig og bedre spredning av gjestene over et større areal og er en viktig del av atmosfæren.

Det Grøne Treet ligger fint til i nedre del av sentrum skjermet og utenfor sjenanse for den bebodde bebyggelsen av Volda, samtidig som det er med å sette preget på og å skape et levende sentrum. For det Grøne Treet og Volda sentrum er det viktig at man får anledning til å opprettholde konseptet slik det i dag foreligger. Selv om uteplassen ligger i sentrum, ligger den slik til at den ikke er til sjenanse og støy for naboer.

I Volda har Det Grøne Treet også en spesiell plass i sentrumsbildet for turister, lokalbefolkning, dagens studenter og tidligere studenter som vender tilbakefor å besøke Volda. Det Grøne Treet er ikke bare enn serveringsplass, men en samlingsplass i sentrumsbildet som har vært der i 30 år.

Det Grøne Treet har utviklet seg til å bli et kultur konsept der også lokale musikere får vist seg fram. I forbindelse med musikk i det intime lokalet veksler gjestene mellom å være ute å snakke og inne å høre musikk. Uteplassen er en viktig del av dette helhetlige konseptet, og en del av lokalet som nyttes.

Det Grøne Treet AS ber Volda kommunestyre vurdere å stryke følgende punkt i rusmiddelpolitisk handlingsplan – løyvedelen 2016 -2020 – " Pkt 4.2. vedrørende skjenketider " *Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar* " Subsidiært at man endrer det til " *For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde* ***og*** *på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs."*

- Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.

## 5. Alminneleg løyve ved einskildhøve

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Løyve til reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement

Høyringsutkast

- Løyve når det er arrangement for unge under 18 år
- Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknade konsept

### 5.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf 4.2), men løyve for varegruppe 3 vert kun gitt til arrangement retta imot matservering.

### 5.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement, løyve til bruk av bygg/areal og tryggleik.

## 6. Ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit slutta/privat krins av personar som samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Arrangementet er ikkje ope for andre. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, der det vert omsett alkohol.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup, åremål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar kun leiger ut lokala til arrangementet.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, jf. 4.2.

## 7. Tildeling av salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare- butikkar og gjeld varegruppe 1.

### 7.1. Salstider

| | |
|---|---|
| Kvardagar | kl 09.00 og kl 20.00 |
| Laurdag og dagar før heilagdagar | kl 09.00 og kl 18.00 |

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

### 7.2 Vilkår salsløyve

Høyringsutkast

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve. Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om salsløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen.

Desse er:

- Salstadane skal delta på første mulige kurs i ansvarleg sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.

# 8. Kontroll med sals- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.
Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7.

Kontrollplan skjenkestadane:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid.
- Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.
- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

Kontrollplan salsstadane:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

## <u>8.1 Reaksjonar på brot på alkohollova</u>

Det er kome nasjonale retningsliner for brot på alkohollova som vert nytta ved brot. jf vedlegg "Reaksjonar ved brot på alkohollova".

# 9. Sals- og skjenkegebyr

Sal- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildarrangement vert sett til kr. 1000,-.

Gebyr for ambulerande løyve vert sett etter gjeldande sats i alkoholforskrifta.

Høyringsutkast

# Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Reglane om prikktildeling og inndragning er nasjonale føringar nedfelt i alkohollova § 1-8 og forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. jamfør §§ 10-2 til 10-6. Desse gjeld der det er gjennomført kontroll i samsvar med kapittel 9 i forskrifta, eller det er motteke rapport frå andre mynde og avdekt at løyvehavar ikkje har oppfylt reglane i alkohollova, reglar i medhald av alkohollova, alkohollova sitt føremål, eller vilkår for løyvet.

Dersom løyvehavar vert tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal løyvet dragast inn i eit tidsrom på 1 veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande jamfør alkoholforskrifta § 10-2. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging begynner ny periode på overdragingstidspunktet. Likearta brot avdekt ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot. Tidspunktet for regelbrotet skal leggast til grunn for utrekning av toårsperioden.

Det er opning for å bruke skjønn jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 10-4.

Tildeling av prikkar skal førehandsvarslast etter forvaltningslova § 16. Inndraging av løyve skal også førehandsvarslast etter forvaltningslova § 16. Det er klagerett på vedtak om tildeling av prikkar jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 10-5 og 10-6.

Kommunen bør setje i verk vedtak om inndraging innan fire veker etter vedtaksdato jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 10-6.

Høyring

## Oversikt over prikktildeling etter kapittel 10:

| Prikkar | Regelbrot |
|---|---|
| 8 | Sal og skjenking til mindreårige |
| | Brot på bistandsplikta |
| | Brot på kravet om forsvarleg drift |
| | Hindring av kontroll |
| 4 | Sal og skjenking til openbart påvirka person, eller skjenking på ein måte som ein må anta at personen vert openbart påvirka |
| | Brot på på reglane om sals- og skjenketid |
| | Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til person på 18 og 19 år |
| | Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk |
| 2 | Openbart påvirka person i lokalet |
| | Manglar ved løyvehavar sin internkontroll |
| | Manglande levering av omsetningsoppgåve innan frist sett av kommunen |
| | Manglande betaling av gebyr innan fris sett av kommunen |
| | Brot på krav om styrar og stadfortredar |
| | Gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestad |
| | Gjentatt diskriminering |
| 1 | Brot på reglane om alkoholfrie alternativ |
| | Brot på reglane om skjenkemengd |
| | Konsum av medbrakt alkohol |
| | Gjestar tek med alkohol ut av skjenkearealet |
| | Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad |
| | Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m. |
| | Brot på reklameforbodet |
| | Andre brot som er omfatta av alkohollova jf. § 10-3 i forskrifta |

Høyringsutkast

## Bente Engeseth

**Fra:** Rebecca Riise Bjerknes
**Sendt:** 1. juni 2016 10:29
**Til:** Bente Kristin Krøvel; Bente Engeseth
**Emne:** VS: Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vanylven 2013-16
**Vedlegg:** Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013-2016.pdf; Tiltaksplan - oppfylgjing.pdf

Hei

Har fått dette innspelet etter fristen for høyringssvar. Kan du skrive ut sjølve mailen til alle i driftstyret Bente Kristin? Ettersom at eg har fått den som leiar av driftstyret, tenkjer eg at det er rett at dei andre også får den.

Så får du også det Bente, slik at du veit om det.

Rebecca

---

**Fra:** Erling Ulvestad [mailto:erling.ulvestad@eiksenteret.com]
**Sendt:** 27. mai 2016 16:37
**Til:** Rebecca Riise Bjerknes
**Emne:** VS: Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vanylven 2013-16

**Fra:** Erling Ulvestad
**Sendt:** 27. mai 2016 11:59
**Til:** 'rebecca.bjernes@orsta.kommune.no' <rebecca.bjernes@orsta.kommune.no>
**Emne:** VS: Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vanylven 2013-16

Til Driftsstyret v/Rebecca Bjerknes

Hei sender planen frå Vanylven. Slik eg forsto Kvangarsnes vart der berre endringar på skjenketidspunkta for å gjere det likt med nabokommuner. Der står ingenting i planen om aldersgrense ved dans der det vert selt øl/vin
Det me ser på Lauvstad etter at når dei under 18 ikkje får sleppe inn på dans når det vert selt alkohol, er att dei misser relasjonane til bygda, og når dei vert 18 år fer dei andre plassar når dei skal ut. Ungdommane på Lauvstad føler dette dobbelt urettferdig. Fordi: når det er dans på Lauvstad med øl/vinsalg er det 18års grense. Når det er dans på Rovdestranda eller andre stadar i Vanylven med øl/vinsalg er det 15års grense. Dette sjølv om det ikkje er avgrensa området det vert selt øl/vin på. Me er ikkje fleire folk på bygdene en at me må samlast alle når det er eit arrangement, og øl/vinsalg er eit so stort økonomisk bidrag til arrangementet at det er komt for å bli. Me opplever elles att det er mykje roligare på dansane etter at det vart øl/vinservering, dette på grunn av att ingen har med seg noko på lomma. Det er vel også slik at om ein vaksen vert overstadig rusa og skjemmer seg ut , då er det den vaksne som har eit problem og ikkje dei unge som slepp inn på dansen.

**Med helsing**
Erling Ulvestad
Daglig Leder
Eik Senteret Ørsta
Anders Hovden gate 16
6151 Ørsta

Mobil 95452053
E-post erling.ulvestad@eiksenteret.com

**Fra:** Kåre Kvangarsnes [mailto:kare.kvangarsnes@vanylven.kommune.no]
**Sendt:** 27. mai 2016 09:30
**Til:** Erling Ulvestad <erling.ulvestad@eiksenteret.com>
**Emne:** Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vanylven 2013-16

Hei

Viser til samtale. Oversender planen; jfr. vedlegg

Med helsing

**Kåre Kvangarsnes**
Vanylven kommune

VANYLVEN

Tlf 700 30000 | Dir 700 30037 | Mob 95729242

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2016/476 |
| | | Arkivkode: | X20 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| | Beredskapsrådet | |
| 103/16 | Formannskapet | 07.06.2016 |
| 79/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## KOMMUNEN SIN KRISEBEREDSKAP -PLANVERK MM

**Handsaming:**
Sakshandsamar Asbjørn Moltudal, var til stades under handsaminga av saka.

Rådmannen kom med slikt tillegg til tilrådinga frå administrasjonen:

*Ordføraren får mynde til å gjere kurante oppdateringar/endringar i kommunen sine overordna planar for beredskap/kriseleiing.*

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:**
***Kommunestyret godkjenner kommunens overordna planar for beredskap/kriseleiing slik dei følgjer av vedlegga 1-4 i denne saka.***

***Ordføraren får mynde til å gjere kurante oppdateringar/endringar i kommunen sine overordna planar for beredskap/kriseleiing.***

**Administrasjonen si tilråding:**
**Kommunestyret godkjenner kommunens overordna planar for beredskap/kriseleiing slik dei følgjer av vedlegga 1-4 i denne saka.**

**Vedleggsliste:**

1. Reglement for kommunen sitt beredskapsarbeid
2. Beredskapsplan/plan for kriseleiinga i Volda kommune
3. Overordna ROS-analyse
4. Kvalitetssystem for beredskapsarbeidet

**Uprenta saksvedlegg:**

1. http://www.volda.kommune.no/tenester/individ-og-samfunn/beredskap-og-tryggleik/
2. http://www.volda.kommune.no/nyhende/beredskap-i-hove-varsla-uver.aspx
3. http://www.volda.kommune.no/tenester/bustad-og-eigedom/tekniske-tenester/brannvern-og-eksplosjonsvern/beredskapsavdeling.aspx
4. http://www.volda.kommune.no/nyhende/volda-kommune-etablerer-loysing-for-innbyggjarvarsling.27814.aspx
5. http://www.volda.kommune.no/nyhende/sms-varsling-nar-fv-40-i-dalsfjorden-vert-stengt.27363.aspx

**Samandrag av saka:**
Kommunestyret vert rådd til å godkjenne forslag til overordna planverk for kommunen sitt beredskapsarbeid.

**Saksopplysningar:**
Kommunene har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Denne rolla er tydeleggjort gjennom kommunal beredskapsplikt, slik denne kjem fram m.a. i "sivilbeskyttelsesloven". Beredskapsplikta pålegg kommunen å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap, og understrekar samtidig kommunens viktige rolle som samordnar og pådrivar i dette arbeidet.

Grunnlaget for et godt arbeid med samfunnssikkerhet i kommunen, er kunnskap om risiko og sårbarhet. Utarbeiding av heilskapleg ROS (Risiko Og Sårbarhetsanalyse) skal gi ei slik oversikt. Analysen skal videre danne grunnlaget for kommunen sitt målretta arbeid for å redusere risiko og sårbarheit - gjennom forebyggjande arbeid, styrka beredskap og berre evne til krisehandtering. Krav til kommunal beredskapsplikt erstatter ikkje, men utfyller beredskapspliktene gitt i annet regelverk.

Kommunestyret har tidlegare gjort vedtak om "Reglement for kommunen sitt beredskapsarbeid". I dette reglementet går det fram at det er kommunestyret som skal trekkje opp hovudlinene for arbeidet med dei beredskapsoppgåvene som kommunen har ansvaret for, og at formannskapet skal føre tilsyn med, og samordnar, beredskapsarbeidet i kommunen. Det går vidare fram at kommunestyret oppnemner eit beredskapsråd, som i fredstid skal vere kommunen sitt samarbeids- og rådgjevande organ i beredskapsspørsmål.

Kommunen si kriseleiing er følgjande:

- Ordførar (leiar)
- Varaordførar
- Rådmann
- Kommuneoverlege

- Teknisk sjef
- Helse - og omsorgssjef
- Beredskapskonsulent
- Brannsjef
- Lensmann
- IKT-sjef

Sist det vart gjort endringar i dette reglementet var i 1998. Etter som samfunntilhøva endrar seg, ikkje minst organisatorisk, er det no grunn til å gjere endringar i nemnde reglement. Kriseleiinga har drøfta dette, og gjer framlegg overfor beredskapsråd/formannskap/ kommunestyre om at reglementet vert endra slik det går fram av *vedlegg 1.*

Fylkesmannen hadde tilsyn med kommunens beredskapsarbeid i 2013, og i ettertid har kriseleiinga arbeidd med å revidere beredskapsplan/plan for kriseleiinga, utarbeide overordna ROS-analyse og kvalitetssystem/årshjul for beredskapsarbeidet.

Kriseleiinga legg no fram for beredskapsrådet/formannskapet/kommunestyret nemnde planar til godkjenning, jfr. *vedlegga 2- 4.*

Det er også etablert eit system for SMS-varsling av befolkninga, sjå *uprenta vedlegg 4*. Dette i eit samarbeid med kommunalteknisk sektor, som nyttar dette systemet for varsling av t,d, vassavbrot. Enn vidare har Statens Vegvesen innført SMS- varsling for stenging av Fv 40, jfr. *uprenta vedlegg 5.*

**Vurdering og konklusjon:**
Beredskapsarbeid er ein kontinuerlig prosess, og trass i gode kriseplanar er kriseleiing mange gongar ein kunst i improvisasjon. Men like viktig som at kommunen har eit godt planverk og ressursar til nytte for felleskapet er det at den enkelte tek ansvar for seg og sitt. Samla står ein sterkare når uføresette ting skulle skje.

Rådmannen rår til at beredskapsråd/formannskap/kommunestyre godkjenner kommunens overordna planar for beredskap/kriseleiing slik dei følgjer av vedlegga i denne saka.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Går fram av ROS-analysen, jfr. *vedlegg 3.*

**Økonomiske konsekvensar:**
Er omtalt i punkt 3 i Kriseplan/plan for kommunen, jfr, *vedlegg 2*

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Eit godt planverk er grunnlaget for god beredskap

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Adminstrasjonen

**15.1.15**

**Kriseleiinga sitt forslag til endra**

**REGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNE SITT BEREDSKAPSARBEID**

**Vedteke av Volda kommunestyre i møte 25.10.90, sak 151/90.**
**Endra i møte 28.04.94, K-sak 71/94. Endra i møte 30.04.98, sak 68/98 og ……………..**

---

**§ 1 FOLKEVALDE ORGAN SINE OPPGÅVER.**
Kommunestyret trekkjer opp hovudlinene for arbeidet med dei beredskapsoppgåvene som kommunen har ansvaret for.
Formannskapet fører tilsyn med og samordnar beredskapsarbeidet i kommunen.

**§ 2 BEREDSKAPSRÅD/KRISELEIING.**
Kommunestyret oppnemner eit beredskapsråd som i fredstid skal vere kommunen sitt samarbeids- og rådgjevande organ i beredskapsspørsmål. Beredskapsrådet har slik samansetjing:

- Ordførar (leiar)
- Varaordførar
- Rådmann
- Kommuneoverlege
- Teknisk sjef
- Helse - og omsorgssjef
- Beredskapskonsulent
- Brannsjef
- Lensmann
- IKT-sjef
- Leiar for beredskapssekretariatet
- Leiar kriseomsorgsgruppa
- Økonomisjef
- Oppvekstsjef
- Landbrukssjef
- HV-områdesjef
- Leiar for sivilforsvaret
- Tussa Kraft AS v/beredskapskoordinator
- Leiar ambulansetenesta
- Kontaktperson Vegvesenet
- Soknepresten
- NAV-leiar
- Representant frå Volda Røde Kors

Dei 10 første utgjer kommunen si **Kriseleiing**. Kriseleiinga har det operative ansvaret etter vedteken "Beredskapsplan/Plan for Kriseleiing i Volda kommune".

Beredskapsrådet skal ha møte minst 1 gong årleg. Beredskapskonsulenten er ansvarleg for innkalling og for å føre møtebok.

Når rådet handsamar sivilforsvarssaker skal det utvidast med ein representant frå dei tenestepliktige i Sivilforsvaret.

Andre kan verte innkalla til møte i rådet når det trengst.  På same måte kan ein kalle inn berre delar av rådet dersom det er berre spesielle saker som skal handsamast.

**§ 3 RÅDMANNEN SINE OPPGÅVER.**
Rådmannen eller den han gjev fullmakt, er dagleg leiar for beredskapsarbeidet i kommunen. Rådmannen er ansvarleg for at:

- beredskapsarbeidet vert føremålstenleg samordna,
- beredskapsmessige omsyn vert tekne med ved planlegginga i kommunen,
- beredskapsplanane i kommunen vert ajourførte,
- planlagde førebuingar av beredskapstiltak i fred vert gjennomførde,
- beredskapsrådet, som rådgjevande organ, vert kalla inn til årleg møte.

Rådmannen eller den han gir fullmakt, er og ansvarleg for beredskapsjournalen og for handsaming og arkivering av graderte dokument.
Han er ansvarleg for tryggleiksklarering av personell og at skjema for teieplikt vert underteikna.

**§ 4 FULLMAKTER VED BEREDSKAP OG KRIG.**
Kommunale organ utøver avgjerdsmynde i samsvar med kommunelova  og andre særlover når slik fullmakt er gjeve med heimel i lov og forskrift.

**§ 5 ØKONOMI.**
Planlagde tiltak som fører med seg kostnader ut over den einskilde sektoren sitt budsjett, må drøftast med kommuneleiinga før iverksetjing.

# Beredskapsplan/plan for Kriseleiinga i Volda kommune

VERSJON: Desember 2015,rev mars-16

**Innhaldsliste:**

1. Plan for kriseleiing
2. Den kommunale Kriseleiinga
3. Fullmakt og budsjett
4. Oversikt over Kriselleiinga i Volda kommune
5. Kriseleiinga sine oppgåver
6. Etablering og lokalisering
7. Ansvarsdeling mot politi/lensmann og fylkesmann
8. Ansvar i nedtrappingsfase/etterarbeid
9. Fordelingsliste
10. Det overordna planverk

Vedlegg:

1. Varslingsliste
2. Ressursoversikt
3. Evakueringsplan/befolkningsvarsling
4. Plan for krisekommunikasjon
5. Oversikt over sektorane/einingane sine beredskapsplanar

## 1. **Plan for kriseleiing**:

Kommunen må vere budd på å handtere uønska hendingar, og har med utgangspunkt i risiko- og sårbarheitsanalysen utarbeidd ein overordna beredskapsplan. Kommunens overordna beredskapsplan skal samordne og integrere andre beredskapsplanar i kommunen. Den skal også vere samordna med andre relevante offentlige og private krise- og beredskapsplanar.

Beredskapsplanen har følgjande innhald:

a) ein plan for kommunen si kriseleiing som gir opplysningar om kven som kommunens kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, og kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal settast (*dette dokumentet*)

b) ei varslingsliste over aktørar som har ei rolle i kommunen si krisehandtering. Kommunen skal informere alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa (*vedlegg 1.)*

c) Ei ressursoversikt med opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har til rådvelde og kva ressursar som er tilgjengelige hjå andre aktørar ved uønska hendingar (*vedlegg 2.)*

d) evakueringsplanar og plan for befolkningsvarsling basert på den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) *(vedlegg 3).*

e) plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette *(vedlegg 4)*

Kommunen har som målsetting å oppdatere kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel i høve ROS, beredskapsplanar, tekniske planar og forventa endra klima.

## 2. **Den kommunale Kriseleiinga:**

Det skal i utgangspunktet vere organisasjonen si ordinære leiing som også fungerer som kriseleiing. I ei krise må det ikkje herske tvil om kven som er leiaren. Det vil seie at kan krisa handterast utan at det vert **sett stab** (dvs. at den overordna kriseleiinga må tre i funksjon), er det verksemda si ordinære leiing som leiar krisearbeidet, evt. med dei ekstra ressursar som vert stilt til rådvelde.

Ved ei omfattande ulykke eller katastrofe kan ordførar/rådmann bestemme at Kriseleiinga skal tre i funksjon. Den kommunale Kriseleiinga har ein overordna funksjon, og Kriseleiinga skal ikkje delta på skadestaden. I akuttfasen vil det normalt vere LRS (**L**okal**R**ednings**S**entral leia av Politiet) eller overbefal i brann- og redningstenesta eller som har ansvaret.

Kriseleiinga er:

- Ordførar (leiar)
- Rådmann
- Teknisk sjef
- Brannsjef
- Helse – og omsorgssjef
- Kommuneoverlege
- Beredskapskonsulent
- Lensmann (eller den han utpeikar)
- IKT-leiar

Ordføraren er leiar av Kriseleiinga, og utfører vervet i nært samarbeid med rådmannen. Om ordføraren ikkje er til stades, går varaordføraren inn i denne rolla, med same ansvar som ordføraren. Om verken ordførar eller varaordførar kan tiltre kriseleiinga, kan andre representantar frå formannskapet eller kommunestyret kallast inn (for oversikt/varslingsliste Kriseleiinga sjå punkt 4).

## 3. Fullmakt og budsjett:

### Fullmakter:

Kriseleiinga vert tilpassa ulike krisesituasjonar. Det er naudsynt med delegert mynde og vide fullmakter for at krisestaben kan utføre sitt arbeid på best mogleg måte.

I ein akuttsituasjon, der det ikkje er tid til å kalle saman formannskap eller kommunestyre, har kriseleiinga v/ordførar ved kommunestyrevedtak den 30.04.98, sak 67/98, fått fullmakt til å nytte **inntil kr 2.000.000,-** for å avverje eller avgrense skade.

Kriseleiinga har mynde til å gjere vedtak i saker der det er akutt fare for skade på liv og helse, eller store materielle verdiar gjer dette naudsynt utan at sak må gå til kommunestyret eller formannskap. Alle slike vedtak skal leggjast fram for kommunestyret i etterkant til orientering.

### Økonomisk ansvar:

Kommunen vil normalt stå økonomisk ansvarleg for utgifter i tilknyting til katastrofeinnsats for dei tiltak den sjølv har tatt initiativ til. Om desse er betydelege, er det mogleg i ettertid å søkje staten om delvis dekking av desse.

Kommunen er, i samsvar med ”Direktiv for redningstjenesten”, pliktig til vederlagsfritt å stille ressursar til disposisjon for den offentlege redningstenesta om dei ber om dette. Normalt vil vi på førespurnad kunne få naudsynt støtte frå andre offentlege organ vederlagsfritt i ein krisesituasjon.

Dei tingingar og rekvisisjonar som skjer gjennom politiet t.d. LRS (lokal redningssentral) og sivilforsvaret, står dei sjølv ansvarlege for. Det kan vere hensiktsmessig å vurdere om ansvaret for oppgåvene ligg hjå politiet og avklare kven som har det økonomiske ansvaret før ein gjennomfører enkeltaksjonar

### Andre beredskapskostnader:

Utgifter ut frå gjeldande situasjon:

- Leige av maskintenester og anna utstyr
- samarbeidsavtaler med frivillige organisasjonar til drift av diverse krise- og beredskapstiltak som senter for evakuerte og pårørande, senter for hjelpemannskap, pressesenter m.m.

**Avgjerder etter OVBO:**

Alle innsatsplanar bør starte med kva som er målet for innsatsen. Målet vert formulert etter at vurderingar er gjort. Eit eksempel på mål er "Brannen skal ikkje spreie seg til andre bygg"

| | |
|---|---|
| **O**<br><br>**OBSERVERE** | • Få oversikt over situasjonen<br>• Hente inn nødvendig informasjon |
| **V**<br><br>**VURDERE** | • Få klare retningsliner for handtering, m.a. tryggleik for innsatspersonell<br>• Berekne behov for personell og materiell |
| **B**<br><br>**BESTEMME** | • Etablere kontakt med dei andre funksjonane, innsatsleiar på staden m.m.<br>• Etablere nødvendig intern organisering<br>• Etablere nødvendige ressursar for handtering av hendinga<br>• Til ei kvar tid kunne gi orientering om situasjonen<br>• Etablere nødvendig kommunikasjon/ samband |
| **O**<br><br>**ORDRE** | • Vere bindeledd til eigen operativ leiar på innsatsstaden<br>• Leie og informere sektorleiarar, gi informasjon til innsatspersonell og utforme operative ordre for å ivareta innsatsplanen<br>• Utforme nødvendige direktiv for hendinga |

**Momentlister til vurdering i ein krisesituasjon**:

| **Oppgåver:** | **Moment:** |
|---|---|
| Situasjonsvurdering | Kva har skjedd, kvar, når, kven er råka? Iverksetting av strakstiltak. Kva er omfanget? Vurder mulig utvikling/skadepotensial. Få oversikt over situasjonen. Eigen representant på staden (med samband) |
| Varsling/innkalling | Internt:<br><br>Innkalling av aktuelle ressursar/ nøkkelpersonell<br><br>Eksternt:<br><br>Ambulanse, brannvesen, politi |
| Vurdering og avgjerd om tiltak | Akutte behov (redning, evakuering, sikring /avsperring). Ivaretaking av personell. Interne ressursar. Behov for eksterne ressursar – t.d. helseteneste/krisepsykiatrisk hjelp. Prioriteringar. Hovudfokus |

| | |
|---|---|
| Administrativ og operativ leiing | Kontinuerlig vurdering av situasjonen. Kontakt med kriseleiing. Kontakt med operative einingar. Ivaretaking av pårørande. Intern informasjon. Så snart leiinga har skaffa seg oversikt over situasjonen bør det sendast ut melding til alle tilsette med orientering og tildeling av ansvar. Mediekontakt/ ekstern informasjon vert teke i vare av ordførar og intern informasjon vert teke i vare av rådmann. |
| Normalisering og etterarbeid | Debrief med alle involverte. Ettervern. Starte normal drift. Oppsummering av årsaker og kva skjedde. Evaluering og dokumentasjon av beredskapsarbeidet (rapport). Kva vart gjort riktig og fungerte bra? Kva må forbetrast? Kva var vanskeleg? Forslag til førebyggande tiltak og beredskap. Forslag til oppdatering av dokumentasjon |

## 4. Oversikt over Kriseleiinga i Volda kommune:

| **Stilling** | **Namn** | **Adresse** | **Mobiltlf/ fasttlf.** |
|---|---|---|---|
| Ordførar | **AMDAM, Jørgen** | Smalebakken 10, 6103 Volda | 954 63 942 |
| Varaordførar | **SORTEHAUG, Fride** | Askevegen 1 D, 6102 Volda | 905 50 914 |
| Rådmann | **SJURGARD, Rune** | Sandvegen 6 B 6153 Ørsta | 90 05 37 52 |
| Beredskaps-konsulent | **MOLTUDAL, Asbjørn** | Engesetgeila 13, 6102 Volda | 97 51 52 25 |
| Teknisk sjef | **TOTLAND, Rune** | Skogvegen 41, 6150 Ørsta | 99 46 50 02 |
| Brannsjef<br>Vakthavande brannbefal | **HELTNE, Roy Inge** | Vikebygdvegen 67, 6104 Volda | 97 14 96 58<br>91 15 21 10 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helse – og omsorgssjef | **TOMASGARD, Jorunn A** | Kirkhornsbakkane 86<br>6763 Hornindal | 90 23 33 13 |
| Lensmann i Volda | **HAGEN, Guttorm**<br>**guttorm.hagen@politiet.no** | 6150 Ørsta | 92 82 28 81<br>70118700 |
| Kommuneoverlege | **GOTTEBERG,Arne** | Fransvegen 21<br>6104 Volda | 41 66 01 24 |
| IKT | **Knut Sverre Nes**<br>**Øyvind Semb** | Solsida 50, 6110 Austefjord<br>Driveklepp 31, 6104 Volda | 913 49 711<br>950 65 492 |

Kriseleiinga kan ved behov og ut frå situasjonen peike ut andre til å gå inn i Kriseleiinga.

## 5. Kriseleiinga sine oppgåver:

- Skaffe informasjon om situasjonen i kommunen Jfr. OVBO framanfor
- Gjere vedtak om tiltak for å hindre/redusere skade på personar, miljø og materielle verdiar, vurdere evakuering i høve fare for snøras (jfr. delplan: Plan for rasstengde vegar)
- Prioritere ressursar frå kommunen si side
- Halde kontakt med LRS, eventuelt leiinga på skadestaden, dersom ikkje LRS er etablert.
- Utarbeide og sende ut informasjon til innbyggjarane og media

  **NB: Dersom LRS er etablert, skal all informasjon om sjølve skaden gå ut derifrå!**
- Gi rapport om situasjonen i kommunen til fylkesmannen.

**Instansar kriseleiinga skal etablere kontakt med:**

- Lokal redningssentral (LRS tlf. 02800 = Politiet sin operasjonssentral = 70118700)
- Fylkesmannen sitt beredskapskontor (tlf. 71258443)

## 6. Etablering og lokalisering:

* Kriseleiinga etablerer seg i **formannskapssalen** i rådhuset (møterom A) (ved **straumbrot ,** eller fare for straumbrot skal Kriseleiinga etablere seg i Omsorgssenteret, som har aggregat.

* Beredskapssekretariatet etablerer seg i servicekontoret.

* **Samband:**

Møterommet har ei fasttelefonlinje. Kriseleiinga disponerer mobiltelefonar.

Dersom telesambandet (fasttelefon/mobiltelefon) ikkje fungerer, har Kriseleiinga til disposisjon satellitt-telefonar. Ein kan også improvisere ved hjelp av radiosamband, jfr ressursoversikta (*vedlegg 2*).

* **Utstyr:**

Naudsynte kart kan hentast fram via GIS-line innsyn og /eller www.sunnmorskart.no. Kart i målstokk 1:50000 på papir er tilgjengeleg på servicekontoret.

Beredskapskonsulenten syter for skjema for loggføring, evt. direkte loggføring i CIM, og andre beredskapsplanar m m.

* **Ansvar:**

Beredskapskonsulenten er ansvarleg for organiseringa.

**Relokalisering av kriseleiing:**

Om noko gjer at Kriseleiinga ikkje kan nytte ressursane ved Rådhuset som planlagd tidlegare i denne planen, vert dei relokalisert til alternative lokale ved Volda Omsorgssenter, som har eige aggregat. (NB; må avklarast med Jorunn Anne kva lokale som kan nyttast).

## 7. Ansvarsdeling mot politi/ lensmann og fylkesmann:

Politiet (LRS) har generelt ansvar for å leie (leiing betyr også informasjonsansvar):

- Redningsaksjonar der det er fare for tap av menneskeliv, fare for skade på menneske med tap av store verdiar.
- Saker der det er gjort straffbare handlingar, eller det er mistanke om dette.

Kommunal leiing må vere forsiktig med å kommentere hendingar som vil bli etterforska for straffbare handlingar, også om forhold som ikkje direkte vedkjem etterforskinga. Dersom tvil: kontakt LRS.

LRS kan i samråd med kommunen overdra deler av ansvaret for krisehandteringa til den kommunale Kriseleiinga.

Kommunen vil normalt ha ansvaret for kriseleiing for hendingar som strekkjer seg over lengre tid og der fare for menneskeliv er lav, eksempelvis ekstreme vêrtilhøve

## 8. Ansvar i nedtrappingsfase/etterarbeid:

- Naudsynt etterbehandling av innsatspersonell og eventuelt pårørande i ein kort nedtrappingsfase, med vekt på debriefing, omsorg og normalisering.
- Eventuelle behov for seinare behandling/ vidare behandling vert teke over av primærhelsetenesta og kommunen si bedriftshelseteneste.

- Bestilling av vidare oppfølging/ skissering av behov for oppfølging vert gjort av Kriseleiinga og kontakt vert etablert med dei som tek over oppfølgingsansvar frå Kriseleiinga.
- Det er ikkje nok å opplyse kvar personar som har vorte råka av krise kan vende seg for å få hjelp. Kriseleiinga skal leggje til rette for ein overføringsfase i form av eit direkte møte mellom dei som er råka og dei som skal overta, der det skal gjerast klart at kommunen si Kriseleiing no går ut av oppfølginga og profesjonelle tek over. Dei som tek over , informerer om sitt tilbod og gjer seg tilgjengeleg for første kontakt med den einskilde. Etter dette møtet har Kriseleiinga avslutta sitt ansvar for oppfølging.
- Kriseleiinga gjer vedtak og loggfører dette i CIM når krisa er over, og kommunen går tilbake til vanlig drift
- Evaluering (av hendinga og gjennomføring av kriseleiinga). Skal loggførast i CIM.

## 9. Fordelingsliste plan for Kriseleiing: (oppdatert plan ligg i Kvalitetslosen)

- Ordførar
- Varaordførar
- Rådmann
- Ass.rådmann
- Oppvekstsjef
- Helse -og omsorgsjef
- Leiar Informasjon, kultur og service
- Teknisk sjef
- Utviklingssjef
- Kommuneoverlege
- IKT-leiar
- Leiande helsesøster
- Leiar av kriseomsorgsgruppa
- Lensmann
- Brannsjef
- Leiar ambulansetenesta
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## 10. Det overordna planverk:

Kommunen har no **ein** overordna kriseplan: ”Plan for kriseleiing i Volda kommune”.

**Andre beredskapsplanar i kommunen (sektornivå/einingsniv) som inngår i heilskapleg beredskapsplan for Volda kommune:**

Volda kommune er organisert med tonivåmodell. Ansvaret for beredskapsplanlegging er lagt på begge nivå (rådmann og sektorleiarar). Medan rådmannen har ansvar for den overordna planlegging som kjem til uttrykk i "Plan for kriseleiing i Volda kommune", skal alle sektorar og driftseiningar ha eigne planar av mindre format som fokuserer på beredskap i dagleg drift. Nokre av desse planane vil vere reine fagplanar. Eksempel på det er ”Plan for vassforsyning” innafor teknisk sektor og ”Smittevernplan” i helse- og omsorgssektor.

Fleire sektorar/einingar har innanfor sine fagområde krav om eigne beredskapsplanane. M.a. har skulane krav i opplæringsforskrifta om forsvarlig planlegging av skuledrifta. Helse -og omsorgsavdelinga er omfatta av krava i Lov om helsemessig- og sosial beredskap, medan eingane for teknisk sektor og utviklingsavdelinga vil vere omfatta av krava til beredskapsmessige omsyn i plan- og bygningslova osv.

Dei fleste beredskapsplanar i einingane er driftsrelaterte og fokuserer på førebygging av uønska hendingar i tenesta, og avgrensing av skade når uhellet skjer. "Kvardagslige" uønska hendingar vil einingane ofte greie å handtere sjølve. Terskelen for å varsle uønska hending til kriseleiinga skal likevel vere svært låg.

Varsling til Kriseleiinga skal skje når det er behov for praktisk hjelp frå Kriseleiinga, men også når det berre oppstår behov innafor informasjonsberedskap. Det skal svært lite til/det vert oppmoda om å varsle utan å ta omsyn til at hendinga er "for liten". Dette for å sikre at sektorane/eingane ikkje vert ståande aleine med en situasjon som den overordna Kriseleiinga kan og bør ha ansvar for.

Sektorane/einingane skal ha ROS-analyser for uønska hendingar i si verksemd. Einingane skal ha tiltakskort som er gjort kjent for dei tilsette, og som forklarer korleis hendinga skal handterast.

Sektorane/eininga skal ha fokus på førebyggande tiltak, m.a. i form av opplæring/orientering i personalmøte og rutiner for utøving av tenesta.

Volda, den 1.12.15/2.2.16

| | |
|---|---|
| Jørgen Amdam | Rune Sjurgard |
| ordførar | rådmann |

**Vedlegg:**

1. **Varslingsliste**
2. **Ressursoversikt**
3. **Evakueringsplan/befolkningsvarsling**
4. **Plan for krisekommunikasjon**
5. **Oversikt over sektorane/einingane sine beredskapsplanar**

## VEDLEGG 1:

## Varslingsliste utover kriseleiinga:

a) Varslingsliste for *Beredskapssekretariatet:*

| Stilling | Namn | Adresse | Mobiltlf |
|---|---|---|---|
| Leiar | **Johnsen, Inger Johanne** | Dalsfjorvegen 556<br>6133 Lauvstd | 95 90 10 61 |
| Nestleiar og leiar for Informasjonsseksjon | **Engeseth, Bente** | Røysmyrvegen 17<br>6103 Volda | 93 28 80 32 |
| Administrasjons-seksjonen | **Mo, Anne Margrete** | Mosgeila 13<br>6154 Ørsta | 91 57 19 71 |
| Informasjons-seksjonen | **Vatnehol, Oddny** | Bregnevegen 4,<br>6103 Volda | 975 48 572 |
| Evakueringsleiar | **Rindal, Kjell Magne** | Lægdavegen 23,<br>6100 Volda | 91 38 59 52 |
| Forsyningsseksjonen | **Kvalen, Nina** | Bøgardsv. 5,<br>6104 Volda | 91 36 47 87 |
| Samband og ekspedisjon | **Haavik, Sonja** | Krikebøvegen 21<br>6104 Volda | 92 88 93 26 |
| Samband og ekspedisjon | **Myklebust, Berit** | Holmen 3C,<br>6100 Volda | 99 44 89 01 |
| Samband og ekspedisjon | **Lande, May-Lisbet** | Porsemyrv. 25,<br>6103 Volda | 95 20 84 42 |

Varslingsliste nøkkelpersonell (utover Kriseleiinga og Beredskapssekretariatet):

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oppvekstsjef | **Kongsvik, Per Ivar** | Engesetgeila 21,<br>6102 Volda | 90 53 67 57 |
| Fagkonsulent | **Lene Nupen** | Rotsetgeila 6<br>6100 Volda | 91 51 69 08 |
| Rådgjvar | **Aasebø, Asbjørn** | Dalsfjordvegen 3763, 6120 Folkestad | 99 09 19 46 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Barnevernsjef | **Solvang, Brynhild** | Øvrelidvegen 1,<br>6102 Volda | 46 87 90 19 |

## b) KRISEOMSORGSGRUPPA I VOLDA KOMMUNE:

| Tenestestad | Hovudmedlem | Tlf. arbeid | Tlf. privat | Vara | Tlf..arbeid | Tlf. privat |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Helsestasjonen | Toril Høydal | 70058820 | 91769920 | Anne Skrede | 70058820 | 99107835 |
| Psykisk helseteneste | Gunnhild Kolås<br>Leiar | 48897584<br>70054053 | 97505741 | | | |
| Legetenesta | Astrid Kipperberg | 70058900 | 93849789 | Bergliot R Langva | 70058900 | 92680225 |
| Politi | Even Haavik | 70118700<br>90627182 | | Guttorm Hagen | 70118700<br>92822881 | |
| Den Norske Kyrkja | Kjell Roger Isene | 48893706 | 48142685 | Ingeborg Matre | 48894197 | 94806965 |

Kriseomsorgsgruppa i Volda kommune er ei støtte- og omsorgsgruppe ved kriser/ulukker, tragiske dødsfall og melding om forsvinningar av ein karakter som er større enn det som ordinær tenesteapparat kan ta seg av i det daglige.

**Målet med gruppa er å kunne sette inn rett ressurs på rett stad til rett tid.**

Kriseleiinga i Volda kommune v/ordførar gjev i samarbeid med politiet fullmakt til å aktivere Kriseomsorgsgruppa. I samarbeid med leiar i gruppa vert alle eller enkeltmedlemar i gruppa kalla inn etter behov.

Gruppa vurderer etter kvart kva andre instansar som bør kontaktast/konsulterast, og som kan fungere som eit nettverk for dei råka.

Kriseomsorgsgruppa skal vere til støtte og hjelp i den akutte situasjonen og koordinere hjelpa til dei som er råka, fram til det ordinære hjelpeapparatet i kommunen kan ta over den vidare oppfølging

### c) Varslingsliste for ikkje-kommunalt nøkkelpersonell i/utanfor kommunen:

| **Etat<br>Stilling** | **Namn** | **Adresse** | **Tlf arbeid** | **Mobiltlf** |
|---|---|---|---|---|
| **Mørenett as:**<br>(Straumforsyning) | | Langemyra 6<br>6150 Ørsta | 70 05 01 00 | |
| Driftssentral | Døgnbemanna, Ålesund | | 70 17 55 04 | |
| Adm.dir. | Rune Kiperberg | Gamletunvegen 14,<br>6102 Volda | 70 04 62 00 | 91 18 57 86 |
| Beredskaps-<br>koordinator | Peter W. Kirkebø | peter.kirkebo@<br>mørenett.no | 70 04 62 00 | 90 88 80 28 |
| Tussa Kraft AS<br>(Kraftverk og damanlegg) | Driftssentral, sjå Mørenett AS | Langemyra 6<br>6150 Ørsta | 70 04 62 00 | |

**Heimevern:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ørsta og Volda HV-område 11211 | | | | |
| Områdesjef<br>NK/stedfortredar: | Jørgen Saure<br>Jonny Bjørdal | Reset 1<br>6105 Volda<br>Oklavegen 11,<br>6155 Ørsta | | 97568601<br>91518473 |

**Interkommunalt utval for akutt forureining (IUA):**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining (IUA Sunnmøre) | | Postboks 861,<br>Sentrum,<br>6001 Ålesund | 70 16 32 00 | Fax:<br>70 11 62 00 |
| Leiar | Geir Thorsen | Øvre Strandgate 38A<br>6005 Ålesund | 70 16 32 00 | 90 54 82 89 |

**Lokal redningssentral (LRS):**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sunnmøre politidistrikt | Nedre Strandgt. 50<br>6001 Ålesund<br>41 56 26 28 | 02800<br>70 11 87 00 | 95 05 30 60 |

**Politiet**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lensmannen i Volda | Torvmyrane 11 B<br>6150 Ørsta | 02800<br>70 11 87 00 | |

**Mattilsynet:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Mattilsynet, avd. kontor Søre Sunnmøre** | | Dragsund<br>6080 Gurskøy | 70 08 17 20 | |
| Distr.sjef | Foldal, Anne Stine | Åmdal<br>6150 Ørsta | 70 08 17 24<br>70 06 32 27 | 94 78 42 38<br>95 94 25 95 |

**Sivilforsvaret:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt** | | Enenvegen 2 a<br>6416 Molde | 71 20 65 80 | |
| Volda/Ørsta fredsinnsatsgruppe (FIG) | | Strandgata 21,<br>6150 Ørsta | 70 06 64 71 | |
| FIG-leiar | Olsen, Lars Andre | Krikebøv. 11,Volda | 70 16 12 90 | 90 60 92 46 |

**Telenor:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kundesørvis<br>Driftssenter (døgnope) | Fornebu | 05000 | |

## d) Varslingsliste for friviljuge organisasjonar i kommunen:

| Organisasjon<br>Stilling | Namn | Adresse | Tlf arbeid | Privat |
|---|---|---|---|---|
| **Volda Røde Kors** | | **Postboks 162<br>6101 Volda** | **70 07 69 49<br>(RK-huset)** | |
| Leiar | Høidal, Audun | Lindevegen 17,<br>6103 Volda | | 45 02 58 02 |
| Beredskapsutvalet | Eldholm, Tormod | Rognelida 3<br>6102 Volda | | 92 01 54 36 |
| **Volda Røde Kors Hjelpekorps**<br>Varsling: 8800 8875 el. M&R rkh. 8800 1120<br>Satellitt-tlf (Iridium) 008816 – 3185 4318 | | Gamle Engesetv. 7<br>6102 Volda | 70 07 69 49<br>(RK-huset) | |
| Leiar | Eldholm, Tormod | Rognelida 3<br>6102 Volda | | 92 01 54 36 |
| Skredgruppa:<br>Tormod Eldholm, Volda<br>92 01 54 36<br>Ronny Ferøy, Ørsta<br>97 56 18 20 | Alarm via HRS,<br>alt. 8800 8875 | Gruppa har 2 satellitt-tlf: | Satellitt-tlf Volda:<br>008816<br>31854318 | Satellitt-tlf Ørsta<br>00816<br>31854163 |
| Besøkstenesta VRK | Svanhild Sporstøl | Koldå 14<br>6103 Volda | | 99 10 18 45 |
| **Bygderadio Vest A/S** | | 6100 Volda | 70 07 85 00 | |
| Leiar | Andås, Gunnar | Nylenda 22<br>6104 Volda | 70 07 85 11 | 91 35 57 82 |

### e) Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Fylkesmennene har ikkje 24-timars vaktberedskap. Beredskapsvarsel til Fylkesmannen i Møre og Romsdal bør gå som epost til **fmmrberedskap@fylkesmannen.no**.

| Nr | Stilling | Namn | Kontortelefon | Mobiltelefon |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Fylkesberedskapssjef | Stine Sætre | 71 25 84 85 | 95 22 44 19 |
| 2 | Rådgjevar | Renate Frøyen | 71 25 84 15 | 47 60 59 47 |
| 4 | Rådgjevar | Atle Morsund | 71 25 84 84 | 40 84 37 72 |
| 5 | Direktør | Helge Mogstad | 71 25 84 44 | 92 64 22 80 |
| 6 | Fylkesmann | Lodve Solholm | 71 25 84 41 | 41 51 55 24 |
| 7 | Ass. fylkesmann | Rigmor Brøste | 71 25 84 14 | 92 65 94 01 |

**Andre viktige telefonnummer og adresser:**

Sentralbord: ............................................................................ 71 25 84 40 / 71 25 80 00
Telefaks: ................................................................................... 71 25 85 10
Postmottak: ........................................................................... fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
Satellittelefon: ...................................................................... +88 16 41 41 40 94

**(Merk: satellittelefonen blir berre teken i bruk når anna telefonsamband er brote.)**

Telefonar som ikkje hastar, skal i kontortida (yrkedagar 0800 – 1530) gå til sentralbord eller direkte til aktuell person. Bruk denne varslingslista dersom du i samanheng med krise- og beredskapssituasjonar har behov for å kome i kontakt med fylkesmannsembetet utanfor kontortida. Epostmeldingar som ikkje hastar, skal sendast til fylkesmannen sitt postmottak. Om det ikkje er bråhast gjeld dette også for meldingar som gjeld krise- og beredskapssituasjonar. Varslingsadressa **fmmrberedskap@fylkesmannen.no** skal berre brukast når det er viktig at meldinga straks (i løpet av få minutt) blir motteken av ansvarleg person.

# VEDLEGG 2:

# RESSURSOVERSIKT:

## 1. SAMBAND:

### a) Satellitt-telefonar:

Volda kommune har 3 stk.  satellitt- telefonar

Til bruk ved kriser av ymse slag.

1 stk. til bruk for kriseleiinga på rådhuset nr.

**+88 1623442256**

2 stk. til utlån ved behov som har nr.

**+881623442257**

**+881623442258**

Desse vert lagra på beredskskapskonsulenten sitt kontor, og ligg i svarte boksar med ladar og veske.

Dei må ladast før bruk, det tek ein time å lade dei opp.

Ved bruk må antenna alltid dragast ut og stå rett opp, det gir best signal. Ekstern antenne kan også koplast til.

Dei fungerar berre ute i det fri, ikkje nær tre og andre hinder.

**BRUK  ALTID  0047  FRAMOM  TELEFON  NR.  I  NORGE**

**VIKTIG.**

**Det er ikkje mulig å ringe naudnummera 110, 112 og 113 med satellitt - telefonar.**

**NAUDETATANE KAN NÅAST MED SATELLITT – TELEFON PÅ DESSE NR.**

**113 = AMK. SUNNMØRE TELEFON NR. 0047  70 15 44 60**

**110 = BRANNMELDING   TELEFON NR. 0047  70 12 77 40**

**112 = POLITIET VAKT     TELEFON NR. 0047  70 11 8 700**

**Satellitt-telefon politiet :** ' 00881621419261/ 00881621419247

**Sjukehuset** har to satellitt-telefonar: Mottak/LV-sentral: +881641453086

Nattlegevakta: +881622469862

**Ørsta Kommune**

+88 16 23 44 22 68. til bruk for kriseleiinga

+88 16 23 44 22 66 til utlån

+88 16 23 44 22 67 til utlån

+88 16 22 46 99 24 Ørsta brann og redning

## Vanylven kommune:

00881623442271

00881623442272

**Hornindal kommune:**

+881622461049

**Eid kommune:**

+88 1622476661 (kriseleiinga)

+88 1622476671 (Brannsjef)

**b) Oversikt over radiosamband innan kommunen:**

Nødnettet har god dekning i heile kommunen. Begrensa dekning utanfor områda der det bur folk. For nærare info sjå http://www.dinkom.no/

Dei enkelte brannformennene ved branndepota i kommunen kan kontaktast for å sende meldingar til og frå 110 -sentralen og/eller vakthavande brannbefal

Nødnettet vert brukt til kommunikasjon mellom dei ulike nødetatane og deira respektive sentralar.

Kommunikasjon med dei maritime kanalane må fortsatt gå i VHF sambandet. Brannvernet har to slike radio. Kommunalteknisk avdeling 5.

**Mobiltelefonar:**
Som reserve kan mobiltelefonane nyttast:

- brannvakt 91 15 21 10

- Teknisk vakt 90 17 80 08

**c) Andre radiosamband:**

**Bruk av Heimevernet sitt radiosamband:**

Dersom det blir aktuelt å kontakte heimevernet for at kommunen skal kunne nytte deira radiosamband, varslar kommunen områdesjef Oddbjørn Aam

Han varslar, i samsvar med eigen varslingsplan, sitt personell som skal til for å etablere radiostasjon i nærleiken av beredskapssekretariatet på rådhuset.

**Tussa Kraft AS:**
Ein kan nytte seg VHF-nett til Tussa - Ørsta - Vaktsentralen.

**Radioamatørane sitt samband:**

For å få ut meldingar kan kommunen ev. også utnytte samband hjå radioamatørar.

Kommunen har registrert at følgjande driv som radioamatørar:

- Norleif Bjørneseth, Øggardsvegen 4, 6102 Volda

- Tore Aarflot, Haslevegen 17, 6102 Volda

- Arne Eliassen, Lisjenakkvegen, 6103 Volda

- Øystein Sørheim, Morkavegen 52, 6105 Volda

VHF samband på røde kors kanalar og redningskanalar. Evt. kan repeater settast opp for lengre rekkevidde. Legevaktsentralen har også samband som kan nyttast.

Sivilforsvaret

VHF-samband på sivilforsvarskanalar og redningskanalar. FIG Ørsta/Volda har ein mobil repeater for sivilforsarskanal.

**d) Anna:**

**Nærradioar:**

Også nærradioar kan nyttast for å få ut meldingar.

Følgjande nærradioar er registrert i kommunen:

Bygderadio Vest A/S

Nærradio ved HVO - berre deler av året

**Volda Røde Kors Hjelpekorps:**

Har VHF som går på eigne kanalar og redningskanal. Faste repeatere med 2 døgns batteribackup dekkjer store deler av Volda, Ørsta og Vanylven. I tillegg kan små mobile repeatere med batteri plasserast ut for å dekke ”svarte” område ved behov. VHF-nettet er kopla til telefon/mobilnettet sli at ein kan ringe til/frå VHF-apparat.

## 2. OVERSIKT OVER LANDINGSPLASSAR FOR HELIKOPTER

| | |
|---|---|
| Yksnøya: | Dyrka mark |
| Berknes/Lid | Dyrka mark nord for Berkneset |
| Mork/Ekset: | Dyrka mark |
| Sentrum: | Sjukehuset<br>Stadion |
| Vikebygda: | Parkeringsplass på Volda Skisenter |
| Hjartåbygda: | Skuleplassen v/Hjartå skule |
| Fyrde: | Idrettsplassen (Vollane) |
| Austefjorddalen: | Dyrka mark |
| Høydalen: | Dyrka mark ved elveosen |
| Straumshamn: | "Brautabugen" på sydsida av Botnavika |
| Bjørkedal: | Skuleplassen |
| Folkestad: | Idrettsplassen i Myrane |
| | Skuleplassen ved ungdomsskulen |
| Dalsbygda: | Asfaltert plass ved Brødrene Dale A/S |
| | "Øyra" – mellom Dalebergane og Dale |
| Indre Dalsfjord: | Dyrka mark |
| Dravlausbygda: | Skuleplassen |
| Innselset/Aksnes: | Aksneshaugen |
| Ulvestad: | Ulvestad: Skuleplassen |
| Velsvik: | Fyllinga ved Velsvik kai ("Laberget") tilhøyrande Robert Welsvik, |

Generelt i alle bygdene på dyrka mark der det høver best

**3. Maritime ressursar:**

**Norled AS:**

B/F Folkestad, 90 bilar, 295 passasjerar telefon 91 68 11 50

B/F Ørland, 50 bilar telefon 91 68 11 52

Reserve: B/F Frafjord, 34 bilar telefon 91 55 36 41

**Lokalt stasjonerte farty**

Leiar i Volda Småbåtlag: Inge Oddvar Innerdal tlf. 90 85 88 85

## 4. FRIVILJUGE ORGANISASJONAR

### Volda Røde Kors Hjelpekorps:

* v/ korpsleiar Tormod Eldholm ....................... tlf. 92 01 54 36 el. 88 00 88 75

Korpset har ca 70 aktive medlemer og i tillegg 20 beredskapsvakt

### Grendeutvala i Volda kommune:

| Navn | Leiar | Adresse | Postnr | Poststad | e-postadresse |
|---|---|---|---|---|---|
| Austefjord grendautval | Maria Sundal | | 6110 | Austefjorden | maria.sundal@hotmail.com |
| Mork Grendautval | Jan Norvald Jønsson | | | | jan-norvald.jonsson@gjensidige.no |
| Engeset/Klepp/Nordalen Grendautval | Odd Paulen | Ekornveien 3 | 6102 | Volda | odd.paulen@gmail.com |
| Volda Sentrum Grendautval | Idar Knutsen | Kyrkjegt. 5 | 6100 | Volda | til@idar.no |
| Rotset Grendautval | Dag Nyheim | Rotsetgeila 29 | 6100 | Volda | Rotsetgrendautval@gmail.com |
| Røyslid/Heltne Grendalag | Toril Mortensen | Legdavn. 24 | 6100 | Volda | torill.mortensen@hivolda.no |
| Heltne/Bratteberg Grendalag | Nina Ulvøy | | 6101 | Volda | |
| Vikebygda Grendautval | Siw Rotevatn Vikene | Botnavegen 20 | 6104 | Volda | grendautval@vikebygda.no |
| Hjartåbygda Grendautval | Tonje Berg Bakkebø | Reitane 29 | 6106 | Volda | bakkebo@tussa.com |
| Kalvatn Grendautval | Anders Bueide | Bueidevegen 123 | 6110 | Austefjorden | **buedigre@tussa.com** |
| Høydal Grendautval | Gunnar Høydal | Dalevegen 158 | 6110 | Austefjorden | hoydal.vel@gmail.com |
| Kilsfjord Grendalag | Lilli Brenne Røv | Stigedalsvegen 730 | 6120 | Folkestad | lilli.rov@globalskolen.no |
| Bjørkedal Grendautval | Lars Kåre Kile | Nørdalsvegen 74 | 6120 | Folkestad | killar4806@gmail.com |
| Folkestad Grendautval | Jon Arild Kvamme Sollid | Dalsfjordvegen 4260 | 6120 | Folkestad | jks@hivolda.no |
| Dalsbygd Grendalag | Tove Nilsen Løset | Dalsbygdvegen 106 | 6120 | Folkestad | toveloset@hotmail.com |
| Indre Dalsfjord Grendautval | Per L. Steinsvik | Steinsvik | 6120 | Folkestad | **perlsteinsvik@hotmail.com** |
| Dravlaus og Innselset Grendalag | Jorunn Beate Lillebø Lande | | 6133 | Lauvstad | jobe_lilleboe@hotmail.com |
| Lauvstad og Velsvik Grendautval | Solgunn Sæterås | | 6133 | Lauvstad | sseteras@gmail.com |
| Lid Grendalag | Øystein Bjerknes | Sersjantv.12 | 6105 | Volda | elbirkos@hotmail.com |

### Norske Kvinners Sanitetsforening

**Volda sanitetslag*

Leiar:

Jorunn Kalland, Kapteinsvegen 9, 6100 Volda Tlf. 70 07 84 52 Mobil: 90 64 45 83

** Mork sanitetslag*

Leiar Åshild Yttredal Liaskar, Liaskar, 6100 Volda Tlf. 70 07 60 68 Mobil: 95 22 14 17

** Vikebygda sanitetslag*

Leiar: Anna Mjånes, Vikebygda, 6100 Volda Tlf. 70 07 72 04 Mobil: 90 93 48 93

** Hjartåbygda sanitetslag*

Leiar: Ingrun Aud Humberset, Hjartåbygda, 6100 Volda Tlf. 70 05 60 23 Mobil: 48 19 88 62

** Austefjord sanitetslag*

Leiar: Tordis Skare, 6110 Austefjorden, Tlf. 70 05 00 11 Mobil: 91 59 91 3

** Høydal sanitetslag*

Leiar: Anne Ryslett, Høydal, 6110 Austefjorden, Tlf. 70 05 60 60 Mobil: 91 34 1248

**Nasjonalforeningen for folkehelsen**

** Folkestadbygd Helselag*

Leiar: Mona Skålerud, 6120 Folkestad, Tlf. 70 07 30 71 Mobil: 40 61 88 82

** Dalsbygda Helselag*

Leiar: Kirsten Lillenes, 6120 Folkestad, Tlf. 70 05 30 08 Mobil: 48 26 81 30

** Indre Dalsfjord Helselag*

Leiar: Kjellrun Selbervik, Åmelfot, 6120 Folkestad, Tlf. 70 05 30 20 Mobil: 97 51 67 41

** Lauvstad Helselag*

Leiar: Turid Espenakk, 6133 Lauvstad, Tlf. 70 05 50 28 Mobil: 41 51 86 14

**Møre og Romsdal bygdekvinnelag**

** Austefjord bygdekvinnelag*

Leiar: Elin Kalvatn, 6110 Austefjorden, Tlf. 70 05 01 58 Mobil: 90 66 53 58

# VEDLEGG 3:

## a) EVAKUERING OG MOTTAK/INNKVARTERING AV EVAKUERTE

| | |
|---|---|
| **Hending** | Rasfare, flaum, ekstreme vêrtilhøve, brann, radioaktivt nedfall, kjemikalieulykke eller andre hendingar gjer det naudsynt å evakuere menneskje - og kanskje dyr - frå avgrensa område innan kommunen. |
| **Konsekvensar** | Dei evakuerte må skaffast innkvartering, forpleining og anna støtte. |
| **Førebuingar** | Vedlikehalde beredskapen, kriseplanar, varslingslister m m.<br><br>Evakueringsleiinga og dei ansvarlege for innkvartering må gjere seg kjent med planverket. Registreringsstad kan vere på servicekontor eller kulturhus. Hovudpunkt skal så meldast inn til 112 - Fellesoperativ eining i politdistriktet |
| **Tiltak** | **Ansvar for evakuering:**<br><br>- ansvarleg leiar for evakuering vil normalt vere **politi/lensmann**.<br><br>I tilfelle der brannsjefen kjem først til skadestaden, er han skadestadsleiar inntil politi/lensmann kjem<br><br>- mannskap til evakuering blir kalla inn frå sivilforsvaret og Røde Kors.<br><br>I alvorlege akuttsituasjonar vil skadestadsleiaren kunne nytte ressurspersonar blant dei som skal evakuerast.<br><br>- i samband med snøras, sjå delplan: snøras.<br><br>**Evakueringssleiinga må:**<br><br>- skaffe oversikt over evakueringsområdet (kven bur kvar m m)<br><br>- informere dei som skal evakuerast om kva dei skal ta med seg m m<br><br>- skaffe eigna transport<br><br>- syte for at eit mottaksapparat tar seg av innkvartering, forpleining m m<br><br>- samle personar i eigna lokale når innkvartering ikkje kan skje direkte<br><br>- registrere kven som er innkvartert kvar, kven flyttar på eiga hand m m<br><br>- kontrollere at evakueringsområdet er tomt og setje ut vaktmannskap<br><br>- hjelpe til med å behandle fysisk og psykisk skadde personar<br><br>- samarbeide med lokal redningssentral (LRS)/skadestadsleiar<br><br>- varsle kommunen si omsorgsberedskapsgruppe. |

| | |
|---|---|
| | - gi informasjon til dei evakuerte, andre innbyggjarar, presse m.m.<br><br>**NB. Kriseleiinga i kommunen må varslast så tidleg som råd!** |

### b) Befolkningsvarsling

Kommunen har avtale med Fram Web AS om å nytte deira kartbasert system, www.varsling24.no , for varsling av befolkninga, via telefonoppringing og SMS. Systemet vil bli brukt for å varsle/ informere innbyggarane ved situasjonar der liv og helse, bygningar m.m. kan vere i fare ved brann, flom, ras, eksplosjon m.m.

I tillegg vil ein kunne varsle om endringar/problem med leveranse av lovpålagte kommunale tenester/infrastruktur slik som på vatn/ avløp, vegar m.m..

Det vert i denne samanheng også vist til det behov for befolkningsvarsling og evakuering som er omtalt i dei enkelte kapittel den overordna ROS-analysen.

Ved behov kan også tradisjonelle virkemiddel kunne takast i bruk: Aviser, radio (nrk/bygderadioen), kommunen si heimesida, sosiale media (facebook), bodstikke og høgtalarbil(ar) som køyrer rundt med varsel.

**C) Sjølvhjelp og nabohjelp- Grendeutvala som ressurs:**

Kvar og ein må vere budde på at uønska hendingar vil kunne skje. Det er viktig at vi alle tek ansvar og gjer naudsynte tiltak for å førebygge brann, flaum etc i og rundt eigen (og andre sin) bustad/eigedom.

Dei mange Grendeutvala vi har i kommunen er ein uvurderleg ressurs for Kriseleiinga og naudetatane dersom uønska hendingar likevel skulle skje. Aktuelle tiltak grendeutvala kan hjelpe til med er m.a. (leiaren må vere koordinator):

- Kjentmenn: vise veg, ”ta i eit tak”.
- Kvar fins slokkevatn
- Materielloversikt i krinsen: traktor, motorsag, tankvogn, båt m m
- Forsyningsoversikt: drivstoff, mat, kle osv.
- Improvisere transport
- ”Der der er hjarterom er der husrom” : treng naboen hjelp??

## VEDLEGG 4:

## INFORMASJON (INTERNT OG EKSTERNT) /ETABLERING AV PRESSE- OG PUBLIKUMSTENESTE

| | |
|---|---|
| **Hending** | Uønska hending har skjedd - eller kan kome til å skje. |
| **Konsekvensar** | Det blir naudsynt med informasjonstiltak internt og eksternt, og etablering av publikumstelefonar. |
| **Tiltak** | **Ansvar for informasjon:**<br>- **leiaren for informasjonsseksjonen** i Beredskapssekretariatet er ansvarleg for etablering av kommunen si informasjonsteneste<br>- Ordføraren, eller den Kriseleiinga peikar ut, er pressekontakt.<br>- informasjonsseksjonen i beredskapssekretariatet er ansvarleg for intern informasjon<br>**Presseteneste:**<br>**www.mre.no, www.morenytt.no , www.smp.no**<br>Etablere senter for mediepersonell i Samfunnshuset, nyesalen.<br>**Publikumstenesta:**<br>Etablere senter for publikumstelefonar i kontor i 1.etasje i rådhuset (i samband med felleskontor/serviktr.).<br>**NB. Telefonnummer for kommunen sine publikumstelefonar må snarast kunngjerast over NRK, lokal-TV og nærradio(ar).**<br>**Aktiv bruk av kommunen sin heimeside på internett: www.volda.kommune.no og sosiale medium som Facebook og Twitter for rask informasjon til publikum.**<br>Informasjon til publikum som ikkje har norsk som morsmål:<br>For å bestille tolk kan ein ringe Tolkenett på tlf **22 99 32 99**, eller gå inn på heimesidene www.tolkenett.no .<br>Opplys om kommune, avdeling og kven som er kontaktperson (e-postadresse og telefonnummer). |

VEDLEGG 5:

**Beredskapsplanar sektorane/avdelingane:**

(her skal følgje ei fullstendig oversikt over dei planar sektorane og underliggande avdelingar/seksjonar har/må utarbeide/revidere…

# Volda kommune

# ROS-analyse

Ei heilskapleg ROS-analyse er ei systematisk kartlegging og vurdering av uønska hendingar som kan inntreffe, og risiko desse kan utløyse.

Planavdelinga v/student Britt Unni Skogly

2015

# INNHALD:

Omgrep nytta i teksten...............................

1. INNLEIING

Korleis kommunen vil bruke analysen ........
Samandrag .................................................
Metodebruk ...............................................

2. NATURRISIKO

Skredfare ...................................................
Flaumområde ............................................
Stormflod ...................................................
Skog- og lyngbrann ....................................
Vindutsette område ...................................
Radon........................................................
Grunnforhold .............................................

3. VERKSEMDRISIKO

Verksemder med fare for brann eller eksplosjon .
Verksemd med fare for kjemikalieutslepp
Transport av farleg gods ...........................
Forureining frå landbruk ..........................
Forureina grunn .......................................
Forureining knytt til oppdrett...................
Fysisk øydelegging av kritisk infrastruktur ..
Trafikkfare ...............................................
Trafikk på sjø.................................................
Elektromagnetiske felt .............................
Dambrot ..................................................
Terror .....................................................

4. SÅRBARE OBJEKT

Offentlege bygg ......................................
Vegnettet ................................................
Informasjons- og kommunikasjons installasjonar .................
El-forsyning .............................................
Drikkevassforsyning .................................
Avløpsinstallasjonar .................................
Natur ......................................................
Kulturminne og kulturmiljø .......................
Skogbruk ................................................

5. BEREDSKAPSTILTAK

riseleiinga .............
Katastrofar/stor ulukke ............................
Pandemi/smittevern ................................
Utrykkingstid ..........................................
Sløkkevasskapasitet .................................
Flaumvern ..............................................
Behov for befolkningsvarsling /evakuering

6. PLANLEGGING FOR EIT ENDRA KLIMA

Konsekvensar av auka nedbør .................
Ekstremvær .............................................
Havnivåstigning .......................................
Gradvis endringar av klima ......................

Kjelder ..................................................
Personar som er intervjua ......................

## Omgrep nytta i teksten

ROS= Risiko- og sårbarheitsanalyse
DSB= Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap
GIS= Geografiske informasjonssystemer
NVE= Norges vassdrags- og energidirektorat
NTV= Norges televisjon AS
NGU= Norges geologiske undersøkelser
§13 objekt= Objekt der brann kan føre til tap av mange mennskeliv, det er stor brannfare, fare for stor brann, for store samfunnsmessige konsekvensar ved brann, viktige kulturhistoriske bygg eller anlegg, t.d. institusjonar, skular, forsamlingslokale, tunnelar, butikksenter.
BEL= lov om vern mot brann, ekslosjon og ulukker med farleg stoff og om brannvernet sine arbeidsoppgåver.
LPG= Liquefied Petroleum Gas – Våtgass
SEFRAK-objekt= Register over bygningar eldre enn år 1900.




*PBL § 28—1*
*Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak. For grunn som ikke er tilstrekkelig sikker, skal kommunen om nødvendig nedlegge forbud mot opprettelse eller endring av eiendom eller oppføring av byggverk, eller stille særlige krav til byggegrunn, bebyggelse og uteareal.*
*Departementet kan gi nærmere forskrifter om sikkerhetsnivå og krav til undersøkelser, sikringstiltak for person eller eiendom, dokumentasjon av tiltaket og særskilte sikringstiltak.*

# 1. INNLEIING

Eit mål i kommunal planlegging er samfunnstryggleik. Å ivareta trygge omgjevnadar i lokalsamfunnet er viktig. Når kommunen planlegg for framtida, er det naudsynt å ha kjennskap til ulike risikofaktorar og sårbare objekt i lokalsamfunnet. Ei heilskapleg ROS-analyse er ei systematisk kartlegging og vurdering av uønska hendingar som kan inntreffe, og risiko desse kan utløyse. Kartlegginga skal gi eit grunnlag for avgjersle også når ein skal ta stilling til framtidig arealbruk. Ei slik kartlegging er med på å redusere risiko og førebygge ulukker. ROS-analysen skal difor ligge til grunn for, og vere integrert i overordna kommuneplanar. Heilskapleg ROS-analyse er også utgangspunkt for kommunen sin overordna beredskapsplan, som er samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar. ROS-analysen skal reviderast ved neste kommuneplanrevisjon. Arbeidet er heimla i sivilbeskyttelseslova og plan- og bygningslova. Forskrift om kommunal beredskapsplikt gir føringar for arbeidet.

## Korleis kommunen planlegg å bruke analysen

Den heilskaplege ROS-analysen skal ligge til grunn for kommuneplanar, beredskapsplanar, kriseplanar, reguleringsplanar og byggjesaker. Ein ser føre seg at ein skal nytte seg av ROS-analysen ved utarbeiding av arealplanar og reguleringsplanar som overordna dokument.

I ROS-analysen har ein kartlagd og kommentert med ein tekstdel ulike risikoar og sårbare objekt slik at det vert enklare å finne fram til desse ved kommuneplanarbeid. Ein har prøvd å gjere ROS-analysen så brukarvenleg som mogleg, slik at ein kan nytte seg av analysen aktivt i kommuneplanarbeidet. I samband med byggjesaker og reguleringsplanar, skal det utarbeidast eigne detaljerte ROS-analyser som syner den faktiske faren.

Den heilskaplege ROS- analysen fungerer som eit overordna dokument for krise- og beredskapsplanar, og skal gi føringar for planlegging og utvikling av slike planar.

Neste steg i arbeidet med den heilskaplege ROS-analysen vert utarbeiding av beredskapsplanar på fleire område innan brann/redning, stor ulukke, forureining, krisesituasjonar og vern av sårbare objekt. Det vil vere naturleg at dei ulike seksjonane i kommunen utfører beredskapsplanar og detalj-ROS innanfor sitt fagfelt.

Kommunen har lagt vekt på å ha ein god beredskap for innbyggarane. Men det er viktig å peike på at også den enkelte har eit stort ansvar for eigen tryggleik og ikkje kan vente at det er kommunen som skal løyse alle hendingar som måtte oppstå. Ein legg til grunn at kvar enkelt har ansvar for tilstrekkeleg tryggleik i eigen bustad, t.d. brannslokkingsutstyr og nok røykvarslarar.

## Samandrag

ROS-analysen tek føre seg sentrale risikomoment og sårbare objekt i kommunen, beredskapstiltak, og kva kommunal planlegging bør ta omsyn til i høve endringar i klima. For fleire av temaene er det gjort ei vurdering av risiko, der ein konkluderer med at risikoen er høg, tilstades eller låg.
Tema der ein har konkludert med høg risiko gjeld ras, flaum og stormflod, forureining og trafikkulykker. Store delar av kommunen er klassifisert som rasutsett. I dei aktuelle områda kan ein konkludere med at risikoen er høg for ras. Flaum og stormflod er kategorisert som høg risiko i kommunen, områda langs elvane og sjølina er særlege risikoområde. Forureining både i grunnforhold, frå landbruk og oppdrett blir klassifisert som relativ høg risiko. I dei aktuelle områda kan ein konkludere med høg risiko for forureina område. Risikoen knytt opp mot farar i trafikken kan ein konkludere med er høg, jamfør ulukkesstatistikkar. Tema der ein har konkludert med risiko tilstades er; Risiko knytt opp mot verksemder med fare for brann, eksplosjon , ulukker knytt til transport av farleg gods og vindutsette områder. Risiko for stråling frå elektromagnetiske felt og terror er vurdert som tilstades. Desse kategoriane er umogleg å kartlegge innanfor eit gitt tidsperspektiv, men dersom dei skulle førekome vil dei kunne få store fylgjer. Det er konkludert med ein låg risiko for skog/lyngbrann, radon, grunnforhold, kjemikalieutslepp og dambrot. Dette er risikoar som kan endre seg, og må difor vurderast på nytt ved revidering av ROS-analysen.
Farar knytt opp mot dambrot er konkludert med som låg risiko. Men om det skulle kome ei hending med eit dambrot med t.d. Dinglavatnet, vil det få store konsekvensar for mange husstandar og infrastruktur, som vegar, i det aktuelle området. Sårbare objekt har ein valt å ikkje vurdere i høve risiko. Svikt i eit eller fleire av dei sårbare objekta vil kunne få konsekvensar for store delar av busetnaden i kommunen.
Temakart med til dømes fareområder er i stor grad tilgjenglege i nettbaserte karttenester. Kommunen etablerer eit GIS-prosjekt der faresoner og liknande er samla og tilgjenglege i kommunen sitt interne kartsystem.

## Metodebruk

Arbeidet med heilskapleg ROS-analyse vart sett i gong 1. februar 2013. Arbeidet har gått føre seg over ein periode på to månader, og er utført ved Planavdelinga. Analysen er utarbeidd med grunnlag i statleg krav om ROS-analyse som grunnlag for kommunen sitt beredskapsarbeid og kommunal planlegging. Arbeidet er gjennomført av planseksjonen i kommunen i samarbeid med alle aktuelle fagavdelingar. Prosjektansvarleg har vore student ved Høgskulen i Volda, Brit-Unni S. Skogly, og arbeidet inngår som ein del av bacheloroppgåva. Rettleiaren til Forskrift om kommunal beredskapsplikt frå Direktoratet for sivilt beredskap (DSB), Temaheftet Samfunnssikkerheit i arealplanlegging frå DSB og rettleiaren for kommunale risiko- og sårbarheitsanalyse frå DSB har gjeve føringar for arbeidet. Rettleiaren GIS i samfunnssikkerheit og arealplanlegging Vestlands-prosjektet, har blitt brukt som mal for analysen. Ein har nytta seg av foreslegne tema frå rettleiaren innan naturrisiko, verksemdrisiko, sårbare objekt og beredskap. Innan dei ulike temaområda har ein innhenta lokalkunnskap tilknytt tilhøva i Volda kommune. Ein har valt å legge til eit femte tema som er planlegging for eit endra klima. Kartinformasjon frå NVE, NTV, NGU, Statens strålevern og kartinformasjon frå kommunen sine kartbasar har blitt nytta i datainnsamlinga. Ulike fagpersonar og fagmiljø frå kommunale og private aktørar er nytta som informasjonskjelder (sjå kjeldeliste). Arbeidsprosessen har gått ut på å danne seg eit solid informasjonsgrunnlag gjennom intervju og datainnsamling i frå kart, databasar og ulike fagmiljø. Kartlegginga omfattar risiko for hendingar som vil få følgjer for større grupper og som går utover ulukker som det vanlege hjelpeapparatet taklar tilfredstillande. ROS-analysen skal leggast fram for Kriseleiinga, Beredskapsrådet, formannskap og til sist handsamast av kommunestyret.

Ein finn nærmare opplysningar om fareområda frå analysen i eksisterande kartmateriale som kommunen rår over. Her finn ein mellom anna detaljerte kart om rasfarar, flaumsoner, natur, kulturminne, oppskyllingssoner, radon, grunnforhold og forureina grunn. Kommunen etablerer eit GIS-prosjekt der faresoner og liknande er samla og tilgjenglege i kommunen sitt interne kartsystem. Risiko knytt opp mot brann og beredskap finn ein i kommunen sin beredskapsplan. Vatn og avløpsinstallasjonar er kartlagde i hovudplan for vatn og avløp. Innanfor kvart tema har ein vurdert om risikoen er høg, tilstades eller låg. Dette vert konkludert under kvart emne.

I risikovurderinga er nytta følgjande fargesymbol på graderinga:
**Risiko høg**
**Risiko middels**
**Risiko tilstades.**
**Risiko låg**

Trong om befolkningsvarsling/evakuering er kommentert under dei punkta dette er vurdert. Behovet for befolkningsvarsling og evakuering er i tillegg omtala i kapittel 5 om **Beredskapstiltak**

# 2. NATURRISIKO

## Skredfare

Store delar av Volda kommune er klassifisert som rasutsett. I denne samanheng er det mest aktuelt å vurdere faren for steinsprang, snøskred, jordskred og flaumskred.
Målingane tek utgangspunkt i NGI-kart der målingane er rekna ut i frå hellingsgrad og vil bli noko uklåre. For å avklare den reelle skredfaren innanfor aktsemdsområda må det gjerast ei nærare vurdering av skredfaren. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse. Skredfare bør vurderast for eksisterande og eventuell framtidig busetnad. Skred kan og ramme viktig infrastruktur som vegar og kraftleidningar. I hovudsak er det fylkesvegnettet i kommunen som er mest utsett. Kan her nemne fylkesvegen rundt Dalsfjorden, fylkesvegen gjennom Geislida, fylkesvegen i Osdalen, fylkesvegen Hunnes – Vatne, Fv 652 ved Voldshammaren som i snørike vintrar vert stengt i kortare eller lengre periodar.

I Volda kommune er det registrert 2 potensielle bergskred:

- Dalsfjorden nord for Aksneset
- Nordenden av Bjørkedalsvatnet
- Alida - steinsprang

Dette er områder som i dag ikkje vert overvaka.



*Skredøving Røde Kors. Foto: Møre/Harald Engeset*

### Fare knytt til ras

Fare for liv, helse og materielle verdiar. Det kan i periodar medføre stenging av vegar og isolasjon av busetnad. Det er i kommunen få større skredutsette område med konsekvensar for busetnad. Ein del mindre områder har likevel busetnad innanfor område med potensiale for snøskred, t.d. Lid, i Hjartåbygda og Aurstad, Håvika, Høydalen, Bjørneset og på Kile og fleire enkeltbygg i Dalsfjordområdet.
Av vegstrekningar som er særleg utsett er fylkesvegen rundt Dalsfjorden, Fv i Osdalen, Fv i Geislida og Fv i Alida (Eikrem-Berknes).

I kommunen er det mange hytte- og seterområde som ligg rasutsett til. Dette gjeld område både i Aldalen, Osdalen/Grøndalen, Brundalen, Folkestaddalen, Dalsbygda (Sanden), Dravlausdalen og i Ulvestaddalen.

### Historisk

Av kjende større ras i tilknyting til bustad og hytter kan nemnast:

På Lid ei større mjellsnofonn som tok gardshusa på Ytre Lid i 1841
Rindalsstøylen, heile støylen teken av ras – seinare oppatbygd på ny stad
Aldalen 1979 – 7 hytter tekne av snøras
Storlisetra – snøras i ? , flytta til ny stad.

**Risiko høg**

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Statens vegvesen varslar om stengte vegar på eigne heimesider og via NRK
- Kommunen kan nytte "Varsling24" i fall trong om befolkningsvarsling
- Politiet vurderer trong om evakuering, i så fall trer Kriseplanen i funksjon

## Flaumområde

For byggjeområde i nærleiken av vassdrag må det vurderast om området kan vere utsett for flaum og erosjon. Volda har lite busetnad i nærleiken av vassdrag. Nye byggjeområde skal som hovudregel plasserast trygt mot ein 200- årsflaum jamfør NVE sine retningsliner. Kommunen må sørgje for at elver og bekkar som ikkje er flaumsonekartlagde blir vurdert der tryggleiken for busetnad langs desse vassdraga blir teke vare på, i følgje NVE.

### Fare knytt til flaum

Flaum er ein fare for busetnad og materielle verdiar, det kan føre til erosjon og forureining. Flaum kan øydelegge verdifull natur og uerstattelege kulturminne. Flaum kan i periodar medføre stenging av vegar og isolasjon av busetnad.



*Flaum i Elvadalen. Foto: Møre*

### Flaumutsette område i kommunen

Volda kommune har 2 store vassdrag: Mørevassdraget og Stigedalsvassdraget. Det er stort sett dyrka jord som er utsett ved skadeflaum her. I Volda sentrum må Heltneelva, frå oppsida av Vikebygdvegen der forbygginga sluttar så langt oppover som Heltne/ Brattebergutbygginga strekker seg, gjennomgå ein vurdering av behov for forbygging. Pågåande regulering av B 58 kan medføre behov for lenging av forbygging oppover langs Heltneelva.

Volda sentrum vil vere utsett for flaum ved havnivåstigning. Sjøgata vil med 70 cm havstigning over maks registrering, som vi har i dag, stå 40 cm under vatn. Elles er det lite busetnad/industri som er flaumutsett i ein 100 års-periode. Andre område i kommunen er ikkje kartlagde enda for flaumfare. Der er likevel mange bekkar/mindre elvar som kan føre til skadeflaum i utbygde områder der busetnad står nær bekkar/småelvar. Desse områda har i dag høg beredskap ved ekstremvarsel nedbør/snøsmelting m.m. i form av auka tilsyn med rister/inntak.

**Risiko høg**

## Stormflod

Stormflod er høg vasstand kombinert med lågtrykk og sterk pålandsvind som skyv vatnet i ei bølgje mot kysten. Det er vindtrykket mot havoverflata som utgjer det største tilskotet til stormfloda. Stormflod er vanleg langs vestkysten av Noreg.

Høg flod vert også påverka av månefase. Registreringar som Volda kommune har gjort viser at maks flod kan vere like høg i dette tilfellet som ved lågtrykk og pålandsvind.

Område i kommunen som er mest utsett for stormflod er langs Voldsfjorden i Volda sentrum og ferjekaiene i Volda, Folkestad og Lauvstad. Ved ytterlegare havstigning kan dette føre til innstilt biltransport på ferja. Det er registrert materielle skader på asfaltdekker på veg/kaiareal, hus og bygningar i samband med stormflod.

**Risiko høg**

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Fylkesmannen sender varsel på bakgrunn av melding frå NVE
- Ut frå innhald i meldinga vurderer kommunen trong om befolkningsvarsling utover generell melding på kommunen si heimeside. I så fall trer Kriseplanen i funksjon

## Skog- og lyngbrann

Volda har store skogsområder som inneheld variert blandingsskog og planta granfelt, ofte i ulendt terreng. Kommunen har relativt

store nedbørsmengder, vått klima og sjeldan lengre tørkeperiodar. I følgje brannvernet er det ikkje områder som har særskilt stor risiko for skogbrann. Nokre skogsområder ligg likevel tett inntil bustadområder og vil ved ein eventuell stor skogsbrann kunne vere ein viss risiko for spreiing til busetnad. Det same gjeld for nokre hytteområder. Ein ser heller ikkje at det er særskilt stor risiko for spreiing av skogbrann frå kommunar som grensar mot Volda.

Det er sidan 2000 ikkje registrert skogbrannar i Volda og kun eit fåtal mindre gras- og lyngbrannar.

| Årstal | Omfanggrasbrannar |
|---|---|
| 2000 | 0 |
| 2001 | 1 |
| 2002 | 0 |
| 2003 | 1 |
| 2004 | 1 |
| 2005 | 1 |
| 2006 | 3 |
| 2007 | 1 |
| 2008 | 1 |
| 2009 | 1 |
| 2010 | 1 |
| 2011 | 1 |
| 2012 | 0 |

*Tabell* l: *Oversikt over gras/lyngbrann siste tolv åra*

Forbod mot open eld i skogsmark frå 15. april til 15. september utan løyve gjeld i heile kommunen.

**Risiko låg.**

## Vindutsette område

Erfaringar etter nyttårsorkanen i 1992 og orkanen 1. juledag 2011 viser at store delar av kommunen kan verte råka med store øydeleggingar på bygningar, gjenstandar/ lausøyre og barskog som resultat.

Med grunnlag i erfaring frå dei to siste orkanane, finn ein både ut frå kor ofte slike tilstandar kan førekome og dei konsekvensar som det har for skogsverdiar, fare for busetnad og bygningar, samt stengde vegar m.m., at risikoen bør vurderast relativt høg.

**Risiko middels/ høg**

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Fylkesmannen sender varsel på bakgrunn av melding frå NVE
- Ut frå innhald i meldinga vurderer kommunen trong om befolkningsvarsling utover generell melding på kommunen si heimeside. I så fall trer Kriseplanen i funksjon



*Dagmar 2011. Foto: Alice Rotevatn/Volda kommune*

## Radon

Radon er ein radioaktiv edelgass som blir laga når radium blir nedbrote. Både radium og radon er eit dotterelement av uran. Noreg har mykje uran og radiumrike bergartar som for eksempel alunskifer og radiumrike granittar. Opphald i luftmiljø med høg radonkonsentrasjon over lenger periodar gir auka risiko for utvikling av lungekreft.

Noreg er eit av dei landa i verda som har dei høgaste radonkonsentrasjonane i innelufta. Radonkonsentrasjonane varierar med berggrunn og lausmasse.

Statens strålevern anbefaler at private husstandar utfører radonmålingar regelmessig. Særleg kjellar- og sokkelleilegheiter er utsett.

Kart over områder med høg konsentrasjon av radon syner at Volda kommune er i mindre grad utsett for radon . Her er ingen områder som har høg risiko.

Radon i innelufta er vanskeleg å kartleggje, her bør kvar enkelt husstand utføre målingar. I 1986 gjennomførte Volda kommune ei orienterande kartlegging av radon, og etter den tid har det ikkje vore sett i gong fleire kartleggingar i kommunen. I staden er det frå sentralt hald sett fram standardkrav om radonssperre (retningslinjer TEK10) i grunnarbeidet til alle nybygg som vert oppført.

**Risiko låg**

## Grunnforhold

Store delar av grunnforholda i kommunen er morenemateriale, skredmateriale og bart fjell med tynt dekke. Ein finn og innslag av blokkhav, elve- og bekkeavsetning og avsmeltingsmorene. Morenemateriale er plukka opp, transportert og avsett av isbrear. Vanlegvis eit hardt og samanpakka material. Morenemateriale er relativt stabile massar som byggegrunn. Større områder i kommunen har morenemateriale som grunn. Skredmateriale er avsetningar som er laga av skred frå bratte fjellsider. Dette er fruktbart jordsmonn. Fleire av dalføra i kommunen har skred materiale som grunnforhold.

Elve- og bekkeavsetning er materiale som er avsett av elvar og bekkar. Sand og grus dominerer og er relativt stabile massar.

Særleg skal ein syne aktsemd der kvartærgeologiske registreringar syner marine avsettingar. Det er ikkje kartlagt marine avsettingar i kommunen som er relativt ustabile massar. Grunnundersøkingar i samband med lokalisering av ferjekai i volda ved Øyraelva viste svak bereevne ? Sjekke arkiv i rådhuset !

**Risiko låg**

# 3. VERKSEMDRISIKO



*Brannøving Ørsta/Volda Lufthamn. Foto: Volda kommune.*

## Verksemder med fare for brann eller eksplosjon

DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) held oversikt over alle objekt som lagrar farleg stoff (gass/ brannfarleg væske). Volda brannvern går tilsyn på desse objekta. På bakgrunn av desse tilsyna vert det utarbeidd innsatsplanar for beredskapsstyrken. Brannvernet nyttar sine lokalkunnskapar til å syte for at dei anlegg som ikkje gjer nødvendig registrering hos DBS, får pålegg om å registrere.

Anlegg som har mindre mengde enn det som vert kravd for registrering (< 0,4 $m^3$ gass, < 6 $m^3$ brannfarleg væske) vert vurdert å ha liten risiko.

På same måte som for farleg stoff er det DSB som har oversikt over lagra mengde eksplosivar. I Volda kommune er det ikkje slike permanente lager, men midlertidige lager knytt til veganlegg og liknande.

I fyrverkerisesongen kan kvart utsal gjevast løyve til å lagre fyrverkeri med inntil 500 kg netto eksplosivinnhald. Volda brannvern gjev nødvendig lagring- og salsløyve, og desse vert følgde opp med årlege kontrollar, både på lagring og sal. Det er difor ikkje vurdert å vere noko spesiell risiko knytt til dette.

I Volda sentrum er det eldre, tett trehusbusetnad med stor smittefare ved brann. Brannvernet har utarbeidd innsatsplanar for dette området med ekstra stor førsteinnsats for å hindre spreiing.

Brannvesenet har oversikt over alle særskilte brannobjekt i kommunen, såkalla § 13-objekt. Dei skal besøkast ein gang årlig der ein kontrollerer at branntryggleiken er ivareteken.

Tunnelane som er ein del av Eiksundsambandet (rv 653), Kvivsvegen (E39) og Rotset-tunnellen m fl høyrer inn under § 13-objekta. Alle tunnelane er utstyrt med brannventilasjon, brannslokkingsutstyr og naudtelefonar. Tunnelane er basert på sjølvbergingssprinsippet, dvs at viss det oppstår ei hending, skal trafikantar kunne kome seg ut av tunnelane ved eiga hjelp. Viss ein brann utviklar meir røyk enn det brannventilasjonen er dimensjonert for å ta unna, t.d. brann i vogntog, vil brannvesenet ikkje ha moglegheit for å kunne ta seg inn i tunnelen for å gjere ein innsats.

**Risiko tilstades.**

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Ved akutt eksplosjonsfare kan politiet/befalhavande brann sette i verk "Varsling24" og evakuering i samsvar med Kriseplanen.

## Verksemder med fare for kjemikalieutslepp

Det er ingen verksemder i kommunen som er underlagt storulukkeforskrifta.

Det er ikkje registrert lager av kjemikaliar som er så store at det er søknads- eller meldepliktig. Dei små mengdene som kan vere lagra, utan at det er kjent, utgjer ein så liten risiko at det er lite truleg at ein vil oppleve ei storulukke med utslepp eller lekkasje.

**Risiko låg.**

## Transport av farleg gods

Transport av farleg gods er regulert av forskrift nr. 384, "landtransport av farlig gods", og har som føremål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot uhell, ulukker og uønska hendingar knytt til transport av farleg gods.

I Volda er farleg gods i hovudsak knytt til E39, men også noko på fylkesvegar og kommunale vegar. Det er ingen bedrifter i kommunen som mottek eller leverer større mengder farleg gods. Mesteparten av transport inn til kommunen er drivstoff og fyringsolje til bensinstasjonar, bedrifter og privatpersonar.

Slik transport representerer ein viss fare i trafikkbiletet og uhell vil kunne vere sterkt forureinande, miljøbelastande og utgjere ein fare for omgjevnadane. Slike uhell kan også vere krevjande for brannvernet å handtere.

I Volda er det registrert eit større uhell med farleg gods siste 10 åra.

**Risiko tilstades.**

## Forureining frå landbruk

Volda er ein stor landbrukskommune og jordbruk er ei viktig næring. Potensiell forureining frå landbruk vert ofte delt i to kategoriar: faren for punktutslepp og faren for arealavrenning. Store husdyrgjødsellager og pressafthandteringa frå siloar representerer største faren for punktutslepp. Feil lagring av rundballar og mangelfullt avløp frå mjølkerom kan og vere potensielle punktutslepp. Arealavrenning vil kunne skje ved feil bruk av gjødsel; anten i for store mengder eller til tider då ikkje plantene tek opp næringa. Alvorsgrada for potensielle punktutslepp og arealavrenning avheng også av kva resipient det er som mottek næringsstoffa (bekk, elv eller sjø). I tillegg til dette kan gjødselhandteringa lokalt medføre luktulemper, utan at dette er å rekne som forureining.

I kommunen er det brukt lite kjemiske middel mot ugras og skadegjerarar. Giftverknaden av dette er minimal.

Avrenning frå gjødsel og silo til vassdrag er vurdert som den største forureinings-utfordringa. Vassdraga kan få tilført for mykje næring, noko som kan føre til ei algeoppblomstring som er med på å kvele fisk og liv i vatnet.

Det er gjort eit stort arbeid for å hindre punktutslepp. Alle gardsbruk skal ha miljøplan og gjødselplan der det vert dokumentert rett bruk av gjødsel og sprøytemiddel. Silo og gjødselanlegg skal vere tette. I tillegg er det forbod mot å gjødsle på hausten etter 1. oktober. Det er ikkje kjende lekkasjar frå anlegga, men lokalt ville det verte stor forureining om eit lager skulle sprekke. Større driftseiningar fører til mykje leigejord, meir gjødseltransport og kanskje ujamn gjødsling, sidan mykje areal ligg langt unna driftsbygning.

I samband med klimaendringar og auka nedbør vil gjødselspreiing, erosjon og utvasking av terreng vere eit aukande problem for vassdraga. Dette kan kanskje og vere med på å påverke fjordsystema og særleg då inste del av Austefjorden og Kilspollen.

**Risiko høg/ Risiko tilstades.**

## Forureina grunn

Utslepp og spreiing av miljøgifter utgjer ein alvorleg trussel mot miljøet og komande generasjonar. Miljøgifter er ikkje nedbrytbare i naturen. Ved endra arealbruk må det visast særleg aktsemd der det er registrert eller mistanke om forureina grunn. I Volda er det mistanke til tre område med sterkt forureina grunn. Desse er Scana (tidlegare Volda Mekaniske), Alida med grovfyllplassen og slippen i Høydalen. Vi har elles lite av gamle industritomter som erfaringsmessig er særleg utsett for forureining av ulike miljøgifter.

For Scana-området er det utarbeidd konsulentrapport om metode for utfylling i sjø. Grovfyllplassen i Alida og slippen i Høydalen er ikkje undersøkt.

Bensinstasjonar og verkstadar har mogleg forureina grunn.

**Risiko tilstades/høg**

## Forureining knytt til oppdrett

Forureining frå oppdrettsannlegg kan vere ei miljøbelastning. Forureininga kjem i form av sjukdom og parasittar, utslepp av organiske stoff og næringssalt, oppblomstring av algevekst der fjorden er grunn eller har dårleg vassutskifting, og rømming av fisk med fylgjande genetisk påverknad.

Kommunen har utarbeidd ein havbruksplan som integrert del av Kystsoneplanen, der både utslepp og tilhøva til andre bruksinteresser innan fiske, ferdsel, friluftsliv og natur er avklara.
Strukturen i oppdrettsnæringa er mykje endra etter dette, både ut frå næringsmessige tilhøve, omsyn til smittespreiing og utslepp/ureining. Det er såleis eit klart behov for revisjon av Kystsoneplan/havbruksdelen.
Fleire tidlegare godkjende anleggslokalitetar er no tekne ut av produksjon og bør også gå ut av plan. Anlegga i kommunen ligg no i hovudsak lengst ute i fjorden, og det er dei beste lokalitetane, vurdert ut frå best mogleg vassgjennomstrøyming-, produksjonstilhøve og utslepp som er halde på.
Størst risiko er truleg knytt til rømming, sjølv om det siste åra er satsa tungt på betra forankringsløysingar og type mærer/matrialer i anlegga.

**Risiko middels/høg**

## Fysisk øydelegging av kritisk infrastruktur

Kritisk infrastruktur blir vurdert ut i frå samfunnet sitt grunnleggande behov. For at

noko kan omtalast som kritisk infrastruktur må eit stort omfang menneskje vere avhengig av funksjonen. Forstyrring ein stad i systemet får konsekvensar for systemet i sin heilskap. Kritisk infrastruktur er mellom anna telenett, strømnett, vatn- og avløpsnett, transport, olje- og gassleidningar.

Ved risiko knytt til øydelegging av kritisk infrastruktur skal ei eiga konsekvensvurdering av det aktuelle området utførast (Sjå sårbare objekt).

## Trafikkfare

Dødsulykkene som har skjedd i Volda kommune har alle skjedd utanfor tettbygd strok på overordna vegnett. Nokre av vegane skil seg ut. Fv 651 og E39 kjem dårleg ut når ein skal samanlikne med andre vegar i kommunen. Halvparten av alle ulukker har skjedd på desse 2 strekningane. Elles er det sentrumsområdet som er mest utsett for trafikkulykker med personskade i perioden 2002-2011. Her er ein del mørketal fordi ikkje alle ulykkene er meldt (politi og sjukehus).

Samfunnsøkonomiske kostnader for Volda kommune i løpet av dei siste 10 åra er høge: 8 drepte, 14 hardt skadde og 108 lettare skadde utgjer om lag 508, 7 mill.kr.

Gjeldande trafikktryggingsplan for Volda kommune har null drepne og null hardt skadde i trafikken i Volda kommune som visjon. Trafikktryggingsplan for Volda kommune er ein overordna kommunedelplan for trafikktrygging i Volda kommune. (I planarbeidet vil det vere fokus på medverknad frå lokalsamfunnet, omsyn til born, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, jf PBL. )

**Risiko høg.**

## Trafikk på sjøen

Det som er av rutegåande trafikk på fjordane i kommunen er i hovudsak ferjestrekningane Volda – Folkestad og Volda – Lauvstad. Og denne trafikken er godt regulert. Men også uhell knytt til ferdsel på sjø i grannekommunane kan ha konsekvensar for Volda kommune.

**Risiko låg**

## Elektromagnetiske felt

Elektromagnetiske felt utgjer ein mogleg risiko for farleg stråling. Risikoen varierar utifrå avstand og strømstyrke, spenningsnivå og eksponeringstid. Eit generelt krav frå Statens Strålevern er at all eksponering skal vere så låg som mogleg og utbygging i område med elektromagnetiske felt over 0,4 mikrotesla bør unngåast.

Tussa har gjort målingar på at kablar som er under bakken har mindre stråleverdiar enn kablar som er i luftspenn. Anbefalt avstand frå busetnad er 35-40 m til ei 132 kV line. Ein har ikkje gjort systematisk kartlegging av elektromagnetiske felt. Ved bygging av nye anlegg vert det gjort utrekningar av magnetfelt, og plassering av anlegg vert gjort slik at ein ligg godt under 0,4 mikrotesla for næraste bustadhus og offentlege bygg som t.d. skular og barnehagar. Ein har enkelte tilfelle der kraftleidningar går nær bustad i kommunen. For enkelte av desse tilfella er det gjort målingar, og måleverdiane ligg under 0,4 mikrotesla.

Verdiar for elektromagnetiske felt varierer med variasjonen i energioverføringa som er på linja til ei kvar tid. Utrekningar som ein utfører vert gjort med gjennomsnittlig energioverføring. Det vert difor noko variasjon i dei ulike områda, avhengig av områda har høgt forbruk eller stor produksjonsinnmating som må transporterast ut av området.

**Risiko tilstades.**

## Dambrot

Dambrot utgjer ein fare for liv, helse og materielle verdiar. Ein kan dele dambrot inn i

fire klasser. Dammar med mindre konsekvensar blir rekna som uklassifisert også kalla klasse 0.

| Klasse | Bueiningar som vert råka | Infrastruktur |
|---|---|---|
| 4 | Meir enn 150 bueiningar | |
| 3 | 21-150 bueiningar | Skade på sterkt trafikkert veg |
| 2 | 1-20 bueiningar | Skade på middels trafikkert veg |
| 1 | Hytter/mellombelse opphaldsstader | |

*Tabell 2: Klassifisering av dammar*

Dammar i kommunen:

- Dinglavatn, hoveddam (klasse 2)
- Dinglavatn, Osheia (klasse 2)
- Grøndalsvatn (klasse 2 )
- Osdalsvatn (klasse 2)
- Lisjebøvatn, Dale (klasse 2)
- Storlivatn (klasse 2)
- Sarpavatn (klasse 2)
- Straumsvatn (klasse 1)
- Blåfjelldalsvatnet (klasse ?)
- Trevassdalsvatn (klasse ?)

Rørgater som er klassifisert:
Kopa klasse 1, Dale klasse 2, Folkestad klasse 2, Eidset klasse ?, Straume klasse ? Steinsvik kraftverk klasse ?

Kraftselskapet Tussa har planar om å utføre ei analyse av dammane i kommunen. Her vil dei rekne ut kvar flodbølgjene vil gå i tilfelle eit dambrot.

**Risiko låg**

## Terror

Terror rammar blindt og er ei vanskelig hending å kartlegge. Sårbare objekt som vil svekke samfunnssikkerheita blir sett på som potensielle terrormål i følgje FN sin konvensjon om terrorisme. Offentlege bygningar, teknisk infrastruktur som informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar, straumforsyning, vassforsyning, sikkerheitsapparat som brann- og redningsteneste, politiet, sjukehus og stadar som samlar mykje folk, til dømes kjøpesenter, høgskulen og liknande er definert som terrorobjekt.
Det er lite sannsynleg at verksemder i kommunen er særskilt utsett for terrorhandlingar. Med unntak av kraftstasjonar, vassmagasin, sjukehus og flyplass.

**Risiko tilstades.**

# 4. SÅRBARE OBJEKT

## Offentlege bygg

Offentlege bygg vert sett på som sårbare i enkelte kritiske situasjonar.
Kommunen har 1 omsorgsenter og 2 bemanna sjukeheimar, fleire omsorgsbustader og legesenter. Vidare; brannstasjon, rådhus, samfunnshus og idrettshall. Og det er 4 kyrkjer i kommunen. Volda kommune driv 7 barnehagar og 9 skular, 4 av skulane er kombinerte barne- og ungdomsskular. I tillegg vert 1 skule og 6 barnehagar drivne privat.

Andre offentlege bygg som ligg i Volda er sjukehus, høgskule, vidaregåande skule og sorenskrivarkontor.

## Vegnettet

Samferdselsårane i kommunen er viktige både for innbyggjarar, næringsliv og beredskap. Ei stenging over lengre tid vil kunne gje store konsekvensar, og der det er råd må trafikken leiast inn på alternative ruter. Volda er avhengig av vegsambanda langs E39, Stigedalen og Eiksundsambandet. Ei stenging av tunnelar, vegar eller

ferjesamband vil gje store utfordringar. Dei fleste stadane vil det vere mogleg å få til omkøyringsruter, men konsekvensane vert vesentleg lenger køyreveg for mange.



*Brannøving i Eiksundtunellen. Foto: Volda kommune.*

Nokre vegar i kommunen er rasutsett, særskilt vinterhalvåret. Vegen rundt Dalsfjorden kan ofte vere stengd av ras eller rasfare, men sjeldan over mange dagar. Om vegen er stengd på begge sider av ei bygd, er einaste transportmoglegheita båt eller helikopter. Andre stader som er utsett for rasstengd veg er Osdalen. Der er einaste alternativet vegen over Heggjadalen til Eid, dersom denne er open. Geislida er også oftast rasstengd i delar av vinterhalvåret, men det har avgrensa konsekvensar så lenge ferja Volda – Folkestad går som normalt og vegen mellom Fyrde og Volda er open.

Ved trafikkuhell og andre årsaker som kan inntreffe trafikkårane kan vi få stenging av vegar, ferjesamband og tunellar. Trafikken må då regulerast gjennom andre alternativ. Ved tunnelstenging på Kvivsvegsambandet/Eiksundsambandet, må trafikken gå via omkøyringsvegar der det er mogeleg eller via ferjer. Trafikkflyten i kommunen er avhengig av at både vegsamband og ferjesamband.
Kommunen har rasutsette strekningar på Fv 40 Dalsfjordvegen og Fv 651 i Geislida. Kommunen har fleire rasoverbygg langs vegane, men mykje står att før vegen er sikra. På Fv 40 kan ein risikere innestengde bygdesamfunn. I Volda sentrum frå ferjekaiavkøyringa til kryss med Gamlevegen har vi berre Gamlevegen som omkøyringsveg. Ved trafikkuhell her vert i praksis E39 stengd for tung trafikk. Ved ras over vegane må det gjerast endringar straks, og kan medføre nye trafikkmønster til og frå bygdene som er råka. Her nyttar ein oftast båt/ ferje som eit alternativ. Ofte er eine sida av Dalsfjorden open for biltrafikk. Vatnedalen i Vatnesvingane på Ørsta-sida går ofte ras og her er vegen stengd i periodar. Dette er ei strekning der moglegheiter for omkjøring er via Volda sentrum.

Flyplassen er eit sårbart objekt då den ligg tett opp mot E39 og i nærleiken av bustadfelt og industriområde. Avinor har eigne risiko- og sårbarheitsanalyser som gjeld for flyplassområdet.

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Statens vegvesen varslar om stengte vegar på eigne heimesider og via NRK
- Kommunen kan nytte "Varsling24" i fall trong om befolkningsvarsling
- Politiet vurderer trong om evakuering, i så fall trer Kriseplanen i funksjon

## Informasjons- og Kommunikasjonsinstallasjonar

Mangel på telenett i ein kritisk situasjon utgjer ein stor risiko for liv og helse.

Det er mobildekning omtrent i heile kommunen. Område med mindre/ingen dekning er: Nokre område i Osdalen, øvre del av Sundalen, Nysæterområdet og Laurdalsætra i Bjørkedalen, nokre område i øvre Dalsbygd, Storhorn/Nakkaneområdet og Åmelfotdal/Storlida i indre Dalsfjord. Dette i følgje Telenor sitt dekningskart slik det går fram her: http://www.telenor.no/privat/dekning/.

Erfaringane etter stormen "Dagmar" i julehelga 2011 synte at batterikapasiteten på basestasjonane var for kort. Telenor har signalisert at dei vil syte for lenger batterikapasitet, men for å vere betre budd har kommunen også skaffa tilveges tre satellitt-telefonar. Desse vil verte plassert

strategisk etter nærare vurdering av kriseleiinga.

I store delar av kommunen har ein dekning for mobilt internett.

Dei fleste stadane i kommunen har svært god til god dekning på radio og fjernsynssignal i nærleiken av busetnad, anten via sendenettet til Norkring/NTV og/eller parabol.

## El-forsyning

Det går forsyningsliner igjennom heile kommunen. Hovudforsyninga (132 kV) kjem frå Sogn og Fjordane og Volda koplar seg på denne store lina på Haugen. Internforsyninga skjer gjennom eit lokalt 22 kV nett, med unntak av Volda sentrum – her er det 11 kV line.



*Straumforsyning. Foto: Møre*

Hovudforsyninga (132 kV) er avhengig av kommunar utanfor kommunen sitt geografiske område. Svikt i El- forsyninga over lenger tid vil få store konsekvensar for busetnaden. For institusjonar, verksemder og næringsliv vil brot i straumforsyninga kunne medføre ein fare for tap av liv, helse og store materielle verdiar.

**Risiko tilstades.**

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Nettselskapet syter for varsling i samsvar med sine rutinar. Om behov kan dei be om at varsling vert sendt via kommunen sitt "Varsling24"-system

## Drikkevassforsyning

Volda kommune har 10 kommunale vassverk som forsyner tilsamen ca. 8500 personar. Resten av innbyggjarane i kommunen vert forsynt gjennom private andelsvassverk og enkeltforsyningar. I hovudsak går vassforsyninga til privat bustadar, næringsverksemder, skular og institusjonar. Volda vassverk har kjelde Dinglavatnet og forsyner om lag 7500 personar i Volda sentrum – Vikebygda – Morkabygda. Av vassverka er det berre Berkneshalvøya vassverk (85 personar) og Nordre Bjørkedal vassverk (25 personar) som er grunnvassanlegg med borebrønnar i fjell. Resten har kjelde vatn eller bekkeinntak. Dei øvrige vassverka er Hjartåbygda (15 personar), Fyrde vassverk (60 personar), Straumshamn vassverk (90 personar), Søre Bjørkedal vassverk (75 personar), Steinsvik vassverk (50 personar), Dravlausbygda vassverk (200 personar), Lauvstad vassverk (340 personar). Alle renseanlegg har UV-anlegg med unntak av Fyrde vassverk har oppgraderte UV-anlegg frå 2012. Kontroll av vasskvalitet skjer etter oppsett prøvetakingsplan.

Kommunen har fleire område som er forsynt med private andelsvassverk: Eikrem, Mork vasslag, Rotset vassverk, Haukåsen vasslag, Høydal vassverk, Kalvatn vassverk, Folkestadbygda vassverk, Dalbygda vassverk, Helset vassverk. Utanom dette er det enkeltforsyningar og mindre fellesanlegg som er nytta. I kommunen er der 51 grunnvassforsyningar, herav 49 fjellbrønnar og 2 lausmassebrønnar. Drift og utbygging av dei kommunale vassforsyningane skjer i samsvar med vedteke budsjett/ økonomiplan.

## Kritiske punkt

### Aktuelle avviksituasjonar kan vere:

Koliforme bakteriar i reintvatn
Alvorlege endringar i råvass- eller reintvasskvalitet
Langvarig straumbrot
Svikt i desinfeksjon
Leidningsarbeid der den hygieniske tryggleiken sviktar
Leidningsbrot
Feilleverte råstoff
Forureina inntaksvatn
Sabotasje
Kapasitetsproblem på kjelde etter langvarig tørke/ frost

*Tabell* 3: *Aktuelle avvikssituasjonar for drikkevassforsyning.*

Tiltak innanfor nedslagsfelt skal vurderast særskilt opp mot tryggleik for vassforsyninga. Elles er lekkasjekontroll ved aktivt bruk av sonemålarar og målt minimums nattforbruk ein viktig del av drifta. Vassverka har lite leidningsbrot, i 2012 var det totalt xx hovudleidningsbrot.

Høgdebasseng Storleik
HB2 1800 m3
Røyslida 900 m3
HB3 Morkaåsen 900m3

Øvrige høgdebasseng på dei tidlegare andelsvassverka er dimensjonert for brannvatn 90- 120 m3.

**Risiko tilstades.**

**Befokningsvarsling/evakuering:**

- Kommunen kan nytte "Varsling24" i fall trong om befolkningsvarsling, i sasmvar med vedlegg 5-3 i "Beredskapsplan for Volda Vassverk"

## Avløpsinstallasjonar

Svikt i avløpsinstallasjonar kan få store konsekvensar for busetnaden i kommunen, miljøet og for materielle verdiar. Kommunen har 3 reinseanlegg og fire slamavskiljarar, i tillegg til fleire private løysingar. Dei private løysingane er i liten grad kartlagde. Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av dei kommunale avløpsinstallasjonane. Dette skjer i samsvar med overordna hovudplan for avløp. Kommunale reinseanlegg: Vikeneset silanlegg frå 1997 og tek i mot avfall frå Volda sentrum frå Nordalen til Rotset/ Vikebygda med om lag 7000 personar. Vi har slamavskillarar på Folkestad 2007 tilknytt 230 personar, Straumshamn med 40 personar, Berkvika med 90 personar og Gotene på Lid med 35 personar. På Bjørkedalen har vi 2 mindre biologiske reinseanlegg Revsholen35 personar og på Nordre Bjørkedal med 65 personar.

Volda er med i Driftsassistansen for Møre og Romsdal. Utover dette er det ikkje noko samarbeid med nabokommunane om avløp. Leidningsnettet er i hovudsak av materialet PVC og betongrør. Kommunen har framleis ein del fellesleidningar av kloakk og overvatn.

## Natur

Naturen er ein nasjonal arv som er grunnlag for menneska si verksemd, helse, trivsel og identitet. Ingen einskild generasjon har rett til å forbruke denne naturarven.

Samanhengen mellom estetiske kvalitetar og økologisk mangfald er sentralt i landskapsforvaltninga. Villmark utan synlege spor av menneskeleg påverknad er den mest vidtgåande forma for urørte landskap. Dette er ofte storslagne område med ein særleg opplevingsverdi.



*Vadstein. Foto: Volda kommune*

*Inngrepsfri* natur er eit viktig kriterium i landskapsfagleg samanheng. Naturområde med denne kvaliteten kan representere sentrale økologiske verdiar, men dei har også eit opplevingspotensiale som ikkje kan dekkast andre stader.

*Nasjonalarven*
Inngrepsfrie naturområde blir sett på som sjølve grunnpilaren i arbeidet med å ta vare på "naturleg natur", særleg med tanke på dei komande generasjonar. Naturgrunnlaget, som ein del av nasjonalarven, har ein eigenverdi som er nær knytta til kultur og livskvalitet i kommunane og i fylket.

***Definisjon av inngrepsfrie naturområde***

Alle område som ligg meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep. Tyngre tekniske inngrep omfattar m.a. kraftliner, (>33kV), ulike vegtypar, regulerte vassdrag, magasin m.m.

Inngrepsfrie naturområde er vidare delt inn i soner basert på avstand til næraste inngrep:

***Villmarksprega område:***
>5 km frå tyngre tekniske inngrep

***Inngrepsfri sone 1:***
Mellom 3 og 5 km frå tyngre tekniske inngrep

***Inngrepsfri sone 2:***
Mellom 1 og 3 km frå tyngre tekniske inngrep.

I *Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde* er det prioritert 18 inngrepsfrie område i Møre og Romsdal. Berre eit av dei ligg i Volda og er omtala som *Fjellområdet sør for Austefjorden.* Der er det omtala slik: *"Inngrepsfri sone 1 og 2. Sterkt kupert fjellområde, mest av alt over skogsgrensa. Fleire brear og mange fiskevatn. Tradisjonelt viktig hjorteområde og mykje småvilt. Regionalt friluftsområde (Søre Sunnmøre og Nordfjordsregionen) med innfallsport m.a. frå Høydal og Grøndalsvatnet. Grenser til område i Eid kommune (S&Fj.)."*

**Forvaltning av dei inngrepsfrie områda:**

Inngrepsfrie naturområde kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova m.a. ved:

- rikspolitiske retningsliner (§ 17-1)
- statleg regulering (§ 18)
- retningsliner gjennom fylkesdelplanar for arealbruk (§ 19-1)
- LNF-område i kommuneplanen (§ 20-4)
- regulering til spesialområde (§ 25)
- konsekvensutgreiingar (§ 33-2).

Plan- og bygningslova gir grunnlag for vedtak både når det gjeld *bruk og vern av ressursar* (§ 2 Formål).

Inngrepsfrie naturområde er ein avgrensa ressurs som kommunane må ta stilling til i ein planprosess eller ved handsaming av enkeltsaker.
I Volda er det fire sætrar som er rekna som inngrepsfri sone 2. Desse er: Langevassætra, Aurstadsætra, Årsetsætra og Sunndalssætra.

## Kulturminne og kulturmiljø

Volda har eit SEFRAK-register med oversikt over verna og verneverdige bygningar og miljø i kommunen. I tillegg kjem alle automatisk freda kulturminne, som gravhaugar og liknande funnstader som er registrert i riksantikvaren si database.

## Freda kulturbygg/miljø i Volda

I Volda er det fem freda bygningar og miljø. Dette er: Stabbur på Eikrem, gardstun på Egset (hovudbygning), uthus på Hundsnes (sengjabud), røykomnstove i Velsvik og kyrkjestad i Volda (Halkjelsvik) frå mellomalderen.



*Volda Bygdetun. Foto: Volda kommune.*

## Verneverdige bygg og kulturmiljø i Volda

I kommunen har ein også fleire miljø med verneverdige bygg, dei mest markante er: Nedre Rotset - Garvarbuda, Volda Prestegard, Riste-tunet, Gamlegymnaset, Halkjelvik - tettstad og gatemiljø, Årsetøya, Kårstadbygget, Skrivargarden på Rotset, Skrivargarden i Skjerva, Volda Elektriske Mylne, Mylnefallet Elektrisitetsverk, Korsfurtunet og Brunebuda (museumsanlegg), setrar og stølar.

I kommunen finn ein to trekyrkjer og to steinkyrkjer. Dette er Austefjord kyrkje (1766/1879), Dalsfjord kyrkje (1910), Volda kyrkje (stein -1932) og Kilsfjord kyrkje (betong – 1974). Av desse er Austefjord og Volda kyrke listeført, og har rett på ekstra vern i saker som gjeld dei.

Møre og Romsdal fylke har teke initiativ til å lage ein ny fylkeskommunal plan for kulturminnevernet. I det høvet treng Volda kommune å utarbeide ein eigen temaplan, med eit godt samla digitalt kartgrunnlag for dei ulike kategoriar kulturminne.

## Skogbruk

Volda har om lag 70 000 da produktiv skog, av dette utgjer kulturskog i underkant av 20 000 da. Kommunen har etter måten stor del naturskog av furu, dette har gjennom tidene vore ein viktig ressurs lokalt.

Risiko med omsyn til skade på skogen har tradisjonelt vore liten, men i hovudsak knytt til stormskadar. Store vindfellingar har ein dokumentasjon på òg frå tidlegare tider, men dette har teke eit nytt omfang med nyårsorkanen og ikkje minst no med Dagmar. Det er vanskeleg, om ikkje uråd, å verje seg mot stormfellingar når vindstyrken vert så ekstrem som i nemnde tilfelle.

Båe desse orkanane har ført til stor og øydeleggjande skade på skogen i Volda. Dette skuldast sjølvsagt ekstrem sterk vind, men og at der aldri før har vore meir skog enn no. Skogen har og ein stor innverknad på biologisk mangfald så vel på økosystemet og det visuelle inntrykk ein har av landskapet.



*Dagmar 2011. Foto: Hans Peter Eidseflot*

Skogen i Volda har hatt liten risiko knytt til sjukdommar og skadedyr som gjer skade. Dette skuldast dels at kulturskogen er førstegenerasjon: Denne skogen er mindre utsett for skadegjerarar i form av insekt og ikkje minst soppsjukdomar som ofte angrip eldre populasjonar av skog. Ein har hatt lite og ingen problem med biller i etablert skog, men i seinare år har diverre gransnutebilla vorte ein stor skadegjerar ved etablering av ny skog. Om ein ikkje finn rådegjerer mot dette vert det ei stor utfordring å få opp tilfredstillande foryngING.

I seinare år er skogen òg vore utsett for sterke angrep av granrustsopp. Denne er likevel eit mindre problem, ettersom den ikkje spreier seg til nye årgangar av nålemassen, grana veks seg ut av skadane, som berre medfører eit visst tilvekstap. Å verje seg mot slike soppangrep er i praksis uråd.

Eit problem, eller nærare ei utfordring, er den veksande attgroinga av kulturlandskapet. At ein bygg opp biomasse på denne måten er ikkje den største trusselen, men kanskje meir at det vert skipling mellom arter som har hatt sine biotopar, eks. arter som trives og veks på innmark/beitemark.

Skogen, òg kulturskogen, kan vere med å avgrense ras, både jord- og snøskred. Sjølv om skogen ikkje var planta med dette som primærformål, kan den vere eit vern på fleire lokalitetar i kommunen.

Oppsummert:
I seinare år er det naturkreftene som har utsett skogen for dei store skadane, dette er i praksis svært lite å gjere med av menneskelege tiltak.
Skadegjerarar i form av insekt og sopp kan ein til ei viss grad setje inn tiltak mot, men som i tilfellet snutebilla, viser det seg vanskeleg med sterke nok tiltak.
Skogbruket har med dette samla sett rimeleg store utfordringar på visse og viktige områder.

# 5. BEREDSKAPSTILTAK



*Brannøving Ørsta/Volda Lufthamn. Foto: Volda kommune.*

Kommunestyret har i sak 68/98 vedteke eit eige reglement for Volda kommune sitt beredskapsarbeid. Det er utarbeidd eigen "Kriseplan for Volda kommune". Denne planen skal ajourførast pr. første kvartal kvart år.

## Kriseleiinga

Kriseleiina er samansett slik:

- Ordførar
- Rådmann
- Teknisk sjef
- Brannsjef
- Helse – og omsorgssjef
- Kommuneoverlege
- Beredskapskonsulent
- Lensmann (eller den han utpeikar)
- IKT-leiar

Dersom nokon av medlemane i kriseleiinga vert merksam på ei hending som vil kunne krevje handling frå kommunen, har kvart medlem både rett og plikt til å kalle saman kriseleiinga.

Kriseleiinga har ansvaret for at det blir gjort beredskapsførebuingar innan dei ulike kommunale aktivitetsområda, og har i tillegg eit generelt ansvar for innbyggjarane sitt ve og vel i ein krisesituasjon, både i fred og krig.

Kriseplanen for Volda kommune er ein samordna plan for kriseleiinga og vil vere eit naudsynt hjelpemiddel for at kommunen skal

kunne reagere raskt og effektivt i kritiske situasjonar, slik at tenestetilbodet blir oppretthalde eller vert gjenoppretta raskt. Planen inneheld mellom anna handlingsplanar for ulike hendingar.

## Katastrofar/ stor ulukke

Som døme på katastrofar/større ulukker som kan inntreffe i vår kommune kan ein nemne:

- Storm/orkan
- Olje/kjemikalieforureining
- Flaum
- Svikt i straumforsyning
- Ras
- Større skog- og lyngbrannar
- Industribrannar
- Sabotasje
- Radioaktivt nedfall
- Eksplosjonar
- Større trafikkulukker

I dei fleste høve vil hendingane som er nemnt ovanfor, ikkje vere av større omfang enn at redningstenesta vil ha kapasitet til å takle situasjonen. Redningstenesta (LRS= LokalRedningsTeneste) vert leia av politiet og omfattar brannvernet, helsetenesta, industrivernet, forsvaret (heimevernet), sivilforsvaret, frivillige organisasjonar m.m. Dersom det skjer ei omfattande katastrofe eller ulukke, og dei ordinære innsatsorgana sine ressursar ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og oppryddingsaksjonar. I slike situasjonar vil det bli stilt store krav til kommunen. Difor er det viktig å ha eit oppdatert planverk og ei kriseleiing som er førebudd.

## Pandemi/ smittevern

Kommunen sin pandemiplan tek føre seg ulike tiltak som skal setjast til verks for å gi sjuke behandling og pleie under ein pandemi. Under ein pandemi er organisering av arbeid ved helsestasjon, legekontor, institusjonar, organisering av eventuell vaksinering og administrasjon av antiviral behandling naudsynt. Planen definerar ulike scenario ved ein pandemi og tek føre seg ulike aktørar, mobilisering, kommunikasjonstiltak og handtering av ein eventuell pandemi. Prioriterte målgrupper vert og omtalt (for nærmare informasjon sjå pandemiplan/smittevernplan for Volda kommune).




*Svineinfluensapandemien 2010. Foto: Arne Gotteberg.*

## Innsatstid

Innsatstida til sjukehus, sjukeheimar og tettbygging med særskilt fare for brannspreiing er under 10 min og til tettstaden elles under 20 min.

Frå sentrum er ein fleire stader avhengig av ferje for å kome fram og uttrykkingstida vil avhenge av tid på døgnet og kvar ferja er på fjorden. Volda brannvern har branndepot på Dravlaus, Steinsvika og Straumshamn, samt bistandsavtalar med nabokommunar, og kan nå dei fleste stadane i kommunen på under 30 minutt. Unntak er Årsetøya og Yksnøya der ein er avhengig av båt, men desse stadane har ikkje lenger fast busetnad. Viss det oppstår hendingar som gjer at vegar vert stengde, t.d. ras, vil utrykkingstida kunne verte høgare.

## Sløkkevasskapasitet

Kommunen har god sløkkevasskapasitet i områder med tettbustad og kommunale bustadfelt både i sentrum og på bygdene. Men mykje av den spreidde busetnaden og gardsbruka har private vassforsyningar og avgrensa tilgong og mengde sløkkevatn. Branndepota på bygdene har ikkje bil med

vasstank og er avhengige av å hente vatn med brannpumpe frå open vasskjelde.

Kommunen har tankbil på 8000 liter, mannskapsbilar med 3000 og 2300 liter, og kan ved behov rekvirere fleire tankbilar frå Ørsta, Horningdal og Eid.

Siste åra har sprinkling av større industri-/ forretningsbygg vorte vanleg pga. krav i byggeføreskrifter og at det utløyser reduserte forsikringar for huseigar. Leidningsnettet er ikkje dimensjonert for uttak vassmengder som krev t.d. 50-65 l/s. Vassverkeigar kan heller ikkje påleggast å skaffe dette. Løysing er då at eigar monterer tank med tilstrekkeleg volum og pumpe. I Volda er industriområdet i Furene einaste staden som forholdsvis enkelt kan utbyggast til å levere sprinkelvatn med 65 l/s i mengde. Elles i forsyningsområda for Volda vassverk vil investeringane verte svært høge i form av oppdimensjonering av leidningsnett over lange strekk.

### Flaumvern

Fleire delar av kommunen har ein risiko for flaum. Det er gjort fleire tiltak på flaumvern opp gjennom åra. Siste store tiltaket var Dalselva på Dale som vart ferdig i 2010. Elveforbyggingar er gjort både for å sikre busetnad / industri, men også for landbruksareal. I Volda kommune er der mange større og mindre forbyggingstiltak.

Flaumførebyggande tiltak i byggefelt: opne kanalar ovanfor byggefelta i Volda sentrum som avlastning for overvassystem inne i bustadfelta.

## Behov for befolkningsvarsling og evakuering

Behovet for befolkningsvarsling og evakuering er i hovudsak knytt til naturulykker og verksemdrisiko, men også ulykker og uønska hendingar knytt til sårbare objekt, som til dømes el-forsyning og drikkevassforsyning.

Endringar i klima tilseier at ein må planlegge for meir ekstremvêr framover, jf. eige kapittel i denne analysen. Varslings- og evakueringsrutinar må ta høgde for endringar i klima, men også endringar i høve andre samfunnstrugslar.

System for varsling av innbyggjarane og evakuering inngår i kommunen sin beredskapsplan (Plan for kriseleiing). Til å varsle befolkninga har kommunen:

- Varsling24(tekst- og talemelding). Systemet er basert på moderne telekommunikasjon, slik at varsel både via faste og mobile telefonnettverk når ut til alle hushald og bedrifter i eit gitt geografisk område.
- Sivilforsvaret sine sirener og/eller bruke kyrkjeklokker, dette etter kontakt med fylkesmannen.
- 3 satellittelefonar til bruk i situasjonar der telenettet er nede. I tillegg har kommunen radiosamband (VHF).
- Heimeside og andre sosiale media kan nyttast til å varsle innbyggjarane.
- Varsling til bygdene kan også skje ved hjelp av brannvarsling til brannformennene frå 110 sentralen.

Evakuering og mottak/innkvartering av evakuerte kjem fram av kriseplanen (vedlegg3). Der er døme på hendingar, konsekvensar, førebuingar og tiltak skildra.

# 6. PLANLEGGING FOR EIT ENDRA KLIMA

Klimaendringar er ein del av risikobiletet i kommunen og er sentral i ein heilskapleg ROS-analyse. Menneskeleg aktivitet fører til betydelege og systematiske klimaendringar. I framtida vil episodar med ekstremvêr bli hyppigare der særleg økosystemet vil bli påverka . Planlegging er eit viktig verkemiddel for å ta omsyn til klimaendringar, der ein sikrar at utsette område ikkje blir tilrettelagt for utbygging. Klimatilpassing handlar primært om å førebygge skadeverknadane av eit endra klima, dette gjeld både naturrelaterte, men og endringar som skjer gradvis over lengre tid. Ulike scenario ein kan sjå føre seg ved klimaendringar er auka nedbør, meir ekstremvêr, havnivåstigning, gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk/fiskeri, samferdsel, bygg/anlegg og naturmangfald.

## Konsekvensar av auka nedbør

Overvatningsproblem er ein risiko knytt til auka nedbør. Her bør ein sjå på om vatn og avløpsinstallasjonar er dimensjonert for å ta i mot den auka nedbørsmengda. I planlegginga av avløpsinstallasjonar blir det i dag ikkje bygd fellessystem av kloakk og overvatn, men vi har mange gamle fellessystem i drift. Kvaliteten på vatn og reinsekapasitet er og noko som bør vurderast.



*Flaumskade på veg, Bjørkedalen. Foto: Volda kommune.*

Ved auka nedbør vil flaumfaren auke. Risikoen i eksisterande flaumområde vil auke, men og mindre vassdrag som tidlegare ikkje er sett på som nokon risiko kan verte risiko-område i framtida. Flaum i mindre vassdrag kan føre til skred, utgliding og erosjon. Meir planting rundt vassdraga gjer sitt til å hindre utgliding og erosjon. Ved auka nedbør vil skredfaren bli større. Meir snø om vintrane og mykje regn somrane vil føre til ein merkbar auka risiko for skred. Her vil område som allereie er skredutsette få ein auka risiko, men også nye rasutsette område vil kome til. Område i nærleiken av busetnad må vurderast på nytt.

## Ekstremvêr

Klimaendringar gjer sitt til meir ekstremvêr og større skadeomfang på menneske og eigedom. Ekstremvêr som sterk vind, store nedbørsmengder, stor snøskredfare og ekstreme sjøtilstandar vil vere framtidige scenario. Ekstremvêr er ein risiko knytt opp mot tap av liv, eigedom, materielle verdiar og kan få store økonomiske konsekvensar for kommunen. Flaum og ekstremnedbør kan påverke avrenning, vere forureinande og påverke drikkevasskvaliteten.
Ein må sikre seg at mellom anna bygningar, vegar, dammar, avløpssystem og kraftliner er dimensjonert for, og tåler den belastninga klimaet og ekstremværet utset dei for.

## Havnivåstigning

Havnivåstigning er eit resultat av oppvarming av havet og smelting av is på land. Det er venta at havnivået i løpet av det 21. århundre vil stige med rundt 70 cm på Vestlandet. Havnivåstigning kan føre til at stormflod og bølgjer strekk seg lenger inn på land enn kva tilfellet er i dag. Dette vil føre til at område som i dag ligg lavt og nært havet vil ligge meir utsett til i framtida.

I arealplanlegginga kan kommunen styre ny utbygging og infrastruktur til område som er mindre utsett for havnivåstigning og stormflod. Område som er sårbare i framtida for havnivåstigning er område som allereie i dag innimellom vert overfløymd av stormflod, område som kan bli permanent overfløymde av havnivåstigninga i det 2l. århundre og

område som er sårbare når dei lovpålagde sikkerheitskrava er oppfølgde.

## Gradvise endringar av klima

Gradvise endringar av klimaet er endringar som skjer over lengre tid. Små endringar over lengre tid vil til slutt kunne få store konsekvensar. Risikoar knytt opp mot helseforhold vil vere ei utfordring i framtida . Nye parasittar og sjukdommar, forureining av drikkevatn, epidemiar som må handsamast vil vere ei utfordring for helsemyndigheitene. Kunnskap og beredskapsplanar på område vil vere svært nyttig.

Jordbruk/ fiskeri er viktige næringar i kommunen. Ved klimaendringar vil jordbruksområda vere sårbare, med tanke på auka nedbør vil avlingane verte dårlege/øydelagde, nye sjukdommar på buskap og avlingar, og attgroing av landskapet. Her vil det vere naturleg å planlegge for miljø og bærekraft, forsvarleg ressursutnytting og økologisk landbruk.

Fiskeri : Varmare hav kan føre med seg at fiskeførekomstar flyttar på seg og nye artar kan kome til. Havforsuring kan føre til store endringar i havet sine næringskjeder.

Samferdsel : Auka periodar med fryse- og tinesyklus kan gi store kostnadar på vedlikehald av infrastruktur. Flaum og havnivåstigning kan føre til at vegar rasar ut og vil medverke til store økonomiske konsekvensar for kommunen.

Bygg og anlegg : Eit varmare og våtare klima vil auke risikoen for fukt og råteskader på bygg og anlegg. Kommunen eig mykje eigedom, og med varmare ver og meir nedbør vil kostnadane til vedlikehald auke.

Naturmangfald: Biologisk mangfald og kjende dyreartar kan forsvinne, medan nye artar kan kome til. Eit varmare klima vil føre med seg at fleire framande artar kjem til. Tiltak for økosystemet og det biologiske mangfaldet er naudsynt i framtidig planlegging.

# Kjelder

## Rettleiarar, rapportar, internettlenkje m.m

Rettleiaren til Forskrift om kommunal beredskapsplikt frå Direktoratet for sivilt beredskap (OSB), 2012
Rettleiaren GIS i samfunnssikkerheit og arealplanlegging Vestlandsprosjektet 2005
Rettleiaren for kommunale risiko- og sårbarheitsanalyse frå DSB 1994
Temaheftet Samfunnssikkerheit i arealplanlegging frå OSB 2010
GISLlNE- Temakart i Volda kommune sitt kart system.
Kriseplan for Volda kommune 2012
Smittevernplan for Volda kommune 2009
Pandemiplan for Volda kommune 2009
Planstrategi for Volda kommune 2012 - 2015
Klimaplan for Volda kommune - 2010 - 2020
ROS- analyse Norddal kommune 2011
ROS- analyse Sykkylven kommune 2009
ROS- analyse VØR 2011
Temakart over hovudforsyning straum, Volda kommune
Trafikktryggingsplan 2007- 2010 for Volda kommune
Askeladden www.askeladden.no
Beredskap www.dsb.no
Dekningskart www.ntv.no
Forskrift om landtransport av farlig gods nr 384 www.lovdata.no
Geologiske undersøkingar www.ngu.no
Klima www.bioforsk.no
Klimaforskning www.met.no
Klima www.regjeringen.no
Klimatilpassing www.regjeringen.no
Natur www.naturnett.no
SEFRAK www.riksantikvaren.no
Skred registreringer www.skredatlas.nve.no
Statens strålevern www.nrpa.no
Telefondekning www.telenor.no
Terrorisme www.fn.no

### Personar som har kome med materiell/er intervjua:

Beredskapsrådet, kommunikasjons- og informasjonsteknologi - Per Ernst Lundberg
Brann – beredskap - Roy Inge Heltne
Brann førebygging - Stein Husevåg
Drikkevassforsyning, avløp og kloakk - Asbjørn Aasebø
Eigedom - Knut Innselset
Smittevern/radon - Kommunelege Arne Gotteberg
Kultur - Gunnar Andenes
Landbruk - Steinar Drabløs
Skogbruk - Roger Nedreklepp
Skred, flaum og foreining - Per Heltne
Tussa nett - Arve Hovdenakk
Tussa nett – Arild Lystad

## Vedlegg

A : Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga
B : GiS-prosjekt med omsynssone.

## Vedlegg A:

### SJEKKLISTE FOR VURDERING AV RISOKO OG SÅRBARHEIT I SAMFUNNSPLANLEGGINGA.

| Emne | | Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold? | Nei | Ja |
|---|---|---|---|---|
| Naturgitte forhold | a | Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? | | |
| | b | Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø? | | |
| | c | Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? | | |
| | d | Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar? | | |
| | e | Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus? | | |
| | F | Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima? | | |
| | g | Er faren for radon vurdert i området? | | |
| | h | Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)? | | |
| | i | Anna (Spesifiser)? | | |
| Omgivnad | a | Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken? | | |
| | b | Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)? | | |
| | c | Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område? | | |
| | d | Anna(spesifiser)? | | |
| Verksemds-risiko | a | Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg? | | |
| | b | Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko? | | |
| Brann/-ulykkes-beredskap | a | Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? | | |
| | b | Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? | | |
| Infrastruktur | a | Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? | | |
| | b | Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området: | | |
| | c | Er det transport av farleg gods til/gjennom området? | | |
| Kraftforsyning | a | Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner? | | |
| | b | Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster? | | |
| | c | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | | |
| Vassforsyning | a | Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området? | | |
| | b | Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga? | | |
| Sårbare objekt | a | Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området:<br>- elektrisitet ?<br>- teletenester?<br>- vassforsyning?<br>- renovasjon/spillvatn? | | |
| | b | Er det spesielle brannobjekt i området? | | |
| | c | Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området? | | |
| Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | | |
| | c | Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering? | | |
| | d | Anna (spesifiser)? | | |
| Ulovleg verksemd | a | Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål? | | |
| | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | | |

## Vedlegg B:

Ein finn nærare opplysningar om fareområda frå analysen i eksisterande kartmateriale som kommunen rår over. Her finn ein mellom anna detaljerte kart om rasfarar, flaumsoner, natur, kulturminne, radon, grunnforhold og forureina grunn.

Volda kommune

# KVALITETSSYSTEM FOR BEREDSKAPSARBEIDET

Versjon2, 2014 140214_rev.160115

## 1. Mål for kvalitetsikringssystemet:

*Kvalitetssikringssystemet skal sikre at beredskapsarbeidet i Volda kommune vert gjennomført på ein slik måte at det oppfyller krava i lov og forskrift. Vidare skal systemet sikre ei god implementering av beredskapsarbeidet i organisasjonen, godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar og tilfredtillande trening av personell som har roller i beredskapsarbeidet.*

## 2. Ansvarsfordeling av beredskapsarbeidet.

**Kommunestyret** trekkjer opp hovudlinene for arbeidet med dei beredskapsoppgåvene som kommunen har ansvaret for.

**Kriseleiinga** har det operative ansvaret etter vedteken "Beredskapsplan/Plan for Kriseleiing i Volda kommune".

**Beredskapsrådet** er eit rådgjevande organ for Kriseleiinga

**Rådmannen**, eller den han gjev fullmakt, er dagleg leiar for beredskapsarbeidet i kommunen. Rådmannen er ansvarleg for at:

- beredskapsarbeidet vert føremålstenleg samordna,
- beredskapsmessige omsyn vert tekne med ved planlegginga i kommunen,
- beredskapsplanane i kommunen vert ajourførte,
- planlagde førebuingar av beredskapstiltak i fred vert gjennomførde,
- Beredskapsrådet, som rådgjevande organ, vert kalla inn til årleg møte.

Rådgjevar i samfunnsutvikling og tilrettelegging har ved stillingsskildring 8.2.13 fått i oppdrag å vere rådgjevar/sakshandsamar i beredskapssaker og sekretær for Kriseleiinga (beredskapskonsulent).

## 3. Kommunen sitt plansystem:

Kommunen sine planar for handtering av krise er pr. dato:

Overordna ROS-analyse

Beredskapsplan/Plan for Kriseleiing i Volda kommune

Fagplanar (går fram av vedlegg 5 i Beredskapsplanen)

## 4. Årshjul for beredskapsarbeidet.



## 5. System for opplæring av tilsette i Volda kommune i beredskapsarbeid.

**Grunnkurs** i beredskapsarbeid:

- Kriseleiinga
- Beredskapskonsulent
- Beredskapssekretariatet.

Kurset vert repetert/vidareført kvart 4. år. Ved nytilsettingar skal kurset gjennomførast innan 6 mnd.

**Kurs i DSB-CIM:**

- Beredskapskonsulent
- Utpeika loggførarar i Kriseleiinga sitt sekretariat.

**Informasjon til sektorsjefar:**

Beredskapskonsulenten gjennomfører ei orientering på leiarmøta ein gong kvart år etter at Kriseplanen er rullert. Det vert avsett minimum 30 min. til gjennomgangen. Sektorsjefane har ansvar for å formidle denne informasjonen vidare til sine avdelings-/seksjonsleiarar. Dette skal skje minimum ein gong årleg.

Sektorsjefane skap rapportere til beredskapskonsulenten ein gong pr. år korleis beredskapsarbeidet i sektoren vert drive.

Kvar avdeling er ansvarleg for å utarbeide ROS-anayse for sin sektor.

## 6. Program for øving av Kriseplanen:

**Fullskala øving med aktivering av Kriseleiinga og beredskapssekretariat**: Slik øving bør gjennomførast kvart 5. år. Det er rekna med halv dag til gjennomføring av øvinga med første evaluering. Det vert føresett vegleiing frå beredskapsavdelinga hjå Fylkesmannen for gjennomføring og endeleg evaluering.

**Øving av system for informasjon og dokumentasjon i DSB-CIM:** Slik øving skal gjennomførast kvart år. Det vert sett av 2 timar til gjennomføring og evaluering.

**Aktivering av system for informasjon og dokumentasjon i DSB-CIM**: Slik aktivering skjer annankvar månad og består i at beredskapskonsulenten sender ut ei enkel melding i CIM som aktuelle personar i Kriseleiing og evt. andre må respondere på. Tidsforbruk for deltaking er minimalt.

Volda, den 16.1.15

Rune Sjurgard

Rådmann

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn J. Aasebø | Arkivsak nr.: | 2016/919 |
| | | Arkivkode: | L81 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | |
| 80/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

**Administrasjonen si tilråding:**
**BUSTADFELT K10 – ENGESET/ KLEPP**
**FASTSETJING AV TOMTEPRIS**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **I salspris for feltet skal anleggkostnad for fylgjande kostnadselement reknast inn og fordelast på tomtene i reguleringsplan K10 Engeset/ Klepp:**
   - **Tekniske anlegg for vegar, grønstruktur/ leikeplassar, gangstiar, va-anlegg og veglys.**

2. **Kjøpesum vert fastsett slik:**
   **Kostnader tekniske anlegg skal fordelast på 11 tomteeiningar med:**
   - **50 % av opparbeidingskostnad vert delt med lik sum pr. eining.**
   - **50 % av opparbeidingskostnad vert delt i høve til netto tomteareal på kvar eining.**

   **Dette gir slik pris for tekniske anlegg pr. 15.03.2016:**
   - **Pr. eining: kr. 328.355,-**
   - **Pr. m2: kr. 344/ m2 netto tomt.**

   **Kostnader for grunn:**
   **Grunnpris var pr. juni 2015 kr. 72,31 pr. m2 med utgangspunkt i grunnpris for brun sone i Engeset Klepp. Justert med konsumprisindeks fram til 15.03.2016 vert pris 74,01 kr/ m2 for bruttoareal i K10. Bruttoareal K10 utgjer 17900 m2. Nettoareal tomtegrunn utgjer 10500 m2. Grunnpris pr. m2 netto tomt pr. 15.03.2016 vert då 126 kr./ m2. Samla grunnkjøpskostnader skal fordelast i høve til netto tomteareal på kvar tomt.**

3. **I tillegg til salssummen kjem oppmålingsgebyr og tinglysing av målebrev, tinglysing av skøyte og eingongsgebyr for tilkopling av vatn- og avlaupsanlegg til ei kvar tid gjeldande satsar.**

4. **For tomter selde etter 15. mars 2016 skal det reknast ein prisauke som tek utgangspunkt i konsumprisindeks pr. 15. mars 2016.**

5. **Salsvilkåra for tomtene i K10 Engeset- Klepp, vert godkjende slik dei ligg føre som vedlegg til denne sak.**

**Vedleggsliste:**
1. Framlegg til salsvilkår for K10 Engeset – Klepp , datert 03.05.2016
2. Oversiktskart for tomtefelt K10 Engeset - Klepp datert 10.02.2016

Uprenta saksvedlegg:
Gjeldande salsvilkår for Engeset/ Klepp 3 og 4. byggesteg.

**Samandrag av saka:**
Volda kommune har under utbygging bustadfeltet K10 Engeset – Klepp. Tekniske anlegg skal verte ferdige medio juli 2016. Byggesteget utgjer:
- 17900 m2 bruttoareal. Tal einingar er 11 stk. som fastsett i reguleringsplan.

Administrasjonen har med utgangspunkt i grunnpris for området, prosjekteringskostnader, utbyggingskostnader inkl. tilleggsarbeid, veglysanlegg, venta tilleggsarbeid og påslag for administrasjonskostnader laga framlegg til tomtepris. Pris for ei gjennomsnittstomt på 1000 m2 vert om lag kr. 800.000 eks. mva , eks eingongsgebyr for tilkopling av vatn- og avlaup og oppmålingsgebyr.

**Saksopplysningar:**
Kommunen har under utbygging K10 Engeset – Klepp med ferdigdato medio juli 2016. Byggesteget utgjer i alt 17900m2 . Av dette utgjer:
- Vegar/ trafikkområde 4700m2
- Frittliggande småhus 10500m2
- Grønstruktur/ Leik 2700m2

Netto tomtegrunn utgjer 10500m2.

Opparbeidingskostnaden for feltet er fordelt på 11 einingar, frittliggande einebustadtomter med noko varierande storleik. Det kan byggast sekundærhusvære med inntil 3 hyblar for utleige i sokkeletasje.

Alle tomtekjøparar skal betale eingongsgebyr for tilknyting av vatn og kloakk etter til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ. I opparbeidingskostnader er det difor trekt i frå antatt totale eingongsgebyr for tilkopling vatn og avlaup. Med dagens satsar og eit antatt gjennomsnittleg bruksareal (BRA) på 250 m2 vert tilkoplingsgebyr som skal trekkast frå utbyggingskostnad kr. 412.500 eks. mva.

Eg nyttar same fordelingsprinsipp av kostnader som har vore nytta i kommunale bustadfelt tidlegare:
- 50 % av utbyggingskostnad skal fordelast med lik sum på kvar eining.
- 50 % av utbyggingskostnad vert delt etter netto tomtegrunn.

Administrasjonen har med utgangspunkt i grunnpris for området, prosjekteringskostnader, utbyggingskostnader, veglysanlegg, venta tilleggsarbeid og påslag for administrasjonskostnader laga framlegg til tomtepris. Med i grunnlaget er:

- Konsulenthonorar: 0,175 mill. kr. eks. mva
- Entreprise utbygging 6,159 mill. kr. eks. mva
- Tilleggsarbeid, 15% uføresett 0,924 mill. kr. eks. mva
- Påslag administrasjonsgebyr 5 % av utbyggingskostnader 7,566 mill. kr. 378.300.

Totalt kr.7.636.300.

Med dette som føresetnad vert sum grunnlag eks. mva. til fordeling som fylgjer:

| | |
|---|---|
| Utbyggingskostnader tekniske anlegg eks. mva: | |
| Sum til grunnlag fordeling | kr. 7.636.300 |
| Frådrag eingongsgebyr for tilkopling vatn/ avløp | kr. 412.500 |
| Sum grunnlag til fordeling, pris eks. mva | kr. 7.223.800 |

| | | |
|---|---|---|
| Fordeling på eining: | kr. 3.611.900/ 11 einingar | = kr. 328.355 |
| Fordeling på netto tomtegrunn areal | kr. 3.611.900/ 10500m2 | = kr. 344,- pr. m2 |

Gjennomsnitt tomtestorleik: 1000m2 gir fylgjande prisar:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Råtomt: kr. 126/m2 x 1000m2 | | kr. | 126.000,- |
| Tekniske anlegg: | | | |
| • Pr. eining: | kr. 328.355 | | |
| • Pr. m2 : 344kr/m2 x 1000m2 | kr. 344.000 | kr. | 672.355,- |
| Pris på gjennomsnittstomt pr. 15.mars 2016 eks. mva | | kr. | 798.355,- |

Avrunda kr. 800.000 eks. mva.

I tillegg kjem eingongsgebyr for tilkopling vatn og avlaup, oppmålingsgebyr og tinglysing. Det er ikkje rekna moms sidan kommunen får refundert moms ved utbygging (momskompensasjon).

Alle kostnader m.o.t VA-anlegg vert belasta K10-feltet og skal ikkje avskrivast på sjølvkostområdet**.**

**Vurdering og konklusjon:**
Salspris er utrekna etter tilnærma sjølvkostprinsipp med utgangspunkt i tilbodsprisar og med eit administrativt påslag på 5%. Det er ikkje rekna inn rente i byggetida, noko som kunne vore lagt inn. Dette er einaste form for subsidiering som vert gjort på feltet.

I kostnadane for feltet er der med 14 p-plassar for bil tiltenkt gjesteparkering i K10-feltet og ufartsparkering til innbyggarar i Volda kommune. Deler av kostnad til opparbeiding av p-plassar, kr. 400.000, kunne vore trekt ut som eksterne kostnader og ikkje fordelt på tomtene. I Bratteberg Aust er denne type kostnader også lagt på tomtene, så eg vel difor å ta kostnad med opparbeiding av p-plassar med i fordeling på tomtene i K10.

Tomtestorleik varierer frå 636m2 på den minste tomta til 1204m2 på den største. Salspris for ei standard bustadtomt, gjennomsnittstorleik på 1000m2, vert kr.800.000 eks. mva. I tillegg kjem eingongsgebyr for tilkopling vatn og avlaup, oppmålingsgebyr og tinglysing.

K10 er siste areal avsett til einebustadtomter i Engeset/ Klepp. Tomtene er solrike og med fantastisk utsikt. Etter rådmann sitt syn er dette einebustadtomter av høg kvalitet som bør vere svært attraktive for husbyggarar. Hovudårsak til den tross alt ”gunstige prisen” i

vanskeleg terreng er svært lav grunnpris i området og god konkurranse ved tilbodsinnhentinga på utbygginga av tekniske anlegg.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Vurdert i plansamanheng.

**Økonomiske konsekvensar:**
Volda kommune får ved denne utbygginga eit bustadfelt med fantastisk utsikt som vert selt til tilnærma sjølvkost.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Brannvatn er vurdert i samanheng med prosjektering av dei tekniske anlegga.

**Rune Sjurgard**
**Rådmann**

**Utskrift av endeleg vedtak:**
**Økonomivadelinga, revisor, kommunalteknisk avd.**

**Klageinstans:**

# SALSVILKÅR

FOR

# K10 Engeset –Klepp

**1. Kjøpesum.**

Kjøpesum vert fastsett slik:

a) Utbyggingskostnader skal delast med 50% etter tomteeiningar og 50% etter netto tomteareal.

Det er nytta reguleringsplan ved fastsetjing av tal einingar:

- Frittliggande småhus, % BYA = 30% 11 einingar

Dette gir fylgjande:

- Samla tal einingar: 11 stk
- Samla netto tomteareal: 10.500 m2
- Samla bruttoareal for utbygginga (bustadareal, areal for nettstasjon, veggrunn, grønstruktur og leik: 17.900 m2.

b) Grunnpris skal fastsetjast med utgangspunkt i grunnpris for Engeset/ Klepp fastsett i skjøn xxxxx, jf. K-sak xxxxx. Justert med konsumpris fram til 15.03.2016 vert pris på bruttorareal kr. 74,07 pr. m2. Samla grunnkjøpskostnader skal fordelast i høve til netto tomteareal på kvar tomt.

Grunnpris pr. m2 netto tomtegrunn pr. 15.03.2016 vert då kr. 126,- pr. m2. For tomter selde etter 15.03.3016 skal det reknast ein prisauke som tek utgangspunkt i konsumprisindeks pr. 15.03.2016.

c) I tillegg til salsummen ovanfor kjem oppmålingsgebyr, byggesaksgebyr og eingongsgebyr for tilkopling vatn og avlaup.

**2. Betalingstidspunkt.**

Kjøpesummen forfell til betaling innan 1. månad etter melding om endeleg kjøpessum. Er ikkje kjøpesummen betalt innan 1 månad etter betalingsfristen, kan tomta tildelast andre. Rådmann kan fastsetje andre betalingsvilkår i einskilde høve, t.d. krevje forskot eller gje utsetjing med betalinga.

**3. Byggefrist.**
Byggefrist er 1. år frå tinglyst skøyte i samsvar med reguleringsplan. Er det ikkje starta byggearbeid på tomta innan 1 år pliktar eigar å skøyte tomta **heftefri** attende til kommunen til same pris og utan kostnad for kommunen.

**4. Diverse reglar, leidningar over tomtene m.m.**

a) Tomtekjøparane får varig bruksrett i:
   - felles leik-/ grønstruktur innanfor planområdet til K10 og desse skal vere opne for allmenn ferdsel.
   - Rett til å bruke grønstruktur/ leikeplass opparbeidd i byggesteg 4 Engeset/ Klepp og som grensar inn til o_G1
   - Dei som har bruksrett i fellesareal/ grønstruktur skal sjølve stå for fysiske installasjonar, leikeapparat utover det som reguleringsføresegnene for feltet seier og likeeins sjølve ha ansvar for drift og vedlikehald av desse. Likeeins får dei rådvelde og plikter over fellesareala/ grønstrukturane innan planområdet K10 og svarar for eitkvart krav som vedkjem fellesareala / grønstrukturane innan planområde K10.

b) Dersom tomteeigarar krev gjerde mot fellesareal/ offentleg friområde må dei sjølve koste det.

c) Kommunen har varig rett – til utan vederlag – å legge eventuelle skråningar inn på tomtene. Som veg reknast i denne samanheng også gangveg og snuplas.

d) Dersom kommunen ynskjer å legge vatn, kloakk og overvatn eller kabelanlegg til andre tomter har ein rett til å grave ned slike leidningar over eigedomen eller føre den over grunnen utan vederlag. Kommunen skal ha uhindra og vederlagsfri tilgong til når som helst å føre tilsyn, reparasjon og omlegging av slike leidningar. Etter at slikt arbeid er utført , pliktar kommunen å setje eigedomen i stand med opprydding, reparasjon av gjerder og tilstelling av plen slik den var før gravearbeidet vart sett i gong. Omfang av støttemurar over hovudleidningar inne på tomtene må avklarast med teknisk sektor i Volda før bygging. Minste avstand frå bygning til hovudleidningar er 2,0m. I heilt spesielle høve kan det søkast om endå mindre avstand til hovudleidning. Tiltaket kan også vere søknadspliktig etter Plan- og Bygningslova.

e) Kommunen har rett til å plassere koplingsboksar, kabelskap, leidningskummar og lysmaster inne på tomtene. Kjøpar må ikkje bygge over leidningane eller disponere eigedomen slik at leidningsnett med innretningar vert utsett for fare eller skade.

f) Stikkleidningar, for enkelttomter eller for 2 eller fleire tomter, som vert lagt av kommunen skal overtakast av kjøpar frå og med anboringsklave/ tilkoplingspunkt avløp. Viser elles til reglement for kommunalt vatn og avlaup.

g) Der kommunen etter avtale eller skjøn har gjerdeplikt mot andre eigedomar, overtek kjøpar av den enkelte parsell kommune si gjerdeplikt i samsvar med den avtalen kommunen har med vedkomande.

h) I grensa mellom tomtene 7og 8 og 9og 10 frå veg f_V3 er det lagt opp 200mm overvassleidning til 3m avstand frå fot fylling o_V1 for å leide bort overvatn som kjem ut av vegfylling mykje nedbør. Tomtekjøparar av desse tomtene må for eigen kostnad samle opp og leide overvatnet inn på dette røret ved utbygginga av tomta.

i) Tilkomstveg f_V3 er privat fellesveg for tomtene 11, 7,8 og 9. Oppsitjarane har i fellesskap ansvar for å drifte og vedlikehalde veganlegget.

--------¤--------




*Reguleringsplan Engeset -Klepp K 10 slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert januar 2014 vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.*

*For Administrasjonssjefen*
*Per Helme, Planleggar*
*e.f.m.*

VOLDA KOMMUNE
UTVIKLING

## TEGNFORKLARING

Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)
- Bustader - frittliggjande småhus

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)
- Køyreveg
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkering
- Energinett

Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)
- Friområde

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008
- Regulerings- og utbyggingsplanområde
- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Eigedomsgrense som skal opphevast
- Byggjegrense
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert kjørefelt
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert fotgjengarfelt
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel

N

Kartgrunnlag i M: 1:1 000
Plandata er digitalisert fra manuskart i M: 1: 1 000

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:1000

| | | |
|---|---|---|
| Volda kommune | **REGULERINGSPLAN**<br>**Engeset - Klepp K10**<br>MED TILHØRENDE REGULERINGSBESTEMMELSER | Kartblad:<br>Planid.: 2011001<br>Arkivnr.: |

| SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN | SAKS-NR. | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| Revisjon: | | | |
| Kommunestyrets vedtak: | | 30.01.2014 | |
| Kommunestyret - eigengodkjenning | | 30.01.2014 | |
| 2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker | | | |
| Offentlig ettersyn fra ......14.10.2013.......til .........28.11.2013.................. | | 24.09.2013 | |
| 1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker | | 31.01.2011 | |
| Kunngjøring av oppstart av planarbeidet | | 31.01.2011 | |
| PLANEN UTARBEIDET AV: Volda kommune | PLANNR. 2011001 | TEGNNR. | SAKSBEH. PH |

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2015/1737 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 200700-01 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 112/16 | Formannskapet | 14.06.2016 |
| 81/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## PLANID 200700-01 - VOLDA FERGEKAI- RV. 651. DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN. FORVALTNINGSSTYRET SAK PS86/15 - 8.12.2015

### Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.*

2. *Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.*

**Vedleggsliste:**
Forvaltningsstyret sak 76/15 med vedlegg
Statens vegvesen v/Ole Jan Tønnesen – brev/epost datert 27.11.2015
Forvaltningsstyret sak 86/15.
Referat frå møte med Statens vegvesen den 22.04.2016
Volda kommune – tilbakemelding – brev av 28.04.2015
Førebels situasjonsplan utbygging av ny kai m.m
Reguleringsplan Vikeneset

**Samandrag av saka:**
Statens vegvesen har den 29.07.2015 søkt dispensasjon frå reguleringsplan «Vikeneset», plan eigengodkjent 29.03.2007, for bygging av ny fergekai utanfor eksisterande kai i Volda sentrum.
Det vart 23.10.2015 gjennomført møte med Statens vegvesen der ulike spørsmål knytt til dispensasjonssøknaden vart drøfta.

Søknaden vart handsama av forvaltningsstyret i sak 76/15, den 17.11.2015, og det vart gitt dispensasjon på visse vilkår. M.a. var det sett krav om at krysset mot E39 skulle utbetrast samtidig med bygging av ny kai. (vilkår pkt 3).
Kommunen v/ordførar vart etter det kontakta pr telefon av avdelingsdirektør Jan Ole Tønnesen, og kommunen fekk etter det brev/e-post datert 27.11.2015 frå Statens Vegvesen. Her vart det bedt om at saka vart vurdert på nytt og at vilkår i pkt 3 vert gjort om.
Saka vart ut frå dette fremja for Forvaltningsstyret på nytt i sak PS 86/15 den 8.12.15 og tidlegare vedtak pkt 3. vart endra. Ordførar møtte i Forvaltningsstyret under handsaming av saka.

Etter vedtak i saka har det vore gjennomført arbeidsmøte den 22.04.2016 der ein drøfta nærare detaljar knytt til utforming og gjennomføring.
Jf. Referat frå møtet og tilbakemelding frå kommunen i notat av 28.04.2016.
Jf. Også seinare motteken justert skisse til utforming av venterom.

Med bakgrunn i dette vart saka lagt fram for Formannskapet som referatsak i møte den 10.05.2016, som sak OS 77/16.

Odd A. Folkestad reiste slikt spørsmål:
*«Kven kan godkjenne ein "ny reguleringsplan»?*
*« Volda formannskap viser til K.sak 33/07 der ny reguleringsplan for Vikeneset vart eigengodkjend. - Formannskapet kan ikkje godkjenne at det i det framlagde forslaget er gjort store avvik i høve til reguleringsplanen t.d. vedr. aralbruk, talet på biloppstillingsplassar m.m. -Vegvesenet blir difor bedne om å leggje fram eit nytt forslag til løysing der også betra ut-/innkøyring til E39 er medteke, som ein del av det arbeidet som Statens vegvesen no planlegg å gjennomføre.»*

Saka var ikkje på saklista, og etter drøfting vart det konkludert med at Formannskapet/-kommunestyret skulle få saka til handsaming.

Jf. Saksutgreiing nedanfor og tilråding i saka.

**Saksopplysningar:**
Statens vegvesen har den 29.07.2015 søkt dispensasjon frå reguleringsplan «Vikeneset», plan eigengodkjent 29.03.2007, for bygging av ny fergekai utanfor eksisterande kai i Volda sentrum.

I søknaden heitte det m.a.:
*«Statens vegvesen vil med dette søke om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Vikeneset, vedtatt 29. mars 2007. Vi planlegg å bygge ny ferjekai som skal erstatte eksisterande kai for sambanda til Folkestad og Lauvstad. Vedlagte situasjonsplan viser kvar den nye kaia er plassert, og kva endringar ein får på landareala.*
*Tiltaka inneber berre små endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan, og i møte med Volda kommune sin administrasjon var det einigheit om at endringane ikkje medfører krav om ny reguleringsplan. Vi vil difor søkje dispensasjon fri gjeldande reguleringsplan i samsvar med plan- og bygningslova §19-1.*
*Eksisterande kai er i dårleg forfatning og det er vurdert om denne kan utbetrast slik den ligg i dag. Dette meiner vi ikkje er teknisk- og fagleg forsvarleg og den vil difor måtte erstattast med ei ny kai. 1tillegg til skadane på ferjekaia, medfører også ferjetrafikken ei undergraving av E39 Sjøgata som er Øydeleggande for vegen og som etter kvart kan få alvorlege konsekvensar.*
*Både omsynet til E39 og behovet for å ha trafikk på eksisterande kai medan ein bygg ny, gjer at vi tilrår ei plassering av ny kai på ein annan stad enn det gjeldande reguleringsplan viser.*

*Det er eit mål at prosjektet har byggestart i 2016.*

***Skildring av endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan:***
*I tillegg til bygging av ny kai og riving av eksisterande kai, vil tiltaket omfatte ny plastring langs E39, oppatt bygging av gang- og sykkeltilkomst, opparbeiding av grøntareal og mindre justering av oppstillingsarealet for ventande bilar. Utbygging av andre delar av areala som er innanfor reguleringsplanen for Vikaneset ferjekai, inngår ikkje i prosjektet med ny ferjekai.*

***Skildringav kai:***
*Ny tilleggskai i betong vil ha 90 meters lengde fundamentert på stålrørspelar. Ny ferjekaibru vil ha 12 meters breidde og 18 meters lengd*

***Bygging og trafikkavvikling under bygging:***
*For å kunne bygge mest muleg av den nye kaia før vi flytter ferjetrafikken til ny kai, er det planlagt å bygge nytt landkar og indre del av tilleggskaia først. Etter kvart som ny betongpir vert bygd utover kan det bli konflikt mellom ferjetrafikk og ny kai, men då kan det vere aktuelt å sette opp midlertidig stag mot gamlekaia (to punkt) slik at ein kan anløpe nyekaia medan ein bygg resten av tilleggskaia med ferjetrafikk. Tilsvarande løysning (dykdalb) vart gjort på Lauvstad ferjekai i 2012. Under bygging vil vi legge vekt på trygg ferdsel for fartøy og minst mulig driftsstans, samt at tryggleiken for dei som bygg skal vere ivaretatt. Elles vil bygginga skje i samsvar med gjeldande regelverk når det gjeld arbeidstid, støy, forureining, m.m.*
*Vi har vore i kontakt med rederiet Fjord 1 ved Lars Juvik, og etter deira vurdering er vår byggemåte og plassering av ny kai ok.*

***Verknadar:***
*Etter vår vurdering vil ny ferjekai med tilhøyrande tiltak ikkje medføre negative konsekvensar for naboane. Ferja vil kome lenger frå busetnaden og vere til mindre sjenanse i form av støy- iland- og ombordkøyring vil også skje lenger frå busetnaden og dermed vert støy frå desse også mindre. Dei andre endringane på land vil i all hovudsak gi ei forskjønning av området ved at ein får større grøntareal mellom ferjekaia og E39. Det vert lagt vekt på god gang- og sykkeltilkomst, samla plassering av containerar og avfall og gode forhold for iland- og ombordkøyring. Det vert også lagt til rette for at kommunen kan utvide sitt areal for pumpestasjon/silanlegg.*
*Nabovarsel ble sendt ut rekommandert til berørte naboar den 17.juni, og vi har ikkje mottatt merknader frå naboane.»*

Dispensasjonssaka vart fremja for handsaming i Forvaltningsstyret til møte den 25.08.15, der det vart gjort slikt vedtak:
*«Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast.»*

Slikt møte vart avtala og både ordførar, rådmann og sakshandsamarar i kommunen vart innkalla. Møtet vart gjennomført den 23.10.2015. Både ordførar og rådmann melde forfall, og berre representantar for administrasjonen møtte.

I referat frå møtet heiter det:
*«Sak 1 – Volda kommune orientere om sakshandsaminga i Volda. Forvaltningsstyret utsette saka då dei ønskte eit møte med Statens vegvesen for å avklare følgjande forhold:*
- *Endra plassering vil i betydeleg og uheldig grad redusere kaifronten i Volda sentrum*
- *Noko må/bør gjerast med krysset mot E39 - kvifor er ikkje utbering her i samsvar med gjeldande reguleringsplan med i prosjektet?*

- *Venteromfunksjon på området skal ivaretakast og utforming /bruk av auka landareal må avklarast jf. tettstadprosjektet.*

*Sak 2 – Kva vert avklart i dispensasjonsaka og kva må avklarast i byggesøknad.*
*Statens vegvesen påpeiker at vårt hovudmål med dispensasjonssøknaden er å få avklart om ei kaiplassering som ikkje er i samsvar med gjeldande plan kan aksepterast.*
*Det er dei byggetekniske forholda som gjer at Statens vegvesen tilrår løysinga som er vist i dispensasjonssøknad. For at ferja ikkje skal undergrave fundamenteringa til E39 slik den gjer i dag, så er ferjekaia trekt vekk frå E39.*
*For at ein skal kunne oppretthalde trafikk på sambandet i anleggsperioden er kaia plassert slik at eksisterande kai kan nyttast store delar av anleggsperioden.*
*Plasseringa medfører at om lag 25 meter av den kommunale kaifronten ikkje lenger kan nyttast (sjå vedlagt teikning). Ein kan vurdere om ferjekaipir kan nyttast som liggekai for ferjer, men den kan ikkje nyttast av andre båtar, og vil heller ikkje vere attraktiv til det, då ferja skaper mykje sjø.*
*Om vi skulle fremje ein reguleringsplan for bygging av ny kai, ville Statens vegvesen som tiltakshavar foreslå same løysinga.*
*Statens vegvesen stiller spørsmål om plassering av venterom/toalett må avklarast i dispensasjons-saka. For kommunen sin del er det ok å plassere venterom på område som er regulert til vegareal, då tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med arealføremålet. Statens vegvesen må avklare byggegrense mot veg.*
*Kommunen føreset at venteromfunksjon og toalett kan oppretthaldast på området også etter eventuell flytting av kaia. Vidare avklaringar omkring venterom skjer først i byggesaka. Då må også framtidig samarbeid avtalast mellom partane, men ein føreset at ein kan basere seg på den ordninga ein har i dag med driftstilskot.*

*Sak 3 – Kryss mellom E39 og rv. 651*
*Det er semje om at dette er eit kryss med dårleg trafikkavvikling og at tiltak i krysset er ynskjeleg. Det er ikkje midlar til dette tiltaket i NTP, og ev. midlar som ein får til bygging av ny ferjekai kan ikkje nyttast til utbetring av kryss. Bygging av ny kai vil verken forbetre eller forverre forholda i krysset, og Statens vegvesen meiner det er uheldig at kommunen koplar saker på ein måte som gjer at prioriterte prosjekt vert utsett.*
*Statens vegvesen stiller på møte forvaltningsstyret. Vi presenterer prosjektet og problemstillingar omkring bygging. Kommunen avklarer aktuell dato, mest sannsynlig 17. november.»*

Søknaden vart handsama av forvaltningsstyret i sak 76/15, den 17.11.2015, og det vart gitt dispensasjon på visse vilkår. Planleggarane Siv Sundgot og Brage Bragason frå Statens vegvesen var til stades under handsaminga og orienterte og svarte på spørsmål i høve saka.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg til vedtak, som vart vedteke med 7 mot 2 røyster:

*«Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

1. *Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*

2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*
3. *Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*
4. *Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.»*

Tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Rotevatn og Fylling), og lydde slik:

*"Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*
1. *Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg."*

Forvaltningsstyret sitt vedtak vart etter dette sendt søkjar og partar med høve til klage, jf forvaltningslova.
Innanfor gjeldande klagefrist vart kommunen v/ordførar kontakta pr telefon av avdelingsdirektør Jan Ole Tønnesen med spørsmål til saka. Kommunen fekk etter dette brev/e-post datert 27.11.2015 frå Statens Vegvesen, der det vart bedt om at saka vart vurdert på nytt og at vilkår i pkt 3 vart gjort om.
I brev/e-post frå statens vegvesen heiter det m.a:
*«Til Jørgen Amdam*

*Vedrørende sak: Melding om politisk vedtak - PlanID 200700-01 - Dispensasjon fra reguleringsplan ny fergekai på RV. 651 i Volda, GNR 19/950 og 862.*

*Jeg viser til hyggelig telefonsamtale omkring realisering av utbedring av Volda fergekai, der det ble sagt at denne saken skulle tas opp igjen i Forvaltningsstyret den 8.12.2215. Saken er knyttet til vedtak den 19.11 der Volda kommune ved forvaltningsstyret fatter vedtak som sak 76/15. Vi skulle skrive en oppsummering av saken og et grunnlag til deg for å ta saken videre i egen organisasjon.*

*Generelt vil vi i dette sakskomplekset understreke at vegeierne og Statens vegvesen arbeider for en helhetlig utvikling av vegnettet. Ut fra et faglig grunnlag spiller vi inn forslag til bevilgede myndigheter, de prosjekter og tiltak som til enhver tid har best effekt for alle trafikanter. Det er ikke tvil om behovet for bl.a. bedre kryssløsning i Volda, men hvis kommunene i sin planbehandling av ett prosjekt, skulle sette vilkår om realisering av det neste, ville en helhetlig prioritering av vegprosjekt bli vanskelig. Vi ønsker et godt samarbeid med kommunen, dette er et viktig fundament for at Statens vegvesen skal utføre sine oppgaver for stat/fylkeskommune på en skikkelig måte.*
*Videre er det viktig for oss at vilkår som settes i et vedtak må ligge innenfor rammene av de hensyn plan og bygningsloven skal ivareta. Det må videre være en naturlig sammenheng mellom dispensasjonen og vilkåret, og vilkåret må være forholdsmessig. Dvs. at vilkåret må*

*stå i forhold til de hensyn det skal ivareta, og at det må ligge en viss balanse mellom det vilkåret som er satt, og tiltaket det gis tillatelse til. På bakgrunn av dette anser vi spesielt vilkår 3 som urimelig for saken og vil vi se oss nødt til å klage på vedtaket om ikke kommunen etter eget initiativ omgjør vedtaket. Vi mener vi heller burde gå i dialog med dere enn å måtte benytte klageretten i dette tilfellet.*
*For å kunne komme videre med bygging av ny fergekai ber vi derfor om at forvaltningsstyret ser på mulighetene for å omgjøre vedtaket fra 19.11, spesielt med tanke på vilkår 3 i vedtaket. Vi ber også om at utfallet av behandlingen orienteres vegvesenet snarest da klagefristen på vedtaket fra 19.11 er 10.12. Det settes også stor pris på om vi kan ha en dialog underveis på hvordan kommunen vil håndtere denne saken, da vi må vurdere behovet for å begynne å arbeide med å utforme en klage.*
*Vi viser også til referat fra møte den 23.10 mellom Volda kommune og vegvesenet, der det som omfattes av vilkår 2 og 3 er diskutert. Referat er vedlagt.*
*Avslutningsvis vil vi nedenfor vil vi gjøre en nærmere redegjørelse for det enkelte vilkåret.*

*Vilkår punkt 1:*
*Dette punktet ansees å ligge innenfor de rammene som skal hensynstas i et dispensasjonsvedtak. Vegvesenet vil ta med dette inn i det videre arbeidet. Vi kan imøtekomme i samarbeid med kommunen i en egen prosess i byggesaken.*

*Vilkår punkt 2:*
*Venteroms funksjonen, mener vi, ligger utenfor rammene som omhandler dispensasjonssaken for fergekaia. Det er satt et vilkår med manglende saklig sammenheng, og at en avtale om venterom er privatrettslige forhold, som faller utenfor rammene til plan- og bygningsloven.*
*I referat fra møtet med kommunen den 23.10 fremkommer følgende:*
*"Vidare avklaringar omkring venterom skjer først i byggesaka. Då må også framtidig samarbeid avtalast mellom partane, men ein forutset at ein kan basere seg på den ordninga ein har i dag med driftstilskot."*
*Vilkår punkt 3:*
*Midler til å gjennomføre tiltak på riksveg avklares gjennom NTP. Vi er enige i at det er utfordringer i krysset, men krysset er et prosjekt som må løses gjennom midler i NTP og pr. dags dato ligger det ikke inne midler til ombygging av dette krysset. Statens vegvesen kan derfor ikke forplikte staten til å gjennomføre utbygging samtidig med fergekaia på nåværende tidspunkt.*

*Vi mener at dette vilkåret ligger utenfor hensynene som skal tas i dispensasjonssaken, og at vilkåret ikke står i forhold til de endringer som tiltaket vil medføre i krysset. Da fjerning av 4-5 oppstillingsplasser til Lauvstad ikke i vesentlig grad forverrer forholda i krysset. Midlertidige tiltak kan vurderes fortløpende ut i fra en faglighet, tilgang på midler og sett ut i fra behov i hele fylket. Men kan ikke settes som vilkår for et annet prosjekt. Da vil vi varsle om at vi vil påklage vedtaket.*

*Vilkår punkt 4:*
*Som for alt annet grunnerverv som utføres av Statens vegvesen skal alle tap i forbindelse med bygging av veg og anlegg erstattes. Dette tas som et ledd i gjennomføringen der det inngås en avtale mellom vegvesenet og kommunen om erstatning.*
*Vi anser dette vilkåret som et privatrettslig forhold mellom kommunen og vegvesenet. Dette vilkåret blir ivaretatt gjennom en annen prosess, og berører ikke hensynene i dispensasjonssaken.»*

Saka vart ut frå dette fremja for Forvaltningsstyret på nytt i sak PS 86/15 den 8.12.15.

Berre brevet frå statens vegvesen var nytt dokument i saka, og det var ikkje gitt ny saksutgreiing eller tilråding til vedtak frå administrasjonen.
Ordførar møtte i Forvaltningsstyret under handsaming av saka og orienterte om sin kontakt med statens vegvesen.

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 3 i vedtak i sak 76/15:

*«3. Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.*
*Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.»*

Ved alternativ røysting mellom pkt. 3 i vedtaket i forvaltningsstyret i sak PS 76/15 og framlegget frå Sindre Rotevatn, fekk framlegget frå Rotevatn 5 røyster og vart vedteke. Pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 fekk 4 røyster og fall.
Dette vedtaket er ikkje påklaga og er såleis gjeldande.

Etter dette vedtak i saka har det vore gjennomført arbeidsmøte mellom statens vegvesen og administrasjonen i kommunen den 22.04.2016 der ein drøfta nærare detaljar knytt til utforming og gjennomføring av tiltak ved fergekaia, jf pkt 1-4.
Statens vegvesen har utarbeidd fylgjande referat frå møtet:
(ligg ved som eige dok.)

***«Sak 01-01 Innledning***
*Spesialprosjekt konstruksjoner har fått bestilling på prosjektering av ny ferjekai i Volda kommune. Eksisterende kai er i dårlig stand og må erstattas med en ny kai. I tillegg til skadene på ferjekaia medfører også ferjetrafikken undergraving av E39 Sjøgata som er ødeleggende for vegen og som etter kvart kan få alvorlige konsekvenser. Gamle kaia rives i sin helhet.*
*Volda kommune har i 2015 gitt dispensasjon fra reguleringsplan for flytting av ferjekaia, formålet med dagens møte er å presentere forslag til utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 samt plassering og utforming av nytt venterom/toalett. I forkant av møtet har SVV sendt over tegning som viser forslag til løsning, samt beskrivelse av denne.*
***Sak 01-02 Plassering av ferjekai***
*Ny ferjekai blir plassert ca. 5m fra landkar på den gamle kaia. Ny kai har lengde på 90m og er fundamentert på stålrørspeler, med 12 x 18m ferjekaibru. Slik kaia foreslås plassert vil den komme inn på Volda kommune sitt areal, SVV ved Magne Krøvel er i dialog med kommunen om dette.*
***Sak 01-03 Landareal oppstillingsplass***
*Oversendt tegning viser forslag til utnytting av arealet ved ferjekaia. Det er i tillegg laget et notat som beskriver utforming og materialbruk for landarealet, se vedlegg for detaljer. Antall oppstillingsplasser til Folkestad blir redusert fra 36 til 27 og for Lauvstad fra 31 til 30. SVV anbefaler at det blir byttet om på oppstillingsplassen, slik at biler som skal til Folkestad bruker det største oppstillingsarealet.*
*Det skal gjennomføres grunnboringer i løpet av april/mai, skråningsutslag for ny fylling kan bli justert etter dette. Dette kan gi endret plassering av gangveg og venterom da disse må tilpasses skråningstopp.*
*Volda kommune opplyste i møtet at de ser veldig positivt på forslaget som er oversendt med løsning og utforming av nytt landareal/toalett/Wc.*
*De har likevel noen få kommentarer:*
*- Ber om at SVV vurdere om det er mulig å få kontinuerlig sti med granittheller fra venterommet og bort til den kommunale parkeringsplassen.*
*- Det er ønskelig med sykkelstativ (ca. 3- 5 sykler) i forbindelse med venterommet*

*- Det er ønskelig med mulighet for tilkomst til sjø fra treplattingen. I møtet ble det opplyst fra SVV at på grunn av stor propellstrøm og sikkerhetssone rundt ferjekaia kan ikke dette imøtekommes.*
*- Volda kommune gir i løpet av uke 17 tilbakemelding om størrelse av venterom/wc.*
*Volda kommune opplyser at de kan bidra med midler dersom ønsker fra kommunen gjør at omfanget i prosjektet blir større enn det som SVV har midler til. Dette må avklares senere når endelig løsning på arealbruken er avklart.*
*SVV har beskrevet forslag til farge- og materialbruk i notatet. Selv om dette ikke samsvarer med Volda kommune sin sentrumsplan var det i møtet enighet om at den kan fravikes da ferjekaia vil bli sett på som et eget område med sin egen identitet.*
*SVV sender Volda kommune tegning av eksisterende venterom/wc og tegning av nytt aggregathus. Drift og vedlikehold av nytt venterom/toalett må avklares.*
*SVV sjekker internt hvordan dette bør løses.*
*SVV kommer med forslag til ny plassering av eksisterende opplysningstavle.»*

Som vedlegg til notatet var ulike forslag til materialbeskrivelse basert på andre bygde fergekaiområder i Statens vegvesen sin regi.

Det heiter elles vidare om utforminga:

*«Biloppstilling/ferjekø*
*Innkøyring til og utforming av området for biloppstilling følgjer same prinsipp som før, men rekkjene vinklast slik at ombordkøyring blir lettare ved flytting av ferjekaia. Talet på oppstillingsplassar blir noko redusert, og vi foreslår at bilar til Folkestad står på det sørlegaste feltet som rommar flest bilar (30 bilar, mot 27 bilar på nordleg felt).*
*Utkøyring av ferja foregår i to filer, med fletting på land til éi fil etter ca 100 m.*
*Parkeringsplass*
*Parkeringsplassar blir ståande om lag som i dag, med ei tydeleg markering mellom ferjekøoppstilling og parkeringsplassar. Vi foreslår også å utvide rabattane i kvar ende av parkeringsplassen, slik at parkerte bilar står mindre utsett til.*
*Terreng og universell utforming*
*Ferjeleiet ligg på eit heilt flatt område, og er slik sett lett tilgjengeleg for alle. Utfordringa er utflytande asfalt-/betongareal som ikkje i stor nok grad skiljer mellom gangareal og anna vegareal. Gangvegen må vere gjennomgåande og tydeleg frå eksisterande gangveg i aust og heilt fram til gangsona på ferjekaibru. Bevisst materialbruk og naturlege leielinjer vil vere med på å trygge passasjerar i overgang mellom ferje og ferjekaibru.*
*Med etablering av eit større grøntområde mot Sjøgata kan ein bygge opp terrenget noko her for å skilje ferjeområdet frå vegtrafikken for øvrig.*
*Det er viktig å sørge for fall mot sluk/mot sjøen for å unngå ståande vatn på dei store flatene. Eksisterande sluk/kummar må flyttast slik at dei blir fornuftige ift nye linjeføringar/kantar. Terrenget/biloppstillingsplassane ligg på ca kote +2,20 og fv 651 ligg på ca kote 2,40. Nytt landkar blir liggande på ca 2,35. Venterommet foreslås plassert på ca kote 2,30.*
*Venterom/toalett*
*Vi foreslår å plassere nytt venterom i eit grøntområde mellom Sjøgata og ferja. Dette blir ei naturleg plassering for gåande frå sentrum. Venterommet vil få front med store vindauge mot biloppstillingsplassane, med inngang frå gangveg i søraust. Vi foreslår eit bygg med utgangspunkt i ein type brukt på for eksempel Lavik ferjekai.*
*Det skal monterast fotskraperister framfor inngangsdørene til venterom/toalett.*
*Rundt vegglivet skal det settast ei rad storgatestein som avgrensing av belegg/gras og forenkla vedlikehald. Det skal vere fall på terreng rundt bygget på min. 1:50 ut frå veggliv.*
*Gangareal og sitteplassar*
*Belegningsheller (betong 30x30) som er brukt på gangvegen i aust vidareførast vestover til*

*vegen endrar retning, der kaiområdet/gangområdet får nytt dekke av kjøresterke granittheller. Storgatesteinen som avgrensar den eksisterande kaipromenaden frå aust fortset som naturleg leielinje rundt nytt gangareal. Alle belegg skal avgrensast av to slike rader storgatestein. Breidda på gangvegen skal vere 3,3 m som eksisterande gangveg langs fv 651. I framkant av den steinlagte gangsona foreslår vi å etablere ei trebrygge på pålar som vil krage ut over sjøen, evt på mur over ny fylling. Utstrekning av denne og val av konstruksjon må tilpassast fylling for øvrig/evt ustrekning av betongfundament med avlastningsplate. Ved fjerning av eksisterande ferjekai vil det her bli fine sitteplassar ved sjøen med utsikt mot havnebassenget og sentrum.*
*Bygget har eit rett og enkelt formspråk, og vi foreslår at det blir opparbeidd ein sitteplass i fram- og bakkant av huset med same formspråk.*

*Materialbruk og utstyr*

*Fargebruk på armaturar og utstyr tilhøyrande ferjeanlegget foreslås endra til mørk grå standard RAL-farge: antrasittgrå RAL 7016. Farge på venterom kan haldast i lys grå, evt beisa i gråbrun/natur. Med såpass mykje grå/nøytrale farger i utstyr og belegg er det viktig å tilføre varme tonar i form av trebenkar og den nevnte trebrygga. Lys grå/kvit grus i liten fraksjon foreslås som «teppe» rundt venterommet.*

*Vegetasjon*

*Eksisterande trerekkje langs fv 651 skal behaldast og supplerast i ein forlenga rabatt mot gangfeltet i aust. Der rabatten er så smal at det er upraktisk å gjere vedlikehald med grasklippar skal det nyttast botndekkjande busker. Det store grøntområdet rundt venterommet skal vere grasareal, med busker inst mot Sjøgata. Alle grasareal og rabattar skal avgrensast av granittkantstein med fas og visflate 13 cm.*
*På sitteplassen ved venterommet skal det plantast eit mindre tre, som blikkfang frå vindauga i venterommet og som stemningsskapar ved sitteplassen. For eksempel kan dette vere eit prydkirsebærtre, som har blomstring og variasjon gjennom året.*

*Belysning*

*Plassering av lysmaster på biloppstillingsområdet justerast i tråd med endring av rabattane. I tillegg må effektbelysning ved venterom og gangareal vurderast. Vi foreslår uplight under prydtreet på sitteplassen og belysning av trebrygga. Her kan ein for eksempel montere innfelt belysning i ein steinmur mellom trebrygga og steinlagt gangareal, eller ein kan sjå for seg pullertar med indirekte belysning på trebrygga.*

*Illustrasjonsfoto/eksempelbilete*

*For å gje eit bilete på kva som er tenkt på Volda ferjeleie har vi sett saman ein del bilete som kan skape eit visst inntrykk av framtidig situasjon. (sjå foto i vedlegget til saka).*
*Ferjeleiet på Sæbø. God materialbruk og tydelege funksjonssoner. Innbydande kaiområde til inspirasjon for utforming av opphaldsareal.*
*Ferjeleiet på Ågskardet, Helgelandskysten. Trebrygge mot fjorden. Bygning med naturbeisa veggar og store vindauge med omramming i antrasittgrå farge.*
*Frå Sæbøferjeleie. Lys grå bygning med skiferdetaljar. To rader storgatestein som skilje mellom ulike typar dekke. Granittheller som gangbanedekke. Solid og flott.*
*Prydkirsebær som blikkfang. Her frå Bergen. Moderne og stilige benkar med tresete. Når benken er brei og låg gjev den inntrykk av å ligge tungt og godt på kaia i all slags vêr.*
*Avfallsbeholder i farge antrasittgrå , RAL 7016 . Lyspullert med synleg lyskjelde. Lyspullert med indirekte belysning. Innfelt belysning i mur. Antrasittgrå lysarmatur for innfelling»*

Administrasjonen i kommunen gav tilbakemelding til Statens Vegvesen etter møtet den 22.04.2016 med brev datert 28.04.2016:

*«Viser til referat frå møte i Ålesund den 22.04.2016 vedrørande forslag til utforming og materialbruk for området mellom ny fergekai og E39 samt plassering og utforming av nytt venterom/toalett i det same området. Spørsmål kring saka er reist som følgje av ombygging*

*av Volda fergekai etter at kommunen har dispensert frå reguleringsplan, jf forvaltningsstyret-sak 76/15 den 17.11.2015.*
*Ettersom fleire av kommunen sine representantar ikkje hadde høve til å stille på det aktuelle møtet vart det akseptert at saka kunne drøftast internt i kommunen før tilbakemelding til SVV i løpet av veke 17. Representantar frå teknisk sektor, eigedomsavdelinga, Sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" (MBV) samt frå planseksjonen har etter møtet den 26.04.2016 følgjande tilbakemelding til Statens vegvesen.*
*Ein viser til pkt 4 i dispensasjonsvedtaket og ber om at innsida av den nye piren vert tilrettelagt som erstatning for tapt kaiareal og at det vert ordna slik at det er kommunen - etter avtalte retningsliner - som disponerer denne. Kaiarealet skal kunne nyttast t.d. av reserveferge, marinefarty, kystverket sine båtar og båtar som skal ligge ved kai i Volda for service/vedlikehald over kortare eller lengre tid. Det bør vere opplegg for landstraum på piren.*
*Med bakgrunn i den nye Utviklingsplanen for Volda sentrum ber ein om at SVV legg til rette for "strandpromenade" på den måten at gangareala langs Sjøgata (E39) vert etablert med gjennomgåande dekke, dvs einsarta materialbruk frå venteroms-området, over iland/-ombordkøyrings-arealet og i hop med gangareala på utsida av biloppstillingsplassane. Dette er eit viktig grep for å skape samanheng mellom sentrum og Vikenesområdet og vil truleg bidra til kanalisering av gangtrafikken og slik sett utgjere eit trafikktryggingstiltak.*
*Søppelkontainarar må plasserast i innbygde konstruksjonar med veggar og tak og ha eit formspråk harmonisert til det nye venteromsbygget.*
*Autovernet (føringskanten) mellom E39 og fergekaiområdet – bør erstattast med nytt med høgare estetisk kvalitet som er tilpassa eit by- og tettstadsområde som Volda sentrum.*
*Det bør settast av plass til turistinformasjonstavle innanfor planområdet og leggast til rette for montering av slik. Til orientering har kommunen eit prosjekt i gang med å utforme nye informasjonstavler som skal erstatte dei gamle.*
*Skissert fargeval på ny gateutrustning (lyktestolpar, benkar o.l) er ok. Lyktestolpane som i dag er montert på området har ikkje same farge som SVV tenkjer å nytte i det nye anlegget. Dette må endrast for å etablere ei heilskapeleg utforming av fergekaia.*

***Venterom – kommentarar til motteken skisse***
*Taket bør lengast mot nord-aust for å etablere sykkelparkering under tak. Taket bør snuast slik at høgste delen vender mot sør-aust (mot hamna). Teknisk rom bør flyttast slik skissa under viser. Det bør vere plass for benk og sykkelparkering under tak.*
*Overflatematerialar innvendig og utvendig bør tåle behandling som forenklar fjerning av tagging. Innreiing på venterommet bør vere av uknuselege materialar og ha innfelt belysning, veggmontert toalett o.l. Ståande klednig (jf tradisjon for bygg knytt til sjø)*
*Endeleg utforming av venteromsbygget bør avklarast med eigedomsavdelinga i kommunen.*
*Presisering:*
*I referatet frå møtet står det at Volda kommune kan bidra med midlar dersom ønskjer frå kommunen gjer at omfanget av prosjektet vert større enn det SVV har midlar til. Det korrekte her er at det i møtet vart signalisert ei løysing der midlar finansiert gjennom prosjektet "Mellom bygningane i Volda" (MBV), kan tilførast anlegget på Volda fergekai dersom det vert gjort vesentlege kvalitetshevingar på materialbruk, standard o.l. i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum. MBV er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, fylkeskommunen og Volda næringsforum».*

Kommunen har seinare motteke justerte teikningsskisser for utforming av venterom.
Administrasjonen har såleis fylgt opp saka i samsvar med vedtak i Forvaltningsstyret, og etablert ein god dialog med statens vegvesen knytt til utvikling av området.
Med grunnlag i at kommunen også er grunneigar i området og at tiltaka har konsekvensar for kommunen sin eigedom og kai-areal vart saka lagt fram for Formannskapet som referatsak i møte den 10.05.2016, som sak OS 77/16.

Formannskapsmedlem Odd A. Folkestad reiste slikt spørsmål:
*«Kven kan godkjenne ein "ny reguleringsplan»?*
*« Volda formannskap viser til K.sak 33/07 der ny reguleringsplan for Vikeneset vart eigengodkjend. - Formannskapet kan ikkje godkjenne at det i det framlagde forslaget er gjort store avvik i høve til reguleringsplanen t.d. vedr. aralbruk, talet på biloppstillingsplassar m.m. -Vegvesenet blir difor bedne om å leggje fram eit nytt forslag til løysing der også betra ut-/innkøyring til E39 er medteke, som ein del av det arbeidet som Statens vegvesen no planlegg å gjennomføre.»*

Dette var ikkje ei sak på saklista, og det var ikkje grunnlag for vedtak. Etter drøfting vart det konkludert med at Formannskapet/- kommunestyret skulle få sak om dette til handsaming.

**Vurdering og konklusjon:**
Utgangspunkt for saka er behovet for utbetring av fergekaia og Statens vegvesen sitt framlegg om å bygge ny kai utanfor den eksisterande. Dette særleg av to omsyn:
- nesten umogeleg å få bygd om kaia der den ligg i dag utan stenging av sambandet,
- og nybygg med eksisterande plassering vil også vidare medføre skade/undergraving av Sjøgata.

Ut frå dei første framlagde planskisser har administrasjonen rådd til at dette kunne fremjast som dispensasjon frå plan.
Tiltaket endrar ikkje formålsgrensene i plan, og heller ikkje i vesentleg grad den gjeldande situasjon i området når det gjeld oppstillingsplassar eller trafikkløysing.
Det er elles truleg kjent at området ikkje er utbygd etter gjeldande reguleringsplan i dag. Kryssløysinga mot E39 er ikkje bygd etter godkjent plan, og oppstillingsområdet er sterkt redusert i høve til den planløysing som ligg i reguleringsplan.
Oppstillingsordninga på kaia har elles vore skifta tidlegare utan planendring.

Handsaming og vedtaksmynde for dispensasjonar er etter gjeldande forvaltningsordning lagt til Forvaltningsstyret. Jf. Kommunestyresak 126/14 den 24.09.2014 om ny politisk organisering i Volda kommune.
Ved handsaming av saka har administrasjonen og Forvaltningsstyret gitt si tilslutning til at det aktuelle tiltaket kan gjennomførast innanfor rammer gitt i plan og bygningslova §19-2 – dispensasjon. I det ein såleis har konkludert med at *«tiltaket ikkje medfører at planen sin intensjon vert vesentleg sett til side».*

Det er også her grunn til å understreke dei føresetnader som Forvaltningsstyret har lagt til grunn for dispensasjonsvedtaket, jf pkt 1- 4. Der er det sett vilkår knytt til kommunen sine interesser som grunneigar i området, tilpassing til pågåande tettstadutviklingsarbeid i Volda sentrum, omsyn til dei reisande med krav om venterom m.v, og krav til estetikk og materialbruk. Vilkår som seinare er fylgt opp i dialog med Statens vegvesen ved pågåande arbeid med detaljplanlegging.

Administrasjonen finn her særleg grunn til å understreke det som er sagt i kommunen si tilbakemelding til statens vegvesen vedkomande pkt 4:
- *ber om at innsida av den nye piren vert tilrettelagt som erstatning for tapt kaiareal og at det vert ordna slik at det er kommunen - etter avtalte retningsliner - som disponerer denne. Kaiarealet skal kunne nyttast t.d. av reserveferge, marinefarty, kystverket sine båtar og båtar som skal ligge ved kai i Volda for service/vedlikehald over kortare eller lengre tid. Det bør vere opplegg for landstraum på piren.*

Dette er ei mulegheit som kan utviklast for å gje ein positiv tilvekst som erstatning for tapt areal/kailengde ved flytting av fergekaia.
Det er elles lagt til grunn at Statens vegvesen i brev av 26.11.2015 har gitt tilbakemelding om at dei vil sjå nærare på mulegheitene for strakstiltak i kryssområdet mot E39.

Saka omhandlar sentrale samferdselstiltak i Volda sentrum der Volda kommune opptrer som forvaltningsmynde.
Vidare omhandlar saka privatrettslege forhold mellom Statens Vegvesen på den eine sida og Volda kommune på den andre sida, der Volda kommune har interesser som grunneigar og partnar i sentrumsutviklinga.
Det er tenleg med ei brei orientering av saksgangen til kommunestyret.
Forvaltningsstyret har etter fullmakt forvalta kommunen sitt mynde når det gjeld dispensasjon, og Statens Vegvesen har innretta seg etter vedtaket.
Kommunestyret kan i prinsippet gjere om vedtak som er gjort av underordna organ når føresetnadene i forvaltningslova § 35 er oppfylt:
*«§ 35.(omgjøring av vedtak uten klage).*
*Et forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget dersom*
*a) endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser eller*
*b) underretning om vedtaket ikke er kommet fram til vedkommende og vedtaket heller ikke er offentlig kunngjort, eller*
*c) vedtaket må anses ugyldig.*
*Foreligger vilkårene etter første ledd, kan vedtaket omgjøres også av klageinstansen eller av annet overordnet organ.*
*Dersom hensynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser tilsier det, kan klageinstans eller overordnet myndighet omgjøre underordnet organs vedtak til skade for den som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser, selv om vilkårene etter første ledd bokstav b eller c ikke foreligger. Melding om at vedtaket vil bli overprøvd, må i så fall sendes ham innen tre uker etter at det ble sendt melding om vedtaket, og melding om at vedtaket er omgjort må sendes ham innen tre måneder etter samme tidspunkt. Gjelder det overprøving av vedtak i klagesak, må melding om at vedtaket er omgjort likevel sendes vedkommende innen tre uker.*
*Annet og tredje ledd gjelder ikke for kommunale, fylkeskommunale eller statlige organer som er klageinstans etter § 28 annet ledd første eller annet punktum. Statlige klageinstanser kan likevel oppheve vedtak som må anses ugyldige.*
*De begrensninger i adgangen til å omgjøre et vedtak som er forutsatt i første, annet og tredje ledd, gjelder ikke når endringsadgangen følger av annen lov, av vedtaket selv eller av alminnelige forvaltningsrettslige regler.»*

Rådmannen vurderer at det ikkje er grunnlag for å gjere om dispensasjonsvedtaket, og om det hadde vore grunnlag for det, så ville det ut frå tida som har gått og partane si innretning av vedtaket kunne utløyse krav om økonomisk erstatning. Rådmannen rår til at kommunestyret tek forvaltningsstyret sitt vedtak til vitande, samt sluttar seg til dei privatrettslege innspela som administrasjonen har teke opp med Statens Vegvesen.

**Utskrift av saka**:
Går som melding til Statens Vegvesen.

**Kopi**:
Forvaltningsstyret til orientering
Utvikling
Teknisk sektor
Volda Næringsforum

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Statens vegvesen, Region midt

Fylkeshuset
6404 Molde

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2015/1737 | 11839/2015 | 200700-01 | SVK/ UNNISTRA | 19.11.2015 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 17.11.15, hadde føre ovannemnde som sak 76/15, der det vart gjort slikt vedtak:

***Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:***

1. ***Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.***

2. ***Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.***

3. ***Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gittt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.***

4. ***Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.


| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
|---|---|---|---|---|
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | 70058886 | 7005870170058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Volda næringsforum
Ordførar Jørgen Amdam
Teknisk sjef Rune Totland
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden
Fagansvarleg plan Per Heltne

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2015/1737 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 200700-01 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 76/15 | Forvaltningsstyret | 17.11.2015 |

**PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862**

## *Handsaming:*

Planleggarane Siv Sundgot og Brage Bragason frå Statens vegvesen var til stades og orienterte og svarte på spørsmål i høve saka.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg til vedtak:

*Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

1. *Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*

2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*

3. *Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gittt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*

4. *Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*

**Røysting**:
Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg sju røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Rotevatn og Fylling).

## *Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015*

***Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:***

1. ***Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.***

2. ***Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.***

3. ***Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.***

4. ***Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.***

**Administrasjonen si tilråding:**
*"Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

1. *Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg."*

**Vedleggsliste:**
Forvaltningsstyret sak 63/15 med vedlegg
Referat frå møte med Statens vegvesen den 23.10.2015 med vedlegg
**Uprenta saksvedlegg:**
Reguleringsplan Vikeneset

**Saksopplysningar:**

Forvaltningsstyret hadde den 25.08.15føre sak om dispensasjon frå reguleringsplan Vikeneset for endra plassering av fergekaia i Volda sentrum. Sak PS 63/15.
Søknaden gjeld endra plassering av ny kai i høve til dagens plassering. På utsida av eksisterande kai for å skape betre avstand til E39 og med det redusere faren for vidare undergraving av grunnen i/ved vegområdet, og for at bygging då også kan gjerast utan vesentleg ulempe og behov for omlegging av trafikksystemet i samband med bygginga.

Administrasjonen hadde fylgjande tilråding i saka:

*"Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

1. *Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg."*

I Forvaltningsstyret kom det fram klare motforstillingar til planane, mellom anna med grunnlag i den reduksjon dette ville gje i kaiområdet ved Vikeneset, og eit ynskje om at det no også vart teke initiativ til utbetring av krysset mot fergekaiområdet frå E39 som også er ein del av godkjent reguleringsplan.
Det vart bede om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming.

Det vart i saka gjort fylgjande samrøystes vedtak:
*"Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast."*

Eit møte der berre representantar for administrasjonen i kommunen var med vart gjennomført den 23.10.2015. Kopi av referat frå møte ligg ved.

Som ein ser av referatet kom det ikkje fram vesentlege nye moment i dette møtet, men avklara at kommunen ynskjer vidareført ordninga med venterom /toalett også etter utbygging og at det må takast høgde for det. Gjeldande ordning med kommunen som eigar og med statleg tilskot til drift bør vidareførast.
Utforming/plassering må ein kome attende til i byggeplan.
Statens vegvesen vil elles stille til møte i Forvaltningsstyret for å nærare orientere og svare på spørsmål knytt til dispensasjonssøknaden.
Vi tek sikte på ei ny handsaming i møte den 17.11.2015 og at det då vert sett av tid til slik orientering.

**Vurdering og konklusjon:**
Administrasjonen finn ikkje at situasjonen er vesentleg endra etter fremjing av sak 63/15 og held fast på si tilråding i saka.
Statens vegvesen vil delta i møte under handsaming av saka og orientere nærare om planlagt bygging og behov for flytting slik søkt om.

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Per Heltne
Fagansvarleg Plan

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Går som melding til Statens Vegvesen

**Kopi**:
Ordførar
Teknisk sjef Rune Totland
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden
Volda Næringsforum

Statens vegvesen

# Referat

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dato: | 23.10.2015 | Saksbehandler/telefon: | |
| Tid: | 10-11 | Siv Karen Sundgot / 70175077 | |
| Referent: | Siv K. Sundgot | Vår dato: | 10.11.2015 |
| | | Vår referanse: | 15/217360-1 |

## Referat møte med Volda kommune ang. dispensasjonssøknad for rv. 651 Volda ferjekai

**Møte nr.:** 2

**Sted:** Ålesund

**Møteleder:** Siv K. Sundgot

**Til stede:** Per Heltne, Asbjørn Aasebø, Torgeir Stensø (VK) Lisbeth Smørholm og Marianne Nærø (SVV)

**Forfall:** Rune Sjurgard og Arild Iversen (VK)

**Kopi:** Lisbeth Smørholm
Marianne Nærø

| | Ansvar / frist |
|---|---|
| **Sak 1 – Volda kommune orientere om sakshandsaminga i Volda.**<br>Forvaltningsstyret utsette saka då dei ønskte eit møte med Statens vegvesen for å avklare følgande forhold:<br>• Endra plassering vil i betydeleg og uheldig grad redusere kaifronten i Volda sentrum<br>• Noko må/bør gjerast med krysset mot E39 – kvifor er ikkje utbering her i samsvar med gjeldande reguleringsplan med i prosjektet?<br>• Venteromfunksjon på området skal ivaretakast og utforming /bruk av auka landareal må avklarast jf. tettstadprosjektet. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
| Statens vegvesen | | Vestre Olsvikveg 13 | Statens vegvesen |
| Region midt | firmapost@vegvesen.no | 6019 ÅLESUND | Landsdekkende regnskap |
| Fylkeshuset | | | |
| 6404 MOLDE | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

| | Ansvar / frist |
|---|---|
| **Sak 2 – Kva vert avklart i dispensasjonsaka og kva må avklarast i byggesøknad.**<br>Statens vegvesen påpeiker at vårt hovudmål med dispensasjonssøknaden er å få avklart om ei kaiplassering som ikkje er i samsvar med gjeldande plan kan aksepterast.<br><br>Det er dei byggetekniske forholda som gjer at Statens vegvesen tilrår løysinga som er vist i dispensasjonssøknad. For at ferja ikkje skal undergrave fundamenteringa til E39 slik den gjer i dag, så er ferjekaia trekt vekk frå E39. For at ein skal kunne oppretthalde trafikk på sambandet i anleggsperioden er kaia plassert slik at eksisterande kai kan nyttast store delar av anleggsperioden. Plasseringa medfører at om lag 25 meter av den kommunale kaifronten ikkje lenger kan nyttast (sjå vedlagt teikning). Ein kan vurdere om ferjekaipir kan nyttast som liggekai for ferjer, men den kan ikkje nyttast av andre båtar, og vil heller ikkje vere attraktiv til det, då ferja skaper mykje sjø.<br><br>Om vi skulle fremje ein reguleringsplan for bygging av ny kai, ville Statens vegvesen som tiltakshavar foreslå same løysinga.<br><br>Statens vegvesen stiller spørsmål om plassering av venterom/toalett må avklarast i dispensasjonssaka. For kommunen sin del er det ok å plassere venterom på område som er regulert til vegareal, då tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med arealføremålet. Statens vegvesen må avklare byggegrense mot veg. Kommunen føreset at venteromfunksjon og toalett kan oppretthaldast på området også etter eventuell flytting av kaia. Vidare avklaringar omkring venterom skjer først i byggesaka. Då må også framtidig samarbeid avtalast mellom partane, men ein føreset at ein kan basere seg på den ordninga ein har i dag med driftstilskot.<br><br>**Sak 3 – Kryss mellom E39 og rv. 651**<br>Det er semje om at dette er eit kryss med dårleg trafikkavvikling og at tiltak i krysset er ynskjeleg.<br><br>Det er ikkje midlar til dette tiltaket i NTP, og ev. midlar som ein får til bygging av ny ferjekai kan ikkje nyttast til utbetring av kryss.<br><br>Bygging av ny kai vil verken forbetre eller forverre forholda i krysset, og Statens vegvesen meiner det er uheldig at kommunen koblar saker på ein måte som gjer at prioriterte prosjekt vert utsett. | |
| Statens vegvesen stiller på møte forvaltningsstyret. Vi presenterer prosjektet og problemstillingar omkring bygging. Kommunen avklarer aktuell dato, mest sannsynlig 17. november. | VK/3. nov |




ANGITT MÅLESTOKK GJELDER A1-FORMAT, ALLE KOTER REF. NN1954.

| Revisjon | Revisjonen gjelder | Utarb | Kontr | Godkjent | Rev. dato |
|---|---|---|---|---|---|
| - | - | - | - | - | - |
| - | - | - | - | - | - |

Godkjente arbeidstegninger i brev fra VD __.__.____

Saksnr. ________ ___

**Statens vegvesen**
**Region Midt**

| | |
|---|---|
| Tegningsdato | 2015-10-27 |
| Bestiller | Oskar Einarsson |
| Produsert for | Region Midt |
| Produsert av | |
| PROF-nummer | |
| Arkivnummer | |
| Byggverksnummer | 15-1285 / 2026 |
| Målestokk A1 | Som vist |
| Tegningsnummer/ revisjonsbokstav | K-0002 - |

Fv 61, Møre og Romsdal

-

# HAREID FERJEKAI

PLAN

SKISSE NY KAI

-

| Utarbeidet av | Kontrollert av | Godkjent av | Konsulentarkiv |
|---|---|---|---|
| MORSOV | KNUKJE | KNUKJE | |



# VOLDA KOMMUNE

Statens vegvesen, Region midt

Fylkeshuset
6404 Molde

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2015/1737 | 12654/2015 | 200700-01 | SVK/ UNNISTRA | 11.12.2015 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 08.12.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 86/15, der det vart gjort slikt vedtak:

3. ***Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.***
   ***Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Volda Næringsforum v/Stefan N. Halck
Fagansvarleg plan Per Heltne
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2015/1737 |
| | | Arkivkode: | 200700-01 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 76/15 | Forvaltningsstyret | 17.11.2015 |
| 86/15 | Forvaltningsstyret | 08.12.2015 |

**PLANID 200700-01 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN NY FERJEKAI PÅ RV. 651 I VOLDA, GBR 19/950 OG 862**

## *Handsaming i forvaltningsstyret 08.12.15:*

Ordførar Jørgen Amdam møtte under handsaming av saka.

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 3:

3. *Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.*
   *Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.*

**Røysting**:
Ved alternativ røysting mellom pkt. 3 i vedtaket i forvaltningsstyret i sak PS 76/15 og framlegget frå Sindre Rotevatn, fekk framlegget frå Rotevatn 5 røyster og vart vedteke. Pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 fekk 4 røyster og fall (Kvangarsnes, Bjørkedal, Vik og Koppen).

## *Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015*

3. ***Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.***
   ***Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.***

## *Handsaming i forvaltningsstyret 17.11.15:*

Planleggarane Siv Sundgot og Brage Bragason frå Statens vegvesen var til stades og orienterte og svarte på spørsmål i høve saka.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg til vedtak:

*Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

1. *Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*

2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*

3. *Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*

4. *Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*

**Røysting**:
Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg sju røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Rotevatn og Fylling).

## *Vedtak i Forvaltningsstyret - 17.11.2015*

***Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:***

1. ***Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.***

2. ***Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.***

3. ***Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.***

4. ***Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.***

**Administrasjonen si tilråding:**
*"Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

1. *Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
2. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg."*

**Vedleggsliste:**
Forvaltningsstyret sak 63/15 med vedlegg
Referat frå møte med Statens vegvesen den 23.10.2015 med vedlegg
**Uprenta saksvedlegg:**
Reguleringsplan Vikeneset

**Saksopplysningar:**

Forvaltningsstyret hadde den 25.08.15føre sak om dispensasjon frå reguleringsplan Vikeneset for endra plassering av fergekaia i Volda sentrum. Sak PS 63/15.
Søknaden gjeld endra plassering av ny kai i høve til dagens plassering. På utsida av eksisterande kai for å skape betre avstand til E39 og med det redusere faren for vidare undergraving av grunnen i/ved vegområdet, og for at bygging då også kan gjerast utan vesentleg ulempe og behov for omlegging av trafikksystemet i samband med bygginga.

Administrasjonen hadde fylgjande tilråding i saka:

*"Forvaltningsstyret gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

3. *Situasjonsplan /byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadane gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*

4. *Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg."*

I Forvaltningsstyret kom det fram klare motforstillingar til planane, mellom anna med grunnlag i den reduksjon dette ville gje i kaiområdet ved Vikeneset, og eit ynskje om at det no også vart teke initiativ til utbetring av krysset mot fergekaiområdet frå E39 som også er ein del av godkjent reguleringsplan.
Det vart bede om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming.

Det vart i saka gjort fylgjande samrøystes vedtak:
*"Saka vert utsett. Forvaltningsstyret ber om eit møte med Statens vegvesen før vidare handsaming der spørsmål om kryssløysing mot E39 også skal drøftast."*

Eit møte der berre representantar for administrasjonen i kommunen var med vart gjennomført den 23.10.2015. Kopi av referat frå møte ligg ved.

Som ein ser av referatet kom det ikkje fram vesentlege nye moment i dette møtet, men avklara at kommunen ynskjer vidareført ordninga med venterom /toalett også etter utbygging og at det må takast høgde for det. Gjeldande ordning med kommunen som eigar og med statleg tilskot til drift bør vidareførast.
Utforming/plassering må ein kome attende til i byggeplan.
Statens vegvesen vil elles stille til møte i Forvaltningsstyret for å nærare orientere og svare på spørsmål knytt til dispensasjonssøknaden.
Vi tek sikte på ei ny handsaming i møte den 17.11.2015 og at det då vert sett av tid til slik orientering.

**Vurdering og konklusjon:**
Administrasjonen finn ikkje at situasjonen er vesentleg endra etter fremjing av sak 63/15 og held fast på si tilråding i saka.
Statens vegvesen vil delta i møte under handsaming av saka og orientere nærare om planlagt bygging og behov for flytting slik søkt om.

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Per Heltne
Fagansvarleg Plan

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Går som melding til Statens Vegvesen.

**Kopi**:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden
Volda Næringsforum

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret


Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058886
Telefaks: 7005870170058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

**Statens vegvesen**

# Referat

Dato: 22.04.2016
Tid: 0930-1130
Referent: Bragi Freyr Bragason

Saksbehandler/innvalgsnr: Bragi Freyr Bragason -
Vår dato: 26.04.2016
Vår referanse: 16/18906 - 7

## Rv. 651 Volda ferjekai, referat fra møte med Volda kommune.

**Møte nr:** 01

**Sted:** Ålesund

**Møteleder:** Marianne Nærø

**Til stede:** Volda kommune: Torgeir Steinsø, Svv: Marianne Nærø, Borghild Neergaard Aarset, Morten Søvde, Magne Krøvel og Bragi Bragasson.

**Forfall:** Per Heltne og Henning Bjørkedal.

**Kopi til:**

| | Ansvar / frist |
|---|---|
| **Sak 01-01 Innledning**<br><br>Spesialprosjekt konstruksjoner har fått bestilling på prosjektering av ny ferjekai i Volda kommune. Eksisterende kai er i dårlig stand og må erstattas med en ny kai. I tillegg til skadene på ferjekaia medfører også ferjetrafikken undergraving av E39 Sjøgata som er ødeleggende for vegen og som etter kvart kan få alvorlige konsekvenser. Gamle kaia rives i sin helhet.<br>Volda kommune har i 2015 gitt dispensasjon fra reguleringsplan for flytting av ferjekaia, formålet med dagens møte er å presentere forslag til utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 samt plassering og utforming av nytt venterom/toalett. I forkant av møtet har SVV sendt over tegning som viser forslag til løsning, samt beskrivelse av denne.<br><br>**Sak 01-02 Plassering av ferjekai**<br><br>Ny ferjekai blir plassert ca. 5m fra landkar på den gamle kaia. Ny kai har lengde på 90m og er fundamentert på stålrørspeler, med 12 x 18m ferjekaibru. Slik kaia | |

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

| | Ansvar / frist |
|---|---|
| foreslås plassert vil den komme inn på Volda kommune sitt areal, SVV ved Magne Krøvel er i dialog med kommunen om dette. | |

**Sak 01-03 Landareal oppstillingsplass**

Oversendt tegning viser forslag til utnytting av arealet ved ferjekaia.
Det er i tillegg laget et notat som beskriver utforming og materialbruk for landarealet, se vedlegg for detaljer.

Antall oppstillingsplasser til Folkestad blir redusert fra 36 til 27 og for Lauvstad fra 31 til 30. SVV anbefaler at det blir byttet om på oppstillingsplassen, slik at biler som skal til Folkestad bruker det største oppstillingsarealet.

Det skal gjennomføres grunnboringer i løpet av april/mai, skråningsutslag for ny fylling kan bli justert etter dette. Dette kan gi endret plassering av gangveg og venterom da disse må tilpasses skråningstopp.

Volda kommune opplyste i møtet at de ser veldig positivt på forslaget som er oversendt med løsning og utforming av nytt landareal/toalett/Wc.
De har likevel noen få kommentarer:
- Ber om at SVV vurdere om det er mulig å få kontinuerlig sti med granittheller fra venterommet og bort til den kommunale parkeringsplassen.
- Det er ønskelig med sykkelstativ (ca. 3- 5 sykler) i forbindelse med venterommet
- Det er ønskelig med mulighet for tilkomst til sjø fra treplattingen. I møtet ble det opplyst fra SVV at på grunn av stor propellstrøm og sikkerhetssone rundt ferjekaia kan ikke dette imøtekommes.
- Volda kommune gir i løpet av uke 17 tilbakemelding om størrelse av venterom/wc.

Volda kommune opplyser at de kan bidra med midler dersom ønsker fra kommunen gjør at omfanget i prosjektet blir større enn det som SVV har midler til. Dette må avklares senere når endelig løsning på arealbruken er avklart.

SVV har beskrevet forslag til farge- og materialbruk i notatet. Selv om dette ikke samsvarer med Volda kommune sin sentrumsplan var det i møtet enighet om at den kan fravikes da ferjekaia vil bli sett på som et eget område med sin egen identitet.

SVV sender Volda kommune tegning av eksisterende venterom/wc og tegning av nytt aggregathus. Drift og vedlikehold av nytt venterom/toalett må avklares. SVV sjekker internt hvordan dette bør løses.

SVV kommer med forslag til ny plassering av eksisterende opplysningstavle.

Vedlegg: Notat med materialbeskrivelse.

# Volda ferjeleie

## Skildring landområde, 20.04.2016.

### Biloppstilling/ferjekø

Innkøyring til og utforming av området for biloppstilling følgjer same prinsipp som før, men rekkjene vinklast slik at ombordkøyring blir lettare ved flytting av ferjekaia. Talet på oppstillingsplassar blir noko redusert, og vi foreslår at bilar til Folkestad står på det sørlegaste feltet som rommar flest bilar (30 bilar, mot 27 bilar på nordleg felt).

Utkøyring av ferja foregår i to filer, med fletting på land til éi fil etter ca 100 m.

### Parkeringsplass

Parkeringsplassar blir ståande om lag som i dag, med ei tydeleg markering mellom ferjekøoppstilling og parkeringsplassar. Vi foreslår også å utvide rabattane i kvar ende av parkeringsplassen, slik at parkerte bilar står mindre utsett til.

### Terreng og universell utforming

Ferjeleiet ligg på eit heilt flatt område, og er slik sett lett tilgjengeleg for alle. Utfordringa er utflytande asfalt-/betongareal som ikkje i stor nok grad skiljer mellom gangareal og anna vegareal. Gangvegen må vere gjennomgåande og tydeleg frå eksisterande gangveg i aust og heilt fram til gangsona på ferjekaibru. Bevisst materialbruk og naturlege leielinjer vil vere med på å trygge passasjerar i overgang mellom ferje og ferjekaibru.

Med etablering av eit større grøntområde mor Sjøgata kan ein bygge opp terrenget noko her for å skilje ferjeområdet frå vegtrafikken for øvrig.

Det er viktig å sørge for fall mot sluk/mot sjøen for å unngå ståande vatn på dei store flatene. Eksisterande sluk/kummar må flyttast slik at dei blir fornuftige ift nye linjeføringar/kantar.

Terrenget/biloppstillingsplassane ligg på ca kote +2,20 og fv 651 ligg på ca kote 2,40. Nytt landkar blir liggande på ca 2,35. Venterommet foreslås plassert på ca kote 2,30.

### Venterom/toalett

Vi foreslår å plassere nytt venterom i eit grøntområde mellom Sjøgata og ferja. Dette blir ei naturleg plassering for gåande frå sentrum. Venterommet vil få front med store vindauge mot biloppstillingsplassane, med inngang frå gangveg i søraust. Vi foreslår eit bygg med utgangspunkt i ein type brukt på for eksempel Lavik ferjekai.

Det skal monterast fotskraperister framfor inngangsdørene til venterom/toalett.

Rundt vegglivet skal det settast ei rad storgatestein som avgrensing av belegg/gras og forenkla vedlikehald.

Det skal vere fall på terreng rundt bygget på min. 1:50 ut frå veggliv.

## Gangareal og sitteplassar

Belegningsheller (betong 30x30) som er brukt på gangvegen i aust vidareførast vestover til vegen endrar retning, der kaiområdet/gangområdet får nytt dekke av kjøresterke granittheller. Storgatesteinen som avgrensar den eksisterande kaipromenaden frå aust fortset som naturleg leielinje rundt nytt gangareal. Alle belegg skal avgrensast av to slike rader storgatestein. Breidda på gangvegen skal vere 3,3 m som eksisterande gangveg langs fv 651. I framkant av den steinlagte gangsona foreslår vi å etablere ei trebrygge på pålar som vil krage ut over sjøen, evt på mur over ny fylling. Utstrekning av denne og val av konstruksjon må tilpassast fylling for øvrig/evt ustrekning av betongfundament med avlastningsplate. Ved fjerning av eksisterande ferjekai vil det her bli fine sitteplassar ved sjøen med utsikt mot havnebassenget og sentrum.

Bygget har eit rett og enkelt formspråk, og vi foreslår at det blir opparbeidd ein sitteplass i fram- og bakkant av huset med same formspråk.

## Materialbruk og utstyr

Fargebruk på armaturar og utstyr tilhøyrande ferjeanlegget foreslås endra til mørk grå standard RAL-farge: antrasittgrå RAL 7016. Farge på venterom kan haldast i lys grå, evt beisa i gråbrun/natur. Med såpass mykje grå/nøytrale farger i utstyr og belegg er det viktig å tilføre varme tonar i form av trebenkar og den nevnte trebrygga. Lys grå/kvit grus i liten fraksjon foreslås som «teppe» rundt venterommet.

## Vegetasjon

Eksisterande trerekkje langs fv 651 skal behaldast og supplerast i ein forlenga rabatt mot gangfeltet i aust. Der rabatten er så smal at det er upraktisk å gjere vedlikehald med grasklippar skal det nyttast botndekkjande busker. Det store grøntområdet rundt venterommet skal vere grasareal, med busker inst mot Sjøgata. Alle grasareal og rabattar skal avgrensast av granittkantstein med fas og visflate 13 cm.

På sitteplassen ved venterommet skal det plantast eit mindre tre, som blikkfang frå vindauga i venterommet og som stemningsskapar ved sitteplassen. For eksempel kan dette vere eit prydkirsebærtre, som har blomstring og variasjon gjennom året.

## Belysning

Plassering av lysmaster på biloppstillingsområdet justerast i tråd med endring av rabattane. I tillegg må effektbelysning ved venterom og gangareal vurderast. Vi foreslår uplight under prydtreet på sitteplassen og belysning av trebrygga. Her kan ein for eksempel montere innfelt belysning i ein steinmur mellom trebrygga og steinlagt gangareal, eller ein kan sjå for seg pullertar med indirekte belysning på trebrygga.

## Illustrasjonsfoto/eksempelbilete

For å gje eit bilete på kva som er tenkt på Volda ferjeleie har vi sett saman ein del bilete som kan skape eit visst inntrykk av framtidig situasjon.





*Ferjeleiet på Sæbø. God materialbruk og tydelege funksjonssoner. Innbydande kaiområde til inspirasjon for utforming av opphaldsareal.*



*Ferjeleiet på Ågskardet, Helgelandskysten. Trebrygge mot fjorden.*



*Bygning med naturbeisa veggar og store vindauge med omramming i antrasittgrå farge.*



*Frå Sæbø ferjeleie. Lys grå bygning med skiferdetaljar.*



*To rader storgatestein som skilje mellom ulike typar dekke.*



*Granittheller som gangbanedekke. Solid og flott.*



*Prydkirsebær som blikkfang. Her frå Bergen.*



*Moderne og stilige benkar med tresete. Vroom frå Vestre.*



*Når benken er brei og låg gjev den inntrykk av å ligge tungt og godt på kaia i all slags vêr.*



*Avfallsbeholder i farge antrasittgrå, RAL 7016.*



*Lyspullert med synleg lyskjelde.*



*Lyspullert med indirekte belysning.*



*Innfelt belysning i mur.*



*Antrasittgrå lysarmatur for innfelling.*

**VOLDA KOMMUNE**
**Utvikling**

Statens vegvesen v/Bragi Freyr Bragason
Fylkeshuset

6404 MOLDE

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2015/1737 | 5037/2016 | 200700-01 | UTV/ TORGSTE | 28.04.2016 |

–

## TILBAKEMELDING ETTER MØTE MELLOM STATENS VEGVESEN OG VOLDA KOMMUNE DEN 22.04.2016

Viser til referat frå møte i Ålesund den 22.04.2016 vedrørande forslag til utforming og materialbruk for området mellom ny fergekai og E39 samt plassering og utforming av nytt venterom/toalett i det same området. Spørsmål kring saka er reist som følgje av ombygging av Volda fergekai etter at kommunen har dispensert frå reguleringsplan, jf forvaltningsstyret-sak 76/15 den 17.11.2015.
Ettersom fleire av kommunen sine representantar ikkje hadde høve til å stille på det aktuelle møtet vart det akseptert at saka kunne drøftast internt i kommunen før tilbakemelding til SVV i løpet av veke 17. Representantar frå teknisk sektor, eigedomsavdelinga, Sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" (MBV) samt frå planseksjonen har etter møtet den 26.04.2016 følgjande tilbakemelding til Statens vegvesen.

> Ein viser til pkt 4 i dispensasjonsvedtaket og ber om at innsida av den nye piren vert tilrettelagt som erstatning for tapt kaiareal og at det vert ordna slik at det er kommunen - etter avtalte retningsliner - som disponerer denne.
> Kaiarealet skal kunne nyttast t.d. av reserveferge, marinefarty, kystverket sine båtar og båtar som skal ligge ved kai i Volda for service/vedlikehald over kortare eller lengre tid.
> Det bør vere opplegg for landstraum på piren.
>
> Med bakgrunn i den nye Utviklingsplanen for Volda sentrum ber ein om at SVV legg til rette for "strandpromenade" på den måten at gangareala langs Sjøgata (E39) vert etablert med gjennomgåande dekke, dvs einsarta materialbruk frå venteroms-området, over iland/ombordkøyrings-arealet og ihop med gangareala på utsida av biloppstillingsplassane. Dette er eit viktig grep for å skape samanheng mellom sentrum og Vikenesområdet og vil truleg bidra til kanalisering av gangtrafikken og slik sett utgjere eit trafikktryggingstiltak.

Postadresse: postmottak@volda.kommune.no www.volda.kommune.no
Telefon: 70058755
Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

Søppelkontainarar må plasserast i innbygde konstruksjonar med veggar og tak og ha eit formspråk harmonisert til det nye venteromsbygget.

Autovernet (føringskanten) mellom E39 og fergekaiområdet – bør erstattast med nytt med høgare estetisk kvalitet som er tilpassa eit by- og tettstadsområde som Volda sentrum.

Det bør settast av plass til turistinformasjonstavle innanfor planområdet og leggast til rette for montering av slik. Til orientering har kommunen eit prosjekt i gang med å utforme nye informasjonstavler som skal erstatte dei gamle.

Skissert fargeval på ny gateutrustning (lyktestolpar, benkar o.l) er ok. Lyktestolpane som i dag er montert på området har ikkje same farge som SVV tenkjer å nytte i det nye anlegget. Dette må endrast for å etablere ei heilskapeleg utforming av fergekaia.

**Venterom – kommentarar til motteken skisse**
Taket bør lengast mot nord-aust for å etablere sykkelparkering under tak.

Taket bør snuast slik at høgste delen vender mot sør-aust (mot hamna)

Teknisk rom bør flyttast slik skissa under viser.




Det bør vere plass for benk og sykkelparkering under tak.

Overflatematerialar innvendig og utvendig bør tåle behandling som forenklar fjerning av tagging.

Innreiing på venterommet bør vere av uknuselege materialar og ha innfelt belysning, veggmontert toalett o.l.

Ståande klednig (jf tradisjon for bygg knytt til sjø)

Endeleg utforming av venteromsbygget bør avklarast med eigedomsavdelinga i kommunen.

Presisering:
I referatet frå møtet står det at Volda kommune kan bidra med midlar dersom ønskjer frå kommunen gjer at omfanget av prosjektet vert større enn det SVV har midlar til. Det korrekte her er at det i møtet vart signalisert ei løysing der midlar finansiert gjennom prosjektet "Mellom bygningane i Volda" (MBV), kan tilførast anlegget på Volda fergekai dersom det vert gjort vesentlege kvalitetshevingar på materialbruk, standard o.l. i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum. MBV er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, fylkeskommunen og Volda næringsforum.

Med helsing

Torgeir Stensø
Sektor for Utvikling

Kopi til:
Per Heltne
Kjell Magne Rindal
Jørgen Vestgarden
Asbjørn J. Aasebø

registrer på saK 2015/1732

---

**Fra:** Bragason Bragi Freyr [mailto:bragi.bragason@vegvesen.no]
**Sendt:** 22. april 2016 14:55
**Til:** Per Heltne; Torgeir Stensø
**Emne:** Rv.651 Volda ferjekai - Skisse Venterom WC

Hei

Sender her som avtalt skisse av venterom/wc Volda ferjekai.

God helg

Med hilsen
Bragi Freyr Bragason

**Seksjon:** Spesialprosjekt konstruksjoner
**Postadresse:** Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE
**Besøksadresse:** Vestre Olsvikveg 13, ÅLESUND
**Mobil:** +47 46800938 **e-post/Lync:** bragi.bragason@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?


19/942
19/233
Nesavegen
19/258
19/689
19/584
19/971
19/500
19/514
19/38
19/906
19/198
19/533
19/470
19/630
Eksist trerekkje
19/471
Vikenesvegen
19/637
19/474
19/133
19/148
19/8
19/154
19/197
19/126
19/40
19/40
19/118
19/27
19/60
Smalgata
Endra
biloppstillningsplassar
Hamnegata
19/473
19/132
19/153
19/183
Grøntområde
med opphaldsareal
Sjøgata
Venterom
19/513
Brygge
Steinfylling
Parkering
19 p-plassar
Asfalt
Eksist gangveg
Eksist.
betongkai
Revisjon
Revisjonen gjelder
Utarb
Kontr
Godkjent
Rev. dato
Euref 89 NTM/NN54 tatt ut 2016-02-01
Statens vegvesen
Tegningsdato 2016-04-20
Bestiller
Produsert for Region midt
Produsert av Region midt
Rv651
Skisseforslag Volda ferjekai
Plan
Landskapsplan
Prosjektnummer 405708
Delprosjektnummer
Saksnummer
PlanID
Byggeplan
Målestokk A3 1:500
Utarbeidet av henbjo
Kontrollert av
Godkjent av
Konsulentarkiv
Tegningsnummer / revisjonsbokstav 0001




| Revisjon | Revisjonen gjelder | Utarb | Kontr | Godkjent | Rev. dato |
|---|---|---|---|---|---|
| Euref 89 NTM/NN54 tatt ut 2016-02-01 | | | | | |

Statens vegvesen

Rv651
Skisseforslag Volda ferjekai
Plan
Landskapsplan
Venterom
Byggeplan

| | |
|---|---|
| Tegningsdato | 2016-04-20 |
| Bestiller | |
| Produsert for | Region midt |
| Produsert av | Region midt |
| Prosjektnummer | 405708 |
| Delprosjektnummer | |
| Saksnummer | |
| PlanID | |
| Målestokk A3 | 1:200 |
| Tegningsnummer / revisjonsbokstav | 0002 |

| Utarbeidet av | Kontrollert av | Godkjent av | Konsulentarkiv |
|---|---|---|---|
| henbjo | | | |




# plan

servicebygg Volda ferjekai
m: 1:50
20.04.2016







# plan og snitt

servicebygg Volda ferjekai
m: 1:100
20.04.2016



fasade mot nord





fasade mot øst

# fasader

servicebygg Volda ferjekai

m: 1:100

20.04.2016

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2015/2312 |
| | | Arkivkode: | U60 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 109/16 | Formannskapet | 07.06.2016 |
| 114/16 | Formannskapet | 14.06.2016 |
| 82/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## SØKNAD OM MIDLAR TIL KARTLEGGING AV PROSJEKT "DESTINASJON VOLDA"

**Handsaming:**
Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

**Røysting**:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i formannskapet - 07.06.2016:**
***Saka vert utsett.***

**Administrasjonen si tilråding:**

1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet **"destinasjon Volda",** og vert organisert av Volda Næringsforum.

2. Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.

3. Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2017.

**Vedleggsliste:**

1. Søknad midlar til fase 1 av prosjekt "*Destinasjon Volda*"
2. Skriv frå Volda Reiselivslag av 9. Desember og 5. November 2015

**Samandrag av saka:**
Frå Volda Næringsforum har kommunen motteke skriv 20.05-2016 der dei ber om å få overført DÅS-midlane til Volda Næringsforum. Disse midlane er av næringsforumet meint å vere øyremerka til bruk i utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", som vert organisert av Volda Næringsforum.

I tråd med kommunestyret sitt vedtak og skrivet frå Volda Næringsforum vil rådmannen tilrå at midlane for 2016 kr. 253.000,- vert overført til Volda Næringsforum i samsvar med søknaden.

**Saksopplysningar:**
**Litt om bakgrunnen for saka.**
Kommunestyret gjorde i 2013 vedtak om at kommunen skulle meldast ut av destinasjons-selskapet Ålesund og Sunnmøre (DÅS). Dette vart gjort og Volda kommune er såleis **ute av destinasjonen pr. 01.01.16**.

Med bakgrunn i formannskapet og Volda næringsforum sine signal tidleg i 2015 om å halde fram med å vere medlem, vart tiltaket frå rådmannen innarbeidd i budsjettet 2016 og i økonomiplan-perioden.

I samband med Budsjettet for 2016 gjorde kommunestyret m.a. slikt vedtak i pkt. 21:

> *Volda kommune ønskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til slikt prosjekt tilsv. kontingenten i destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Som del av del av dette prosjektet skal evt. framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi."*

Bak dette vedtaket ligg innspel frå Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag.
Viser til brev fra Volda Reiselivslag av 9. Desember og 5. November 2015 som *fylgjer vedlagt til denne saka*. Begge breva er sendt til Volda Næringsforum sitt styre, og lagt ved innspel til budsjett for Volda kommune for 2016. Rådmannen gjer merksam på at det ikkje er løyvd midlar til å halde fram med medlemsskapen i tillegg. Sjølv om dette er nemnt verbalt, så er fakta at Volda kommune er ute av DÅS.

Med tanke på siste del av vedtaket ba Volda kommune v/rådmannen i skriv til Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag 22.12.2015 om ei avklaring på korleis Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS.

Ovannemnde skriv der Volda Næringsforum ber om å få overført DÅS-midlane må sjåast å vere eit svar på rådmannen sin førespurnad frå desember 2015. Desse midlane er av

næringsforumet meint å vere øyremerka til bruk i utviklingsarbeidet **"destinasjon Volda"**, som vert organisert av Volda Næringsforum.

I brevet vert det vidare synt til kommunestyrevedtaket og at *"Som del av del av dette prosjektet skal evt. framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi."*

Det går vidare fram av skrivet;

> ***Konklusjonen er entydig:*** *Midlane ønskes kanalisert til Volda Næringsforum som øremerkede midler knyttet til utvikling av Volda som destinasjon.*
> *Vi må utvikle destinasjonen Volda gjennom fokus på å skape gode og attraktive kvaliteter for handel og opplevelse i Volda. Dette gjøres best lokalt og gjennom aktiv involvering av lokale ressurser organisert under Volda Næringsforum og MBV. Den dagen vi har attraktive produkter og godt innhold å selge Volda på, skal vi så vurdere hvilke kanaler destinasjonen Volda best kan markedsføres gjennom.*

**Organisering av destinasjonsutviklingsarbeidet i Volda**

Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag ynskjer å organisere destinasjonsarbeidet med utgangspunkt i Volda Næringsforum (VNF).
Organisering av destinasjonarbeidet under VNF gir noen klare fordeler, både med tanke på nettverk og relasjoner. Videre gir en forankring inn mot Volda Næringsforum som nettverksaktør felles regler, normer og strukturer som er vesentlig for å oppnå målet om en Destinasjon Volda (jmf. "Om organisering av nettverkene", over).

Dei syner til allereie ein god og tett dialog med flere sentrale aktører i Volda som vi være viktige for destinasjonsarbeidet: Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-tunet, X2 festivalen, Dokfilm-festivalen, Veka, Fadderveka, mv. I tillegg er det i StudiebygdA-partnerskapet vedtatt at partnerne skal yte Volda Næringsforum bistand etter nærmere henvendelse og klargjøring av ressursbehov.

**Veien videre**
Volda Næringsforum har også forberedt en struktur for selve utviklingsarbeidet. Dei ser klare synergier med arbeidet i Handlingsplan for Handel under Mellom Bygningane i Volda, og skal se nærmere på hvordan vi best mulig kan hente ut slike synergier.

> *Vi ønsker å involvere de ulike samarbeidspartnerne tett, og under tanken "de ulike aktørene har fokus på oppgaver eller roller knyttet til sine kompetanse- eller kjerneområder" slik at vi utfyller hverandre og ikke skaper nye strukturer eller roller der det ikke er behov for det. På en slik måte kan vi videreutvikle alle de gode aktørene og konseptene som allerede finnes, samt sammen skape nye handels- og opplevelsesprodukter. Vi holder samtidig kostnadsnivået på drift av dette på et minimum, men legger heller inn utviklingsmidler i å videreutvikle de allerede eksisterende strukturene i et mer definert nettverk av aktører og samarbeidspartnere.*

**Konklusjon:**
Skrivet frå Volda Næringsforum gjev ei orientering om korleis Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag tenkjer seg organiseringa av reiselivsarbeidet i Volda ut frå deira synstad bør vere.

> Sitat;
> *Vi må utvikle destinasjonen Volda gjennom fokus på å skape gode og attraktive kvaliteter for handel og opplevelse i Volda. Dette gjøres best lokalt og gjennom aktiv involvering av lokale ressurser organisert under Volda Næringsforum og MBV. Den dagen vi har attraktive*

*produkter og godt innhold å selge Volda på, skal vi så vurdere hvilke kanaler destinasjonen Volda best kan markedsføres gjennom.*

Rådmannen er samd i denne vurderinga og ser det såleis at det prosjektet ein har lagt opp til for å utvikle Volda som destinasjon langt på veg er i tråd med vedtaket (pkt. 21) i kommunestyret frå desember 2015.

Rådmannen vil på same måte som Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag påpeike at det no vil vere viktig å få fram gode produkt og godt innhald før ein avgjer kva kanaler **"destinasjonen Volda"** best kan marknadsførast gjennom.

I den samanheng må prosjektet **"destinasjon Volda"** gje svar på om hovudprosjektet ("*posisjonere Volda som den foretrukne handels- og opplevelsesstaden i regionen"*) er formålteneleg for Volda, om det let seg gjennomføre, i kva form (produkt og innhald), og med kva slags deltakarar. Prosjektet må også gje svar på kva kanaler **"destinasjonen Volda"** best kan marknadsførast gjennom.

Skrivet syner kva delprosjektet i fase 1 vil ta føre seg:

- *Utvikle eit nettverk av aktørar som gjennom gjensidige målsettingar og avtalar samhandlar om utvikling av Volda som handels- og opplevingsdestinasjon. Legge til rette for faste møteplassar og ei organisering som gir føreseielege rammer for eit slikt destinasjonsnettverk. Målgruppe vil vere til dømes være grunn- og huseigarar, drivarar, investorar, Volda kommune, Dei nynorske Festspela, Høgskulen i Volda, festivalane, mv. som har interesse for utvikling av Volda som handels- og opplevingsdestinasjon*
- *Utarbeide profilhandbok for bruk av kvalitetar, profileringsmateriell, skilt, mv. i Volda sentrum (og med moglegheit for å nytte ei slik profilhandbok også andre stader i Volda kommune). Skal søkje å vere forankra i Utviklingsplan for Volda sentrum, og opp mot dei fysiske byggetrinn i MBV, til dømes Hamnekvartal-prosjektet. Tar og sikte på å støtte konkrete profileringstiltak som utarbeiding av pakke til huseigarar og handelsdrivande (veggskilt, gateskilt til plakatar, mv.) eller historiske informasjonsskilt som legg opp til enkel navigasjon (jmf. og Utviklingsplanen for Volda sentrum, deler som omhandlar skilt og profilering)*
- *Utvikle planer og skisser for felles portal for Volda som handels- og opplevingsstad, med moglegheiter for god profilering av aktivitetar, møteplassar, tilbod, mv. Ein slik portal skal mellom anna innehalde funksjonalitet som byggjer opp under nettverks- og samhandlingsaktiviteten i destinasjonen. I forkant av dette ynskjer ein og å utvikle nokre enkle strategiar som partnarane kan einast om i høve til felles marknadsføring, profilering, mv.*

Søknaden verkar noko "vag" med tanke på tidsperspektivet på prosjektet, men rådmannen ser for seg at Næringsforumet innan eit år leverer ein rapport til kommunen der spørsmålsstillingane som er nemnt i avsnittet over er drøfta. Det er ynskjeleg med attendemelding på korleis dei øyremerka midlane er nytta i prosjektet. I første omgang vert dette gjennom årsrapport og rekneskap for Volda næringsforum for året 2016.

Ordførar og rådmann er assosierte medlemmer i Volda næringsforum. Det er naturleg at det vert løpande rapportert om prosjektet i styremøta framover.

Rådmannen føreset at Volda næringsforum utarbeidar prosjektplan med klare målsettingar og milepelar for framdrift. Det vert forventa at rapportering til styret i næringsforumet og i årsrapport og evalueringsrapport går fram korleis måla vert nådde og kva resultat ein får ut av prosjektet. Dette vil vere avgjerande for om kommunen skal løyve midlar vidare til destinasjonsarbeid via næringsforumet.

Kommunen står overfør krevjande prioriteringar, og storleiken på løyvinga må i alle høve vurderast i samband med budsjettethandsaminga for 2017.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen
**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen, Omfordeling av midlar
**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Volda Næringsforum
Økonomikontoret

**Søknad midlar til fase 1 av prosjekt "*Destinasjon Volda*"**

**Opplysning om søkjar**

Organisasjonsnummer: 997 669 665
Foretakets navn: Volda Næringsforum
Gateadresse: Storgata 8
Postnr 6100 Volda

**Kontaktperson**
Stefan N. Halck
stefan@voldaforum.no
+47 953 00 397

**Om Volda Næringsforum (søkjar):**

Volda Næringsforum utviklar offentleg og privat næringsliv i heile Volda og i Volda-området. Gjennom rådgiving, møteplassar og påverknadskraft hjelper vi medlemsbedriftene våre til å vokse og utvikle seg.

Volda Næringsforum er ein aktiv katalysator for å skape **samarbeid** og vinn-vinn-situasjonar for og mellom medlemmane våre. For å kunne oppnå dette målet, har vi samarbeidspartnarar både lokalt og regionalt.

Volda Næringsforum er ein **kunnskapsorganisasjon**. Med innsikt i og god kjennskap til dei lokale tilhøva og strukturane som er viktige for næringslivet, hjelper vi medlemsbedrifene våre i riktig retning.

Volda Næringsforum har **integritet**. Vi sikrar at medlemmane blir høyrt i viktige saker.  Vi er opptatt av samfunnsansvar og eit berekraftig Volda-samfunn - no og i framtida.

**Prosjektopplysingar: Destinasjon Volda**
Midt opp i prosessar om kommunereformar, samanslåingar og andre strukturdebattar, har vi mista fokuset på Volda som eigen stad. Dette er Volda, uansett utfall av desse prosessane.

Volda treng ein identitet som samlar både innbyggjarar, næringsliv, og studentar. Ein god destinasjon for desse gruppene, er óg ein god stad for andre viktige målgrupper som tilreisande som ønskjer å handle, eller å oppleve det Volda har å by på.

Mange seier dei er best på handel eller på opplevingar i vår region, utan å verken vere det eller samle seg rundt det. Vi ønskjer å posisjonere Volda som den foretrukne handels- og opplevelsesstaden i regionen, og meinar at alt ligg til rette for å ta denne fana i vår region.

Dette er svært viktig både for å legge tilrette for auka verdiskaping for næringslivet, for etablering av nye næringar og arbeidsplassar, for at folk skal ønskje flytte heim, for at folk skal velje Volda som handelsdestinasjon ein laurdagsformiddag, velje å gå på konsert i Volda

kyrkje ein torsdagsettermiddag eller på Rokken ein fredagskveld. Dette - og mykje meir - vil Volda med ein klar strategi og identitet kunne vere.

**Dette er også kommunestyre sitt ønskje, slik vi les det ut i frå budsjettvedtaket ved årsbudsjettet 2016:**

Pkt 21 kommunestyret, budsjettvedtak årsbudsjettet 2016
*Volda kommune ønskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til slikt prosjekt tilsv. kontingenten i destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Som del av del av dette prosjektet skal evt. framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi."*

Bak dette vedtaket ligg innspel frå Volda Næringsforum og Volda Reiselivslag.
Viser til brev fra Volda Reiselivslag av 9. Desember og 5. November 2015. Begge til Volda Næringsforum sitt styre, og lagt ved innspel til budsjett for Volda kommune for 2016.

**Viser her til kommunestyrevedtak i Volda kommune Som del av del av dette prosjektet skal evt. framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi."**

*Styret i VRL er særs positiv til at Volda kommune, etter gjennomført utmelding av DÅS, vidarefører årleg løyving tilsvarande kommunen si medlemsavgift i DÅS som årlege øyremerka midlar for utvikling og marknadsføring av Volda som destinasjon.*

*Styret i VRL vil peike på at det er nødvendig at midlane vert kanalisert gjennom VNF, og disponert av dei konkrete og relevante nærings- og serviseaktørane. Knytt til den siste gruppa vil vi særleg peike på at handelsnæringa og Høgskulen i særklasse er selgarar av Volda som destinasjon.*

- *Grunnleggende fokus er på å utvikle Volda til en handels- og opplevelsesdestinasjon*
- *For nå nå målet er det avgjørende at vi i en kartlegging (avklarende prosess) gjør nødvendige analyser og kartlegging av alle tilgjengelige ressurser og modeller*

**Henvisning til avklaring vedrørende DÅS: Det er som ønsket fra Volda Reiselivslag foretatt nødvendige avklaringer knyttet til alternative med å opprettholde medlemskapet i DÅS.**

Konklusjonen er entydig: Midlane ønskes kanalisert til Volda Næringsforum som øremerkede midler knyttet til utvikling av Volda som destinasjon.
Vi må utvikle destinasjonen Volda gjennom fokus på å skape gode og attraktive kvaliteter for handel og opplevelse i Volda. Dette gjøres best lokalt og gjennom aktiv involvering av lokale ressurser organisert under Volda Næringsforum og MBV. Den dagen vi har attraktive produkter og godt innhold å selge Volda på, skal vi så vurdere hvilke kanaler destinasjonen Volda best kan markedsføres gjennom.

Vedtak i styret i Volda Næringsforum 19. November 2015, under sak 7 *"Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS)"*

- *Vedtatt i styret: Gi et signal til rådmannen i Volda kommune om at Volda Næringsforum er innstilt på å utvikle Volda til handels- og opplevelsesdestinasjon. Styret ønsker å få kanalisert de midlene som skulle gå til medlemskontingent i 2016 inn mot dette arbeidet.*

**E-post med vedlegg sendt til rådmann Rune Sjurgard, Per Ernst Lundberg og arbeidsutvalget i Volda Næringsforum 11. November 2015:**

*Konkret så ønsker styret i Volda Næringsforum at midler tilsvarende Volda kommunes medlemskap i DÅS tilføres Volda Næringsforum, øremerket til utvikling av Volda som handels- og opplevelsesdestinasjon (blant annet knyttet til sentrumsprosjektet Mellom bygningane i Volda (MBV) sitt delprosjekt "handlingsplan for handel", jmf. prosjektbeskrivelse MBV). Vi ønsker at tilskudd til et slikt arbeid gis ved inngangen til 2016, til bruk i utviklingsarbeid i 2016.*

*Vi støtter også Volda Reiselivslags ønske om en snarlig samling der aktuelle samarbeidspartnere møtes for å diskutere konkret organisering av dette arbeidet. Dette kan Volda Næringsforum ta initiativ til dersom øremerkede midler tilføres Volda Næringsforum til arbeidet med å utvikle Volda til handels- og opplevelsesdestinasjon.*

**Om destinasjonsutvikling:**
En nettverksbasert destinasjonsutvikling har i økende grad gjort seg gjeldende [...], og i håndteringen av [Volda] sine ressurser kan organisering gjennom ulike former nettverk være et virkemiddel i utviklingen. Jörgen Elbe (2002, 38) betrakter en destinasjon som et nettverk bestående av i varierende grad gjensidig avhengige aktører som tilbyr ulike tjenester til [målgruppene]. Nettverkssamarbeid involverer relasjoner mellom interessenter når disse samhandler med hverandre i forhold til et felles problemområde (Bramwell og Lane 2000, 4). Interessentene besitter ulike kunnskaper, ekspertiser, kretser og monetære ressurser, men på egenhånd vil de trolig ikke inneha de nødvendige ressursene for å kunne nå sine mål.

**Om organisering av nettverkene**
Elbe (2002, 19) beskriver videre nettverk som relasjoner mellom forretningsaktører, hvor koblingene disse former, påvirker den økonomiske utviklingsprosessen. Wood og Gray (1991, referert i Bramwell og Lane 2000, 5) vektlegger felles regler, normer og strukturer i nettverkssamarbeid som premiss for måloppnåelse.

(Hentet fra Bacheloroppgave i reiselivsledelse ved BI Trondheim 2013, av Øyvind Rusten og Anna Mjelva Trøen).

**Strukturen på utviklingsarbeidet**
Volda Næringsforum har også førebudd ein struktur for sjølve utviklingsarbeidet. Vi ser ei klar samanheng med arbeidet i Handlingsplan for Handel under Mellom Bygningane i Volda, og skal se nærare på korleis vi best mogleg kan hente synergier av det allerede utførte arbeidet.
Vi ønsker å involvere dei ulike samarbeidspartnarane tett, og under tanken "dei ulike aktørene har fokus på oppgåver eller roller knytt til sine kompetanse- eller kjerneområder"

slik at vi utfyller kvarandre og ikkje skapar nye strukturar eller roller der det ikkje er behov for det. På ein slik måte kan vi vidareutvikle alle dei gode aktørane og konsepta som allerede finnest i Volda, og saman skape nye handels- og opplevingsprodukt. Vi held samstundes kostnadsnivået på drift av dette på eit minimum, men legg heller inn utviklingsmidlar i å vidareutvikle dei allerede eksisterande strukturane i eit tydeleg definert nettverk av aktørar og samarbeidspartnarar.

**Delprosjekt under fase 1 vil ta føre seg:**

- Utvikle eit nettverk av aktørar som gjennom gjensidige målsettingar og avtalar samhandlar om utvikling av Volda som handels- og opplevingsdestinasjon. Legge til rette for faste møteplassar og ei organisering som gir føreseielege rammer for eit slikt destinasjonsnettverk. Målgruppe vil vere til dømes være grunn- og huseigarar, drivarar, investorar, Volda kommune, Dei nynorske Festspela, Høgskulen i Volda, festivalane, mv. som har interesse for utvikling av Volda som handels- og opplevingsdestinasjon
- Utarbeide profilhandbok for bruk av kvalitetar, profileringsmateriell, skilt, mv. i Volda sentrum (og med moglegheit for å nytte ei slik profilhandbok også andre stader i Volda kommune). Skal søkje å vere forankra i Utviklingsplan for Volda sentrum, og opp mot dei fysiske byggetrinn i MBV, til dømes Hamnekvartal-prosjektet. Tar og sikte på å støtte konkrete profileringstiltak som utarbeiding av pakke til huseigarar og handelsdrivande (veggskilt, gateskilt til plakatar, mv.) eller historiske informasjonsskilt som legg opp til enkel navigasjon (jmf. og Utviklingsplanen for Volda sentrum, deler som omhandlar skilt og profilering)
- Utvikle planer og skisser for felles portal for Volda som handels- og opplevingsstad, med moglegheiter for god profilering av aktivitetar, møteplassar, tilbod, mv. Ein slik portal skal mellom anna innehalde funksjonalitet som byggjer opp under nettverks- og samhandlingsaktiviteten i destinasjonen. I forkant av dette ynskjer ein og å utvikle nokre enkle strategiar som partnarane kan einast om i høve til felles marknadsføring, profilering, mv.

**Oppsummert**

På vegne av styret i Volda Næringsforum ber vi om å få overført DÅS-midlene til Volda Næringsforum. Disse midlene skal øremerkes til bruk i utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", som organiseres av Volda Næringsforum.
Vi ber om at midlene overføres så snart som mulig, og senest innen 1. August 2016. Detaljer om overføring kan fås ved henvendelse til dagleg leiar Stefan N. Halck, Volda Næringsforum.

Volda Reiselivslag
Skjervavegen 17
6100 Volda

**Volda Næringsforum**
**Storgata 8**
**6100 Volda**

**Volda, 5. november 2015**

**VOLDA KOMMUNE, REISELIV OG DESTINASJON ÅLESUND & SUNNMØRE.**

Styret i Volda Reiselivslag (VRL) syner til Volda kommune sine vurderingar av medlemskap i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (DÅS). Vi syner og til våre brev/innspel datert 8. september 2014 og 20. april 2015.

VRL har tidlegare peika på verdien av medlemskap i DÅS eller tilsvarande organisering. Med utgangspunkt i at omorganisering av DÅS (fusjon med Geiranger og Nordfjord) ikkje vart noko av, og innspel frå adm. i Volda kommune om å vidareføre årleg løyving tilsvarande medlemsavgifta til DÅS til destinasjonsrette tiltak i Volda, har styret i VRL handsama saka på ny og har i styremøte den 29.10.2015 gjort følgjanade vedtak:

> *Styret i VRL er særs positiv til at Volda kommune, etter gjennomført utmelding av DÅS, vidarefører årleg løyving tilsvarande kommunen si medlemsavgift i DÅS som årlege øyremerka midlar for utvikling og marknadsføring av Volda som destinasjon. VRL har tidlegare peika på at det er naudsynt at ein i utviklar Volda som ein konkret destinasjon basert på det samla nærings- og servisetilbodet som eksisterer og kan utviklast vidare i Volda. Vi syner i denne samanheng til våre innspel til Volda Næringsforum datert 8. september 2014 og 20. april 2015.*
>
> *Styret i VRL vil peike på at det er nødvendig at midlane vert kanalisert gjennom VNF, og disponert av dei konkrete og relevante nærings- og serviseaktørane. Knytt til den siste gruppa vil vi særleg peike på at handelsnæringa og Høgskulen i særklasse er selgarar av Volda som destinasjon.*

Vi legg til grunn at løyvinga først vil vere effektiv frå 2016. Vi vil likevel sjå fram til ei snarleg samling der eit utval av aktuelle partnerar gjennomfører ei innleiiande samtalerunde om temaet.

**Vennleg helsing**
***Volda Reiselivslag***

| | |
|---|---|
| **Eiliv Halkjelsvik** - *sign.* | **Jakob Helset** – *sign.* |
| leiar | nestleiar |

Journalsførast på meg.

**Fra:** Stefan N. Halck [mailto:stefan@voldaforum.no]
**Sendt:** 11. november 2015 15:17
**Til:** Rune Sjurgard; Per Ernst Lundberg
**Kopi:** Karl Erik Rønnestad; Eiliv Peter Halkjelsvik
**Emne:** Fwd: DESTINASJON VOLDA

Hei,

Elevane melder om at lærarane har tru på dei og at dei vert behandla med respekt. Vidare at dei får god hjelp av lærarane til vidare arbeid. Dessverre melder dei også om ein del uro i timane. Trass dette er der tydelegvis ein god kultur i klasserommet der det «er lov å gjere feil». Lærarane stiller tilpassa utfordringar og gir lekser og arbeidsoppgåver som elevane meistrar.

Elevane seier at dei er i nokon grad med på å bestemme korleis det skal arbeidast med faga. Det er lagt til rette for elev- og klasseråd og stundom høyrer skulen på forslaga.

Dei aller fleste elevane melder at lærarane forklarar kva som er måla i dei ulike faga, og at dei får forklart kva som skal vurderast i faga. Vidare forklarar lærarane kva som er bra med arbeidet og kva eleven bør gjere for å bli betre.

Det store fleirtalet av elevane våre veit kva reglar som gjeld på skulen, og dei vaksne hjelper til så reglane blir følgt. Likevel er der ein del som opplever at dei vaksne reagerer ulikt viss nokon bryt reglane.

Elevane melder om svært lite erting/plaging/trugsmål eller mobbing. Litt kommentarar på utsjånad har det vore. I den grad der har vore krenkande åtferd, er det nesten berre frå medelevar i klassen. Dei fleste meiner dei vaksne reagerer når nokon seier eller gjer noko som er ubehageleg for andre. Som før nemnt har lærarane særskild tett oppfølging av nokre få einskildelevar, også med tanke på at dei skal kjenne seg trygge og trivast. Dei aller fleste er fornøgde eller svært fornøgde med skulehelsetenesta.



I tillegg til informasjonen frå den årlege Elevundersøkinga skaffar skulen seg oversikt over elevane sin trivsel og evt. mobbing i klassen gjennom utviklingssamtalar to gonger pr. år. I tillegg opplever vi at andre elevar, lærarar, assistentar, reinhaldarar, naboar og føresette har ein lav terskel for å melde frå om episodar dei finn urovekkande. Vi føler likevel at vi kan bli betre på å avdekke mistrivsel og evt. mobbing. Vi vil såleis sjå på betre verkty til dette føremålet, t.d. «Spekter» utarbeidd av Erling Roland ved Senter for atferdsforskning.

Av tiltak for å skape trivsel og godt elevmiljø nemner vi:

- Trivselsleiar (TL, 5.-7.kl.). Dette er eit svært godt tiltak som betrar trivsel og truleg hindrar mykje uønskt åtferd.
- Elevråd: Elevrådet arrangerer ballbinge-turnering, «20-turmål» og andre tiltak for skulen.
- Det store leselotteriet: Etter stort ønske frå elevar og foreldre arrangerte vi også dette året «Det store leselotteriet». FAU hadde ei sentral rolle i ordninga, og sytte for svært mange fine premiar. Det er særleg kjekt å sjå at dette tiltaket når ein del elevar som elles sjeldan hevdar seg i konkurransar.
- FysAk: Elevane på mellomsteget har fysisk aktivitet (FysAk) ein gong i veka, i tillegg til kroppsøvingstimane. Vi gjentek suksessen frå i fjor med auka elevmedverknad og får svært positive tilbakemeldingar frå elevane.

- Leirskule /skuletur: Vi har laga eit fast opplegg der 7.klasse dreg til Lid grendahus på overnattingstur. Opplegget femner om skulefaglege, sosiale og fysiske utfordringar og er svært godt likt av elevar, føresette og tilsette.
- Zippys venner / Psykologisk førstehjelp /Smart oppvekst: Skulen køyrer opplegget Zippys venner fast for 1.-4.klasse, og brukar dessutan mykje av språket og metodikken vidare på mellomsteget. I 5.klasse vert dei dessutan introdusert for «Psykologisk førstehjelp»; eit opplegg for å handtere vanskelege situasjonar og trasige tankar. I år prøver vi dessutan ut deler av opplegget til «Smart oppvekst»; eit verkty for betre sosial omgang og sjølvkontroll.
- «Tett på»: Skuleleiinga er «tett på» einskildelevar og grupper/klasser som treng ekstra oppfølging. Dette gjeld t.d. alle tilfelle av mobbing /mistanke om mobbing, skulevegring, forseintkoming, utagering, dårleg klassemiljø mm.
- Systemarbeid: Alle tilsette er kjende med opplæringslova §9a, og arbeider i samsvar med utarbeidd prosedyre. Skulen har utvikla og teke i bruk nytt kartleggingsverkty til bruk i skulevegringssaker. Skulen samarbeider med PPT om tiltak for einskildelevar, klassen og lærarteamet.

### *Dalsfjord skule*

Dalsfjord skule har gjennom utviklingsplanen og handlingsplan mot mobbing fått inn ein del rutinar som er med på å skape eit fysisk og psykisk godt skulemiljø for elevane. Vi har gode arbeidsplanar, styrka tilsyn om morgonen, og vi har arbeidd mykje med læringsleiing og klassereglar.

Det fysiske miljøet er godt med nytt skulebygg med både gymsal, basseng, og eigen skulehage med gapahuk og steinomn. Dessutan har vi open musikkbinge og scene for ungdomsskulelevane.

Resultata frå Elevundersøkinga viser at elevane trivast godt ved skulen og alle elevane har nokon å vere saman med i friminutta.

Motivasjonen for å lære varierer litt. Det syner seg at ingen elevar er motivert for læring i alle fag. Høgaste snittet er at elevane er motiverte for å lære i nokon fag. Dette må vi heilt klart arbeide meir med frametter. Dei fleste elevane seier at dei likar skulearbeidet godt, noko som er veldig positivt.

Undersøkinga syner at dei føresette som oftast er interesserte i det borna lærer på skulen. Vidare seier elevundersøkinga at dei føresette nesten alltid hjelper elevane med leksene, og dei forventar at elevane gjer sitt beste på skulen.



Elevane meiner at dei fleste lærarane gir dei god støtte, at lærarane bryr seg om dei og har tru på dei.

Når det gjeld vurdering for læring seier elevane at lærarane forklarar læringsmåla og kva som vert vektlagt i vurderinga i dei fleste faga. Elevane meiner at skulen legg til rette for elevmedverknad og at elevrådet fungerer. Elevane ynskjer meir medverknad når ein kvar haust lagar klassereglar.

Tala i undersøkinga syner at elevane opplever miljøet ved skulen som trygt og at det er lite mobbing.

Elevane er særs fornøgde med skulehelsetenesta.

Felles aktivitetar ved skulen er med på å styrke heim - skule samarbeidet og trivselen ved skulen. Døme på slike aktivitetar er overnattingsturar, kulturkafe, uteveke, fjellturar, skidag, julefest og vårfest.

TL-programmet har ein positiv effekt på trivselen til elevane og er med på å førebygge uønska åtferd, som erting, mobbing og utestenging.

### Folkestad skule

Resultata for Folkestad skule er jamt positive med eit gjennomsnitt på 4,1 der 5 er høgste skåre.



Vi ser at elevane trivst godt på skulen, og at dei får god hjelp og støtte heime.

Vi har eit klart forbetringspotensiale på nokre område innanfor indeksen *vurdering for læring* der skåren er noko lågare og ligg ned mot 3-talet. Her ser vi at skulen samla sett må bli betre på desse spørsmåla (sitat):

*«I kor mange fag legg lærarane til rette for at eg kan bruke praktiske arbeidsmåtar?»*

*«Kor ofte får du tilbakemeldingar frå lærarane som du kan bruke til å bli betre i faga?»*

*«Får du vere med å foreslå kva det skal leggast vekt på når arbeidet ditt skal vurderast?»*

*Får du vere med og vurdere skulearbeidet ditt?»*

*«Får du hjelp av lærarane til å tenke gjennom korleis du utviklar deg i faget?»*



### *Mork skule*

Mork skule scorar generelt bra på Elevundersøkinga. Utifrå resultata kan ein sjå at elevane har høg trivsel. Vi er stolte over at vi scorar lågt på spørsmål rundt mobbing (1,1). Dette tyder ikkje at det ikkje må jobbast med og mot mobbing i klasserommet og på leikeplassen.

Det kjem fram at elevane opplever at dei får støtte både frå lærarane og heimen i arbeidet dei gjer. Vi jobbar heile tida med å oppretthalde eit godt samarbeid heim - skule. Lærarane ser vinning i å bruke tida på ein liten samtale eller sms for å oppklare enkelte situasjonar. Det er viktig at elevane føler at lærarane bryr seg om dei, likeeins at føresette er trygge på at læraren har omsorg for barnet deira.

Vi har dei siste åra jobba spesielt med skulemiljøet. Vi meiner at vi ser positive resultat av både Zippy og Trivselsleiarprogrammet. Vi har tre vakter ute i kvart friminutt. Desse prøver å vere i forkant av eventuelle konfliktar. Personalet snakkar seg i mellom om konfliktar som kan oppstå. Vi ansvarleggjer elevane gjennom at dei må ringe heim og fortelje kva som har skjedd dersom ei større konflikt har oppstått.

Vi har fokusert mykje på klassemiljø, og jobba inn godt fungerande klasseromsreglar, tilpassa dei ulike årsstega. Lærarane snakkar seg imellom når det gjeld episodar rundt enkeltelevar, og samarbeider med å finne gode løysingar som kan forhindre at det skjer att. Vidare prøver lærarane å vere flinke til å informere heimen om kva som skjer med eleven. Dette tydeleggjer ovanfor elevane at heim og skule samarbeider.

### *Vikebygda skule*



Vi opplever at vi har eit trygt og inkluderande skulemiljø, Grunna elevane sin alder, er ikkje skulen pålagt å gjennomføre dei nasjonale elevundersøkingane. Vi er likevel oppteken av at elevane skal oppleve at dei har det trygt og godt på skulen. Vi jobbar mellom anna mykje med aldersblanda aktivitetar ved skulen som kulturkveld, matematikkens dag, samt ulike turar i nærmiljøet. Vi har og ei fadderordning for 1. klasse.

Vi er opptekne av at vi er ein «vi -skule», med «våre elevar», det vil seie at alle tilsette har ansvar for alle elvane ilag. Vi legg difor stor vekt på at elevane **i det daglege** skal møte vaksne som legg vekt på:

- ✓ tryggleik og likeverd for kvar einskild
- ✓ at læringa er basert på positive tilbakemeldingar framfor å fokusere på det elevane ikkje meistrar
- ✓ alle faglege krav som kvar einskild elev må arbeide systematisk og grundig med for å kunne oppnå

"Zippys venner" blir brukt i alle klassene, og dette er også ein reiskap som SFO kjenner til og bruker. Dette er eit program som skal hjelpe elevane å identifisere og snakke om kjensler, meistre dagleglivet sine utfordringar og støtte andre som har det vanskeleg.

Vi bruker også leikevennar i nokre periodar, der lærarane bestemmer kven som skal leike i lag i friminutta. Dei yngste klassene har også vore med på vennegrupper i år, der små grupper elevar besøker kvarandre privat og på den måten knyter sosiale band.

*Volda ungdomsskule*

Lærarane har brukt både teamtid, årsstegstid og fellestid til arbeidet med å tolke resultata frå elevundersøkinga og reflektere rundt årsaker og satsingsområde i høve forbetring og utvikling. I år var det første gong alle klassene deltok i elevundersøkinga, dette meiner vi er positivt og vi vil halde fram med dette.



Vi har brukt mykje tid til etterarbeid med felles refleksjon i kollegiet. Vi meiner også det er viktig at alle lærarane er med på å tolke resultata og formulere utviklingsmål for skulen på bakgrunn av resultata.

**Oppsummering av resultat frå elevundersøkinga:**

| Dette er vi gode på ☺ | Dette kan vi bli betre på ☹ |
|---|---|
| - Høg trivsel, lite mobbing<br>- Godt, trygt læringsmiljø<br>- Felles reglar<br>- Trivsel<br>- God støtte heimanfrå<br>- Samhandling/ kontakt lærar-elev<br>- Høg trivsel og godt klassemiljø | - Vurdering for læring, spes. tilbakemeldingar<br>- Praktisk og variert undervisning<br>- Meir IKT i undervisninga<br>- Samtale/ diskusjon i fag<br>- Yrkesrettleiing<br>- Praktisk arbeid<br>- Elevmedverknad, progresjon 8.-10.<br>- Motivasjon<br>- Fysisk miljø<br>- Elevmedverknad<br>- Variasjon |

Skulen gjennomfører ei anonym mobbegransking ein gong pr. halvår og i systemboka vår har vi utarbeidd rutinar for kva vi gjer dersom mobbing blir oppdaga. I systemboka vår ligg det også retningslinjer til saker som fell under opplæringslova §9A. Resultata samsvarar med resultatet frå elevundersøkinga som viser at vi har lite mobbing og god trivsel. Det betyr ikkje at skulen er

mobbefri, vi har nokre elevar som opplever å bli krenka og mobba og dette er viktig å ta på alvor. Vi nyttar fellestid til å gå jobbe med å utvikle det haldningsskapande klasse- og skulemiljøarbeidet. Ved skulestart kvart år har vi ei eiga miljøveke med fokus på nettvett, psykisk helse, klasse- og skulemiljøarbeid. Vi utarbeider miljøtenesteplan for skuleåret der alle klasser er med etter turnus.

Målet med miljøtenesteplanen er:

- Skape større trivsel for elevar og tilsette
- Aktivisere elevane i miljøskapande arbeid
- Styrke fellesskapet og vise omsorg for kvarandre (Jf. skulen sin visjon)
- Arbeide for at alle skal kjenne seg trygge i skulemiljøet

I tillegg har vi tur- og ekskursjonsplanen der målet er å fremje læring, trivsel og sosial utvikling. Turane og ekskursjonane skal planleggast i samarbeid med elevar og lærarar gjennom grundig førearbeid og det skal setjast opp faglege og sosiale mål. Fleire skulemiljøtiltak er Bli-kjend-kveld tidleg på hausten som er obligatorisk for alle elevane, juleball, Grand prix-veka og til sist, men ikkje minst, det daglege, systematiske arbeid med klasse- og læringsmiljø i den enkelte klasse.

### *Øyra skule*

Resultata frå elevundersøkinga blir noko ulik frå år til år fordi det kan vere stor ulikskap mellom kulla. Samstundes ser vi ein trend dei siste tre åra der vi ligg rundt fire i snitt. Det vi skorar dårlegast på i år er elevdemokrati og medverknad (3,4) og det undersøkinga viser at vi er best på, er støtte frå lærarar (4,5).

Det er tredje året på rad at Øyra skule har lite tilfredsstillande resultat på indeksen *Elevdemokrati og medverknad.* Vi trur dette har mykje med elevrådsarbeidet på skulen å gjere, og vil komande skuleår organisere dette annleis.

Også indeksen *Vurdering for læring* har dårlegare resultat enn vi ønskjer (3,6 mot 3,9 i fjor). Og vi ser at her er stort potensiale for forbetring. Vi forventar at storsatsinga *Vurdering for læring* i Voldaskulen vil vise igjen i resultat på dette området.

I tillegg til Elevundersøkinga, har vi kvar haust ei trivselsundersøking ved Øyra skule. Her kartlegg vi korleis elevane har det på skulen, både i klasserommet og ute i friminuttet, samt på skulevegen. Her kan vi fange opp om det er nokon som blir utestengde, blir erta eller mobba eller kjenner seg utrygge på anna vis. Resultatet frå undersøkinga blir kvart år arbeidd med i kollegiet, og lærarane bruker kunnskapen om resultat frå eigen klasse som utgangspunkt for arbeid med det sosiale miljøet i klassen.



## 4 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen

Å meistre grunnleggande ferdigheiter er ein føresetnad for kompetanse i alle fag. Vi veit at mange elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvene vil ha vanskar med å tileigne seg nytt lærestoff, og ligg i faresona for større og utvida vanskar seinare i utdanningsløpet. Resultata på dei nasjonale prøvene kan derfor vere eit frampeik på korleis måloppnåinga i fag vil verte for den enkelte elev ved avslutta grunnskule.

Voldaskulen har lågare resultat på dei nasjonale prøvene på barnesteget enn vi ønskjer å ha. Samtidig ser vi svært positiv utvikling mellom resultata som er tekne tidleg på 8. årssteg og 9. årssteg – altså i løpet av eit år på ungdomsskulen klarer vi å heve nivået. Vi har også høge snitt på grunnskulepoeng og eksamensresultat. Kva vil skje om vi klarer å heve nivået tidleg på barneskulen – vil resultata på dei nasjonale prøvene på 9. årssteg bli tilsvarande mykje høgre/betre? Og vil grunnskulepoenga og eksamensresultata også bli høgre/betre?

I verbaldelen til budsjettet for 2016 lyder eit av opplæring og oppvekst sine mål slik: *«Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse skal reduserast med 15 % samanlikna med sist skuleår.»* Vi har sett oss eit konkret mål for å kunne måle kvaliteten i skulane våre. Resultata på dei nasjonale prøvene hausten 2016 vil gi oss svar på om vi har nådd målsetjinga.

For å gi ei felles retning for nasjonale og lokale prioriteringar i arbeidet med kvalitet i grunnopplæringa har nasjonale myndigheiter definert tre overordna utdanningspolitiske mål for heile grunnopplæringa (St.meld 18, 2007-08). Sektormåla bygger på og speglar heilskapen i Kunnskapsløftet. Dei tre måla heng nært saman og handlar om grunnleggande ferdigheiter, gjennomføring og læringsmiljø, der meistring er eit sentralt omgrep :

- Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring
- Alle elevar skal meistre grunnleggande ferdigheiter
- Alle elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

I punkt 3.5 skriv vi at eit læringsmiljø med fokus på motivasjon og meistring, samt støttande lærarar som har klare forventningar til elevane, vil skape tryggheit, føreseielegheit og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen.

Dei tre sektormåla gir oss klare føringar for kva vi må jobbe mot. Voldaskulen skal vere ein skule der alle elevar føler seg inkludert og opplever meistring, dessutan skal dei meistre dei grunnleggande ferdigheitene på eit slikt nivå at dei klarer å gjennomføre vidaregåande opplæring. På bakgrunn av desse måla har vi for tida følgjande satsingar og tiltak i Voldaskulen:

### 4.1 Ungdomssteg i utvikling – motivasjon og meistring

Dei nasjonale sektormåla er bakgrunnen for den nasjonale satsinga *Ungdomssteg i utvikling* som dei fire ungdomsskulane i Volda har delteke i dei tre siste åra. Her har alle skulane valt klasse-/læringsleiing som overordna satsing, med ulike vinklingar. Vi er opptekne av at kvar elev skal

oppleve meistring kvar dag, i kvar læringsøkt. God klasseleiing er avgjerande for at kvar enkelt elev får oppleve meistring. Vi veit at ein god lærar

- er medviten om og skjøner sitt leiaransvar
- har innsikt i klassa som sosialt system
- har ein positiv støttande relasjon til kvar enkelt elev
- er medviten om å etablere ein god læringskultur
- er medviten om å etablere god struktur og rutinar
- har tydelege forventningar og motiverer alle elevane

Dersom elevane skal realisere læringspotensialet sitt, er det avgjerande at læraren har tydelege forventningar til elevane og kan motivere dei til arbeidsinnsats. Ved å tydeleggjere formålet med læringsaktivitetane og samtidig klargjere forventningane, får elevane ein metarefleksjon på eiga læring.

Forventningane til elevane må vere både høge og realistiske, og læringsaktivitetane må vere prega av utfordringar og driv. Læraren må ikkje berre ha forventningar til elevane, men også stille krav og ha forventningar til seg sjølv som leiar og lærar.

*Ungdomssteg i utvikling* utfordra lærarar til å betre eigen undervisningspraksis ved å gjere han meir motiverande, praktisk og variert. Refleksjonen, utprøvinga og erfaringsdelinga fokuserte på elevane si meistring.

Skulane vil vidareføringa satsinga og halde fram med å jobbe med læringsleiing for å skape motivasjon og meistring hos elevane.

Ein kan lese meir om Ungdomssteg i utvikling her: http://www.udir.no/Utvikling/Ungdomstrinnet/

## 4.2 Vurdering for læring

For at vurderingsarbeidet i skulen skal vere motiverande og fremje læring og utvikling er det nokre enkeltfaktorar som er avgjerande. Desse er viktige for elevane sin motivasjon, si forståing av og eigarskap til eiga læring.

Basert på internasjonal forsking har Noreg valt å legge vekt på følgjande fire prinsipp for god undervegsvurdering:

- *Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei. Då er mål, kriterier og kjenneteikn for måloppnåing viktig.*
- *Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.*
- *Elevane skal få råd om korleis dei kan bli betre.*
- *Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.*

Både eit godt læringsmiljø og god læringsleiing er føresetnader for godt vurderingsarbeid. Vurdering for læring er dessutan ein god reiskap for tilpassa opplæring.

Resultata i Elevundersøkinga fortel oss at skulane i Volda kommune har utviklingspotensiale. Voldaskulen skal frå hausten 2016 ta del i den nasjonale satsinga på *Vurdering for læring* som vi håper skal gjere oss i stand til å skape enda betre læring for elevane i Voldaskulen.

Ein kan lese meir om Vurdering for læring her: http://www.udir.no/Vurdering-for-laring/

## 4.3 Tidleg innsats

Opplæring og oppvekst ønskjer å vere ei førebyggande og helsefremjande teneste der ein har fokus på tidleg innsats på alle område.

Med *tidleg innsats* meiner vi at barn, unge og familiane deira skal få rett hjelp til rett tid, på rett stad, og så tidleg som mogleg. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i barnet si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår, uavhengig av alder.

Tidleg innsats inneber førebyggande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste.

Opplæring og oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- Universalførebyggande tiltak for ***alle*** barn og føresette for å hindre at vanskar oppstår.
- Selektive tiltak for barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar.
- Indikative tiltak for barn og føresette med behov for særskilte tiltak.

Av universalførebyggande tiltak har vi bl.a. desse i Voldaskulen:

- *Zippys vener* (barnesteg)
- *Alle har ei psykisk helse* (ungdomssteg).
- Trivselsleiarprogram (barnesteg)
- Særleg høg lærartettleik på 1. til 4. årssteg retta mot elevar med svak ferdigheit i lesing og rekning.

## 4.4 Tilpassa opplæring

Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld all opplæring i grunnskule og vaksenopplæring. Tilpassa opplæring inneber blant anna variasjon i val av metodar, lærestoff og organisering for å sikre god og forsvarleg opplæring ut frå den enkelte elev sine evner og føresetnader. Tilpassa opplæring inneber ikkje at all opplæring vert individualisert, men at alle sider av læringsmiljøet tek omsyn til variasjonar i elevgruppa. Gjennom god tilpassing av den ordinære opplæringa skal skulen så langt råd er gi alle elevar eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dermed kan skulen vere med å førebygge lære- og åtferdsvanskar og avhjelpe slike vanskar når dei oppstår.

Spesialundervisning er ein rett som skal sikre ei tilpassa og likeverdig opplæring for elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Spesialundervisning oppstår dermed i skjeringspunktet mellom tilpassa opplæring i den ordinære opplæringa og eleven sitt funksjonsnivå. Skulen sitt høve til å tilpasse opplæringa til den enkelte elev er blant anna avhengig av omfanget av eleven sine lærevanskar, kompetanse hos leiinga og lærarane, organisering av opplæringa, samt skulen sin tilgang på støttetenester og kompetansehevingstiltak.

Voldaskulen ønskjer å vere ein skule som i alle ledd har kompetanse til å drive god tilpassa opplæring og slik skape trygge læringsarenaer der elevane får oppleve meistring. For å klare dette må vi legge til rette for at skulane kan jobbe med tema omkring læring, til dømes læringsleiing (meir om læringsleiing i punkt 4.1) og forholdet mellom systemperspektiv og individperspektiv i høve tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi må også ha tett kontakt med PPT og nyttiggjere oss av rettleiing for å hjelpe skulen i arbeidet.

## 4.5 Spesialundervisning

Elevar som ikkje har tilfredsstillande utbyte av ordinær tilpassa undervisning, har etter opplæringslova rett til spesialundervisning. I vurderinga av skjeringspunktet mellom skulen sitt tilpassa opplæringstilbod og retten til spesialundervisning legg ein faglege vurderingar til grunn, i tillegg til ein grad av skjøn. Med bakgrunn i sakkunnig uttale frå PPT, fattar rektor ved den enkelte skule enkeltvedtak om spesialundervisning.

### 4.5.1 Elevar i grunnskulen som får spesialundervisning – i prosent




Talet på elevar som har rett til spesialundervisning har gått opp sidan 2014. Det tyder at færre av elevane får utbyte av den ordinære undervisninga. Vi ønskjer at den ordinære undervisninga skal femne om flest mogleg av elevane våre, og vil halde fram med å utvikle kompetansen i skulane for å kunne drive god tilpassa opplæring slik at færre elevar treng spesialundervisning.

### 4.5.2 Timar til spesialundervisning av lærartimar totalt – i prosent




Talet på rammetimar som går til spesialundervisning har auka siste året. Sidan auka i talet på elevar som får spesialundervisning ikkje har auka i like stor grad, tyder dette at omfanget av spesialundervisninga til dei som har rett til det har auka. Vi har fleire elevar i Voldaskulen med ulike og samansette behov, og dette set krav til kompetansen til dei tilsette og dei fysiske rammevilkåra.

Voldaskulen ønskjer å vere ein skule som i alle ledd har kompetanse til å drive god tilpassa opplæring og slik skape trygge læringsarenaer der elevane får oppleve meistring og motivasjon for læring.

## 4.6 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet

Alle elevar har ein individuell rett til eit fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring, som vi veit går hand i hand. For å sikre elevane sine rettar, må skulane utvikle og oppretthalde gode og inkluderande læringsmiljø, sjå meir om dette i punkt *3.5 Elevundersøkinga*.

I punkt 3.5 og 4 skriv vi at eit læringsmiljø med fokus på motivasjon og meistring, samt støttande lærarar som har klare forventningar til elevane, vil skape tryggheit, føreseielegheit og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen. Vidare viser forsking at fem forhold er grunnleggande når ein arbeider med å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø:

- Læraren si evne til å leie klasser og undervisningsforløp
- Læraren si evne til å utvikle positive relasjonar med kvar enkelt elev
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid mellom skule og heim
- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Vi ser at mange av elevane i Voldaskulen slit med si psykiske helse og ønskjer derfor meir kunnskap om og kompetanse på fremjing av god psykisk helse hos barn og unge. Vi ønskjer å skape opne og trygge miljø der barn og unge tør å snakke om psykisk helse og kjensler.

Vi vil at elevane i Voldaskulen skal få hjelp til å

- meistre utfordringar og problem i dagleglivet
- støtte andre som har det vanskeleg
- identifisere og snakke om kjensler

Voldaskulen jobbar for å få breiare kompetanse blant tilsette på heilskapleg arbeid med læringsmiljøet, spesielt innafor læringsleiing (sjå meir om dette under punkt 4.1 og 4.2) og psykisk helse (sjå også punkt 4.3).



***Elevstemmer om læringsmiljø og læringsresultat***

*«Vi har det veldig trygt og godt i klassene og lærarane snakkar ofte om korleis vi har det, og minner oss om klassereglane og sånn. Vi likar oss veldig godt på ungdomsskulen, og spesielt etter Grand Prix-veka. Vi hadde gru-gledd oss til Grand Prix, men det var både meir slitsom og kjekkare enn vi hadde trudd. Det var ei travel veke med mykje øving, som var viktig fordi då vart det ikkje så skummelt å stå på scena. Det er vanskeleg å beskrive denne veka med ord, fordi det var så fantastisk kjekt, men på same tid veldig krevande. Vi merkar godt no etterpå at klassene har blitt meir samansveisa, ikkje så grupperte som tidlegare. Vi gler oss allereie til neste års Grand Prix!!»*

***To jenter, 8. klasse***

## 4.7 Tiltak på tvers av satsingsområda

Dei utdanningspolitiske måla for heile grunnopplæringa er våre overordna mål, der vårt fokus er at alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring. Alle satsingsområda våre heng saman og tiltaka går på tvers av satsingsområda. Her ramsar vi opp mange av dei tiltaka som er i gang i Voldaskulen i dag og som vi kjem til å vidareføre eller vidareutvikle:

- Voldaprosjektet der personalet i barnehagane i Volda kommune aukar kunnskapen sin om psykisk helse hos barn i førskulealder og dermed kan identifisere vanskar tidleg.
- Godt samarbeid mellom skulane og mellom barnehage og skule, særleg ved overgangar.
- Høgare lærartettleik på 1.-4. årssteg, brukt til dømes til tolærarsystem, deling, leseverkstad, rekneverkstad.
- Jobbe bevisst med Trivselsleiarprogrammet for å oppnå ein positiv effekt på trivselen til elevane og førebygge uønska åtferd som erting, mobbing og utestenging

---

***Trivselsprogrammet sine mål er å:***

*● fremje auka og meir variert leik/aktivitet i matfriminutta*

*● legge til rette for at elevar skal kunne bygge gode venskapsrelasjonar*

*● redusere konfliktar blant elevar*

*● fremje verdiar som inkludering, venlegheit og respekt*

*To elevar i 6. klasse fortel kva dei synest om programmet og ansvaret som trivselsleiarar (TL) ved Austefjord skule:*

*«Det er ganske mykje arbeid å vere TL. Det var kjekt å vere med på TL-kurs og lære nye leikar.*

*Det viktigaste vi gjer er å passe på at alle har det bra. Det er viktig at vi skryt av kvarandre. Det kjekkaste er at vi har felles leikar, og at dei som vil kan vere med.»*

***Austefjord skule***

---

- Deltaking i *Vurdering for læring*, sjå punkt 4.2.
- Vidare jobbing med læringsleiing der vi spesielt vektlegg:
  - Relasjonsbygging mellom elev- elev, og lærar- elev. Dei vaksne skal vere rettleiarar og gode rollemodellar for elevane.
  - Reglar og rutinar som alle lærarane er lojale mot og som gjer at elevane føler at dei vaksne dreg i same retning
  - Klare forventningar og læringsmål som drivkraft og motivasjon for all aktivitet.
  - Variert, praktisk og motiverande undervisning

*Klasseleiing*

*Vi har i fleire år jobba med utvikling av klasseleiing. Men sjølv i klasser med flinke klasseleiarar såg vi utfordringar. Vi merka at det ikkje var nok at lærar A og lærar B var flinke og og hadde ei lik handheving av reglar; dei laut òg ha ei lik handtering av dei meir alminnelege rutinane (korleis gir vi beskjedar, signal for arbeidsro, dogåing, hente bøker i hylla, oppstart av timen, korrigering av åtferd osb.). Vi har såleis sett i gang eit prosjekt der nettopp desse tinga vert sett på dagsordenen. Lærarteamet arbeider med dette emnet kvar veke, dessutan er PPT inne og observerer og rettleier lærarteamet. Med ein enno meir lik praksis vert kvardagen meir føreseieleg, det er meir ro i klasserommet og færre konfliktar mellom elevane. Lærarane er også nøgde, auka meistring er ein god motivator for både små og store!*

*Bratteberg skule*

- Mengdetrening og spesifikk trening innanfor dei grunnleggande ferdigheitene.
- Heve kvaliteten på leseopplæringa ved å innføre ny metode med raskare bokstavinnlæring, dessutan leselekse kvar dag frå 1. klasse, med tett oppfølging på skulen, til dømes med "leseassistent" som høyrer elevane i leseleksa kvar dag.
- Utfordre elevane til å auke sine faglege mål.
- Vidare satsing på SOL, som er både eit verkty for å fastslå kvar elevane er i leseutviklinga si og for å følgje kvar elev i leseutviklinga si gjennom alle 10 åra, eit program for kompetanseheving for lærarar, og eit verkty for tilbakemelding til elevar og føresette.
- Betre utnytting av heim-skule-samarbeidet, både sosialt og fagleg.

*Samarbeid heim-skule*

*Ved Vikebygda skule har vi ei positiv og engasjert foreldregruppe. Vi har mellom anna lange tradisjonar for eit svært godt samarbeid når det gjeld skulen sin årlege kulturkveld. Her tek foreldra/FAU alt ansvar for den praktiske tilrettelegginga og gjennomføringa av denne kvelden. Lærarane og elevane har ansvaret for framføringa, resten syter foreldra for. I tillegg er det ikkje vanskeleg å få foreldra med på dugnad på skulen, og her spelar FAU ei viktig rolle. Dei kallar inn, organiserer og legg gode rammer for effektive og kjekke dugnadar. Vi gjennomfører omlag ein dugnad pr. år, men det kan variere frå år til år.*

*Vi har ved Vikebygda skule innført vennegrupper i dei ulike klassene. Her er det foreldra som, i samarbeid med skulen, deler klassa inn i ulike grupper på 4-6 elevar. Desse gruppene skal i løpet av ein avtalt periode besøke kvarandre privat for å bli betre kjent og knyte sosiale band. Gruppene vert endra etter ei runde, slik at elevane gradvis vert betre kjende med alle i klassa. Vår erfaring er at dei aller fleste, både elevar og foreldre, opplever dette som noko positivt og dette er tiltak som skulen ynskjer skal halde fram.*

*Vikebygda skule*

- Erfaringsdeling på skulane og mellom skulane
- Bruke faldaren *Skulevegring – ein rettleiar for skule og heim* aktivt på skulane

- Vidareføring av *Ungdomsstegssatsinga* der ein spesielt ser på motivasjon og meistring, sjå punkt 4.1.

---

*Klasseleiing*

*Endra praksis etter ungdomsstegsatsinga Ungdomstrinn i utvikling (UiU)*

*• Meir variert og motiverande undervisning, variasjon i læringsstrategiar*

*• Meir elevmedverknad*

*• Kompetansemåla meir til grunn for vurdering, i mindre grad læreboka*

*• Betra vurderingspraksis i høve undervegsvurdering, vurdering for læring og det å vise elevane kva dei skal kunne og kva som må til for å verte god*

*• Meir bevisst på kva ein gjer og kvifor, mindre redde for å prøve ut nytt*

*Vegen vidare etter UiU:*

*• Vurdering for læring, andre måtar å vurdere på som fremjar læring og det å nytte kjenneteikn på måloppnåing. Vi må heile tida ha i tankane kva som er målet med undervegsvurdering.*

*• Halde fram med å utfordre/utvikle oss og lære av kvarandre for å verte betre i klasserommet.*

*• Revidere læreplanar i høve til kompetansemål og vurdering. Kompetansemåla i fag skal liggje til grunn for vurdering og målet med vurdering er utvikling og vidare læring - ingen vert betre av å verte målt.*

*Volda ungdomsskule*

---

- Arbeide med å gjere sjølve gjennomføringa av dei nasjonale prøvene betre ved at elevar og lærarar er betre budde, bl.a. er kommunale retningslinjer for gjennomføring av nasjonale prøver nyleg utarbeidd.

- Betre utnytting av moglegheitene det nye analyseverktyet for dei nasjonale prøvene gir for konkrete tiltak for å fremje vidare læring. Lærarane har gjennom ei evaluering av gjennomføring av dei nasjonale prøvene sagt at dei ser at analysevertøyet er viktig for eleven sitt utbytte av prøva, noko som er eit godt utgangspunkt for at Voldaskulen kan arbeide meir målretta i høve dette verktøyet. Måler er å i enda større grad nytte resultata i dei nasjonale prøvene til vidare målsetting for satsing på både individ- og skulenivå.

- Tverrfagleg samarbeid på kommunalt nivå.

- Kompetanseheving i matematikk. Inneverande skuleår tek 5 lærarar vidareutdanning i matematikk.

- Vidareutvikle bruken av læringsstrategiar, organisering og metodebruk i undervisninga.

*Døme på korleis vi arbeider for å betre læringsresultata*

*Vi kan dagleg lese om kor krevjande det er å vere lærar, når elevane helst vil surfe på internett, chatte, sende meldingar eller spele dataspel. Men no er det då eingong slik at denne teknologien er komen, og dei eldste elevane våre er kanskje meir orienterte om IKT enn mange trauste lærarar. Det er forresten ikkje berre på skulen at dette kan bli problemfylt; kven vil lese til geografiprøve når «World of warcraft» ventar berre eit tastetrykk unna?*

*Med dette som bakteppe sette nokre av lærarane seg ned og tenkte. «Kan vi spele på lag med elevane? Kan spel-teknologien brukast i opplæringa?» Svaret var så absolutt ja, nettbrett har vi, og «Kahoot» må vel kunne brukast til læringsmålprøve? Og det er unekteleg ei eiga stemning i klasserommet når fredagen nærmar seg og det snart er tid for «Kahoot» igjen; «Denne gongen skal eg bli best!» «Nei, eg!» At det eigenleg er ei geografiprøve er det visst ingen som ansar...*

*Bratteberg skule*

*«Når vi jobber med Kahoot har eg det veldig kjekt fordi det er så gøy å ha litt variering i timane, det er ikkje so gøy og sitte og skrive heile dagen. Det kan òg hjelpe dei som ikkje er så gode til og skrive eller lese, fordi da treng dei kun og trykke på eit av fire svaralternativ og da kan dei vise kva dei kan. Men vi kan ikkje holde på med Kahoot heile tida fordi sann som å skrive i bøker -ein kan bli litt lei av det. Det går også an å gjere prøver på Kahoot fordi du kan basere quizane på omtrent kva du vil. Det er bra med Kahoot fordi elevar kan vise ulike sider av kva dei kan.»lærarteamet. Med ein enno meir lik praksis vert kvardagen meir føreseieleg, det er meir ro i klasserommet og færre konfliktar mellom elevane. Lærarane er også nøgde, auka meistring er ein god motivator for både små og store!*

*Elev 7.kl. Bratteberg skule*

- Leksetid på slutten av barnesteget og på ungdomssteget der elevar får noko rettleia leksetid.
- Vidare utvikling av dei lokale læreplanane.

*Arbeid med lokale læreplanar*

*Den lokale læreplanen skal vere eit verkty for planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa slik at elevane får eit godt læringsutbytte. Dei skal syne ein tydeleg progresjon der dei grunnleggjande ferdigheitene er ein del av opplæringa i alle fag og på alle årssteg. Dei lokale læreplanane bryt ned kompetansemål til fleire små og store læremål som elevane skal verte kjende med. Tydelege læremål gjer at lærarane kan fri seg frå lærebøkene i større grad og gi elevane endå betre tilpassing utifrå eleven sin ståstad. Dei lokale læreplanane for Voldaskulen skal òg gje rom for lokale tilpassingar for kvar skule og samstundes trygge kvar enkelt lærar på at dei har jobba med dei læremåla som er lagt på kvart enkelt årssteg.*

*For ein nyutdanna lærar kan dette vere ei hjelpande hand, medan det for ein erfaren lærar kan vere ein inspirasjon til vidare arbeid.*

*Framover håper ein å kunne synleggjere arbeidet med vurdering for læring i dei lokale læreplanane gjennom å vise kva som skal vurderast, korleis det skal vurderast og vise om det er hensiktsmessig å utarbeide kjenneteikn for måloppnåing.*

*Mork skule*

- Bruke nettstaden http://www.udir.no/Laringsmiljo aktivt på skulane

- Kurs og samarbeid med fagmiljø om læringsmiljø, læringsleiing, vurdering for læring og dei universalførebyggande programma våre.

*Læring og motivasjon*

*Vi veit at læringsmiljøet er ein avgjerande faktor for fagleg og sosial læring, og for elevane sitt utdanningsnivå. Eit godt læringsmiljø motiverer elevane til å lære både fagleg og sosialt. For å skape eit godt læringsmiljø bør ein søke å utvikle skulen i positiv lei som fremjar helse og trivsel - dette gir læringsresultat. Det skal vere fokus på fagleg læring. Det overordna målet et at elevane tileignar seg allmenn- og fagleg kunnskap.*

*Læreplanen set klare mål for kva elevane skal kunne etter kvart årssteg i dei ulike faga. Gjennom arbeidet med faga vert også dei grunnleggjande ferdigheitene vektlagt. Desse måla er forpliktande for elevane og lærarane.*

*• Eit godt læringsmiljø er prega av variert og motiverande undervisning*

*• Læraren si evne til å leie klassa og undervisninga*

*• Læraren si evne til å utvikle positive relasjonar med kvar einskild elev*

*• Positive relasjonar og kultur for læring mellom elevane*

*• Godt samarbeid mellom heim og skule*

*• God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen*

*Dalsfjord skule*

---

- Vidare arbeid med å utvikle og innarbeide gode rutinar rundt elevar med særlege behov.

- Kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge til rette opplæringa for alle elevar.

---

*Tilpassa opplæring i praksis*

*Når ein som lærar ofte er åleine med ei større gruppe elevar eller har elevar frå fleire klassesteg samla, kjenner ein dagleg på ansvaret for å gi tilpassa undervisning til alle. Å finne tid og rom til å skreddarsy individuelle opplegg for den einskilde elev er ofte uråd å få til i kvardagen og er heller ikkje det som vanlegvis gir den beste læringa. I tråd med seinare klasseromsforsking finn ein eit viktig svar i god kollektiv undervisning.*

*Det som verkar godt på dei svakaste elevane også verkar godt på dei sterkare elevane. Direkte undervisning er eit av dei viktigaste grepa å gjere. Med direkte undervisning meiner ein at læraren grundig forklarer, modellerer og viser framgangsmåtar som elevane steg for steg tek etter, korleis ein skal øve, og at ein gjerne øver i fellesskap. Å lese høgt i kor eller øve høgt i lag på ting som skal lærast, vert trekt fram som god tilpassa opplæring.*

*Dette er jo ikkje mykje nytt, vil mange hevde, slik har jo gode lærarar undervist til alle tider! Ja, det er sikkert rett, men det som er verdt å merke seg, er at god kollektiv undervisning faktisk er god tilpassa undervisning for svært mange elevar. Dette hevdar også professor Peder Haug i sine foredrag frå seinare klasseromsforsking.*

*God kollektiv undervisning kan også vere eit viktig bidrag til betra læringsmiljø. Å oppleve meistring er det viktigaste for alle elevar. Når ein arbeider godt kollektivt, vil elevane oppleve kollektiv meistring ved sida av auka individuell meistring. Dei svake elevane har støtte i fellesskapet gjennom gode øvestrukturar og god modellering, og dei sterkare elevane overlærer fagstoff og er med på å trekkje fellesskapet opp. Sagt på ein annan måte: God kollektiv undervisning = meir meistring = større trivsel = rolegare og meir fornøgde elevar.*

*Folkestad skule*

---

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Vibeke Berge | Arkivsak nr.: | 2016/845 |
| | | Arkivkode: | A20 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 29/16 | Driftsstyret | 01.06.2016 |
| 85/16 | Kommunestyret | 16.06.2016 |

## FRAMLEGG TIL TILTAK FOR Å BETRE RESULTATA I BASISFAGA NORSK, MATEMATIKK OG ENGELSK PÅ UNGDOMSSKULESTEGET

**Samrøysta vedtak i Driftsstyret - 01.06.2016**

***Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.***

**Administrasjonen si tilråding:**

***Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.***

**Vedleggsliste:**
Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016

**Samandrag av saka:**
I behandlinga av årsbudsjett 2016, PS 152/15, gjorde kommunestyret i punkt 38 slikt vedtak:

*«Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet.»*

**Saksopplysningar:**
Grunnskulepoenga og eksamensresultata i Voldaskulen har i mange år baketter vore betre enn både fylkes- og landssnittet (sjå vedlegg s. 13) og det har dermed ikkje hatt høg prioritet

for skuleadministrasjonen å betre desse resultata spesielt. Derimot har der vore ein tendens til dårlegare resultat på nasjonale prøver på barnesteget enn Voldaskulen sine målsetningar har vore. Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016 går nærare inn på dette.

Dei tiltaka som vert sett inn på alle steg i Voldaskulen, skildra i kapittel 4 i Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016, er tenkt å styrke resultata på alle steg, også ungdomssteget. Voldaskulen har god fagkompetanse og erfarne faglærarar. Resultata frå Elevundersøkinga viser at utviklingspotensialet for Voldaskulen ligg i det som har med læringsleiing, vurdering og motivering å gjere. Sjølv om skulane i Volda ikkje er så annleis enn lands- og fylkessnittet på desse punkta (ungdomssteget scorar gjennomsnittleg litt betre enn nasjonalt snitt), ønskjer vi å score høgare. Elevane sin motivasjon, si forståing av og eigarskap til eiga læring er vesentleg for at vurderingsarbeidet i skulen skal fremje læring og utvikling. Saman med eit godt læringsmiljø med tilpassa opplæring og god læringsleiing er eit godt vurderingsarbeid nødvendige føresetnader for læring.

I tråd med dette er det svært ønskjeleg at elevane i Voldaskulen gir enda høgare score på dei spørsmåla som har med meistringskjensle, faglege tilbakemeldingar, eigenvurdering og målforståing å gjere. Ved at skulane jobbar målretta og strukturert med dette, meiner vi at dei faglege resultata vil verte enda betre.

Nedanfor er nokre av dei spørsmåla elevane har svara på, der vi gjerne skulle hatt høgare score. Skalaen går frå 1 til 5 der høg verdi vil seie positivt resultat.

| Spørsmål | Volda k 7. årssteg | Nasjonalt 7. årssteg | Volda k 10. årssteg | Nasjonalt 10. årssteg |
|---|---|---|---|---|
| Er de elevar med på å foreslå korleis de skal arbeide med faga? | 3,3 | 3,4 | 3,1 | 2,9 |
| Tenk på når du får arbeidsoppgåver på skulen som du skal gjere på eiga hand. Kor ofte klarer du oppgåvene aleine? | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 |
| Tenk på når lærarane går gjennom og forklarer nytt stoff på skulen. Kor ofte forstår du det som lærarane gjennomgår og forklarer? | 3,9 | 4,0 | 3,7 | 3,8 |
| Lærarane hjelper meg slik at eg forstår det eg skal lære | 4,7 | 4,5 | 4,0 | 4,0 |
| Når eg har problem med å forstå arbeidsoppgåver på skulen, får eg god hjelp av lærarane | 4,7 | 4,5 | 4,0 | 4,0 |
| Får du vere med og foreslå kva det skal leggast vekt på når arbeidet ditt skal vurderast? | 3,2 | 3,5 | 2,7 | 2,6 |
| Får du vere med og vurdere skulearbeidet ditt? | 3,1 | 3,5 | 3,2 | 2,5 |
| Forklarer lærarane godt nok kva det leggast vekt på når skulearbeidet ditt vurderast? | 4,0 | 4,3 | 3,8 | 3,8 |
| Forklarer lærarane kva som er måla i dei ulike faga slik at du forstår dei? | 4,2 | 4,4 | 3,8 | 3,8 |
| Fortel lærarane deg kva som er bra med arbeidet du gjer? | 3,9 | 4,2 | 3,8 | 3,6 |
| Kor ofte får du tilbakemeldingar frå lærarane som du | 3,6 | 3,8 | 3,4 | 3,1 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| kan bruke til å bli betre i faga? | | | | |
| Eg får hjelp av lærarane til å tenke gjennom korleis eg utviklar meg i faget. | 3,6 | 3,9 | 3,3 | 3,1 |
| Snakkar lærarane med deg om kva du bør gjere for å bli betre i faga? | 3,9 | 4,0 | 3,6 | 3,5 |

På bakgrunn av dette skal Voldaskulen ha følgjande satsingsområde i tida framover:

- Læringsleiing
- Vurdering for læring
- Tidleg innsats
- Tilpassa opplæring
- Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet.

Alle desse tema heng saman og handlar om det som er overskrifta for utviklingsarbeidet *Ungdomssteg i utvikling*; motivasjon og meistring. Sjå meir om satsingane i kapittel 4 vedlegget og om denne satsinga spesielt s 25-26.

Ved å jobbe etter aksjonsmodellen frå *Ungdomssteg i utvikling* med alle desse satsingsområda vil ein betre kvaliteten på undervisninga på alle steg og på ungdomssteget spesielt, og slik også betre resultata i norsk, matematikk og engelsk.

**Vurdering og konklusjon:**
Tilrådinga bør vedtakast.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Volda kommune
Opplæring og oppvekst

# TILSTANDSRAPPORT VOLDASKULEN 2015-2016



# Innhald

1 Innleiing ........ 2
2 Voldaskulen 2015-2016 i tal ........ 2
2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular ........ 2
2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse ........ 4
2.3 Talet på elevar, skular, lærarar og lærarårsverk ........ 4
2.4 Utgifter til grunnskuledrift ........ 4
2.5 Overgang til vidaregåande opplæring ........ 4
2.6 Gjennomføring vidaregåande skule ........ 5
3 Læringsresultat ........ 5
3.1 Kartleggingar og karakter- og læringsstøttande prøver ........ 6
3.2 Nasjonale prøver ........ 7
3.2.1 Nasjonale prøver i lesing ........ 8
3.2.2 Nasjonale prøver i engelsk ........ 9
3.2.3 Nasjonale prøver i rekning ........ 11
3.3 Grunnskulepoeng 2015 ........ 13
3.4 Eksamen 2015 ........ 13
3.5 Elevundersøkinga 2015 ........ 14
3.5.1 Resultat 7. årssteg ........ 15
3.5.2 Resultat 10. årssteg ........ 16
3.5.3 Skulane sine kommentarar til eigne resultat i elevundersøkinga ........ 18
4 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen ........ 25
4.1 Ungdomssteg i utvikling – motivasjon og meistring ........ 25
4.2 Vurdering for læring ........ 26
4.3 Tidleg innsats ........ 27
4.4 Tilpassa opplæring ........ 27
4.5 Spesialundervisning ........ 28
4.5.1 Elevar i grunnskulen som får spesialundervisning – i prosent ........ 28
4.5.2 Timar til spesialundervisning av lærartimar totalt – i prosent ........ 29
4.6 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet ........ 29
4.7 Tiltak på tvers av satsingsområda ........ 31

# 1 Innleiing

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing for, innsikt i og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Voldaskulen.

Jf. opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008 *Kvalitet i skolen* punkt 4.5.3 *Krav til årlig tilstandsrapport* heiter det innleiingsvis:

> *«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte.»*

Tilstandsrapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og han skal vere eit sentralt element i høve det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs kommunestyret. Rapporten bygger på opplysningar frå www.skoleporten.no, og andre faktaopplysningar.

Vi gjer merksam på at det vert nemnd lite tiltak i gjennomgangen av resultata på dei nasjonale prøvene og Elevundersøkinga då vi har valt å lage eit eige kapittel om tiltak.

# 2 Voldaskulen 2015-2016 i tal

## 2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular

| | |
|---|---|
| **Austefjord skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 34 elevar**<br>1. kl: 2 (1 frå Ørsta kommune)<br>2. kl: 2<br>3. kl: 4<br>4. kl: 3 (2 frå Ørsta kommune)<br>5. kl: 1<br>6. kl: 6 (1 frå Ørsta kommune)<br>7. kl: 2<br>8. kl: 1 (1 frå Ørsta kommune)<br>9. kl: 4<br>10. kl: 9 (1 frå Ørsta kommune) |
| **Bratteberg skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 209 elevar**<br>1. kl: 22<br>2. kl: 25<br>3. kl: 26<br>4. kl: 20<br>5. kl: 40<br>6. kl: 37<br>7. kl: 39 |

| | |
|---|---|
| **Dalsfjord skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 54 elevar**<br>1. kl: 4<br>2. kl: 4<br>3. kl: 4<br>4. kl: 8<br>5. kl: 10<br>6. kl: 5<br>7. kl: 5<br>8. kl: 6<br>9. kl: 5<br>10. kl: 3 |
| **Folkestad skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 72 elevar**<br>1. kl: 5<br>2. kl: 9<br>3. kl: 4<br>4. kl: 5<br>5. kl: 5<br>6. kl: 8<br>7. kl: 5<br>8. kl: 9<br>9. kl: 9<br>10. kl: 13 |
| **Mork skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 74 elevar**<br>1. kl: 14<br>2. kl: 11<br>3. kl: 14<br>4. kl: 8<br>5. kl: 6<br>6. kl: 12<br>7. kl: 9 |
| **Vikebygda skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 66 elevar**<br>1. kl: 18<br>2. kl: 15<br>3. kl: 14<br>4. kl: 19 |
| **Volda ungdomsskule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 269 elevar**<br>8. kl: 81<br>9. kl: 103<br>10. kl: 85 |
| **Øyra skule**<br> | **Tal elevar pr 01.10.15: 350 elevar**<br>1. kl: 39<br>2. kl: 56<br>3. kl: 46<br>4. kl: 49<br>5. kl: 47<br>6. kl: 49<br>7. kl: 54 |

Bjørkedal nærskule har 12 elevar heimehøyrande i Volda kommune.
Ulvestad barneskule har 15 elevar heimehøyrande i Volda kommune.
Møre barne- og ungdomsskule har 1 elev heimehøyrande i Volda kommune.

## 2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse

| Skule | 16/17 | 17/18 | 18/19 | 19/20 | 20/21 | 21/22 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mork | 12 | 11 | 10 | 11 | 10 | 8 |
| Øyra | 46 | 79 | 69 | 75 | 60 | 68 |
| Bratteberg | 26 | | | | | |
| Vikebygda | 16 | | | | | |
| Austefjord | 3 | 0 | 4 | 3+2 | 1 | 2 |
| Folkestad | 5 | 4 | 2 | 6 | 3 | 6 |
| Dalsfjord | 6 | 2 | 1 | 5 | 4 | 4 |

Prognosane for Dalsfjord er usikre, sidan ein ikkje har oversikt over kor mange som vil velje privatskule.

## 2.3 Talet på elevar, skular, lærarar og lærarårsverk

| | 11-12 | 12-13 | 13-14 | 14-15 | 15-16 |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på elevar | 1156 | 1126 | 1093 | 1113 | 1128 |
| Talet på skular | 9 | 9 | 8 | 8 | 8 |
| Talet på kontaktlærarar | 91 | 87 | 81 | 82 | 70 |
| Talet på lærarar | 143 | 142 | 128 | 133 | 133 |
| Talet på lærarårsverk | 121,5 | 124,1 | 113,8 | 116,2 | 114,3 |

**Kjelde: GSI**

## 2.4 Utgifter til grunnskuledrift

| | 2014 | | | 2015 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Volda | Kommunegr11 | Nasjonalt | Volda | Kommunegr11 | Nasjonalt |
| Driftsutg pr elev (funksjon 202) | 84347 | 87929 | 80841 | 85363 | 89282 | 82077 |
| Innbu/utstyr pr elev | 942 | 760 | 931 | 821 | 802 | 973 |
| Undervisningsmateriell pr elev | 1499 | 1586 | 1395 | 1616 | 1684 | 1428 |

**Kjelde: KOSTRA**

Samanlikna med kommunegruppe 11 har Volda kommune lågare utgifter til grunnskuledrift. Det er likevel store ulikskapar mellom elevane i kommunen. Utgifter pr. elev på dei minste skulane er vesentleg høgare enn på dei største skulane.

## 2.5 Overgang til vidaregåande opplæring

| Elevar (16 år)som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|
| VOLDA | 99,2 | 96,3 | 99,1 | 99 |
| KOMMUNEGR 11 | 98,6 | 98,2 | 98,3 | 98,7 |
| NASJONALT | 97,8 | 97,9 | 98 | 98 |

**Kjelde: GSI**

## 2.6 Gjennomføring vidaregåande skule

Elevar som starta vidaregåande skule grunnkurs i 2009. Status etter fem år.




**Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune pr 10.09.2015**

Samanlikna med Ørsta og snittet i fylket er det fleire elevar frå Volda som fullfører vidaregåande skule.

# 3 Læringsresultat

Ulike vurderingsformer har ulike formål som på kvar sin måte bidrar til at skulen, ut frå eit variert vurderingsgrunnlag, kan gjere nødvendige tilpassingar i opplæringa for den enkelte elev og på skulenivået. Dei ulike elementa i vurderingssystemet har som formål å dekke ulike behov for informasjon på forskjellige nivå. Samla opnar mangfaldet av vurderingsformer for å sjå samanhengar som gir meir informasjon om opplæringa enn ei enkelt vurderingsform kan bidra med aleine.

Undervegsvurdering i grunnskulen er all vurdering frå 1. steg og fram til sluttvurdering på 10. steg. Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og som grunnlag for tilpassa opplæring.

Sluttvurdering skal gi informasjon om eleven si måloppnåing ved avslutninga av opplæringa i faget.

Eit viktig prinsipp for all undervegsvurdering er at ho skal fremje læring og utvikling, og dessutan legge til rette for tilpassa opplæring. Dette kan ein lese meir om i punkt 4.2. Som ein del av undervegsvurderinga, til hjelp for skulen og lærarane til å drive den kontinuerlege vurderinga for læring, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd kartleggingsmateriell, karakter- og læringsstøttande prøver og nasjonale prøver.

Kartleggingsmateriellet skal hjelpe å avdekke behov for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skulenivå. Karakter- og læringsstøttande prøver skal undersøke kva eleven kan innanfor sentrale område av faget, og ut frå denne dokumentasjonen bestemme kvar kreftene må settast inn for at eleven skal meistre faget betre. Resultata på kartleggingar og karakter- og læringsstøttande prøver skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet.

Nasjonale prøver skal kartlegge i kva grad elevane sine grunnleggande ferdigheiter er i samsvar med kompetansemåla i læreplanen. Dei gir informasjon til elevar, lærarar, føresette, skuleleiarar,

skuleeigarar, dei regionale myndigheitene og det nasjonale nivået som grunnlag for forbetrings- og utviklingsarbeid.

I Kunnskapsløftet er det definert fem ferdigheiter som utgjer grunnleggande føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Ferdigheitene er avgjerande reiskapar for læring og utvikling i alle fag i skulen og er derfor inkluderte i kompetansemåla i alle fag.

Dei grunnleggande ferdigheitene, slik dei er definerte i Kunnskapsløftet:

- å kunne skrive
- å kunne lese
- å kunne rekne
- munnlege ferdigheiter
- digitale ferdigheiter

I kvar læreplan for fag er det skildra korleis dei fem grunnleggande ferdigheitene skal bidra til å utvikle elevane sin kompetanse i faget, og korleis desse ferdigheitene er ein del av denne kompetansen.

Dei nasjonale prøvene skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med læreplanen sine mål for dei grunnleggande ferdigheitene rekning og lesing på norsk og engelsk, slik dei er integrert i kompetansemål for fag i LK06 etter 4. og 7. årstrinn.

Elevundersøkinga skal kartlegge elevane sine meiningar om forhold som er viktige for læring og trivsel i skulen. Undersøkinga er obligatorisk på 7. og 10. årssteg kvar haust. Elevane svarar på spørsmål om trivsel og læringsmiljø, men også om læring, motivasjon, støtte frå heimen, støtte frå lærarane. Undersøkinga gir lærarar og rektorar viktig informasjon som skal følgjast opp med rette tiltak for å gjere skulekvardagen betre.

Resultata frå Elevundersøkinga vert lagra og nyttast av skular, skuleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet.

## 3.1 Kartleggingar og karakter- og læringsstøttande prøver

Voldaskulen gjennomfører årleg nasjonale lese- og reknekartleggingar på 2. og 3. årssteg. Desse prøvene er laga for å kunne identifisere elevar med særskilde utfordringar, slik at skulen tidleg kan setje inn eigna tiltak.

Skulane i Volda nyttar læringsstøttande prøver i matematikk for 5. - 7. årssteg og for 8. - 10. årssteg. Formålet med læringsstøttande prøver er å gi læraren grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til eleven på alle prestasjonsnivå. Ein tilrår også bruk av læringsstøttande prøver i lesing for 5.-7. årssteg.

I løpet av 2016 vil Utdanningsdirektoratet også legge ut læringsstøttande prøver i lesing og rekning på 6. årssteg, i digitale ferdigheiter på 8. årssteg og i skriving på 5.- 8. årssteg.

Nokre av skulane nyttar også karakterstøttande prøver i samfunnsfag og naturfag på ungdomssteget. Prøvene gir informasjon om kva elevene meistrar og kva dei må arbeide meir med. Prøvene kan brukast til å gi tilbakemeldingar undervegs og som grunnlag for tilpassa opplæring på individ - og gruppenivå. Prøvene kan danne grunnlag for diskusjonar i kollegiet for eventuelt å justere opplæringa underveis. På 10. årssteg kan karakterstøttande prøver, saman med anna informasjon, danne grunnlag for standpunktvurdering i faget. Prøvene gir høve til å samanlikne gruppa sine resultat med nasjonalt nivå, og dei kan bidra til ei meir rettferdig standpunktvurdering.

VOKAL, som er eit nettbasert system, vert nytta til å samle og samanstille vurderingar og kartleggingar, slik at lærarane kan gje tilpassa undervisning og betre oppfølging av den einskilde eleven.

## 3.2 Nasjonale prøver

Formålet med nasjonale prøver er å vurdere i kva grad skulen har klart å utvikle ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og delar av faget engelsk.

Verdien av gjennomføringa av dei nasjonale prøvene er avhengig av i kor stor grad det fører til utvikling og læring hos eleven. Kva som vert gjort med resultata er grunnleggande for å motivere til auka læring hos alle. På den enkelte skule skal resultata først og fremst brukast til å tilpasse opplæringa. Det er utarbeidd rettleiingsmateriell til lærarar som skildrar korleis dei kan følgje opp resultata. Ved å analysere resultata frå nasjonale prøver, får lærarane god informasjon om kva klassen og den enkelte eleven bør arbeide med for å få betre grunnleggande ferdigheiter. Dette gir læraren innspel til planlegging og gjennomføring av undervisning.

Resultata frå dei nasjonale prøvene er i tillegg eit godt grunnlag i foreldresamarbeidet. Diskusjon rundt meistring og utfordringar er sentralt i utviklingssamtalar og anna foreldresamarbeid.

Frå 2014 er det mogleg å måle elevane sine resultat og utvikling over tid på dei nasjonale prøvene i engelsk og rekning. Dei nasjonale prøvene i lesing vert digitaliserte frå hausten 2016 og det vil då vere mogleg å samanlikne resultata direkte mellom år og følgje den einskilde eleven sine resultat over tid også i lesing.

I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. årssteg, medan 9. årssteg gjennomfører nasjonale prøver i lesing og rekning.

Resultata er offentleg tilgjengeleg på www.skoleporten.no. Unnataket er resultat for små elevgrupper.

Resultata på 5. årssteg er delte inn i tre meistringsnivå. Elevar på nivå 1 har svake grunnleggande ferdigheiter, medan elevar på nivå 3 har gode grunnleggande ferdigheiter. På ungdomssteget er prøvene delte inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgast.

Vi har valt å ha eit eige kapittel om tiltak for å betre resultata i Voldaskulen og seier derfor lite om tiltak i gjennomgangen av resultata i dette kapitlet.

### 3.2.1 Nasjonale prøver i lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane viser at dei kan:

- finne informasjon
- forstå og tolke
- reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

*Resultat lesing 5. årssteg 2015*




Vi er ikkje nøgde med resultatet i lesing på 5. årssteg. Det er altfor mange elevar som er på meistringsnivå 1, og for få som er på nivå 3. Ein kan lese meir om kva tiltak vi set inn i kapittel 4.

*Resultat lesing 8. årssteg 2015*



29,4 % av 8. klassingane i Volda er på dei to lavaste meistringsnivåa i lesing. Samanlikna med fylket kan vi vere fornøgde, men vi meiner likevel at nærare 30 % på dei to lågaste meistringsnivåa er for dårleg. Det er fleire av elevane våre på dei to høgste meistringsnivåa enn både på fylket og nasjonalt, noko vi kan vere stolte av.

*Resultat lesing 9. årssteg 2015*




Volda kommune har mange gode lesarar på 9. årssteg. Nesten halvparten av 9. klassingane er på dei to høgaste meistringsnivåa i lesing, og har som på 8. årssteg markert fleire «toppelevar» enn fylket og landet. Den same elevgruppa hadde i fjor 35,2 % på nivå 4 og 5, noko som viser ein tydeleg positiv framgang på eit år. Samstundes viser resultatet at ein ikkje kan vere nøgde med talet på elevar på dei lågaste meistringsnivåa.

### 3.2.2 Nasjonale prøver i engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.

Oppgåvene på 5. årssteg er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

*Resultat engelsk 5. årssteg 2015*




Resultatet på 5. årssteg gir grunn til uro. Blant anna desse tiltaka er sett inn på engelskundervisninga på barnesteget:

- Jobbe planmessig med nasjonale prøver i kollegiet og sikre at elevane kjenner prøveforma godt og er trygge på oppgåvetypane.
- Lese meir engelske bøker allereie på 3. årssteg
- Ekstra lærarressurs brukt til lesetrening og arbeid med tekstar
- Sikre at lærar har god kompetanse i faget

*Resultat engelsk 8. årssteg 2015*




Samla sett kan ein seie seg nøgd med resultatet til denne elevgruppa. Volda har nokre fleire elevar på lågaste meistringsnivå, men færre enn både landet og fylket på dei to lågaste meistringsnivåa samanlagt.

### 3.2.3 Nasjonale prøver i rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

*Resultat rekning 5. årssteg 2015*




Heller ikkje resultata i rekning på 5. årssteg kan vi slå oss til ro med. For mange av elevane er på lågaste meistringsnivå, og for få er på det høgaste.

*Resultat rekning 8. årssteg 2015*




Volda kommune har færre åttandeklassingar på lågaste meistringsnivå enn både landet elles og fylket, men dessverre også færre på dei to høgaste meistringsnivåa. På 5. årssteg hadde den same elevgruppa 1,7 i snitt på nasjonale prøver i rekning, medan nasjonalt snitt var på 2,0 og fylkessnittet på 1,9. Dette viser at det har vore ei svak elevgruppe i rekning gjennom heile grunnskulen.

*Resultat rekning 9. årssteg 2015*




20,7 % av elevane i denne elevgruppa er på dei to lågaste meistringsnivåa. Då dei gjekk i 8. klasse var 33,3 % av dei på dei to lågaste nivåa. I 8. klasse var berre 9 % på høgaste meistringsnivå, mot 17,1 % i 9. klasse. Denne elevgruppa har altså hatt stor framgang i løpet av eit år på ungdomsskulen – noko vi kan glede oss over sjølv om resultata ikkje er gode nok i forhold til lands- og fylkessnittet.

## 3.3 Grunnskulepoeng 2015

Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar multiplisert med ti. Poenga er elevane sitt konkurransegrunnlag ved opptak i vidaregåande skule. Grunnskulepoenga fortel i kva grad elevane har nådd kompetansemåla etter fullført grunnskule.

| Indikator og nøkkeltal | | 2012-2013 | 2013-2014 | 2014-2015 |
|---|---|---|---|---|
| Grunnskulepoeng, gjennomsnitt | Volda kommune | 41 | 41,7 | 41,6 |
| | Møre og Romsdal | 40,1 | 40,4 | 40,7 |
| | Nasjonalt | 40,1 | 40,4 | 40,8 |

Volda har god måloppnåing og dermed gode resultat på sluttresultatet målt i grunnskulepoeng.

## 3.4 Eksamen 2015

| Indikator og nøkkeltal | Volda kommune | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Engelsk skriftleg eksamen | 3,7 | 3,8 | 3,7 |
| Engelsk munnleg eksamen | 4,9 | 4,5 | 4,4 |
| Matematikk skriftleg eksamen | 3,2 | 2,8 | 2,9 |
| Matematikk munnleg eksamen | 3,9 | 4,0 | 4,1 |
| Naturfag munnleg eksamen | 4,4 | 4,1 | 4,2 |
| Norsk hovudmål skriftleg eksamen | 3,4 | 3,3 | 3,4 |
| Norsk munnleg eksamen | 3,9 | 4,4 | 4,4 |
| Norsk sidemål skriftleg eksamen | 3,4 | 3,2 | 3,1 |
| Religion, livssyn og etikk munnleg eksamen | 4,3 | 4,4 | 4,3 |
| Samfunnsfag munnleg eksamen | 4,5 | 4,4 | 4,4 |

Eksamensresultata er jamt over høgre enn gjennomsnittet nasjonalt og i fylket, noko som viser seg år etter år. Særleg kan ein merke seg resultatet på skriftleg eksamen i matematikk og munnleg eksamen i engelsk der snittet er markert høgre. Resultata i norsk munnleg eksamen var dessverre våren 2015 dårlege i høve nasjonalt og i fylket.

*Elevstemme om læringsmiljø og læringsresultat*

*«Eg lærer best ved å lese og skrive. Timane startar ofte med ein lærarpresentasjon der elevane lyttar og noterer. Vi har mykje eigenvurdering på arbeid vi gjer, det kan vere nyttig av og til, men eg er svært sjølvkritisk, så eg synest det blir stressande med mykje eigenvurdering. Eg likar godt teori, men det er synd at mange av dei praktiske faga som mat & helse, kunst & handverk, musikk og kroppsøving har så mykje teori med vurdering/karakter.*

*Jente 10. klasse*

## 3.5 Elevundersøkinga 2015

Elevar har ulike erfaringar og føresetnader for å fungere både fagleg og sosialt på skulen. Det er som regel stor bevisstheit om at ulike skulefaglege læreføresetnader krev tilpassa opplæring, men elevar har ulikt utgangspunkt også når det gjeld åtferd og kjensler og treng tilpassa opplæring på bakgrunn av det.

Ingen elevar er like. Dei har til dømes ulikt humør. Medan nokre alltid er glade, blir andre lett engstelege eller triste. Det er også stor variasjon i kor opne eller inneslutta barna er. Dei har ulikt temperament, evne til å regulere åtferd eller evne til å konsentrere seg over tid. Desse forholda kan ha like stor betyding for læring og utvikling som dei kognitive læreføresetnadane. Derfor må ein ta omsyn til dette når ein utformer læringsmiljøet.

Ulikskapar i åtferds- og kjenslemessige disposisjonar har ulike årsakar. Blant anna speler arv ei rolle. Temperament og anlegg for å reagere med angst eller tristheit har til dømes ein relativt sterk arvemessig komponent.

Vidare vil føresette sin oppdragarstil og andre høve ved kvaliteten på den omsorga som eleven har møtt, påverke evna til å regulere åtferd og kjensler.

Positive og negative hendingar i eleven sitt liv vil også påverke åtferds- og kjenslemessige disposisjonar som vil kunne gi ulike utslag i skulesamanheng. Ein tendens til å reagere med angst eller tristheit vil til dømes kunne vise seg ved at eleven har ein auka tendens til å unngå ulike typar utfordringar, manglar energi til å oppretthalde arbeidsinnsats eller har problem med å konsentrere seg om læringsoppgåvene.

Eit læringsmiljø med fokus på motivasjon og meistring, samt støttande lærarar som har klare forventningar til elevane, vil skape tryggheit, føreseielegheit og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen.

Elevundersøkinga har til hensikt å gi elevane muligheit til å seie kva dei meiner om forhold som er viktige for at dei skal lære og trivast på skulen og gir skulen viktig informasjon om læringsmiljøet.

Det er obligatorisk for skuleeigarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. årssteg. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.

- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobbing på skulen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.

Skalaen går frå 1 til 5 der høg verdi vil seie positivt resultat. Unnataka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt.

Nedanfor viser vi tabellar på dei obligatoriske læringsmiljøindeksane før vi lar skulane kome med kommentarar på eigne resultat.

### 3.5.1 Resultat 7. årssteg



### 3.5.2 Resultat 10. årssteg



*Med slagordet "Vi kan i lag" er det trygt og godt å vere elev og føresett ved Dalsfjord skule. Det er i stor grad eit gjensidig samarbeid mellom tilsette og heim, der eleven og miljøet sitt beste er i fokus. Dette gjev utslag i ein variert og god skulekvardag gjennom fire årstider.*

*Dalsfjord skule er den nyaste skulen i Volda kommune per dags dato. Her har vi badebasseng, gymsal, amfi, mediatek, eit godt skulekjøken, og gode undervisningsrom for naturfag, musikk, kunst og handverk, med meir. Uteområdet har kunstgrasbane, stor sandkasse, leikeapparat, basketbane, skulehage, musikkbinge, friluftsområde, og fjord, skog og fjell i umiddelbar nærleik. Folket, næringsliv, kulturhus og organisasjonar i fjorden samarbeider i stor grad med den kommunale skulen. Dette gjev oss eit unikt og rikt læringssenter, fagleg og sosialt.*

*Dei tilsette ber preg av brei fagleg og sosial kompetanse og røynsle. Det er ei jamn fordeling mellom tilsette menn og kvinner, og i ulik aldersspreiing og geografi. Elevar ved Dalsfjord skule kjenner dei tilsette godt, og har mange gode vaksenpersonar som førebilete, og til omsorg og læring gjennom ein skuledag.*

*Dalsfjord skule har nulltoleranse mot mobbing. Dei tilsette har eit kvalitetssikra apparat i ryggen og vidopne auger mot mobbing. Borna lærer konflikthandtering, og mange kjenner at vegen er kort til ein vaksen dersom ein opplever at noko er ugreitt. Eit anti mobbetiltak som gjev fysisk fostring er TL - TrivselsLeiarar.*

*Dalsfjord skule legg stor vekt på dei praktiske- og estetiske faga og friluftsliv. Dei tilsette har brei fagkompetanse innanfor desse felta, og dei ser moglegheiter og kreativitet i omgjevnadane og elevmassen. Skulen arrangerer kulturkafear, kulturarrangement ved høgtider og årstider. Borna vert tidleg vant med å formidle frå ei scene til eit publikum. Og det er tydleg at dette er noko elevane trivs med og meistrar.*

*Her ser vi song, samspel, dans, musikkteknologi, teater, film, mat og helse, og produkt frå kunst- og handverk. Naturen vert nytta til å hauste av. Dette er gjort i eit berekraftig perspektiv. Miljøarbeid stend naturleg og høgt ved Dalsfjord skule. Naturen vert også brukt for å formidle god fysisk og psykisk helse, rekreasjon og til å sjå seg sjølv som ein del av jorda vår.*

*Eit godt samarbeid mellom heim og skule er den viktigaste faktoren for god læring. Dette har Dalsfjord skule lukkast med i stor grad. Mange foreldre ser nytta ved å framsnakke og bidra for eit positivt skulemiljø. FAU, klassekontakter og foreldre er aktive i å ta opp nyttige saker, og arrangerer haustfestar, klassefestar, diskotek, juleball, karneval og påskeparty meir og mindre i samarbeid med borna.*

*Vi er glade i og stolte av skulen vår.*

***Føresett, Dalsfjord skule.***

### 3.5.3 Skulane sine kommentarar til eigne resultat i elevundersøkinga

*Austefjord skule*

Tre område får best score blant elevane på Austefjord skule: *Fagleg utfordring*, *felles reglar* og *utdanning og yrkesrettleiing*. Vi hadde kanskje forventa at resultatet var høgare på *vurdering for læring* og *motivasjon*. Dette er område vi skal prioritere framover.

Talet på området *mobbing* seier oss at vi må gi dette ekstra merksemd i tida framover. Av det førebyggande arbeidet for eit godt læringsmiljø på Austefjord skule ønskjer vi å trekke fram følgjande: Skulen har implementert programmet Zippy i 1.-3.klasse på timeplanen. Vi registrerer at elevane brukar omgrep og løysingsforslag frå programmet i skulekvardagen, og meiner at elevane vert betre rusta til å møte utfordringar og konfliktar i sosiale samanhengar.




Trivselsleiarordninga på barnesteget er også eit viktig tiltak i førebygginga for eit godt læringsmiljø. To elevar per halvår er på leikekurs og har ansvar for å organisere leik/aktivitet for alle elevane på barnesteget to matfriminutt per.veke. Det er stor deltaking på aktivitetane.

Skulen har bygd to gapahukar dei siste par åra. Den eine er plassert i ein skog på skuleområdet, og bygd i samarbeid med Styrk arbeid i Volda kommune. Den andre er plassert i skogen, ca 10 min. gange frå skulen, og bygd av elevar og lærar på ungdomsskulen. Dette er basar som skaper hygge og er eit godt utgangspunkt for undervisning i friluft.

*Bratteberg skule*

Resultata frå elevundersøkinga er jamt over positive. Elevane trivst på skulen og krenkande ord og handlingar er eit lite problem. Elevane får god støtte frå lærarane, både til skulefag og sosial fungering. Sidan elevundersøkinga er anonym, er nytteverdien avgrensa med tanke på utvikling av læringsmiljø og ivaretaking av kvar einskild elev. I tillegg er enkelte spørsmål litt vanskelege å forstå /lette å mistforstå, grunna noko uheldig språkbruk. Vi lyt såleis supplere med elev-/foreldresamtalar og vi vil framover truleg ta i bruk ikkje-anonym spørjegransking (t.d. "Spekter").

Resultata viser at dei aller fleste elevane trivst godt på skulen. Lærarane er kjende med nokre få elevar som ikkje trivst så godt. Dei fleste av desse får ekstra oppfølging i samarbeid med heimen og skulehelsetenesta. Vidare viser resultata at elevane er interesserte i å lære og gler seg til å gå på skulen. Likevel melder mange om at dei ikkje likar skulearbeidet så godt.

Tala seier at foreldra viser interesse for skulearbeidet, hjelper til og oppmuntrar elevane. Svært mange melder at foreldra forventar at eleven gjer så godt han kan. Dette er gledeleg. Å verte stilt overfor realistiske og klare forventningar er svært viktig for å nå ønska utvikling

Elevane melder om at lærarane har tru på dei og at dei vert behandla med respekt. Vidare at dei får god hjelp av lærarane til vidare arbeid. Dessverre melder dei også om ein del uro i timane. Trass dette er der tydelegvis ein god kultur i klasserommet der det «er lov å gjere feil». Lærarane stiller tilpassa utfordringar og gir lekser og arbeidsoppgåver som elevane meistrar.

Elevane seier at dei er i nokon grad med på å bestemme korleis det skal arbeidast med faga. Det er lagt til rette for elev- og klasseråd og stundom høyrer skulen på forslaga.

Dei aller fleste elevane melder at lærarane forklarar kva som er måla i dei ulike faga, og at dei får forklart kva som skal vurderast i faga. Vidare forklarar lærarane kva som er bra med arbeidet og kva eleven bør gjere for å bli betre.

Det store fleirtalet av elevane våre veit kva reglar som gjeld på skulen, og dei vaksne hjelper til så reglane blir følgt. Likevel er der ein del som opplever at dei vaksne reagerer ulikt viss nokon bryt reglane.

Elevane melder om svært lite erting/plaging/trugsmål eller mobbing. Litt kommentarar på utsjånad har det vore. I den grad der har vore krenkande åtferd, er det nesten berre frå medelevar i klassen. Dei fleste meiner dei vaksne reagerer når nokon seier eller gjer noko som er ubehageleg for andre. Som før nemnt har lærarane særskild tett oppfølging av nokre få einskildelevar, også med tanke på at dei skal kjenne seg trygge og trivast. Dei aller fleste er fornøgde eller svært fornøgde med skulehelsetenesta.



I tillegg til informasjonen frå den årlege Elevundersøkinga skaffar skulen seg oversikt over elevane sin trivsel og evt. mobbing i klassen gjennom utviklingssamtalar to gonger pr. år. I tillegg opplever vi at andre elevar, lærarar, assistentar, reinhaldarar, naboar og føresette har ein lav terskel for å melde frå om episodar dei finn urovekkande. Vi føler likevel at vi kan bli betre på å avdekke mistrivsel og evt. mobbing. Vi vil såleis sjå på betre verkty til dette føremålet, t.d. «Spekter» utarbeidd av Erling Roland ved Senter for atferdsforskning.

Av tiltak for å skape trivsel og godt elevmiljø nemner vi:

- Trivselsleiar (TL, 5.-7.kl.). Dette er eit svært godt tiltak som betrar trivsel og truleg hindrar mykje uønskt åtferd.
- Elevråd: Elevrådet arrangerer ballbinge-turnering, «20-turmål» og andre tiltak for skulen.
- Det store leselotteriet: Etter stort ønske frå elevar og foreldre arrangerte vi også dette året «Det store leselotteriet». FAU hadde ei sentral rolle i ordninga, og sytte for svært mange fine premiar. Det er særleg kjekt å sjå at dette tiltaket når ein del elevar som elles sjeldan hevdar seg i konkurransar.
- FysAk: Elevane på mellomsteget har fysisk aktivitet (FysAk) ein gong i veka, i tillegg til kroppsøvingstimane. Vi gjentek suksessen frå i fjor med auka elevmedverknad og får svært positive tilbakemeldingar frå elevane.

- Leirskule /skuletur: Vi har laga eit fast opplegg der 7.klasse dreg til Lid grendahus på overnattingstur. Opplegget femner om skulefaglege, sosiale og fysiske utfordringar og er svært godt likt av elevar, føresette og tilsette.
- Zippys venner / Psykologisk førstehjelp /Smart oppvekst: Skulen køyrer opplegget Zippys venner fast for 1.-4.klasse, og brukar dessutan mykje av språket og metodikken vidare på mellomsteget. I 5.klasse vert dei dessutan introdusert for «Psykologisk førstehjelp»; eit opplegg for å handtere vanskelege situasjonar og trasige tankar. I år prøver vi dessutan ut deler av opplegget til «Smart oppvekst»; eit verkty for betre sosial omgang og sjølvkontroll.
- «Tett på»: Skuleleiinga er «tett på» einskildelevar og grupper/klasser som treng ekstra oppfølging. Dette gjeld t.d. alle tilfelle av mobbing /mistanke om mobbing, skulevegring, forseintkoming, utagering, dårleg klassemiljø mm.
- Systemarbeid: Alle tilsette er kjende med opplæringslova §9a, og arbeider i samsvar med utarbeidd prosedyre. Skulen har utvikla og teke i bruk nytt kartleggingsverkty til bruk i skulevegringssaker. Skulen samarbeider med PPT om tiltak for einskildelevar, klassen og lærarteamet.

### *Dalsfjord skule*

Dalsfjord skule har gjennom utviklingsplanen og handlingsplan mot mobbing fått inn ein del rutinar som er med på å skape eit fysisk og psykisk godt skulemiljø for elevane. Vi har gode arbeidsplanar, styrka tilsyn om morgonen, og vi har arbeidd mykje med læringsleiing og klassereglar.

Det fysiske miljøet er godt med nytt skulebygg med både gymsal, basseng, og eigen skulehage med gapahuk og steinomn. Dessutan har vi open musikkbinge og scene for ungdomsskulelevane.

Resultata frå Elevundersøkinga viser at elevane trivast godt ved skulen og alle elevane har nokon å vere saman med i friminutta.

Motivasjonen for å lære varierer litt. Det syner seg at ingen elevar er motivert for læring i alle fag. Høgaste snittet er at elevane er motiverte for å lære i nokon fag. Dette må vi heilt klart arbeide meir med frametter. Dei fleste elevane seier at dei likar skulearbeidet godt, noko som er veldig positivt.

Undersøkinga syner at dei føresette som oftast er interesserte i det borna lærer på skulen. Vidare seier elevundersøkinga at dei føresette nesten alltid hjelper elevane med leksene, og dei forventar at elevane gjer sitt beste på skulen.

Elevane meiner at dei fleste lærarane gir dei god støtte, at lærarane bryr seg om dei og har tru på dei.



Når det gjeld vurdering for læring seier elevane at lærarane forklarar læringsmåla og kva som vert vektlagt i vurderinga i dei fleste faga. Elevane meiner at skulen legg til rette for elevmedverknad og at elevrådet fungerer. Elevane ynskjer meir medverknad når ein kvar haust lagar klassereglar.

Tala i undersøkinga syner at elevane opplever miljøet ved skulen som trygt og at det er lite mobbing.

Elevane er særs fornøgde med skulehelsetenesta.

Felles aktivitetar ved skulen er med på å styrke heim - skule samarbeidet og trivselen ved skulen. Døme på slike aktivitetar er overnattingsturar, kulturkafe, uteveke, fjellturar, skidag, julefest og vårfest.

TL-programmet har ein positiv effekt på trivselen til elevane og er med på å førebygge uønska åtferd, som erting, mobbing og utestenging.

### Folkestad skule

Resultata for Folkestad skule er jamt positive med eit gjennomsnitt på 4,1 der 5 er høgste skåre.



Vi ser at elevane trivst godt på skulen, og at dei får god hjelp og støtte heime.

Vi har eit klart forbetringspotensiale på nokre område innanfor indeksen *vurdering for læring* der skåren er noko lågare og ligg ned mot 3-talet. Her ser vi at skulen samla sett må bli betre på desse spørsmåla (sitat):

*«I kor mange fag legg lærarane til rette for at eg kan bruke praktiske arbeidsmåtar?»*



*«Kor ofte får du tilbakemeldingar frå lærarane som du kan bruke til å bli betre i faga?»*

*«Får du vere med å foreslå kva det skal leggast vekt på når arbeidet ditt skal vurderast?»*

*Får du vere med og vurdere skulearbeidet ditt?»*

*«Får du hjelp av lærarane til å tenke gjennom korleis du utviklar deg i faget?»*

### *Mork skule*

Mork skule scorar generelt bra på Elevundersøkinga. Utifrå resultata kan ein sjå at elevane har høg trivsel. Vi er stolte over at vi scorar lågt på spørsmål rundt mobbing (1,1). Dette tyder ikkje at det ikkje må jobbast med og mot mobbing i klasseromet og på leikeplassen.

Det kjem fram at elevane opplever at dei får støtte både frå lærarane og heimen i arbeidet dei gjer. Vi jobbar heile tida med å oppretthalde eit godt samarbeid heim - skule. Lærarane ser vinning i å bruke tida på ein liten samtale eller sms for å oppklare enkelte situasjonar. Det er viktig at elevane føler at lærarane bryr seg om dei, likeeins at føresette er trygge på at læraren har omsorg for barnet deira.

Vi har dei siste åra jobba spesielt med skulemiljøet. Vi meiner at vi ser positive resultat av både Zippy og Trivselsleiarprogrammet. Vi har tre vakter ute i kvart friminutt. Desse prøver å vere i forkant av eventuelle konfliktar. Personalet snakkar seg i mellom om konfliktar som kan oppstå. Vi ansvarleggjer elevane gjennom at dei må ringe heim og fortelje kva som har skjedd dersom ei større konflikt har oppstått.

Vi har fokusert mykje på klassemiljø, og jobba inn godt fungerande klasseromsreglar, tilpassa dei ulike årsstega. Lærarane snakkar seg imellom når det gjeld episodar rundt enkeltelevar, og samarbeider med å finne gode løysingar som kan forhindre at det skjer att. Vidare prøver lærarane å vere flinke til å informere heimen om kva som skjer med eleven. Dette tydeleggjer ovanfor elevane at heim og skule samarbeider.

### *Vikebygda skule*



Vi opplever at vi har eit trygt og inkluderande skulemiljø, Grunna elevane sin alder, er ikkje skulen pålagt å gjennomføre dei nasjonale elevundersøkingane. Vi er likevel oppteken av at elevane skal oppleve at dei har det trygt og godt på skulen. Vi jobbar mellom anna mykje med aldersblanda aktivitetar ved skulen som kulturkveld, matematikkens dag, samt ulike turar i nærmiljøet. Vi har og ei fadderordning for 1. klasse.

Vi er opptekne av at vi er ein «vi -skule», med «våre elevar», det vil seie at alle tilsette har ansvar for alle elvane ilag. Vi legg difor stor vekt på at elevane **i det daglege** skal møte vaksne som legg vekt på:

- ✓ tryggleik og likeverd for kvar einskild
- ✓ at læringa er basert på positive tilbakemeldingar framfor å fokusere på det elevane ikkje meistrar
- ✓ alle faglege krav som kvar einskild elev må arbeide systematisk og grundig med for å kunne oppnå

"Zippys venner" blir brukt i alle klassene, og dette er også ein reiskap som SFO kjenner til og bruker. Dette er eit program som skal hjelpe elevane å identifisere og snakke om kjensler, meistre dagleglivet sine utfordringar og støtte andre som har det vanskeleg.

Vi bruker også leikevennar i nokre periodar, der lærarane bestemmer kven som skal leike i lag i friminutta. Dei yngste klassene har også vore med på vennegrupper i år, der små grupper elevar besøker kvarandre privat og på den måten knyter sosiale band.

*Volda ungdomsskule*

Lærarane har brukt både teamtid, årsstegstid og fellestid til arbeidet med å tolke resultata frå elevundersøkinga og reflektere rundt årsaker og satsingsområde i høve forbetring og utvikling. I år var det første gong alle klassene deltok i elevundersøkinga, dette meiner vi er positivt og vi vil halde fram med dette.



Vi har brukt mykje tid til etterarbeid med felles refleksjon i kollegiet. Vi meiner også det er viktig at alle lærarane er med på å tolke resultata og formulere utviklingsmål for skulen på bakgrunn av resultata.

**Oppsummering av resultat frå elevundersøkinga:**

| Dette er vi gode på ☺ | Dette kan vi bli betre på ☹ |
|---|---|
| - Høg trivsel, lite mobbing<br>- Godt, trygt læringsmiljø<br>- Felles reglar<br>- Trivsel<br>- God støtte heimanfrå<br>- Samhandling/ kontakt lærar-elev<br>- Høg trivsel og godt klassemiljø | - Vurdering for læring, spes. tilbakemeldingar<br>- Praktisk og variert undervisning<br>- Meir IKT i undervisninga<br>- Samtale/ diskusjon i fag<br>- Yrkesrettleiing<br>- Praktisk arbeid<br>- Elevmedverknad, progresjon 8.-10.<br>- Motivasjon<br>- Fysisk miljø<br>- Elevmedverknad<br>- Variasjon |

Skulen gjennomfører ei anonym mobbegransking ein gong pr. halvår og i systemboka vår har vi utarbeidd rutinar for kva vi gjer dersom mobbing blir oppdaga. I systemboka vår ligg det også retningslinjer til saker som fell under opplæringslova §9A. Resultata samsvarar med resultatet frå elevundersøkinga som viser at vi har lite mobbing og god trivsel. Det betyr ikkje at skulen er

mobbefri, vi har nokre elevar som opplever å bli krenka og mobba og dette er viktig å ta på alvor. Vi nyttar fellestid til å gå jobbe med å utvikle det haldningsskapande klasse- og skulemiljøarbeidet. Ved skulestart kvart år har vi ei eiga miljøveke med fokus på nettvett, psykisk helse, klasse- og skulemiljøarbeid. Vi utarbeider miljøtenesteplan for skuleåret der alle klasser er med etter turnus.

Målet med miljøtenesteplanen er:

- Skape større trivsel for elevar og tilsette
- Aktivisere elevane i miljøskapande arbeid
- Styrke fellesskapet og vise omsorg for kvarandre (Jf. skulen sin visjon)
- Arbeide for at alle skal kjenne seg trygge i skulemiljøet

I tillegg har vi tur- og ekskursjonsplanen der målet er å fremje læring, trivsel og sosial utvikling. Turane og ekskursjonane skal planleggast i samarbeid med elevar og lærarar gjennom grundig førearbeid og det skal setjast opp faglege og sosiale mål. Fleire skulemiljøtiltak er Bli-kjend-kveld tidleg på hausten som er obligatorisk for alle elevane, juleball, Grand prix-veka og til sist, men ikkje minst, det daglege, systematiske arbeid med klasse- og læringsmiljø i den enkelte klasse.

### *Øyra skule*

Resultata frå elevundersøkinga blir noko ulik frå år til år fordi det kan vere stor ulikskap mellom kulla. Samstundes ser vi ein trend dei siste tre åra der vi ligg rundt fire i snitt. Det vi skorar dårlegast på i år er elevdemokrati og medverknad (3,4) og det undersøkinga viser at vi er best på, er støtte frå lærarar (4,5).

Det er tredje året på rad at Øyra skule har lite tilfredsstillande resultat på indeksen *Elevdemokrati og medverknad.* Vi trur dette har mykje med elevrådsarbeidet på skulen å gjere, og vil komande skuleår organisere dette annleis.

Også indeksen *Vurdering for læring* har dårlegare resultat enn vi ønskjer (3,6 mot 3,9 i fjor). Og vi ser at her er stort potensiale for forbetring. Vi forventar at storsatsinga *Vurdering for læring* i Voldaskulen vil vise igjen i resultat på dette området.

I tillegg til Elevundersøkinga, har vi kvar haust ei trivselsundersøking ved Øyra skule. Her kartlegg vi korleis elevane har det på skulen, både i klasserommet og ute i friminuttet, samt på skulevegen. Her kan vi fange opp om det er nokon som blir utestengde, blir erta eller mobba eller kjenner seg utrygge på anna vis. Resultatet frå undersøkinga blir kvart år arbeidd med i kollegiet, og lærarane bruker kunnskapen om resultat frå eigen klasse som utgangspunkt for arbeid med det sosiale miljøet i klassen.



# 4 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen

Å meistre grunnleggande ferdigheiter er ein føresetnad for kompetanse i alle fag. Vi veit at mange elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvene vil ha vanskar med å tileigne seg nytt lærestoff, og ligg i faresona for større og utvida vanskar seinare i utdanningsløpet. Resultata på dei nasjonale prøvene kan derfor vere eit frampeik på korleis måloppnåinga i fag vil verte for den enkelte elev ved avslutta grunnskule.

Voldaskulen har lågare resultat på dei nasjonale prøvene på barnesteget enn vi ønskjer å ha. Samtidig ser vi svært positiv utvikling mellom resultata som er tekne tidleg på 8. årssteg og 9. årssteg – altså i løpet av eit år på ungdomsskulen klarer vi å heve nivået. Vi har også høge snitt på grunnskulepoeng og eksamensresultat. Kva vil skje om vi klarer å heve nivået tidleg på barneskulen – vil resultata på dei nasjonale prøvene på 9. årssteg bli tilsvarande mykje høgre/betre? Og vil grunnskulepoenga og eksamensresultata også bli høgre/betre?

I verbaldelen til budsjettet for 2016 lyder eit av opplæring og oppvekst sine mål slik: *«Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse skal reduserast med 15 % samanlikna med sist skuleår.»* Vi har sett oss eit konkret mål for å kunne måle kvaliteten i skulane våre. Resultata på dei nasjonale prøvene hausten 2016 vil gi oss svar på om vi har nådd målsetjinga.

For å gi ei felles retning for nasjonale og lokale prioriteringar i arbeidet med kvalitet i grunnopplæringa har nasjonale myndigheiter definert tre overordna utdanningspolitiske mål for heile grunnopplæringa (St.meld 18, 2007-08). Sektormåla bygger på og speglar heilskapen i Kunnskapsløftet. Dei tre måla heng nært saman og handlar om grunnleggande ferdigheiter, gjennomføring og læringsmiljø, der meistring er eit sentralt omgrep :

- Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring
- Alle elevar skal meistre grunnleggande ferdigheiter
- Alle elevar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

I punkt 3.5 skriv vi at eit læringsmiljø med fokus på motivasjon og meistring, samt støttande lærarar som har klare forventningar til elevane, vil skape tryggheit, føreseielegheit og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen.

Dei tre sektormåla gir oss klare føringar for kva vi må jobbe mot. Voldaskulen skal vere ein skule der alle elevar føler seg inkludert og opplever meistring, dessutan skal dei meistre dei grunnleggande ferdigheitene på eit slikt nivå at dei klarer å gjennomføre vidaregåande opplæring. På bakgrunn av desse måla har vi for tida følgjande satsingar og tiltak i Voldaskulen:

## 4.1 Ungdomssteg i utvikling – motivasjon og meistring

Dei nasjonale sektormåla er bakgrunnen for den nasjonale satsinga *Ungdomssteg i utvikling* som dei fire ungdomsskulane i Volda har delteke i dei tre siste åra. Her har alle skulane valt klasse-/læringsleiing som overordna satsing, med ulike vinklingar. Vi er opptekne av at kvar elev skal

oppleve meistring kvar dag, i kvar læringsøkt. God klasseleiing er avgjerande for at kvar enkelt elev får oppleve meistring. Vi veit at ein god lærar

- er medviten om og skjøner sitt leiaransvar
- har innsikt i klassa som sosialt system
- har ein positiv støttande relasjon til kvar enkelt elev
- er medviten om å etablere ein god læringskultur
- er medviten om å etablere god struktur og rutinar
- har tydelege forventningar og motiverer alle elevane

Dersom elevane skal realisere læringspotensialet sitt, er det avgjerande at læraren har tydelege forventningar til elevane og kan motivere dei til arbeidsinnsats. Ved å tydeleggjere formålet med læringsaktivitetane og samtidig klargjere forventningane, får elevane ein metarefleksjon på eiga læring.

Forventningane til elevane må vere både høge og realistiske, og læringsaktivitetane må vere prega av utfordringar og driv. Læraren må ikkje berre ha forventningar til elevane, men også stille krav og ha forventningar til seg sjølv som leiar og lærar.

*Ungdomssteg i utvikling* utfordra lærarar til å betre eigen undervisningspraksis ved å gjere han meir motiverande, praktisk og variert. Refleksjonen, utprøvinga og erfaringsdelinga fokuserte på elevane si meistring.

Skulane vil vidareføringa satsinga og halde fram med å jobbe med læringsleiing for å skape motivasjon og meistring hos elevane.

Ein kan lese meir om Ungdomssteg i utvikling her: http://www.udir.no/Utvikling/Ungdomstrinnet/

## 4.2 Vurdering for læring

For at vurderingsarbeidet i skulen skal vere motiverande og fremje læring og utvikling er det nokre enkeltfaktorar som er avgjerande. Desse er viktige for elevane sin motivasjon, si forståing av og eigarskap til eiga læring.

